



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Uppheim i Volda  
**Dato:** 22.06.2017  
**Tid:** 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam  
ordfører



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 73/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 74/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 39/17	<b>Orientering ved Statens vegvesen – Voldatunnel</b>
PS 75/17	<b>Campusutvikling - romprogram for kulturhus og kino – sambruk</b>
PS 76/17	<b>PlanID 2016006 - Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Doktorhaugen gbr 19/24 mf.l.</b>
PS 77/17	<b>Planid 2016004 - reguleringsplan Hytteveg - Botnen i Austefjorden - gbr 74/2, 4 m.fl.</b>
PS 78/17	<b>Korrigerings av budsjett 1.halvår 2017</b>
PS 79/17	<b>Kjøp av Volda fiskerihamn</b>
PS 80/17	<b>Handelskuletomta - gbr 19/937 - Godkjenning av avtale</b>
PS 81/17	<b>Opsjon EPC tiltak Voldahallen</b>
PS 82/17	<b>Deltakarar i «Nettverk for folkevalte» i demokratiprojektet til Sunnmøre regionråd IKS</b>
PS 83/17	<b>Politisk organisering - Reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) og Tenesteutval for barn og kultur (TOK)</b>
PS 84/17	<b>Nye vedtekter og endra organisering for Søre Sunnmøre IKT</b>
PS 85/17	<b>Tenesteutval for oppvekst og kultur - val av leiar, medlemmar og varamedlemmer</b>
PS 86/17	<b>Tenesteutval for helse og omsorg - val av leiar, medlemmar og varamedlemmer</b>
PS 87/17	<b>Alexander Løvik Stevenson - søknad om fritak frå politisk verv</b>





## VOLDA KOMMUNE

- PS 88/17      **Orienteringssaker**
- OS 40/17      **Melding om tildeling av leigeavtale for nye lokale for NAV Ørsta/Volda**
- OS 41/17      **Sunnmøre Regionråd IKS - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 2-2017**
- OS 42/17      **Spørsmål om anke av skjøn - Næringsareal Øvre Rotset**
- OS 43/17      **Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport barnevern - Volda kommune**
- 
- PS 89/17      **Delegerte saker frå avdelingane**
- DS 92/17      **Løyve til endring av rammeløyve Gbr 2/49**
- DS 93/17      **Ramme -og igangsettingsløyve, felles naust Gbr 2/120**
- DS 94/17      **Løyve til tiltak, nytt naust Gbr 6/8**
- DS 95/17      **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 10/2**
- DS 96/17      **Løyve til endring Gbr 11/91**
- DS 97/17      **Igangsettingsløyve Gbr 11/91**
- DS 98/17      **Løyve til tiltak, bustad og garasje Gbr 17/241**
- DS 99/17      **Igangsettingsløyve Gbr 17/242**
- DS 100/17     **Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 19/753**
- DS 101/17     **Igangsettingsløyve, bustad Gbr 21/158**
- DS 102/17     **Løyve til tiltak, garasje Gbr 27/130**
- DS 103/17     **Løyve til endring Sambindingsveg Håmyra**
- DS 104/17     **Løyve til tiltak, garasje Gbr 30/198**
- DS 105/17     **Ferdigattest Gbr 30/24**
- DS 106/17     **Løyve til tiltak, ombygging Gbr 30/28**
- DS 107/17     **Løyve til tiltak, rehab pipe Gbr 41/1**
- DS 108/17     **Løyve til tiltak, garasje Gbr 53/3**
- DS 109/17     **Mellombels bruksløyve Gbr 56/1**
- DS 110/17     **Løyve til tiltak, bruksendring av løde Gbr 56/1**
- DS 111/17     **Ferdigattest, hytte Gbr 59/5/13**
- DS 112/17     **Ferdigattest. tilbygg Gbr 86/4**
- DS 113/17     **Løyve til tiltak, garasje Gbr 80/8**
- DS 114/17     **Ferdigattest, tilbygg Gbr 116/3**



# VOLDA KOMMUNE

## Gruppemøte

### Måndag 19.06.2017

AP	kl. 18:00-20:00	Møterom Dalsfjorden
V	kl. 20:00-22:00	Møterom Dalsfjorden
KRF	kl. 19:30-21:30	Møterom Voldsfjorden
SP	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden
MDG	kl. 20:00-22:00	Biblioteket

### Tysdag 20.06.2017

H	kl. 17:30-19:30	Møterom Austefjorden
FRP	kl. 18:15	Møterom Voldsfjorden

### Onsdag 21.06.2017

SV	kl. 18.00-20.00	Møterom Voldsfjorden
----	-----------------	----------------------

**PS 73/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 74/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**OS 39/17 Orientering ved Statens vegvesen - Voldatunnel**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard	Arkivsak nr.:	2014/1913
		Arkivkode:	A60

---

Utvålsaksnr	Utval	Møtedato
100/17	Formannskapet	13.06.2017
75/17	Kommunestyret	22.06.2017

### CAMPUSUTVIKLING - ROMPROGRAM FOR KULTURHUS OG KINO - SAMBRUK

#### Handsaming:

#### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret legg begge romprogramma i saksutgreiinga til grunn for planlegging av kulturhus og kino i skisseprosjektet for nytt mediebygg i sambruksløyising med mediebygg på Campusområdet. Kommunestyret legg vidare til grunn at det er løpande dialog mellom partane i skisseprosjektfasen for å gjere justeringar og tilpassingar som tener partane sine behov og økonomiske rammes.*
- 2. Kommunestyret oppmodar om arealeffektive løysingar som gir optimale felles synergjar for Høgskulen og Volda kommune.*
- 3. Kommunestyret avklarar dei økonomiske rammene for årleg leige/drift i komande økonomiplan, og at dette vert førande for valet av kulturhus- og kinoløyising når ein skal ta endeleg stilling til prosjektet etter nyttår.*

#### Administrasjonen si tilråding:

- 4. Kommunestyret legg begge romprogramma i saksutgreiinga til grunn for planlegging av kulturhus og kino i skisseprosjektet for nytt mediebygg i sambruksløyising med mediebygg på Campusområdet. Kommunestyret legg vidare til grunn at det er*

løpande dialog mellom partane i skisseprosjektfasen for å gjere justeringar og tilpassingar som tener partane sine behov og økonomiske rammer.

5. Kommunestyret oppmodar om arealeffektive løysingar som gir optimale felles synergjar for Høgskulen og Volda kommune.
6. Kommunestyret avklarar dei økonomiske rammene for årleg leige/drift i komande økonomiplan, og at dette vert førande for valet av kulturhus- og kinoløysing når ein skal ta endeleg stilling til prosjektet etter nyttår.

#### **Vedleggsliste:**

1. Utgreiing av romprogram frå konsulentane Arvid Blindheim og Per Einar Langseth, datert 30.05.17.
2. Tillegg til utgreiing av romprogram (alternativ B) frå konsulentane Arvid Blindheim og Per Einar Langseth, datert 01.06.17.
3. Utgreiing frå arbeidsgruppe leia av ordføraren m vedlegg frå Innovatainnstillinga.
4. Ei rekkje e-postar frå Kolbein Halkjelsvik
5. Ei rekkje e-postar frå Magnar Aam
6. Uttale frå Volda Næringsforum, v/ dagleg leiar Stefan Halck
7. Notat frå rådmannen til ordførar/formannskapet, datert 07.03.15
8. Intensjonsavtalen mellom Volda kommune og HVO (godkjent i K-sak 109/16)
9. K-sak 82/15; Campusutviklingsprosjektet Ved Høgskulen i Volda

#### **Vedlegg som vil verte ettersendt eller lagt fram i møtet:**

Romprogram frå Statsbygg der ein har samordna kommunen og Høgskulen sitt behov i eit felles romprogram.

#### **Samandrag av saka:**

Denne saka omhandlar romprogram for kulturhus og kino som sambrukslokale med Høgskulen på Campusområdet. Spesifikasjonar på behov og romprogram inngår som grunnlag for vidare planlegging gjennom skisseprosjekt i regi av Statsbygg.

Skisseprosjektet skal i neste omgang vere grunnlag for å kunne gå ut på anbod for å byggje nytt mediebygg med ev kulturhus og kino. Etter tidsplanen skal skisseprosjektet liggje føre i februar 2018. Det vil da også liggje føre kostnadsoverslag over investeringane for å gjere utrekningar av potensiell husleige. Først da kan partane ha eit grunnlag for å kunne ta endeleg stilling til om prosjektet skal realiserast. Denne saka vil derfor ikkje omhandle kostnader og finansiering.

Volda kommune har engasjert konsulentar til å utgreie romprogram i to alternativ. Det vil vere tett dialog mellom Høgskulen, Volda kommune og Statsbygg under skisseprosjektfasen.

#### **SAKSOPPLYSNINGAR**

##### **Kort historikk**

Så langt rådmannen kjenner til skal dette vere den sjuende utgreiinga der Volda kommune er involvert i planlegging av kulturhus. Den første planen var påbygg til Samfunnshuset. Dei andre har vore planar i samarbeid med private aktørar. Ingen av desse planane har kome så langt at dei kunne realiserast. Innovata var det prosjektet som var nærast til å kome til ei avgjerd. Dette var eit prosjekt som det vart lagt svært mykje ressursar og energi i, og som det vart stilt store forventingar til frå ulike miljø. Det har i ettertid ligge ei forventing til at Volda bør få sitt kulturhus.

Inntil Høgskulen sine planar om eit nytt mediebygg dukka opp i 2015, så har Volda kommune lagt planar for kulturhus på is. Planar om mediebygg dukka opp i samband med Høgskulen sitt Campusutviklingsprosjekt. Dette var eit prosjekt med brei deltaking med kartlegging av behov og analyse av moglegheiter for utvikling av Campus og Volda. Campusutviklingsrapporten skisserte også kulturhus og kino i potensielle utbyggingsplanar. I Campusutviklingsprosessen var ulike interesser invitert og næringslivet var representert ved dagleg leiar ved Volda Næringsforum og leiar for Sunnmøre Kultur næringshage.

### Romprogram i to alternativ

Konsulentane Blindheim og Langseth har utgreidd to alternativ til romprogram.

#### Alternativ A

Alternativ A er ein standard sal med 340 sitteplassar i amfi og 150 på stolar på golv framfor scene. Scenemåla er 28 x 18 m. Takhøgda i kulturhusdelen er 10 m.

	Størrelse	Antal	Areal	Kommentar
Kultursal, scene	28 x 18	1	504 kvm	Sete i amfi om lag 340, + på golv inntil 150 med redusert scene (5 m. djupne). Max scenerom 18 x 10, regulering av størrelse med sceneteppe og eventuelt scenemodular på golvet.
Sidescene, lager		2 - 3	180 kvm	Nær scene, lett tilgang, «flygelgarasje» Vurdere lagersamarbeid med HVO.
Garderobe		1	50 kvm	Område ved scene. Fleksibelt også til møte, underv. og øving. Også bruk av undervisningsrom for HVO til garderobe.
Artistrom		1	25 kvm	Nær scene, tekjökkenkrok, møterom HVO/kommunen.
Teknisk rom, kultursal		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.
Kino		1	140 kvm	80 sete i fast amfi, kino, visning, forelesning.
Teknisk rom, kino		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.
Fellesareal, vrimle, bill., garderobe, toalett mm.			375 kvm	Planløyising og fellesbruk HVO/kommune viktig for arealbehovet. Vurdere «dobbelbruk» av areal. Luftig, romslig og innbydande men nøkternt.
Sum areal			1294 kvm	

### Alternativ B

Det utvida alternativet er 460 sitteplassar i amfi og 150 stolar på golv framfor scene. Scenemåla er 32 x 18 m. Takhøgda i kulturdurhusdelen er 12 m.

	Størrelse	Antal	Areal	Kommentar
Kultursal, scene	32 x 18	1	576 kvm	Sete i amfi om lag 460, + på golv inntil 150 med redusert scene (5 m. djupne). Max scenerom 18 x 10, regulering av størrelse med sceneteppe og eventuelt scenemodular på golvet.
Sidescene, lager		2 - 3	180 kvm	Nær scene, lett tilgang, «flygelgarasje» Vurdere lagersamarbeid med HVO.
Garderobe		1	50 kvm	Område ved scene. Fleksibelt også til møte, underv. og øving. Også bruk av undervisningsrom for HVO til garderobe.
Artistrom		1	25 kvm	Nær scene, tekjokkenkrok, møterom HVO/kommunen.
Teknisk rom, kultursal		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.
Kino		1	140 kvm	80 sete i fast amfi, kino, visning, forelesning.
Teknisk rom, kino		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.
Fellesareal, vrímle, bill., garderobe, toalett mm.			450 kvm	Planløyising og fellesbruk HVO/kommune viktig for arealbehovet. Vurdere «dobbelbruk» av areal. Luftig, romslig og innbydande men nøkternt.
Sum areal			1451 kvm	

Båe alternativa føreset maksimal sambruk med tilliggjande areal til Høgskulen. Saman med at HVO leiger kulturhusdelen og kino, er det dette som er synergiane ved å leggje kulturhus saman med mediabygget. Det vert synt til utgreiinga frå konsulentane som ligg ved saka.

Lokale interesser peikar på behov for større areal og justering i høve til konsulentane sine forslag.

Det er i hovudsak storleiken på kulturhusdelen med ulike justeringar ein diskuterer som avvikande mellom dei ulike alternativa.

Arealrammene i alternativa kan verte justert i eit samordna romprogram for heile bygget når ein har lagt til Statsbygg sin faktor for fellesareal (dvs primærrom multiplisert med faktor for fellesareal).

### **Høgskulen (HVO)**

Høgskulen utarbeider romprogram som skal stette behova for si verksemd. Høgskuleleiinga har signalisert felles intensjon om sambruk av lokale som kan gi felles synergjar. Det er også

drøfta moglegheiter for å flytte vareleveringa på baksida av Berte Kanutte for å få til innebygd passasje mellom dette bygget og det nye mediebygget/kulturhuset.

Leiinga ved HVO har signalisert at dei ikkje har interesse i alternativ B (det største romprogrammet) for kulturhus. Fordeling av leigeutgifter vil såleis vere kopla til basialternativet (alt. A), slik at kommunen fullt ut må bere kostnadene og drifta med eit oppskalert kulturhus.

### **Framdriftsplan og prosessar**

Kommunen og Høgskulen sine behov vert samordna i eit romprogram som grunnlag for utarbeiding av skisseprosjekt. Arbeidet med skisseprosjektet er tenkt starta opp så snart partane har lagt fram spesifisert romprogram i juni. Skisseprosjektet vil gå fram februar 2018. Når eit forslag til skisseprosjekt ligg føre, vil det vere litt tid til å gjere endringar/justeringar. Vidare vil det vere tett dialog mellom partane. I skisseprosjektfasen må Volda kommune og HVO avklare med Statsbygg om leige av kulturhus og kino skal dreie seg om råbygg, der kommunen står for inventar og utstyr, ev om denne delen av bygget bør seksjoneras mv. Prosjektleiaren for Byggherreavdelingen i Statsbygg har signalisert at dei er opne for å drøfte ulike løysingar.

Volda kommune og HVO må også ha framforhandla avtale om leigeandel mv. Volda kommune og HVO må tidleg 2018 gjere bindande vedtak dersom prosjektet skal realiserast.

## **VURDERING**

### **Kulturhus på Campusområdet**

Volda kommune har gjennom intensjonsavtalen som intensjon å få utgreidd planar for kulturhus og kino som sambrukslokale saman med HVO på Campusområdet. Volda næringsforum stiller spørsmål til om ikkje kommunen bør vurdere andre alternativ.

Kommunen og staten kan inngå eit direkte samarbeid om byggjeprojekt utan at ein treng å gå via konkurranse. Dersom Volda kommune skulle starte prosessen på nytt slik Volda Næringsforum rår til, så bør Volda kommune seie opp intensjonsavtalen med HVO og starte ein heilt ny prosess. Planlegginga av mediabygget har ein streng tidsplan, og dersom kommunen ikkje melder inn sine spesifikasjonar om vidare deltaking i løpet av juni d.å., så vil planlegging av mediabygg på Campusområdet skje utan kultur- og kinodel. Den alternative modellen ville innebære at kommunen må lyse ut etter private interessenter som vil vere interessert i å utvikle eit kulturhusprosjekt saman med Volda kommune. Ein ville da gå via ei prekvalifisering der ein plukkar ut ein eller fleire som ein går vidare med. Kommunen må ved eit slik alternativ stille krav til sambruk, da rådmannen ikkje ser det som realistisk for Volda kommune å byggje og drive eit kulturhus- og kinoanlegg heilt åleine. Dette vil vere liknande modell som har vore prøvd fleire gonger allereie, og som ein ikkje har lykkast med. Rådmannen meiner det da vil vere mest tenleg no å få utgreidd sambruksprosjektet på Campus, få fram kostnader og arkitektvurderte løysingar for så å ta stilling til kommunen ser seg tent og har råd til å gjennomføre prosjektet. Dersom det ikkje vert aktuelt, får ein heller gjere ei ny vurdering om kommunen på nytt skal prøve å få til noko i samarbeid med private aktørar.

### **Alternative scenario**



➤ Planlegginga av kulturhus og kino vert avslutta

Kommunestyret står fast ved at eigedomsskatten skal fjernast i 2019 og legg seg på eit minimumsnivå på investering (ikkje prioritere td kulturhus, idrettshall mv) og kuttar ned drifta slik at ein kan frigjere ca 18 mill. i høve dagens nivå på eigedomsskatt. I staden satsar ein på å ruste opp kinosalen i samfunnshuset og innbyggjarane reiser til t.d Eid, Fosnavåg, Ulsteinvik og Ørsta på større kulturarrangement.

➤ Planlegginga av kulturhus og kino på Campusområdet vert avslutta og ein set i gang ein ny prosess/konkurrans med modell basert på samarbeid med næringslivet

Høgskulen får Statsbygg til å byggje mediebygg utan kino- og kultursal. Volda kommune lyser ut konkurranse/etter interessenter som vil vere med å byggje kulturhus og kino i Volda sentrum basert på optimal sambruk.

Dette sceanariet vil vere ein risiko da ein ikkje veit om det er private interessenter som har økonomisk fundament til å delta i samfunnsutvikling saman med kommunen. Samtidig vil eit slikt prosjekt måtte utgreiast og avklarast m.o.t tomtespørsmål og regulering.

➤ Kommunen går vidare med planlegging saman med HVO om sambruksløyising for kulturhus og kino på Campusområdet

Kommunestyret har godkjent intensjonsavtale for å få utgreidd kulturhus og kino som sambruksløyising saman med HVO. Dette er ei oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i K-sak 82/15, der det er vedteke at kommunen ynskjer å vere aktiv deltakar for oppfølging av strategien med å få bygt ut Campus med nytt mediebygg.

Kommunen kan velje å få utgreidd sambruksløyising ut frå eitt eller to romprogram. Det vil i hovudsak dreie seg om to alternative storleikar på kultursalen med felles-/vrimleareal. Prosjektleiaren for Byggherreavdelingen i Statsbygg har i telefonsamtale med rådmannen 7. juni opplyst at ein greier å gjere vurderingar av desse alternativa innanfor kostnadsramma for skisseprosjektet, slik at det vil ikkje utløyse kostnader på kommunen med å få dette vurdert.

Konsulentane Blindheim og Langseth har utgreidd to alternative romprogram som etter begge etter deira skjøn vil vere gode kulturhus, der alt A er ein noko redusert sal, men stor nok til å dekkje den allmenne kulturen. Alternativ B har ein større sal, scene og felles-/vrimleareal. Dette resulterer i auka takhøgde for dette alternativet frå 10 til 12 meter. Konsulentane er no i dialog med HVO og Statsbygg for å samordne romprogramma for kommunen og Høgskulen i eit felles oppsett. Rådmannen tek atterhald om at dette kan resultere i justeringar i programma. Dette vil verte oversendt til kommunestyret.

Det har kome inn innspel frå private interesser som meiner at Volda kommune bør dimensjonere opp til større areal og standard enn det som er foreslått av dei to konsulentane.

Det vil vere høgare investerings- og driftskostnader med auka arealmål og høgde for kulturhusdelen. Det ligg ikkje føre konkrete kostnadsindikatorar som gjer at ein kan rekne på dette i forkant. Dette må ein funne ut gjennom skisseprosjektet som startar opp etter at romprogrammet er lagt fram. Statsbygg krev at partane har tydelege spesifikasjonar for sine romprogram. Samtidig vil det vere rom for justeringar og tilpassingar i skisseprosjektarbeidet.

Det er kommunestyret som må ta stilling til kor stor kultursal ein meiner Voldasamfunnet har bruk for, til kva standard og til kva pris. For kommunen handlar dette, slik rådmannen ser det, om kva kulturhus ein kan få for dei pengane kommunen faktisk kan setje av til årleg leige og drift. Valet mellom alternativ, storleik og standard vil måtte verte styrt av dette. Dette må kommunestyret ta stilling til i komande økonomiplanhandsaming og innrbeide dei rammene som ein kan prioritere sett opp mot andre prioriterte tiltak. Tiltaket er ikkje innarbeidd i gjeldande økonomiplan. Kommunestyret må vere budd på omstillingar og rasjonalisering av tenestestrukturen for å finne rom til eit så stort tiltak.

Kommunestyret må under vegs i prosessen ta stilling til kva kapasitet Volda kommune skal ta høgde for. Er det den allmenne kulturen som liknande alternativ A kan tene formålet for, eller vil kommunestyret ta høgde for ei oppdimensjonering for å dekkje behovet for større arrangement som det kanskje er heller færre av i løpet av eit år. I ei slik vurdering må ein vere nøktern med omsyn til kva forretningspotensial det ligg i slike arrangement. Det er fleire kulturhus rundt omkring på same arealnivå som alternativ A, og som fungerer tilfredsstillande ut frå dei behov som er definert. Spørsmålet er kor stor kommunestyret på vegne av den jamne innbyggjar i Volda kommune vurderer meirverdien av ein større kostnad med ein større sal.

Det er alltid ein fare for at for at ambisiøse planar kan verte urealistiske når ein kjem til endeleg vegval, og at resultatet vert at det ikkje vert noko av. Samtidig kan ein ved ikkje å vere ambisiøs nok verte tillagt at ein ikkje er nok framoverlent og framtidorientert mv. Dersom ein får til ei storstove for Volda vil det i alle høve vere eit løft for samfunnet. Volda kommune har store investeringsbehov framover og ved utgangen av året med ei gjeld på over milliarden. Dette tilseier at ein må vere realistisk med omsyn til leigeramme/investeringsramme og kva forretningspotensiale det ligg i eit kulturhus- og kinokonsept. Rådmannen er tvilande til at dette inntekspotensialet er så mykje høgare enn for samanliknbare konsept i andre kommunar. Kommunen sine ambisjonar for kulturhus bør også stå i stil med HVO sine ambisjonar (behov og økonomisk innsats i prosjektet)

Volda har ei utfordring samanlikna med enkelte andre kommunar som kan konsentrere seg om eitt eller færre kulturanlegg i kommunen. Kommunestyret i Volda har investert kulturhus i kombinasjon med skule i heile kommunen, og har relativt store årlege utgifter til drift av desse:

- Dalsfjord
- Ulvestad (privat skule/kulturhus med årlege tilskot)
- Lid
- Mork
- Hjartåbygda
- Austefjord
- Folkestad
- Bjørkedal
  
- Bratteberg
  
- Maurtua (privat stifting med årlege tilskot)
  
- Volda samfunnshus

Det er vanskeleg å skilje ut kostnaden med kulturbygga som er bygt i sambruk med grendeskulane. Det vart gjort ei vurdering av dette i samband med økonomiprosessen i 2016

og det vart grovt skissert at kommunen nyttar opp mot 1 mill i året til kulturbygg i kombinasjon med skulane. Å halde mange bygg i drift er vesentleg tyngre enn å konsentrere satsinga om eitt stort kulturbygg. Ved å ta omsyn til nivået på lånegjelda og dei store investeringsbehova som kjem dei næraste åra, så meiner rådmannen at det er svært krevjande å få på plass eit kulturhus. Dei andre investeringane er innanfor det lovpålagde tenesteområdet. Kulturhus er ikkje noko kommunen må ha. Den totale situasjonen tilseier at Volda kommune bør ha ei realistisk tilnærming i den vidare planlegginga. Isolert økonomifagleg sett burde ikkje Volda kommune med så høg gjeld og store investeringsbehov prioritere å bruke fleire millionar i året på kulturhus. Samtidig er det viktig å satse på samfunnsutvikling og tilby attraktive tilbod til folket. Rådmannen vil derfor tilrå at kommunestyret inntil vidare legg til grunn begge alternativa til romprogram frå konsulentane for utgreiing i skisseprosjektet.

Uavhengig av kva alternativ ein går vidare med så må detaljar rundt lyd/akustikk, volum, inndeling og utnytting mv avklarast arkitektfagleg i skisseprosjektet. Ramma for prosjektet må mot slutten av skisseprosjektfasen tilpassast HOV og Volda kommune sin økonomi, og kva rammer partane kvar for seg og i fellesskap kan innarbeide i årlege driftsbudsjett. Rådmannen har i notat til formannskapet antyda eit tak på inntil 6,5 mill – 7 mill, men prosjektet bør planleggjast med sikte på så god arealutnytting og gjennomføring at ein kan operere med lågare årleg driftsbelastning. Desse grove rammene inkluderer både leige til HVO og ev kapitalkostnader til finansiering av inventar og utstyr mv.

Kulturhuset i Herøy kom på om lag 110 mill eks mva (2014-tal). Dette kan vere ein peikepinn på kostnadsnivå, og der råbygget kom på ca 60 mill og inventar/utstyr kosta ca 50 mill. Det bør vere grunnlag for å få ned den årlege nettobelastninga dersom ein får til same modell i Volda ved at kommunen finansierer og eig inventar/utstyr sjølv (jfr spelemidlar, tilskot frå fylkeskommunen og lån til ca 2 % rente)

I Herøy gjekk kulturhusdelen med underskot på ca 1 mill i 2016. Kinodelen gjekk med overskot og dekte opp underskotet frå kulturhuset. Kostnader med reinhald og vedlikehald mv kjem i tillegg, slik at Herøy kommune har nettoutgifter knytt til sjølve drifta av kulturhus og kino samla sett.

## **KONKLUSJON**

Rådmannen rår til at kommunestyret legg begge romprogramma i saksutgreiinga til grunn for planlegging av kulturhus og kino i skisseprosjektet for nytt mediebygg i sambruksløyising med mediebygg på Campusområdet.

Rådmannen rår vidare til at kommunestyret oppmodar om arealeffektive løysingar som gir optimale felles synergjar for Høgskulen og Volda kommune.

Rådmannen rår til at kommunestyret avklarar dei økonomiske rammene for årleg leige/drift i komande økonomiplan, og at dette vert førande for valet av kulturhus- og kinoløyising når ein skal ta endeleg stilling til prosjektet etter nyttår.

Rune Sjurgard  
Rådmann



## KULTURSAL OG KINOSAL I VOLDA.

### SAMARBEIDSPROSJEKT MELLOM HVO/STATSBYGG OG VOLDA KOMMUNE.

Volda kommune har tidlegare gjort ei omfattande kulturhusutgreiing som mellom anna inneheld både kultursal og kino, - Innovata. Innovata er ei gjennomarbeidd utgreiing med høg kvalitet. Volda kommune har av økonomiske grunnar ikkje funne å kunne realisere dette prosjektet. Volda kommune ønskjer framleis at deler av Innovata (rev. 06.11.07) blir ståande som noko å strekkje seg etter.

Underteikna er nå engasjert av Volda kommune for å utgreie kino og kultursal. Dette skjer fordi eit mogleg samarbeid mellom HVO/Statsbygg og Volda kommune er under utvikling for å realisere kultursalen og kino/visningsrom som eit felles prosjekt. Målsettinga er at kultursal og kinosal skal stette både Høgskulen i Volda sine behov og Volda kommune sine behov.

Underteikna ba om fellesmøte med Høgskulen i Volda og Volda kommune rett etter at engasjementet av oss var gjort av Volda kommune for å klarlegge felles mål som grunnlag for utarbeiding av funksjonsbeskrivelse med frist 01. juni. Møtet vart halde i Volda kommune 15. mai.

I denne nye utgreiinga/funksjonsbeskrivelsen er det m.a. gjort vurderingar i høve Innovatautgreiinga (06.11.07), Riksteatret sine anbefalinger til nye kulturhus, «Norsk Musikkråd sine anbefalinger for lokaler til kulturformål», veileder for utforming av kinobygg, erfaring med nyare samanliknbare kulturhus i Norge og behov/ønskje frå både HVO og Volda kommune.

Høgskulen i Volda og Volda kommune må ved realisering av dette prosjektet etablere ein eigen driftsorganisasjon knytt til aktiviteten,- det å skape, tilrettelegge for og samordne aktivitet i kino og kultursal. Særleg gjeld dette Volda kommune og tilrettelegging for publikum i vid forstand. Kommunen sitt samla kulturarbeid bør då sjåast i samanheng med bruk av desse nye kulturhusfunksjonane.

Felles driftsorganisasjon vil også vere viktig for å sikre god samordning av partane sin aktivitet og sikre offensiv og god bruk av kultursalen og kinosalen.

#### **Generelt/fellesareal:**

Arealet for kino og kultursal er del av det ytre arealet i det nye mediebygget under planlegging ved Høgskulen i Volda. Det er viktig med enkel tilkomst både frå andre bygg ved Campus og utanfrå for publikum både på dag og kveldstid. Særleg er det viktig med god tilkomst til Berte Kanutte-huset med tilgang til kantine/servering i samband med arrangement. Vrimleareal, areal for billettering, garderobeareal, toilett både for studentar og publikum utanfrå må løysast. Kinokiosk (mogleg kaffibar på dagtid) blir også oppfatta som ein klassikar og har bruk for sitt areal. Kreativ sambruk av funksjonar/areal brukt av studentar/høgskulen på dagtid og publikum/kommunen på kveldstid er viktig å bearbeide vidare i planprosessen for å kunne sikre effektiv arealplanlegging og arealbruk. Dette området i bygget må vere innbydande og kjennest romsleg men likevel ha god arealutnytting (kanskje også plass for utstillingar og arr. ved spesielle høve?). Funksjonane må ligge naturleg oppimot kinosal og kultursal. Det må vere ein viss avstand mellom inngang for kinosal og kultursal for å sikre god fordeling av publikum ved samtidige arrangement.

Prinsipp om universell utforming er viktig å ta omsyn til både ved tilkomst, i vrimeleareal, toilett, garderobe og i begge salane.

Legge til rette for 2 – 3 kontorarbeidsplassar.

Vi tek i denne omgang utgangspunkt i samla arealbehov 375 kvadratmeter som rettleiande for fellesarealet.

Godt med parkeringsareal i nærleiken er viktig for å kunne sikre god funksjonalitet for bruk av kino og kultursal for folk flest. Dette gjeld både for høgskulen si verksemd og for publikum og aktørar i den offentlege kulturverksemda.

### **Kultursalen:**

Det blir foreslått sal med flatt golv og skyveamfi. Scene blir foreslått med flatt golv men som også kan byggjast opp med modular. Samla sal 28 X 18 meter derav totalt sceneareal 10 x 18 meter. Dette gir plass til om lag 340 i amfiet og om lag 150 på stolar på golvet mellom amfi og scene dersom scena er bygd opp med 5 meter scenedjupn. Galleri 180 cm djupt (over rommet for skyveamfiet) blir god plassering av tekniske funksjonar under forestillingar. Tilkomst til salen er foreslått frå golvnivå. Takhøgda er foreslått til 10 meter av omsyn til både scenerigg og akustikk.

Ved amfi slått saman vil det vere plass til om lag 880 ståande i sal eller om lag 220 ved bord/stolar.

Sett i høve Innovatautgreiinga er arealbruken til sal/scene endra frå 576 kvadratmeter til 504. Talet på amfiplassar er redusert frå 500 til om lag 340, orkestergrava er foreslått teken bort og takhøgda er foreslått redusert frå 12 til 10 meter.

Dei tekniske spesifikasjonane i Innovatautgreiinga lyd, lys, akustikk, lydisolering mm. bør leggjast til grunn i vidare planlegging. Vi foreslår at ein held fast på regulering av akustikk manuelt mellom 1,1 - 1,2 og 1,5 -1,6 sek etterklang alt etter bruksformål av salen slik vi oppfattar primærtilrådinga i Innovatautgreiinga.

### **Scene:**

Scenerommet blir foreslått til 18 x 10 meter. Størrelsen kan regulerast ned ved hjelp av sceneteppe og ved hjelp av modular for å bygge opp høgde frå golvnivået (talet på modular gir variert størrelse). Sidescenearealet må ha minimum 2 meter breidde (jfr. Riksteatret). Sidescenearealet kan også delvis brukast til «kontrollert» lagring av utstyr men slik at det då ikkje går ut over funksjonen dei har under forestillingar.

Dersom sidescena blir utvida til 10 X 6 – 8 meter så vil ein ideelt kunne få ein effektiv samanheng mellom varelevering, lagerfunksjon og den sceniske tilrettelegginga (sjå dei to neste punkta om lager og varelevering)

### **Lager:**

Det er bruk for lagerplass for stolar og bord til sal, sceneelement og anna utstyr til bruk ved og på scena. Det er også bruk for eiga «flygelgarasje». Viktig at lager har god og enkel tilkomst til sal og særleg scene. Fleire kulturhus har ein liten truck til forflyttingar av utstyr.

Flygeltransport mellom sal og «garasje» må kunne skje plant/utan kryssing av dørstokkar.

I den reviderte Innovatautgreiinga er det foreslått samla 180 kvadratmeter lager til kultursalen. Vi held fast ved det arealet. I den vidare planprosessen er det viktig å sjå på moglege fellesløysingar mellom HVO og kommunen.

#### **Varelevering:**

Inn og utlasting av utstyr til bruk på scena må kunne skje frå lastebil direkte inn gjennom port på lasterampe som har ei høgde på om lag 60 - 70 cm. Det bør vidare vere så nær direkte tilkomst mellom inn/utlasting frå bil og scene som råd er med dør inn til lager/sidescene/scene med døropning 3 x 2,5 meter.

#### **Garderober:**

I samanliknbare kulturhus varierer garderobearealet mykje. Nokon har garderober med «dobbelbruk» -møterom og som også kan brukast som kontor. Gode garderobeareal er viktig for kulturhusfunksjonen.

Vi foreslår 1 garderober på 50 kvadratmeter (inkl dusj). Rommet bør også kunne brukast til møterom, øvingsrom for begge brukarane. Dette er for lite areal til garderobefunksjonen, men vi er kjend med at HVO planlegg undervisningsrom i same området. Sambruk må vere nøkkelen. I prioritet om nærleik til scena, er lagernærleik viktigare enn garderobenærleik for deler av lagerarealet. Det må vere toilett i nærleiken av garderober.

I den reviderte Innovatautgreiinga er det foreslått 245 kvadratmeter til garderober.

#### **Aktørrom:**

Vente og samlingsplass for aktørar. Tekjækkenløysing. Må også kunne brukast til møterom både for kommunen og HVO.

Vi foreslår 25 kvadratmeter.

#### **Tekniske rom/Kultursal:**

Pult for styring av lyd/lys ved bakscene/sidescene og plassering av pult for desse funksjonane bakerst i amfi med god sikt til scene. Dersom salen skal kunne brukast til kinofunksjon (jfr Innovatautgreiinga) må maskinrom etablerast bak kultursalen med minimum 2,5 meter djupne.

Vi foreslår samla 10 kvadratmeter.

#### **Kinosal/visningsrom:**

Rommet skal ha 80 sete i fast amfi. Normalarealet (retningslinjer) for ein sal på denne størrelsen er 112 kvadratmeter som legg til rette for å ha god kvalitet og sitjekomfort. Rommet skal i tillegg til å

syne film også kunne brukast til foredrag og forelesning og treng derfor eit utvida golvareal framføre amfiet.

Vi foreslår 140 kvadratmeter.

#### Teknisk rom /kino:

Bak kinosalen med plassering av digital kinomaskin. Djupne på rommet minimum 2,5 meter.

Vi foreslår 10 kvadratmeter.

#### Oppsummering. Romprogram:

	Størrelse	Antal	Areal	Kommentar
Kultursal, scene	28 x 18	1	504 kvm	Sete i amfi om lag 340, + på golv inntil 150 med redusert scene (5 m. djupne). Max scenerom 18 x 10, regulering av størrelse med sceneteppes og eventuelt scenemodular på golvet.
Sidescene, lager		2 - 3	180 kvm	Nær scene, lett tilgang, «flygelgarasje» Vurdere lagersamarbeid med HVO.
Garderobe		1	50 kvm	Område ved scene. Fleksibelt også til møte, underv. og øving. Også bruk av undervisningsrom for HVO til garderobe.
Artistrom		1	25 kvm	Nær scene, tekjokkenkrok, møterom HVO/kommunen.
Teknisk rom, kultursal		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.
Kino		1	140 kvm	80 sete i fast amfi, kino, visning, forelesning.
Teknisk rom, kino		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.
Fellesareal, vrimle, bill., garderobe, toalett mm.			375 kvm	Planløyising og fellesbruk HVO/kommune viktig for arealbehovet. Vurdere «dobbelbruk» av areal. Luftig, romslig og innbydande men nøkternt.
Sum areal			1294 kvm	

30.05.17

Per Einar Langseth

Arvid Blindheim





## KULTURSAL OG KINOSAL I VOLDA.

### SAMARBEIDSPROSJEKT MELLOM HVO/STATSBYGG OG VOLDA KOMMUNE.

#### TILLEGGSDOKUMENT

##### **Bakgrunn:**

Vi viser til framlegg til romprogram av 30.05.17. Dette framlegget er i tråd med den ramme som var gitt av oppdragsgjevar og vil etter vår vurdering kunne danne grunnlag for ei fagleg god løysing for kultursal og kinosal i Volda.

Bestillinga nå er å utgreie også eit alternativ der ein aukar størrelsen på kultursalen til ein størrelse som samsvarar meir med kultursalen i Innovata (nov. 2007).

##### **Kultursalen:**

I dette alternativet blir salen forlenga frå 28 til 32 meter (og med same breidde i begge alternativa – 18 meter og same scene 10 x 18 meter. Vi foreslår å auke takhøgda frå 10 til 12 meter. Størrelsen er då lik Innovata(2007) sin kultursal 32 x 18 x 12.

Talet på amfiplassar blir då auka frå om lag 340 til om lag 470 og på golv ved oppbygd/reduert scenedjupn (5 meter) om lag 150 (likt for begge alternativa).

Ein ser at vi har lavare tal på amfiplassar i dette arealidentiske alternativet enn Innovatautgreiinga hadde. Vi legg same prinsipp for utrekning til grunn for begge våre alternativ slik at dei kan samanliknast og dei er konservative i høve setekapasitet så tidleg i planfasen, - vi ønskjer heller å sjå at det er mogleg på ein god nok måte å få inn fleire sete enn ferre i detaljplanfasen.

Konkret gjeld dette å sikre nok avstand første rad/scene (omsyn til lyd), nok avstand frå sidevegger til ytterste stol i stolradene (funksjonalitet og branntryggleik), høgde på amfiet (akustikk), rom bak siste stolrad (både god plassering av mixebord og akustikk). Dette er detaljar som heng saman med kvarandre og høyrer heime i detaljplanfasen.

Med inntil 5 rader meir i amfiet, er det naudsynt å auke takhøgda frå 10 – 12 meter for å gje gode nok vilkår for å utvikle eit lokale med god etterklang for akustiske framføringar.

##### **Akustikk:**

Begge alternativa, sal 28 x 18 x 10 og sal 32 x 18 x 12, begge med skyveamfi, er grundig drøfta med professor i lyd og akustikk ved NTNU Peter Svensson. Han vurderer det slik at begge alternativa vil vere gode for å kunne bygge kultursal for akustiske framføringar. For å lukkast handlar det så vidare i prosessen om materialval og detaljutforming av sal, både for alternativet med den store salen og den noko mindre.

For å manuelt justere etterklngen til ulike formål, snakkar vi om teppe opp/ned og/eller veggelement som må vendast eller settast opp eller takast ned.

Materialval og regulering av akustikk høyrer heime seinare i plan- og byggefasen.

Nokre kultursalar har elektroniske hjelpemiddel for å regulere etterklangen (moderne på 70 – talet). I nyare tid har dette kome i noko grad tilbake. Svensson sitt råd er at dette er ei vurdering ein gjer etter at salen er bygd og ein vurderer det endelege resultatet.

### Romprogrammet samla:

Funksjon som må vurderast i høve auka setekapasitet er fellesareal, vrimleareal, garderobe, toalett. Vi brukar også her erfaring frå andre kulturhus og aukar arealet frå 375 kvadratmeter til 450. Dette er også her det mest usikre talet i programmet og som i størst grad vert påverka av planløyising og samvirke mellom HVO og Volda kommune.

Vidare så må også parkeringskapasiteten vurderast.

Dei andre funksjonane kan vi ikkje sjå er påverka av eventuelt større kultursal.

### Oppsummering. Romprogram:

	Størrelse	Antal	Areal	Kommentar
Kultursal, scene	32 x 18	1	576 kvm	Sete i amfi om lag 460, + på golv inntil 150 med redusert scene (5 m. djupne). Max scenerom 18 x 10, regulering av størrelse med sceneteppe og eventuelt scenemodular på golvet.
Sidescene, lager		2 - 3	180 kvm	Nær scene, lett tilgang, «flygelgarasje» Vurdere lagersamarbeid med HVO.
Garderobe		1	50 kvm	Område ved scene. Fleksibelt også til møte, underv. og øving. Også bruk av undervisningsrom for HVO til garderobe.
Artistrom		1	25 kvm	Nær scene, tekjòkkenkrok, møterom HVO/kommunen.
Teknisk rom, kultursal		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.
Kino		1	140 kvm	80 sete i fast amfi, kino, visning, forelesning.
Teknisk rom, kino		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.
Fellesareal, vrimle, bill., garderobe, toalett mm.			450 kvm	Planløyising og fellesbruk HVO/kommune viktig for arealbehovet. Vurdere «dobbelbruk» av areal. Luftig, romslig og innbydande men nøkternt.
Sum areal			1451 kvm	

01.06.17

Per Einar Langseth

Arvid Blindheim



<b>A</b>	<b>KULTURHUSET</b>		<b>1 552</b>	Kulturhusfunksjoner som storsal med scene og separat kinosal. Øvrige kulturhusfunksjoner inngår i øvrige deler av innOvata.
<b>A.01</b>	<b>Voldasalen</b>		<b>1 385</b>	Fleksibel storsal med scene.
A.01.1	Sceneareal	165		Scene der 1/3 er hev / senkbar - jf. orkestergrav med scenetårn mv. Øvrig scene skal kunne senkes til gulvnivå. Tilfredstille Riksteaterest krav til A-scene
A.01.2	Hovedsal for publikum	700		Trafikk (Bil, transport o.l) mellom kjelleretasje, sceneheis mv Kabelgrøfter i gulv for styringskabler, med ulike uttakspunkter. Mulighet for lerret / kinokjøring. Digital løsning
A.01.3	Orkestergrav	55		Areal for orkestergrav i nivå med scenegarderobe
A.01.4	Scenegarderobe	245		110 m2 legges i underetasje. Felles for alle scener
A.01.5	Scenelager	100		Legges i underetasje med nivå av scenegarderobe
A.01.6	Deponi for spesielt utstyr	20		Flygel, temperert rom.
A.01.7	Stol- og bordlager	100		Plass for 800 stoler og bord og mobile barer. Fordelt på inntil 4 ulike rom
<b>A.02</b>	<b>Kino</b>		<b>167</b>	Driftsmåte må avklares.
A.02.1	Kinosal	130		Dimensjonert for 150 sitteplasser. Med konferansefasiliteter. Lyd, lys og "podium".
A.02.2	Kontrollrom / kontorfunksjon	7		Evt. felles med andre AV-lokaler. Må evt. kunne kjøres mot kino i hovedsal.
A.02.3	Kiosk / billettering	20		Funksjonen ligger under kinoen, men lokaliseres til fellesarealet.
A.02.4	Utgang	10		Egen direkte utgang fra kino
<b>A.03</b>	<b>Informasjonssenter</b>			Jf. hoteldriften - konferansesenter

## **Innstilling frå kulturhusutval om samfunnshus, kino- og kultursal.**

### **Mandat:**

Kommunestyret 30.11.2015:

*1. Det vert oppnemnt eit politisk arbeidsutval som får som mandat å avklare kommunen sine behov og muligheter i ei oppfølging av resultatata frå arbeidsgruppene for Campusprosjektet punkt 4.*

*2. Følgjande vert valt til medlemmer i utvalet:*

*Medlemmer:*

*Jørgen Amdam*

*Fride Schjølberg Sortehaug*

*Odd Harald Sundal*

*Margrete Bjerkvik*

*Dan Bjørneset*

*Varamedlemmer:*

*1. Gunnar Strøm*

*2. Roald Espset*

*3. Sølvi Dimmen*

*4. Anders Egil Straume*

*Jørgen Amdam vert valt til leiar.*

*3. I mandatet inngår m.a vurdering og framlegg om:*

*- Framtidig lokalisering av kino og type kinokonsept*

*- Kva formål Volda samfunnshus skal ha i framtida*

*- Definere behovet for og aktuell sambruksløyising av lokale saman med Høgskulen og ev andre partar.*

*4. Utvalet skal vurdere om utbyggingsplanane på Campusområdet kan gripe inn i utgreiingsarbeidet for ny Voldahall. Arbeidsgruppa for hallprosjektet får derfor utsett frist til 1. mai 2016 til å leggje fram sin rapport.*

*5. Utvalet skal vurdere tiltak på kort sikt og tiltak på lang sikt, innanfor berekraftige og realistiske økonomiske rammer. Utvalet skal i si vurdering konsekvensutgreie tiltaka det kjem med framlegg om, m.a kva konsekvensar det kan ha på kommunen sine prioriteringar i økonomiplansamanheng. Frist for utvalet sitt arbeid: 15.2.16.*

Formannskapet 18.10.2016:

### **Handsaming:**

Ordføraren kom med slikt framlegg til tilleggsrepresentantar:

*Magnar Åm, Martin Brenne og Kari Hasle.*

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med framlegget frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

## **Forståing av oppgåva**

Arbeidsgruppa forståing av oppgåva er at dei skal komme med ei innstilling til korleis ein kan organisere kulturlokale i Volda, spesielt i høve nytt mediebygg på Høgskulen og moglegheita for kinosal og kultursal der. Dessutan skal gruppa vurdere og komme med forslag til korleis framtidig bruk av samfunnshuset kan foregå.

## **Endrande forhold for prosjektet**

I intensjonsavtalen mellom HVO og Volda kommune står det:

*Høgskulen i Volda skal bygge eit hus for mediefaga. I det nye huset er det planlagt ein kino og kultursal/fleirbruksrom som skal kunne nyttast til m.a. førelesingar, framsyning av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/teaterframsyning, fleirkameraproduksjon, konferansar og mottakingar.*

*Avtalen skal leggje til rette for samarbeid mellom partane når det gjeld bruken og drifta av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Målsettinga er at Volda kommune skal vere ein stabil og langsiktig leigetakar av brukstid i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane vil arbeide for å etablere eit driftsselskap som får ansvaret for drifta av salen. Studentsamskipnaden på Sunnmøre kan vere ein interessant samarbeidspart i eit slikt selskap.*

Statsbygg som i dag jobbar med forslag til prosjektet er 3 månader på etterskot, dette grunna at kostnadane ved bygget vert høgare enn antatt og usikkerheit i høve Voldahallen.

HVO er fortsatt i prosess med Statsbygg med omsyn til storleik og form på mediebygget og framdriftsplanen har blitt justert fleire gangar. Tilsvarende har forutsetningar om husleige blitt endra ved at regjeringa har heva kravet til forrenting. Planen er no å få fram justert romprogram innan utgangen av februar, så engasjere konsulentar og å få ferdig skisseprosjekt tidleg haust 2017. Om denne planen held vil nybygget vere ferdig i 2020.

HVO har gitt uklare signal om behov for bruk av kultursal og om den skal byggast vil det i hovudsak vere i Volda kommunes regi og med grunnlag i leigeavtale mellom Volda kommune og HVO. På grunn av høgare husleige enn først forutsett kan det vere at HVO sjølv vil redusere si utbygging og i staden bli ein stor brukar av kultursalen. Dette må avklarast innan skisseprosjektet startar.

Desse endringane har lagt føringar for gruppas arbeid, spesielt framdrift og derfor fokuserer vi på kva kommunen skal stille som krav til ein kinosal og kultursal i HVOs mediebygg og kva aktivitet som i framtida skal finne stad i samfunnshuset.

## **Om samfunnshus og kulturhus i samspel**

Innstillinga frå utvalet er at det nye medie- og kulturbygget på Høgskulen vert eit fokuspunkt for kultur i Volda. Bygningsmassen (kinosal og kultursal med støtterom) bør drivast av eit eige driftsselskap og skal vere tilgjengeleg for leige både på kvardagar og helg og på ettermiddag – kveld for å møte dei ulike behova knytt til eit slikt bygg. Driftsselskapet bør utvikle avtale med HVO om bruk av andre rom og utstyr for å kunne arrangere større konferansar og møter og sikre tilgang til kantine m.m. utanom vanleg arbeidstid.

Samfunnshuset skal også vere tilgjengeleg for leige, men då som eit rimeligare alternativ enn kulturhuset. På den måten får ein dekkja eit spekter av behov for lokale og ein unngår at kulturhuset og samfunnshuset vert konkurrentar.

### **Vegen vidare for samfunnshuset**

Samfunnshuset er i dag inne i ein prosess for energieffektivisering (EPC) og vil etter dette møte moderne standardar for energibruk og energisparing. Huset har historisk verdi og gruppa vurderer det som viktig at dei historiske verdiane vert tatt vare på når bygningen og bruken er i endring. Det rådst derfor til å hyre inn fagkyndig person som kan ha ansvar for at samfunnshusets særpreg vert tatt vare på i omleggingsprosessen.

Forslag til bruk av areala er at kinosalen kan bli ein framtidig kommunestyresal ved samanslåing med Hornindal. Amfiet i kinosalen i dag er forelda og vert foreslått erstatta av moderne amfi som tar mindre plass. Når kinoen flyttar ut i 2020 vil salen kunne brukast på dagtid og kveld til undervisning, møter, øvingar m.m. og med ei lav husleige slik at ein får høg aktivitet. Salen bør utstyrast slik at den er velegna til møter og til undervisning for store grupper.

Salen (kommunestyresalen) i første etasje vert foreslått til utleige då størrelse og nærleik til kjøkken er god. Salen bør som no til retteleggast for fleirbruk som undervisning, møter, servering m.m.

Gruppa meiner ungdomsrådet bør involverast i planlegginga av bruken av samfunnshuset, spesielt med tanke på at det er eit mogleg lokale for ungdomsklubb når kinoen flyttar ut i 2020. Eit utkast for ungdomsklubb er at ungdommen vert tildelt lokala til venstre når ein går inn hovudinngangen i bygget (no kunstskele) og ut frå behov kan ta i bruk salane i første og andre etasje. Felles for romma er at dei må utviklast slik at det er behagelige og funksjonelle rom med tanke på bruk. Fleksibilitet i bygget er viktig og med rom av ulik karakter kan samfunnshuset møte ulike behov for leige av lokale. Komiteen tar til orde for at det må diskutert med ungdomsrådet om lokala er egna til ungdomsklubb.

Det må vurderast om ein ynsker å fjerne filmutstyret som er der i dag eller om ein vil la det stå slik at ein framleis kan vise film i samfunnshuset. Dette vil vere positivt for ein eventuell ungdomsklubb, festivalar og liknande og komiteen støttar at filmutstyret blir verande.

### **Konsekvensar:**

Ut over energiltaka bør det investert i oppussing av lokala som er i bruk av kunstskele og nytt amfi i noverande kinosal. Kostnadsramme investering bør vere under 1 mill. kr.

### **Gruppas innstilling til kinosal og kultursal i kulturbygg ved Høgskulen**

I høve kultursal / fleirbrukssal i kulturbygget ved Høgskulen er spørsmålet kva kvalitet og kva størrelse ein ynsker i ein slik sal. Gruppa tar utgangspunkt i at salen i alle fall skal brukast 40 – 50 år inn i framtida og meiner at ein derfor skal vere ambisiøse med tanke på standard. Statsbygg jobbar i dag med å utvikle eit tilbod med kultursal. Utvalet tar til orde for å også få



utgreia ein «idealsal» som dekk alle behov Volda kommune har på denne fronten. Grappa går inn for denne prioriteringa:

Prioritering 1: ein påkosta «idealsal» som skal dekke behov frå symfoniorkester til konferanse. Utgangspunkt for dette alternativet kan vere krava til kultursal i Innovataprojektet, sjå vedlegg.

Prioritering 2: ein basissal som allereie er skissert av prosjektstartgruppa til HVO (denne salen er beskrive i vedlegget)

Grappa meiner at det er avgjørande at midlane kommune går inn i prosjektet med hevar standarden på salen frå ein basissal slik den no blir skissert av HVO til ein idealsal. Innstillinga til grappa er derfor at kommunen bør velje prioritering 1.

Det er viktig at ein kultursal og kinosal ved Høgskulen er tilgjengeleg for alle, det vert derfor viktig at ein slik mentalitet ligg til grunn.

I høve kinosal meiner utvalet at salen må ha kvalitet på linje med det ein forventar av ein moderne kinosal. Det vil sei 2D og 3D moglegheiter, skikkelige seter, lydutstyr og utforming av sal som legg til rette for ei god lydoppleving osv.

#### **Konsekvensar:**

I referat frå møte mellom Statsbygg og HVO går det fram at dei no vil planlegge bygget ut frå kostnadsrammer i staden for «ideal». Det er uklart kva konsekvensar dette vil kunne få, men det blir bedt om at HVO og Volda kommune snarast må inngå avtale om leige med økonomisk ramme som det kan planleggast med. Volda kommune må derfor bestemme seg for økonomisk ramme for leige av kinosal (ettermiddag og kveld) og kultursal. Denne i lag med leigeomfang frå HVO vil vere dimensjonerande.

Komiteen forutset at det blir etablert eit eige driftsselskap med ansvar for drift og utleige av kinosal ettermiddag og kveld og kultursal 100 % av tida. HVO og Volda kommune vil vere leigetakarar på lik linje med andre, men med Volda kommune som garantist.

Komiteen ligg til grunn at Volda kommune og Høgskulen stillar som garantistar for driftskostnadane for bygget (kinosal og kultursal).

#### **Vegen vidare**

Komiteen rådar til at kommunen går inn for forslaget kalla prioritering 1 i dette dokumentet og at komiteen held fram sitt arbeid gjennom å fylgje opp prosessen og gjennom å diskutere korleis kommunen kan stille seg til ulike scenario for bygg og byggbruk.

## Frå Innovatoinstillinga (Idealsal)

### 6.5. Salar for konsert, teater, kino og møte / konferansar

#### For alle salane er det viktig med:

- ❑ Gjennomtenkte løysingar for transport av utstyr inn / ut av salane. Transportveggar mellom scener, innlasting, flygelgarasje og lagerrom skal vere *terskefrie* for lett transport av utstyr på hjul og med traller.
- ❑ Alle salar / areal bør ha likeverdige status / kvalitet slik at kultursalen ikkje framstår som den "finsalen". Salane/ areal bør gjerne ha ulike uttrykk.

#### Kultursalen

Salen skal vere ein fleksibel moderne multifunksjonssal (L=32 B=18 H=12m, netto innvendige mål) som med grunnoppsett med skyveamfi er en sal med 500 sitteplassar i amfi og ca. 200 m<sup>2</sup> scene. Gode mulegheiter også for alternative oppsett til tradisjonell sal / scene (titteskap) og justering av storleik / publikumskapasitet er viktig.

#### Publikumskapasitet

- ❑ 500 plassar ved konsert / musikkspel med publikum i amfi + inntil 60 ekstra plassar i grunn orkestergrav på framscenen
- ❑ 700 plassar med 200 ekstra stablestolar med oppbygd scene og redusert scenedjup til 5 meter
- ❑ Inntil 500 sitteplassar ved bord for kafékonsert, bankett og liknande
- ❑ 1200 personar for ståkonsert / fest (kapasitet røming 1200 pers.)
- ❑ Inntil 700 m<sup>2</sup> til temamesser, utstillingar o. l i storsal og innlasting. I tillegg kan vestibyle, veslesal m.m. brukast i slike samanhengar slik at samla areal kan bli godt over 1200 m<sup>2</sup> for utstillingar / messer

#### Kravspesifikasjonar for kultursalen

- ❑ Sal og scene skal ligge på same golvnivå for å auke fleksibiliteten og vere utforma som eit stort rom.
- ❑ Salen skal kunne vere "svart boks", men også gjerne kunne sleppe inn lys og ha variasjon i fargar m.m. ved hjelp av lyssetting, vendbare element, teppe og ev. også stor vindaugsflate med 100% lystett sjalusi.
- ❑ Minimum 12 m fri høgde innvendig i sal og 5 m i innlasting / lager med like høge portar til scenene.
- ❑ Skal ha god sittekomfort på 500 faste stolar i teleskopamfi inkl. 4 - 6 faste rader på fast balkong bak i salen.
- ❑ Stolbreidd 55 cm og radavstand 95 cm. Gjennomsnittleg trinnhøgde i teleskopamfi 35 cm slik at alle plassar får gode siktforhold.
- ❑ Teleskopamfiet kan gjerne ha bua rekker. Salen må også kunne fungere godt for eit publikum frå 200 personar.
- ❑ Minst ei av dei to sidetrappene i amfiet skal vere fast for å sikre kommunikasjon mellom balkong og salen ved flatt golv.
- ❑ Det skal ikkje vere faste veggjar mellom sal og scene på sida av og over scenen. Bredd og høgde skal regulerast med teppe / scenografi.

Grunnakustikken skal gi god spreiding, romkjensle, god taletydelegheit og med ei etterklangstid på 1,5-1,6 sek. Denne skal kunne dempast ned til 1,1 – 1,2 sek ved hjelp av teppetrekke og vendbare element. Det skal særleg leggast verkt på kontroll på etterklangstid i djupbassområdet. Tilrådingar frå Norsk Musikkråd av 2010 skal leggast til grunn.

- ❑ Som alternativ skal også vurderast ein fast etterklang på 1,1 – 1,2 sek ( teater, forsterka musikk/ kino) og så auke etterklagen med eit moderne elektronisk anlegg av høg kvalitet. Klangen kan då tilpassast ulike typar / storleik orkester og det gir også salen eit avansert effektanlegg.

- ❑ Bakgrunnsstøy frå ventilasjon m.m. skal ikkje overstige 25 DbA alt. NC 30 –normen.
- ❑ Salen skal ha moderne AV-utstyr med lyssterk dataprojektor til bruk for scenografi, filmpresentasjonar, konferansar m.m.
- ❑ Scenegolv skal ha god svikt og lite trinnlyd for dans, som det også unntaksvis kan skruvas fast kulisser i. Sal og scene kan gjerne ha golv med same overflate, men scenegolv må ha ekstra stor byggehøgde (skrudjup) om ikkje ein vel å legge golv etter scenekrav i heile salen.
- ❑ Sceneområdet skal ha fullt motorisert rigg for ein moderne scene med snortrekk, teatertekstilar, lysanlegg med min 120 kursar a 2,5 KWA, lydanlegg (PA) og akustiske himlingelement.
- ❑ Ved ”ståkonsert” eller ”småbord” kan riggast mindre scene av element. Huset bør som minimum ha 80 m<sup>2</sup> / 40 element a 2 m<sup>2</sup>.
- ❑ Salen må ha tekniske sidebruer i ca. 7 meter høgde og ei teknisk bru på tvers av salen i ca. 8 meters høgde.
- ❑ I tillegg solide opphengspunkt og løfteutrustningar for blackbox-teater for tekstilar, lys, lyd og scenografi m.m.
- ❑ Et fast område på 3 x 2 meter på balkong bak i salen må vere avsett til tekniskplass utan å skape konflikt for rømningsvegar.
- ❑ Ha maskinrom for kino, kinolerret (rull) i fremre ved scenen og godt lydanlegg kombinert for kino og konsert / teater.
- ❑ Moderne kabelstruktur for profesjonell distribusjon av digital lyd og bilete
- ❑ Alle inngangar for publikum må ha lyd / lyssluser.
- ❑ Det kan gjerne vere ein stor port mellom sal og vestibyle slik at dette kan fungere saman f. eks ved store krokonsertar og andre festarrangement.
- ❑ Vere utstyrt med godt flygel og ”garasje” for dette med styrt fuktigheit (50-60%). Romet skal vere så stort at det også kan brukast som øvingsrom.
- ❑ En slik fleksibel sal krev ekstra store og lett tilgjengelege lagerareal bl.a. for stablestolar, bord, sceneelement, teknisk utstyr m.m. Dette må ha ekstra takhøgde og vere utstyrt med pallereolar og liten elektrisk truck for stabling og flytting.
- ❑ Orkestergrav er eit område fast nedsenka ca. 80 cm og vil mest verte brukt til ekstra stolplassar slik at salen då får ”scenekant”. Dekking med manuelle lemmar med same overflate som golvet elles.

For journalføring

**Fra:** Kolbein Halkjelsvik [mailto:kha@hivolda.no]

**Sendt:** 30. mai 2017 11:42

**Til:** Jørgen Amdam; Rune Sjugard

**Kopi:** Magnar Åm; 'mart-ola@online.no'; Oddbjørn Nes; ihh; 'bjorn.skogen@mimer.no'; Kari Aslaug Hasle

**Emne:** Kultursal i mediebygget?

### Til politisk og administrativ leiing i Volda kommune

Det som har kome fram etter møtet mellom den kommunale kulturhusgruppa og kulturhuskonsulenten måndag kveld 29.04.17, syner eit forslag til kulturhus frå konsulenthald, som verken kan vere bygd på kulturstaden Volda sine behov, eller på staden sitt potensiale. Det kan verke som om konsulenten har samanlikna Volda med andre tettstader i regionen det ikkje finst reelt grunnlag for å bli samanlikna med.

I minst 10 månader av året, så er Volda sentrum den fjerde største folkekonsentrasjonen i dette fylket. Staden Volda er bygd opp -og eksisterer- i stor grad på grunnlag av kulturfag/humanistiske fag. På kulturfeltet utmerker staden seg årleg med det beste og mest mangfaldige kulturtilbodet («sentrumstilbodet» i følgje Telemarkforskning) mellom Bergen og Trondheim. Menneske frå Volda fyller opp kulturinstitusjonar rundt omkring i regionen og reiser gjerne 10 mil ein vanleg kveld i veka for å få stetta kulturopplevings-behov sine. Volda sentrum står altså i ei kulturell særstode med eit enormt potensiale for vidareutvikling. *Staden kan ikkje samanliknast med nokon andre på Nordvestlandet på dette feltet.* Denne posisjonen må vi halde på og styrke i tida framover.

Når ein så vert tilbode ein ny kultursal på storleik med ei halv speleflate for handball (ca. 20x20m), og då med inkludert sceneareal, så kan ikkje dette sjåast på og vurderast som noko anna enn *ein skandale* om noko slikt skulle bli realisert. Det må rett og slett ikkje skje! Då får kommunen heller trekke seg ut av HVO-prosjektet og vente på ein sjanse seinare.

Voldasalen i *innOvata*-prosjektet vart i si tid utvikla gjennom nøye og deltakande registrering av lokale og regionale behov gjennom ein strukturert romprogram-prosess som gjekk over 2,5 år mellom alle potensielle brukargrupper. Denne demokratiserte prosessen viste behovet og potensialet Volda har. I røynda hadde den salen maksimalt 800 sitteplassar og eit sceneareal som ville ha kunna tatt i mot alt i alle sjangrar.

Salen som den kommunale kulturhusgruppa har fremja som sitt prioriterte framlegg, har mange av dei same kvalitetane, men har eit redusert billett-tal (sete-tal) som ligg på vel 500. Dette burde ligge på nærare 600 for at det skal bli mulig å arrangere det ein ønsker å arrangere. Dersom vi ser føre oss ein maksimum billettpris kr. 300,- for særskilde førestillingar i salen, så vil det gi ei brutto inntekt på ca. kr. 150.000,- for arrangøren. I ein gitt samanheng, dekkjer denne summen berre lyd og lys-rigging/køyring ved visse arrangement. Storleik, takhøgde og omstillingsdynamikk, i tillegg til tilfredsstillande infrastruktur i bygget elles, er stikkorda for ein allsidig, god og framtidsretta sal.

Dette konsulentforslaget må leggjast heilt bort, og kommunen må samle seg minst om den kommunale kulturhusgruppa sitt prioriterte framlegg. Dette er viktig og vil bli ein stad for sentrale opplevingstilbod for alle i Volda, gjerne som ein del i eit fantastisk samlokalisert trekløver mellom Voldasalen, Volda Campus Arena og ny symjehall.

Ta dei rette grepa no, eller vent!!

Med venleg helsing  
**Kolbein Halkjelsvik**

For journalføring

**Fra:** Magnar Åm [mailto:magnara@hivolda.no]

**Sendt:** 30. mai 2017 13:32

**Til:** Kolbein Halkjelsvik

**Kopi:** Jørgen Amdam; Rune Sjurgard; mart-ola@online.no; Oddbjørn Nes; ihh; bjorn.skogen@mimer.no; Kari Aslaug Hasle; Gunnar Schjelderup Strøm

**Emne:** Re: Kultursal i mediebygget?

Hei, Jørgen og Rune,

Takk for møtet igår med presentasjon av nedskalert alternativ til kultursal. Då er i alle fall eit "alternativ" kome på bordet. Og det gjer det vel endå klarare at kommunen minst må satse på "idealsalen", og ikkje gå for dette nye "basissalen"-alternativet. Den viktigaste kritikken min mot det nedskalerte alternativet er, som ofte før, omsynet til akustikken. Å redusere både flatevidda og takhøgda er ein sikker veg til fiasko. Blindheim hadde konsultert spesialist som sa at med 430 personar i eit rom på 468 kvm ville takhøgda på 10 m vere nok til å gi kvar person minstemålet på 12 kbm luft, som er kravet for god akustikk. Eg stilte spørsmålet til Blindheim igår om det reknestykket hadde tatt med at folk då sit hovudsakleg i eit amfi. Han kunne ikkje svare på det. Når eg reknar på dette sjølv, finn eg at maks 390 personar får 12 kbm luft ved 10 m takhøgda i det skisserte rommet. Men då er vel å merke alle plasserte på flatt golv. Sit du i amfi, får du inga akustisk nytte av kubikkmetrane under amfiet, så desse må altså trekkast frå i det disponible luftrommet.

La oss då seie at amfiet opptek halve golvarealet, altså 234 kvm. Og at det er snakk om samantrekkebart amfi, altså eit relativt bratt eit, som nesten deler kubikkmetrane i to der det står. For å finne ut kor mykje fri luft kvar av dei 330 personane i amfiet og dei 100 personane på golvet har til disposisjon, får eg då reknestykket

Kbm til disposisjon over amfiet:  $234 \times 10 : 2 = 1170$ .

Kbm til disposisjon over golvstolane:  $234 \times 10 = 2340$ .

Tilsaman 3510 kbm disponibel.

Ved 430 personar inne får då kvar person:

$3510 : 430 = 8,2$  kbm.

Spriket mellom minstemålet 12 kbm luft pr person og 8,2 kbm pr person er vel ikkje ein kultursal verdig?

Om eg gjer ei liknande utrekning for "idealsalen" blir resultatet betre, men heller ikkje der er det godt nok (400 i amfi):

Kbm til disposisjon over amfiet:

$288 \times 12 : 2 = 1728$

Kbm til disposisjon over golvstolar:

$288 \times 12 = 3456$

Kbm til saman: 5184

Ved 500 personar inne får då kvar person:

$5184 : 500 = 10,4$  kbm

Problemet er det samantrekkebare amfiet. Eit fast amfi ville kunne vere flatare og få ei større open veggflate bak seg. Kanskje ville "idealsalen" utstyrt med fast amfi kunne stette minstekrava for god akustikk for ikkjeforsterka ensemble?

Dette bør vere eit konkret spørsmål til Statsbygg sin akustikar i så fall. Men det står nokså klart for meg at det nedskalerte alternativet i alle fall ikkje er bygda vår verdig.

Beste helsing Magnar

Men sett at salen vart den såkalla idelle, altså 576 kvm, og ein plasserte publikum på flatt golv. Kor mange personar kan ein ha inn under optimale akustiske forhold?

$576 \times 12 : 12 = 576$ .

Og kor mange kan ein plassere i eit samantrekkebart amfi som opptek halve salen og samtidig gi dei god akustikk?

For journalføring

**Fra:** Kolbein Halkjelsvik [mailto:kha@hivolda.no]

**Sendt:** 31. mai 2017 13:43

**Til:** Magnar Åm; 'mart-ola@online.no'; ihh; 'bjorn.skogen@mimer.no'; Kari Aslaug Hasle; Håkon Bø; Oddbjørn Nes

**Kopi:** 'kolbeinh@online.no'; Jørgen Amdam; Rune Sjurgard; Fride Schjøberg Sortehaug

**Emne:** Kultursalen i mediebygget, konkrete konsekvensar av konsulentane sitt forslag, planskisse i målestokk

Hei alle i hop!

Vedlagt finn de ei planskisse som gjer tydeleg dei konsekvensane som dei innleigde kulturhuskonsulentane sitt forslag vil få i praksis dersom det skulle bli realisert. Skissa er i målestokk. Det kan vere fordelaktig å ha tekstedelen frå konsulentane framme når de ser på skissene.

Med venleg helsing

**Kolbein**

For journalføring

**Fra:** Kolbein Halkjelsvik [mailto:kha@hivolda.no]

**Sendt:** 1. juni 2017 09:12

**Til:** Magnar Åm; 'mart-ola@online.no'; ihh; 'bjorn.skogen@mimer.no'; Oddbjørn Nes; Kari Aslaug Hasle; Håkon Bø; Gunnar Schjelderup Strøm; Fride Schjølberg Sortehaug; Jørgen Amdam; Rune Sjugard

**Kopi:** 'kolbeinh@online.no'

**Emne:** Konsulentane sin kultursal, nytt sendingsforsøk

Hei!

Eg fekk nokre tilbakemeldingar i går om at skissa mi av salen hadde miksa seg opp og var uleseleg. Prøver ein gong til, no i PDF.

I tillegg til teksten som ligg i skisseversjonen, så har eg no fått Norsk Musikkråd sine normer for tilrådd areal for ulike ensemble. Desse viser også at denne salen som er tilrådd frå konsulentane sis side, er ubrukeleg. Med berre amfi er netto sceneareal, den delen av scena som kan brukast av utøvarar, 112m<sup>2</sup>. Med full publikumstilgang, amfi + 150 lausstolar, er netto sceneareal, den delen av scena som kan brukast av utøvarar, 52m<sup>2</sup>. Det er viktig å innsjå dette og ta ei bevisst stilling til at slik vil det altså bli ved val av dette alternativet. Her er dei tilrådde normerte areala frå Norsk Musikkråd:

Normer, areal for utøvarar:

Norm for kor-rigg, 40 utøvarar: minst 50 m<sup>2</sup> + 1,5m<sup>2</sup> pr utøvar for å unngå for tett nærleik til medkoristar og veggjar.


Norm for orkester: 20-30 utøvarar+: minst 120m<sup>2</sup> + 2m<sup>2</sup> pr utøvar for å unngå for tett nærleik til medmusikkantar og veggjar.

<http://www.musikklokaler.no/>

Med venleg helsing

**Kolbein**

På denne sida ser de ein forholdsmessig framstillt illustrasjon eg har laga av dei to alternative organiseringane av kultursalen som dei to innleigde konsulentane la fram til formannskapsmøtet tysdag 30.05.17. Planskissa viser altså dei reelle storleiksforholda mellom scene og publikumsareal; til venstre med berre amfi ute og med maksimalt sceneareal, til høgre med maksimalt publikumsoppsett som då også vil redusere scenearealet til under det halve, jf. tekstdelen i konsulentrapporten. Som de også kan lese i rapporten, så tilrår m.a. Riksteateret at det vert avsett minst 2 m sidscene-areal både til lagerfunksjonar og som ventearreal for dei som skal inn på scena under førestillingar. Illustrasjonen min viser dette sidscene-arealet markert med kvite stipla liner. Reelle sceneareal disponible for sjølve framsyningane vert då i alternativet til venstre på 112m<sup>2</sup> og i alternativet til høgre på 52m<sup>2</sup>. Det første dilemmaet ein møter her, er omsynet til at dei lokale tilstellingane som i dag vil ha størst publikumsframmøte og til dels fylle salen med dei 490 seta (alt. til høgre) opp til fleire gonger ved kvar oppsetting, t.d. tilstellingar med symfoniorkesteret, ungdomssymfoniorkesteret, Volda vidaregåande skule, Grand Prix ved Volda



Heil sal på 504 m<sup>2</sup> / Publikum 340


Maksimal scene på brutto 180m<sup>2</sup>/netto 112m<sup>2</sup>

Ungdomsskule, Volda/Ørsta ballettskule, opera og musikalar, stemne, festivalar o.l., vil ha behov for ei langt større scene enn den på netto 112m<sup>2</sup> (alternativet til venstre). Ved full sal vil alternativet til høgre vere komplett ubrukeleg.

Konsekvensen av desse forslaga vil altså gi forhold mellom scene og publikumsareal som moderne oppsettingar ikkje er tente med, eller som dei ikkje kan bruke i det heile. Dette vil i vesentleg grad gå utover bruksfrekvensen av salen og dermed redusere inntekspotensialet i avgjerande grad. Det vert vanskeleg å få til allsidig bruk av huset.

Alternativet til venstre der nettoarealet på scena vil vere på 112m<sup>2</sup> (djupne på 8m, breidde på 14m), vil knapt nok gi rom til rigging av orkesteret åleine. Og når ein veit at populære tilstellingar, og som dermed vil gi dei beste inntektene til huset, ofte er ulike kombinasjonar av aktørar/sjangerar, så vil ikkje dette fungere. Det største scenearealet kostar mest å rigge og drive, men får altså det minste publikumsgrunnlaget. Scena i alternativet til høgre vert netto på 52m<sup>2</sup> med ei djupne på berre 3m og ei breidde på 14 m. Det største publikums-grunnlaget vil altså få ei ubrukeleg scene.

Dette avgjerande paradokset vil hindre ei effektiv drift av ein slik sal. Paradokset utgjorde hovudgrunnen til at Voldasalen i *innOvata* heilt frå starten av, vart basert på ei grunnleggande norm om at scenearealet og publikumsarealet skulle vere like store. I tillegg skulle infrastrukturen knytt til salen, vere slik at ein kunne omstille raskt til eit kvart behov som ville dukke opp. Alt dette var initiert for å sikre ekstremt stor og allsidig bruk av anlegget som igjen ville trygge ei god og forsvarleg økonomisk drift. Alternativet som er presentert i skissa her, bør forkastast, og eit foredla utkast av den kommunale kulturhusgruppa sitt prioriterte prosjekt bør meldast inn til Statsbygg for prosjektering



Heil sal på 504 m<sup>2</sup> / Publikum 490

Maksimal scene på brutto 90m<sup>2</sup>/netto 52m<sup>2</sup>



For journalføring

**Fra:** Kolbein Halkjelsvik [mailto:kha@hivolda.no]

**Sendt:** 1. juni 2017 11:10

**Til:** Jørgen Amdam; Magnar Åm; 'mart-ola@online.no'; ihh; 'bjorn.skogen@mimer.no'; Oddbjørn Nes; Kari Aslaug Hasle; Håkon Bø; Gunnar Schjelderup Strøm; Fride Schjølberg Sortehaug; Rune Sjurgard

**Kopi:** 'kolbeinh@online.no'

**Emne:** SV: Konsulentane sin kultursal, nytt sendingsforsøk

Hei igjen!

Så vidt eg skjønar så er det totale salarealet redusert frå vel 600m<sup>2</sup> til 504m<sup>2</sup>. Dersom dette blir gjort, så er det fatalt, jf. netto sceneareal etter at det er tatt omsyn til konsulentane sine egne tal, på 52 m<sup>2</sup> når salen er rigga for maksimalt publikumstal. Etter Riksteateret si norm på min. 2m sideareal på scena, så blir scene-djupna for utøvarar då på berre 3m. Dei som har vore inne på sceneareal som er i bruk, har sett at sideareala på scenene i praksis oftast er langt breiare enn desse 2m som Riksteateret normerer. Realiserer ein denne salen så vil det då berre vere plass til rådmannen med sin to-radar på scena når salen er rigga for maksimal publikumstilgang, ev. inkl. eit par utøvarar til ved kvar skulder, altså ein toradarkvintett.

Poenget med alle desse forpostfektingane, er at vi skal få ein kultursal som inviterer eit mangfald av utøvarar og som kan brukast til det meste. Og som eg skriv i skisseproduktet, så hadde *innOvata-salen i røynda* like stort areal for publikum og scene. Scenearealet vart redusert noko i forhold til dette idealet i skisseprosjektet. Dei 165m<sup>2</sup> som var utgitt i arealoppsettet i skisseprosjektet, galdt berre heve- og senkedelane av scena. Salen var ikkje tiltenkt lause stolar for publikum, men alt i amfi, som også alltid vil vere det beste og som i seg sjølv også vil stimulere til auka bruk.

Salar får raskt *omdøme* mellom utøvarar og publikum; som gode eller dårlege, godt eigna til det eine, ueigna til det andre osb... Denne salen må ikkje få ei form og eit uttrykk som i utgangspunktet ikkje vil motivere dei fleste potensielle brukarane til å ville bruke den!

Mvh.

Kolbein

**Fra:** Jørgen Amdam [mailto:jorgen.amdam@volda.kommune.no]

**Sendt:** 1. juni 2017 09:24

**Til:** Kolbein Halkjelsvik <kha@hivolda.no>; Magnar Åm <magnara@hivolda.no>; 'mart-ola@online.no' <mart-ola@online.no>; ihh <ihh@tussa.com>; 'bjorn.skogen@mimer.no' <bjorn.skogen@mimer.no>; Oddbjørn Nes <oddbjornnes@outlook.com>; Kari Aslaug Hasle <kari.Hasle@hivolda.no>; Håkon Bø <hbo@hivolda.no>; Gunnar Schjelderup Strøm <gst@hivolda.no>; Fride Schjølberg Sortehaug <fridess@stud.hivolda.no>; Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>

**Kopi:** 'kolbeinh@online.no' <kolbeinh@online.no>

**Emne:** SV: Konsulentane sin kultursal, nytt sendingsforsøk

Hei – om slike krav skal oppfyllest så er også innovatasalen slik den er skissert i pkt 6.5 i utgreiinga ubrukeleg – scenearealet blir det same i begge alternativa utan stolar og med stolar så vidt eg kan forstå. Truleg må ein redusere amfi. Likevel er dette detaljar som må klarleggast i skisseprosjektet i haust.

Vedlagt er alternativet med innovatasalen og som vi vil be om blir utgreidd vidare – må denne justerast ved å fjerne benkerader m.m.?

**Jørgen Amdam**

Ordførar



Direkte 95463942 Mobil 95463942

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

**Fra:** Kolbein Halkjelsvik [mailto:kha@hivolda.no]

**Sendt:** 1. juni 2017 09:12

Til: Magnar Åm <[magnara@hivolda.no](mailto:magnara@hivolda.no)>; 'mart-ola@online.no' <[mart-ola@online.no](mailto:mart-ola@online.no)>; ihh <[ihh@tussa.com](mailto:ihh@tussa.com)>; 'bjorn.skogen@mimer.no' <[bjorn.skogen@mimer.no](mailto:bjorn.skogen@mimer.no)>; Oddbjørn Nes <[oddbjornnes@outlook.com](mailto:oddbjornnes@outlook.com)>; Kari Aslaug Hasle <[kari.Hasle@hivolda.no](mailto:kari.Hasle@hivolda.no)>; Håkon Bø <[hbo@hivolda.no](mailto:hbo@hivolda.no)>; Gunnar Schjelderup Strøm <[gst@hivolda.no](mailto:gst@hivolda.no)>; Fride Schjøberg Sortehaug <[fridess@stud.hivolda.no](mailto:fridess@stud.hivolda.no)>; Jørgen Amdam <[jorgen.amdam@volda.kommune.no](mailto:jorgen.amdam@volda.kommune.no)>; Rune Sjurgard <[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no](mailto:Rune.Sjurgard@volda.kommune.no)>  
Kopi: 'kolbeinh@online.no' <[kolbeinh@online.no](mailto:kolbeinh@online.no)>  
Emne: Konsulentane sin kultursal, nytt sendingsforsøk

Hei!

Eg fekk nokre tilbakemeldingar i går om at skissa mi av salen hadde miksa seg opp og var uleseleg. Prøver ein gong til, no i PDF.

I tillegg til teksten som ligg i skisseversjonen, så har eg no fått Norsk Musikkråd sine normer for tilrådd areal for ulike ensemble. Desse viser også at denne salen som er tilrådd frå konsulentane sis side, er ubrukeleg. Med berre amfi er netto sceneareal, den delen av scena som kan brukast av utøvarar, 112m<sup>2</sup>. Med full publikumstilgang, amfi + 150 lausstolar, er netto sceneareal, den delen av scena som kan brukast av utøvarar, 52m<sup>2</sup>. Det er viktig å innsjå dette og ta ei bevisst stilling til at slik vil det altså bli ved val av dette alternativet. Her er dei tilrådde normerte areala frå Norsk Musikkråd:

Normer, areal for utøvarar:

Norm for kor-rigg, 40 utøvarar: veggar.	minst 50 m <sup>2</sup> + 1,5m <sup>2</sup> pr utøvar for å unngå for tett nærleik til medkoristar og
Norm for orkester: 20-30 utøvarar+: og veggjar.	minst 120m <sup>2</sup> + 2m <sup>2</sup> pr utøvar for å unngå for tett nærleik til medmusikkantar

<http://www.musikklokaler.no/>

Med venleg helsing  
Kolbein

For journalføring.

Sendt fra Galaxy Tab.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Magnar Åm <magnara@hivolda.no>

Dato: 01.06.2017 15:04 (GMT+01:00)

Til: Kolbein Halkjelsvik <kha@hivolda.no>

Ko: Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>, mart-ola@online.no, ihh <ihh@tussa.com>, bjorn.skogen@mimer.no, Oddbjørn Nes <oddbjornnes@outlook.com>, Kari Aslaug Hasle <kari.Hasle@hivolda.no>, Håkon Bø <hbo@hivolda.no>, Gunnar Schjelderup Strøm <gst@hivolda.no>, Frida Schjølberg Sortehaug <fridess@stud.hivolda.no>, Rune Sjugard <Rune.Sjugard@volda.kommune.no>, kolbeinh@online.no, Arvid Blindheim <arvid.blindheim@icloud.com>

Emne: Re: SV: Konsulentane sin kultursal, nytt sendingsforsøk

Amen.

:--)

Sendt fra min iPad

Den 1. jun. 2017 kl. 13.09 skrev Kolbein Halkjelsvik <kha@hivolda.no>:

Etter arealprogrammet var *innOvata*-salen totalt på 855m<sup>2</sup> inkludert alt sceneareal m/orkestergrava og stol og bordlager (100m<sup>2</sup> på eine langsida) for hurtig omstilling av salen. Med tillegg av infrastrukturen, var heile sal-delen på 1.385m<sup>2</sup>. 700 m<sup>2</sup> var sjølve salen på utan dette stol- og bordlageret. Å fjerne det langsgående lageret for hurtig omstilling av salen, vil vere ei stor ulempe for den daglege drifta og dermed også for inntektspotensialet. Skal dette bli brukbart, så bør ein difor halde på 700m<sup>2</sup> og 500 sete i amfi. Lausstolar i front av amfiet bør berre sjåast på som unntaksvis aktuelt fordi det kompliserer oppsettingar og reduserer kvaliteten på amfiet. Tilstellingar med eit potensiale for å fylle storsalen må også ha det største scenearealet i og med at dette oftast heng saman; Store sceneoppsettingar og mange aktørar = full storsal.

Stor scene m/orkestergrav:

I all denne utvekslinga av synspunkt, så vil eg nok ein gong slå eit slag for symfoniorkesteret vi har og har hatt i Volda sidan 1946. Dette er unikt og plasserer oss som ein av 18 stader i landet med eit slikt fast og unikt tilbod. Når vi i dag i tillegg veit at ungdomssymfoniorkesteret her på staden er det største mellom Bergen og Trondheim, så burde vertskommunen også verdsette dette gjennom å gi desse orkesterane optimale forhold. Det ville her vere unikt med også å halde på orkestergrava for å gi oppsettingar med blanda utøvargrupper dei beste tilhøva.

Gjennom året har vi i dag mange slike oppsettingar. M.a. er det svært pinleg å oppleve danse- og/eller musikal-prega førestillingar mellom søyler som må polstrast i HVO-kantina i Berte Kanuttehuset, der utøvarar og solistar av ulike slag no og då er synlege berre for publikum på fremste rad. I dette mykje brukte lokalet er lyden i alle oppsettingar også jamt akkopagnert av kjøle- og fryseanlegg i kantina. Rett og slett pinleg!

Ei tilrettelegging med fast plassering av aktuelle orkester lavt under scenepresentasjonane i ein ny og funksjonell sal, ville ha ytt alle desse utøvarane med sine publikum ei mykje større respekt enten det er symfoniorkesterane med sine solistar, Volda vidaregåande skule, Volda ungdomsskule og/eller Volda/Ørsta ballettskule eller andre inviterte oppsettingar som utøver noko. Dei fire institusjonane som er nemnde her, står for mellom 20 og 30 framføringar av ulike slag årleg, ikkje tre-fire som ein ser

har vore nemnt i visse debattar.

Og slik kan ein halde på med tal i det uendelege. Viktigast er det å sjå kva som er mogeleg å få til av tenleg bruk, altså kva som ligg bak tala og kva desse tala vil føre til. Korleis skape optimale rammer for utøvarar og publikum og legge til rette for eit mangfaldig og godt samfunn, bu- og oppvekstmiljø, på tilsvarande vis som t.d. idretten gjer det.

Dette er det vesentlege i diskusjonen, alt dette som vi ikkje har råd til å la vere å få til dersom vi ønsker eit robust (!) og livskraftig samfunn i tiåra framover.

Mvh.  
Kolbein

**Fra:** Jørgen Amdam [mailto:jorgen.amdam@volda.kommune.no]

**Sendt:** 1. juni 2017 11:31

**Til:** Kolbein Halkjelsvik <kha@hivolda.no>; Magnar Åm <magnara@hivolda.no>; 'mart-ola@online.no' <mart-ola@online.no>; ihh <ihh@tussa.com>; 'bjorn.skogen@mimer.no' <bjorn.skogen@mimer.no>; Oddbjørn Nes <oddbjornnes@outlook.com>; Kari Aslaug Hasle <kari.Hasle@hivolda.no>; Håkon Bø <hbo@hivolda.no>; Gunnar Schjelderup Strøm <gst@hivolda.no>; Fride Schjølberg Sortehaug <fridess@stud.hivolda.no>; Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>

**Kopi:** 'kolbeinh@online.no' <kolbeinh@online.no>; Arvid Blindheim <arvid.blindheim@icloud.com>

**Emne:** SV: Konsulentane sin kultursal, nytt sendingsforsøk

Reduksjon i sal er på 18\*4 m som blir 72 kvm.

Om Innovatasalen skal ha like stor scene som amfiområde og 500 sitjeplassar i amfi – så må det bli svært trengje amfi plassar. Slik eg forstår Blindheim har han brukt normtala som Fora Form opererer med no og ut frå dei vil det neppe vere plass til meir enn 350 amfi plassar om scena skal vere ½ av Innovatasalen.

Om ein tek utgangspunkt i «konsulentsalen» gjer den 4 meter lenger og til scene vil denne bli på 14 \* 18 m. og med 340 amfi plassar på 18 \* 18 m. . Eg kan ikkje forstå anna enn at det her blir opperert med svært ulike normtal for kva plass det skal vere pr sete i amfi.

**Jørgen Amdam**

Ordfører

<image001.png> <image002.jpg>

Direkte 95463942 Mobil 95463942

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

**Fra:** Kolbein Halkjelsvik [mailto:kha@hivolda.no]

**Sendt:** 1. juni 2017 11:10

**Til:** Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>; Magnar Åm <magnara@hivolda.no>; 'mart-ola@online.no' <mart-ola@online.no>; ihh <ihh@tussa.com>; 'bjorn.skogen@mimer.no' <bjorn.skogen@mimer.no>; Oddbjørn Nes <oddbjornnes@outlook.com>; Kari Aslaug Hasle <kari.Hasle@hivolda.no>; Håkon Bø <hbo@hivolda.no>; Gunnar Schjelderup Strøm <gst@hivolda.no>; Fride Schjølberg Sortehaug <fridess@stud.hivolda.no>; Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>

**Kopi:** 'kolbeinh@online.no' <kolbeinh@online.no>

**Emne:** SV: Konsulentane sin kultursal, nytt sendingsforsøk

Hei igjen!

Så vidt eg skjønar så er det totale salarealet redusert frå vel 600m<sup>2</sup> til 504m<sup>2</sup>. Dersom dette blir gjort, så er det fatalt, jf. netto sceneareal etter at det er tatt omsyn til konsulentane sine eigne tal, på 52 m<sup>2</sup> når salen er rigga for maksimalt publikumstal. Etter Riksteateret si norm på min. 2m sideareal på scena, så blir scene-djupna for utøvarar då på berre 3m. Dei som har vore inne på sceneareal som er i bruk, har sett at sideareala på scenene i praksis oftast er langt breiare enn desse 2m som Riksteateret normerer. Realiserer ein denne salen så vil det då berre vere plass til rådmannen med sin to-radar på

scena når salen er rigga for maksimal publikumstilgang, ev. inkl. eit par utøvarar til ved kvar skulder, altså ein toradarkvintett.

Poenget med alle desse forpostfekingane, er at vi skal få ein kultursal som inviterer eit mangfald av utøvarar og som kan brukast til det meste. Og som eg skriv i skisseproduktet, så hadde *innOvata-salen i røynda* like stort areal for publikum og scene. Scenearealet vart redusert noko i forhold til dette idealet i skisseprosjektet. Dei 165m2 som var utgitt i arealoppsettet i skisseprosjektet, galdt berre heve- og senkedelane av scena. Salen var ikkje tiltenkt lause stolar for publikum, men alt i amfi, som også alltid vil vere det beste og som i seg sjølv også vil stimulere til auka bruk.

Salar får raskt *omdøme* mellom utøvarar og publikum; som gode eller dårlege, godt eigna til det eine, ueigna til det andre osv... Denne salen må ikkje få ei form og eit uttrykk som i utgangspunktet ikkje vil motivere dei fleste potensielle brukarane til å *vill*e bruke den!

Mvh.  
Kolbein

**Fra:** Jørgen Amdam [<mailto:jorgen.amdam@volda.kommune.no>]

**Sendt:** 1. juni 2017 09:24

**Til:** Kolbein Halkjelsvik <[kha@hivolda.no](mailto:kha@hivolda.no)>; Magnar Åm <[magnara@hivolda.no](mailto:magnara@hivolda.no)>; 'mart-ola@online.no' <[mart-ola@online.no](mailto:mart-ola@online.no)>; ihh <[ihh@tussa.com](mailto:ihh@tussa.com)>; 'bjorn.skogen@mimer.no' <[bjorn.skogen@mimer.no](mailto:bjorn.skogen@mimer.no)>; Oddbjørn Nes <[oddbjornnes@outlook.com](mailto:oddbjornnes@outlook.com)>; Kari Aslaug Hasle <[kari.Hasle@hivolda.no](mailto:kari.Hasle@hivolda.no)>; Håkon Bø <[hbo@hivolda.no](mailto:hbo@hivolda.no)>; Gunnar Schjelderup Strøm <[gst@hivolda.no](mailto:gst@hivolda.no)>; Fride Schjølberg Sortehaug <[fridess@stud.hivolda.no](mailto:fridess@stud.hivolda.no)>; Rune Sjurgard <[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no](mailto:Rune.Sjurgard@volda.kommune.no)>

**Kopi:** 'kolbeinh@online.no' <[kolbeinh@online.no](mailto:kolbeinh@online.no)>

**Emne:** SV: Konsulentane sin kultursal, nytt sendingsforsøk

Hei – om slike krav skal oppfyllest så er også innovatasalen slik den er skissert i pkt 6.5 i utgreiinga ubrukeleg – scenearealet blir det same i begge alternativa utan stolar og med stolar så vidt eg kan forstå. Truleg må ein redusere amfi. Likevel er dette detaljar som må klarleggast i skisseprosjektet i haust.

Vedlagt er alternativet med innovatasalen og som vi vil be om blir utgreidd vidare – må denne justerast ved å fjerne benkerader m.m.?

**Jørgen Amdam**

Ordfører

<image001.png> <image002.jpg>

Direkte 95463942 Mobil 95463942

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

**Fra:** Kolbein Halkjelsvik [<mailto:kha@hivolda.no>]

**Sendt:** 1. juni 2017 09:12

**Til:** Magnar Åm <[magnara@hivolda.no](mailto:magnara@hivolda.no)>; 'mart-ola@online.no' <[mart-ola@online.no](mailto:mart-ola@online.no)>; ihh <[ihh@tussa.com](mailto:ihh@tussa.com)>; 'bjorn.skogen@mimer.no' <[bjorn.skogen@mimer.no](mailto:bjorn.skogen@mimer.no)>; Oddbjørn Nes <[oddbjornnes@outlook.com](mailto:oddbjornnes@outlook.com)>; Kari Aslaug Hasle <[kari.Hasle@hivolda.no](mailto:kari.Hasle@hivolda.no)>; Håkon Bø <[hbo@hivolda.no](mailto:hbo@hivolda.no)>; Gunnar Schjelderup Strøm <[gst@hivolda.no](mailto:gst@hivolda.no)>; Fride Schjølberg Sortehaug <[fridess@stud.hivolda.no](mailto:fridess@stud.hivolda.no)>; Jørgen Amdam <[jorgen.amdam@volda.kommune.no](mailto:jorgen.amdam@volda.kommune.no)>; Rune Sjurgard <[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no](mailto:Rune.Sjurgard@volda.kommune.no)>

**Kopi:** 'kolbeinh@online.no' <[kolbeinh@online.no](mailto:kolbeinh@online.no)>

**Emne:** Konsulentane sin kultursal, nytt sendingsforsøk

Hei!

Eg fekk nokre tilbakemeldingar i går om at skissa mi av salen hadde miksa seg opp og var uleseleg. Prøver ein gong til, no i PDF.

I tillegg til teksten som ligg i skisseversjonen, så har eg no fått Norsk Musikkråd sine normer for

tilrådd areal for ulike ensemble. Dette viser også at denne salen som er tilrådd frå konsulentane side, er ubrukeleg. Med berre amfi er netto sceneareal, den delen av scena som kan brukast av utøvarar, 112m<sup>2</sup>. Med full publikumstilgang, amfi + 150 lausstolar, er netto sceneareal, den delen av scena som kan brukast av utøvarar, 52m<sup>2</sup>. Det er viktig å innsjå dette og ta ei bevisst stilling til at slik vil det altså bli ved val av dette alternativet. Her er dei tilrådde normerte areala frå Norsk Musikkråd:

Normer, areal for utøvarar:

Norm for kor-rigg, 40 utøvarar:           minst 50 m<sup>2</sup> + 1,5m<sup>2</sup> pr utøvar for å unngå for tett nærleik til medkoristar og veggjar.

Norm for orkester: 20-30 utøvarar+:   minst 120m<sup>2</sup> + 2m<sup>2</sup> pr utøvar for å unngå for tett nærleik til medmusikkantar og veggjar.

<http://www.musikklokaler.no/>

Med venleg helsing  
**Kolbein**

## Sonja Håvik

---

**Fra:** Rune Sjugard  
**Sendt:** 2. juni 2017 10:17  
**Til:** V-Postmottak  
**Kopi:** Arvid Blindheim; janhenning.egset@hivolda.no  
**Emne:** Fwd: SV: Tilleggsdokument frå kulturhuskonsulentane

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Fullført

For journalføring

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----

**Fra:** Kolbein Halkjelsvik <kha@hivolda.no>  
**Dato:** 02.06.2017 09:50 (GMT+01:00)  
**Til:** mart-ola <mart-ola@online.no>, Magnar Åm <magnara@hivolda.no>, ihh <ihh@tussa.com>, "bjorn.skogen@mimer.no" <bjorn.skogen@mimer.no>, Oddbjørn Nes <oddbjornnes@outlook.com>, Kari Aslaug Hasle <kari.Hasle@hivolda.no>, Håkon Bø <hbo@hivolda.no>, Fride Schjølberg Sortehaug <fridess@stud.hivolda.no>, Gunnar Schjelderup Strøm <gst@hivolda.no>  
**Ko:** "kolbeinh@online.no" <kolbeinh@online.no>, Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>, Rune Sjugard <Rune.Sjugard@volda.kommune.no>  
**Emne:** SV: Tilleggsdokument frå kulturhuskonsulentane

Ja, no er det snakk om forholdsvis små justeringar....

**Fra:** mart-ola [mailto:mart-ola@online.no]  
**Sendt:** 2. juni 2017 09:43  
**Til:** Kolbein Halkjelsvik <kha@hivolda.no>; Magnar Åm <magnara@hivolda.no>; ihh <ihh@tussa.com>; 'bjorn.skogen@mimer.no' <bjorn.skogen@mimer.no>; Oddbjørn Nes <oddbjornnes@outlook.com>; Kari Aslaug Hasle <kari.Hasle@hivolda.no>; Håkon Bø <hbo@hivolda.no>; Fride Schjølberg Sortehaug <fridess@stud.hivolda.no>; Gunnar Schjelderup Strøm <gst@hivolda.no>  
**Kopi:** 'kolbeinh@online.no' <kolbeinh@online.no>; Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>; Rune Sjugard <Rune.Sjugard@volda.kommune.no>  
**Emne:** SV: Tilleggsdokument frå kulturhuskonsulentane

Det var godt å høyre. Eg trur fortsatt at vi snaklar om småpengar , i eit 50-årsperspektiv, for å få eit tenleg resultat. Vonar vi står att med berre eit alternativ til slutt!!!🤔👉 Martin

Sendt fra en Samsung Mobil

----- Opprinnelig melding -----  
**Fra:** Kolbein Halkjelsvik

Dato:02.06.2017 09:33 (GMT+01:00)

Til: Magnar Åm , "mart-ola@online.no" ,ihh , "bjorn.skogen@mimer.no" ,Oddbjørn Nes ,Kari Aslaug Hasle ,Håkon Bø ,Fride Schjølberg Sortehaug ,Gunnar Schjelderup Strøm

Ko: "kolbeinh@online.no" ,Jørgen Amdam ,Rune Sjurgard

Emne: Tilleggsdokument frå kulturhuskonsulentane

Hei alle i hop!

Vedlagt vil de kunne sjå at det no ligg føre eit interessant tilleggsdokument frå dei to kulturhuskonsulentane. Avstanden mellom den kommunale kulturhusnemnda og konsulentane sine alternativ minskar. No er takhøgda 12 m og amfiet utvida til 470 sete + ev. 150 laus-stolar i front. Men scenearealet er ikkje auka, så ved full publikumsutnytting vert scene-utfordringa den same som før med kun 3m djup scene. Dette vil no enkelt kunne løysast ved å auke totalarealet til 650m<sup>2</sup>, ein storleik som også vil ligge nærare det som var idealet i *innOvata*-prosjektet, som altså var basert på grundige analysar av potensielle kulturutøvarar sine behov.

Etter dette utspelet burde det vere forholdsvis enkelt å sameine den kommunale kulturhusgruppa sitt prioriterte prosjekt med konsulentane sitt siste utspel. Dette vil forenkle og styrke den vidare handsaminga i fellesmøtet mellom kommunen og HVO 06.06. og med Statsbygg 07.06. og skape eit breitt og godt grunnlag for eit framtidsretta vedtak i Volda kommunestyre 22.06., eit vedtak som vil tene alle eksisterande og nye brukarar av det nye kulturhuset.

Med venleg helsing  
**Kolbein Halkjelsvik**



For journalføring

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Kolbein Halkjelsvik <kha@hivolda.no>

Dato: 02.06.2017 09:33 (GMT+01:00)

Til: Magnar Åm <magnara@hivolda.no>, "mart-ola@online.no" <mart-ola@online.no>, ihh <ihh@tussa.com>, "bjorn.skogen@mimer.no" <bjorn.skogen@mimer.no>, Oddbjørn Nes <oddbjornnes@outlook.com>, Kari Aslaug Hasle <kari.Hasle@hivolda.no>, Håkon Bø <hbo@hivolda.no>, Fride Schjølberg Sortehaug <fridess@stud.hivolda.no>, Gunnar Schjelderup Strøm <gst@hivolda.no>

Ko: "kolbeinh@online.no" <kolbeinh@online.no>, Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>, Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>

Emne: Tilleggsdokument frå kulturhuskonsulentane

Hei alle i hop!

Vedlagt vil de kunne sjå at det no ligg føre eit interessant tilleggsdokument frå dei to kulturhuskonsulentane. Avstanden mellom den kommunale kulturhusnemnda og konsulentane sine alternativ minskar. No er takhøgda 12 m og amfiet utvida til 470 sete + ev. 150 laus-stolar i front. Men scenearealet er ikkje auka, så ved full publikumsutnytting vert scene-utfordringa den same som før med kun 3m djup scene. Dette vil no enkelt kunne løysast ved å auke totalarealet til 650m<sup>2</sup>, ein storleik som også vil ligge nærare det som var idealet i *innOvata*-prosjektet, som altså var basert på grundige analysar av potensielle kulturutøvarar sine behov.

Etter dette utspelet burde det vere forholdsvis enkelt å sameine den kommunale kulturhusgruppa sitt prioriterte prosjekt med konsulentane sitt siste utspel. Dette vil forenkle og styrke den vidare handsaminga i fellesmøtet mellom kommunen og HVO 06.06. og med Statsbygg 07.06. og skape eit breitt og godt grunnlag for eit framtidsretta vedtak i Volda kommunestyre 22.06., eit vedtak som vil tene alle eksisterande og nye brukarar av det nye kulturhuset.

Med venleg helsing

**Kolbein Halkjelsvik**

Volda kommune – ordføreren  
Stormyra 2  
6100 Volda

## UTTALE FRÅ VOLDA NÆRINGSFORUM

Vi registrerer at Volda kommune vurderer å etablere kino- og kulturhustilbod ved leige av areal i nybygg som Høgskulen planlegg på campus.

Volda Næringsforum (VNF) ynskjer å gjere merksam på to tilhøve knytt til dette:

### Tettstadsutvikling

Volda kommune har etter grundige prosessar, heilt frå Tettstadsanalyse i 2007 til Planstrategi for 2016-2020, definert strategi og rammer for utvikling av eit berekraftig og levande sentrum - definert som sentrumskjernen (Tettstadsanalyse s. 80).

I Volda er det definert som særleg sentralt å tilføre sentrumskjernen urbane kvalitetar som styrkar tettstaden sin attraktivitet og rolla som ein levande møtestad. Dette var t.d. eit sentralt premiss i det kommunalt utlyste kulturhusprosjektet som var i prosess frå ca. 2000 til 2011.

Campusområdet ligg relativt langt frå sentrumskjernen.

Vi har oppfatta det slik at løysinga på campus skulle vurderast som eit alternativ dersom det ikkje let seg gjere å realisere tilbodet i sentrumskjernen.

Vi stiller difor spørsmål ved kvifor det ikkje er invitert til åpen prosess for å avklare alternative løysingar, og vi kan heller ikkje sjå at det er gjort vurderingar i høve rammer og føresetnader som ligg til grunn for partnerskapen i Mellom Bygningane i Volda (MBV).

Vi stiller spørsmål ved om Volda kommune har vurdert om dei skisserte etableringane er i samsvar med føresetnaden for ei bærekraftig utvikling av Volda som tettstad og kommunen sitt partsansvar i MBV. Vi vil oppmode Volda kommune om å avklare dette i møte med dei andre partane i MBV før ein går vidare i prosessen.

### Utlysing av prosjektet


VNF er opptekne av at Volda kommune tek sitt ansvar for samspel med lokalt næringsliv på alvor.

Vi oppfattar det som eit samfunnsmessig berande prinsipp at det offentlege lyser ut sine anskaffingar i marknaden. Dette vil ikkje berre sikre det offentlege optimale økonomiske rammer, men og optimalisere løysingar, kvalitetar, lokal verdiskaping, forankring og medverknad mv.

Vi vil difor utfordre Volda kommune på kvifor det ikkje er utlyst konkurranse for kino-  
/kulturhusprosjektet, jf. tilsvarande prosess knytt til kulturhusprosjekt i 2007-2011.

Volda, 23. mai 2017

Volda Næringsforum



Stefan Halck, Dagleg leiar Volda Næringsforum

Kopi til:

- Møre og Romsdal fylkeskommune, Regional og næringsavdelinga, Pb 2500, 6401 Molde
- Styret ved Høgskulen i Volda, co. Styreleiar, Pb 500, 6101 Volda
- Statsbygg, Region Midt-Norge, Pb 4433 Hospitalløkken, 7418 Trondheim

Til: Ordførar Volda kommune, Jørgen Amdam

Kopi til:

- Møre og Romsdal fylkeskommune, Regional og næringsavdelinga, Pb 2500, 6401 Molde
- Styret ved Høgskulen i Volda, co. Styreleiar, Pb 500, 6101 Volda
- Statsbygg, Region Midt-Norge, Pb 4433 Hospitalløkken, 7418 Trondheim

Sender uttale frå Volda Næringsforum vedrørande Volda kommunes vurdering om å etablere kino- og kulturhustilbod ved leige av areal i nybygg som Høgskulen i Volda planlegg på campus.

På vegner av arbeidsutvalget i Volda Næringsforum

Mvh.

Stefan N. Halck  
Dagleg leiar, Volda Næringsforum

[stefan@voldaforum.no](mailto:stefan@voldaforum.no)

+47 953 00 397

[www.voldaforum.no](http://www.voldaforum.no)

-----

StudiebygdA Volda - ein møteplass for å dele og lære av kvarandre



# VOLDA KOMMUNE

## Rådmann

# NOTAT

**Til:** Ordførar  
**Frå:** Rådmann  
**Sak:** Campusutvikling på høgskulen i Volda

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2014/1913	3084/2017	A60	ADM/ASBMOL	07.03.2017

## NOTAT - CAMPUSUTVIKLING PÅ HØGSKULEN I VOLDA – RAMMER FOR KOMMUNAL MEDVERKNAD

### Vedlegg:

1. Innstilling frå kulturhusutval om samfunnshus, kino- og kultursal
2. Frå Innovatoinnstillinga (Idealsal) Kino og kultursal.
3. Krav i HVO-utgreiinga
4. Støtte kulturbygg fylkeskommunen
5. Rådmannen sitt notat til formannskapet, datert 13.06.16.
6. Intensjonsavtalen mellom HVO og Volda kommune

### Innleiing

Arbeidet er organisert med ein programkomite som arbeider med rom- og funksjonsprogram. Frå Volda kommune møter leiar for byggjenemnda, Jan Henning Egset. Rom- og funksjonsprogrammet vert grunnlaget for konkurransen om skisseprosjekt som skal starte opp etter ferien. Skisseprosjektet skal avklare dei tekniske spesifikasjonane, kostnadene og premiss både for beslutning hos partane og for å gå vidare med konkurranse for gjennomføring av utbygging.

Vidare er det sett ned ei styringsgruppe som avklarar rammene som skisseprosjektet skal byggje på. Ordførar og rådmann møter i styringsgruppa frå Volda kommune. Styringsgruppa har hatt eitt møte der ordførar møtte. Neste og siste møte er 22. mars. Det er viktig at formannskapet drøftar kommunen sine interesser og ev premisser før dette møtet.

### Kulturhus/fleirbrukssal og kino/visningsrom

Kommunestyret vedtok den 29.09.2016, PS sak 109/16, framlegg til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune.

Programskissa som intensjonsavtalen bygde på, inneheldt **fleirbrukslokale der ein kan kombinere kino og kultursal med HVO sine bruksbehov.**

I intensjonsavtalen mellom HVO og Volda kommune står det:

*Høgskulen i Volda skal bygge eit hus for mediefaga. I det nye huset er det planlagt ein kino og kultursal/fleirbruksrom som skal kunne nyttast til m.a. førelesingar, framsyning av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/teaterframsyning, fleirkameraproduksjon, konferansar og mottakingar.*

*Avtalen skal leggje til rette for samarbeid mellom partane når det gjeld bruken og drifta av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Målsettinga er at Volda kommune skal vere ein stabil og langsiktig leigetakar av brukstid i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane vil arbeide for å etablere eit driftsselskap som*



# VOLDA KOMMUNE

## Rådmann

*får ansvaret for drifta av salen. Studentsamskipnaden på Sunnmøre kan vere ein interessant samarbeidspart i eit slikt selskap.*

Den kommunale arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 vart seinare utvida med 3 representantar frå kulturlivet i Volda, oppnemnd av formannskapet. Arbeidsgruppa fekk ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet.

Innstillinga frå utvalet fylgjer vedlagt dette notatet og er;

*Prioritering 1: ein påkosta «idealsal» som skal dekke behov frå symfoniorkester til konferanse. Utgangspunkt for dette alternativet kan vere krava til kultursal i Innovataprojektet, sjå vedlegg.*

*Prioritering 2: ein basissal som allereie er skissert av prosjektstartgruppa til HVO (denne salen er beskrive i vedlegget)*

*Gruppa meiner at det er avgjørande at midlane kommune går inn i prosjektet med hevar standarden på salen frå ein basissal slik den no blir skissert av HVO til ein idealsal. Innstillinga til gruppa er derfor at kommunen bør velje prioritering 1.*

I samband med at ein no skal sette i gang planlegging av skisseprosjekt som grunnlag for seinare å ta endeleg avgjerd om realisering av «mediehuset» i sambruk med «kulturbygget», er det viktig at partane er tydelege på dei føresetnadene som ligg til grunn for eit prosjektet.

### Sentrale føringar

Det er viktig at prinsippa effektiv arealbruk og optimal sambruk er overordna hos begge partane i planlegginga. Dette er avgjerande for totaløkonomien og dermed realiseringa av prosjektet.

Internt har vi drøfta følgjande aktuelle føringar:

- For at Volda kommune skal inngå ein endeleg avtale om realisering av prosjektet er eit godt «sambruk mediebygget – kulturbygget» nøkkelen for eit vellukka prosjekt.
- Kommunen må ha ein god dialog med HVO og Statsbygg i samband med prosessen med skisseprosjektet.
- Fordeling av Kultursalen 75% VK og 25% HVO?  
**Brukarar:** Dette rommet blir brukt til undervisning for mediefag (AMF + dagens MID) og anna undervisning på HVO. Prosjektrom for drama/dans (Seanse/kulturproduksjon), Fagkonferansar i regi av høgskulen eller andre, og til bruk under Dokfilmfestivalen, Animasjonsfestivalen og andre arrangement. Lokale kulturliv, med til dømes konsertar, teater, ungdomsskulens Melodi Grand Prix, VGS årlege musikal 5 framsyningar, ballettskulens framsyningar, større kinoframsyningar og meir. Som del av planane kring ein ny kunnskapspark etablert i Aasen-huset er det signalisert at dette vil vere aktuelt å leige i samband med konferansar og liknande.
- Fordeling Visningssal 50% VK og 50% HVO  
**Brukarar:** Undervisning fyrst og fremst for mediefag (AMF + dagens MID) og kulturfag. Dokfilmfestivalen, animasjonsfestivalen og liknande arrangement. Det vil også vere ein stad for det kinoframsyningar med høg standard. Dersom det blir etablert ein ny kunnskapspark i Aasen-huset vil det vere ein aktuell leigetakar.
- Andre fellesrom, garderober m.m 50% VK og 50% HVO?



## VOLDA KOMMUNE

### Rådmann

- **Areal 8 Kultursal** m.m. ser ok ut, høgde kultursal min. 11 m?
- I samband med utbygginga bør ein inngå opsjonar på utstyr, tribune m.m. (Kommunen kan truleg inngå som eigar av nærare spesifiserte deler av utstyr og naglefast inventar 8 kultursal, jfr grunnlag for å kunne søkje om tilskotsmidlar)
- Max leige for Volda kommune inntil 6,5 - 7 mill. kr.
- Besøkande på Kultursal bør kunne gå «tørrskodd» mellom kultursalen og «Berte Kanutte» og kafe/kantinearealet der.
- For krav til kultursal og visningssal legg kommunen til grunn innstillinga frå «kulturhusutvalet»

Det finst støtteordningar både til bygg og utstyr/inventar. Volda kommune vil søkje på evt. tilgjengelege støtteordningar. Retningslinjer fylgjer vedlagt til vitande.

Formannskapet får drøfte føringane og vurdere om det er desse som skal spelast inn til styringsgruppa som grunnlag for den vidare planlegginga.

Husleigenivået vil verte ein konsekvens av kva som vert lagt inn i bygget/ investeringskostnaden og fordelingsprosenten mellom Høgskulen og kommunen. Ut frå arbeidet så langt ser ein at nivået ligg vesentleg høgare enn direktøren på Høgskulen grovt skisserte i juni i fjor. Ut frå den kalkylen må nok Volda kommune rekne med ca inntil over det dobbelte. Det er vurdert som avgjerande viktig for Voldasamfunnet og framtida til Høgskulen at ein gjennom samarbeid lyftar mediebygget med kulturhus. Skal ein få til dette må kommunen vere budd på å frigjere rom for ei leige på 6,5 – 7 mill. Konseptet gir grunnlag for stor aktivitet, og det bør vere gode føresetnader for å kunne få til ei drift som også kan bere seg sjølv.

Det bør utvisast rausheit både frå kommunen og Høgskulen for å få til dette prosjektet. Begge partar bør også tenkje kreativt for å utløyse synergjar som gir meirverdi til samfunnet. Det er ut frå drøftingane gjensidig forståing for å dele leiga for kino-/visningssal 50/50. Når det gjeld kultursalen, så er det eit klart vilkår i intensjonsavtalen at denne også skal vere ein sambrukssal. Høgskulen har gitt uttrykk for at dei treng denne mindre, og ei forhandlingsløysing kan vere at Volda kommune tilbyr HVO ein leigeandel på 25 %, men at dei kan disponere salen ytterlegare når den står ledig på dagtid i vekedagane.

Kommunen har fleire utfordringar som skal taklast i åra framover, og skal også medverke i andre større samfunnsprosjekt som idrettshall og svømmebasseng. Det er derfor behov for å ha forutsigbarheit på maksimal økonomiske ramme i prosjektet. Rådmannen synest å sjå konturane av at ein må opp på eit samla nivå på inntil 6,5 – 7 millionar i årleg leige for å kunne få eit anlegg med tilfredsstillande funksjonalitet. Sjølv det vil nok krevje ein tett dialog med Statsbygg for å få ned kostnadsnivået.





# VOLDA KOMMUNE

## Rådmann

### Proessen

Statsbygg arbeider etter følgjande framdriftsplan:

	AKTIVITET	2017									
		F	M	A	M	J	J	A	S	O	
P	Revidert romprogram m/ funksjonsbeskrivelse	■	■				■				
T	Teknisk spesifisering	■	■	■			■				
KG	Konkurransgrunnlag		■	■	■		■				
A	Anbudskonkurranse				■	■	■				
E	Evaluering					■	■				
KO	Kontraktssignering					■	■				
SP	Skisseprosjekt						■	■	■	■	
							■	■	■	■	

I kommunen vert det lagt opp til følgjande framdrift for avklaring av kommunen si deltaking:

- 21. mars: Informasjon/drøfting i formannskapet
- 27. april: Informasjon/drøfting i kommunestyret
- 16. mai: Innstilling i formannskapet
- 24. mai: Handsaming i kommunestyret

Formannskapet bør drøfte om kommunen bør ha ope møte eller opne opp særlege innspel i prosessen.

Volda, 08.03.17

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Ass rådmann



## Desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg (vedteke 02.09.15)

### 1. FORMÅL

Tilskotta skal bidra til egna lokale, bygningar og utearena som gir rom for ulik kulturell verksemd. Tilskott kan bli gitt til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til ordinært vedlikehald eller drift.

### 2. KVEN KAN SØKJE

Andelslag (der alle som ønskjer det kan være med), kommunar, stiftingar eller organisasjonar med demokratisk oppbygging kan søkje. Vilkår for at ein organisasjon kan stå som søker, er at kommunen eller fylkeskommunen slår fast at utforming av bygget, vedtekter og driftsplan gjer det til eit allment kulturbygg.

For andelslag og stiftingar skal vedtektene førehandsgodkjennast av fylkeskommunen.

### 3. KVA KAN EIN SØKJE OM TILSKOTT TIL

Investeringstilskott til nybygg, tilbygg/ombygging av eksisterande kulturlokale og kjøp/ombygging av andre lokale til kulturbygg.

Permanent eller naglefast innreiing kan det søkjast tilskott til, til dømes:

- kjøkkeninnreiing
- fast scenerigg
- lydanlegg for høyrsllehemma (teleslynge)
- teleskoptribune

Det blir ikkje gitt tilskott til kjøp av grunn, dekking av gjeld eller til utgifter til arbeid utanfor 1 m frå yttergrensa anleggets ytre grenser.

Døme:

- tilførsels- og avløp for vatn og kloakk
- tilførsel for elektrisitet
- inngjerding av eigedom
- vegar
- parkeringsplassar
- laust utstyr som sceneutstyr, bord, stolar m.m.

#### Funksjonar og lokale som fell utanfor ordninga:

1. Kommersiell verksemd, som verkstad og utstillingslokale for salg, selskapslokale eller kinobygg der visning av film styrer drifta.
2. Kulturbygg med snever/isolert funksjon.
3. Egne lokale som blir bygd og drive berre for ei enkelt foreining.

Lokale som disponerast til desse funksjonar åleine, eller det at dei som driv aktivitetane har råderett til lokala og sjølv regulerer utleige til andre brukarar ut frå egne behov, fell utanfor ordninga. Dette er funksjonar som det ofte vil vere ønskjelig å samlokalisere med lokale kulturbygg. Ved slike løysningar kan det vurderast i kva grad det kan bli gitt dispensasjon, spesielt knytt til pkt. 2. Felles areal blir da å fordele mellom de ulike einingane.

#### 4. TILSKOTTSATSAR

Tilskott vil variere med kulturbygget sin storleik, type og funksjon. Tilskott kan utgjere inntil 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturbygget. For søkjarar som har krav på refusjon av meirverdiavgift skal tilskottsdelen på 1/3 reknast ut frå prosjektkostnadene etter at meirverdiavgifta er trekt frå.

Dersom kulturbygget er samlokalisert med andre verksemder, skal ein dele kostnadene til fellesareal og sambruksareal.

Nedre grense for godkjent prosjektkostnad er kr. 300 000,-

#### 5. VILKÅR FOR TILSKOTT

1. Lokale kulturhus skal vere opne for all lovlig kultur- og organisasjonsverksemd. Ingen må stengast ute grunna religiøse, sosiale eller politiske omsyn.
2. Lokala må være planlagde ut frå definerte behov og bør være fleksible.
3. Kulturhusa bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet eller regionen.
4. Lokale kulturhus kan vere eigd av ein kommune, andelslag der alle som ønskjer det kan vere med, stiftingar eller av frivillige organisasjonar med demokratisk oppbygging.
5. Behov, vedtekter, driftsplan og romprogram/ teikningar skal førehandgodkjennast av kommunen eller fylkeskommunen.
6. Huseigar utformar sjølv nærare regler for bruk av huset, innafor intensjonane i pkt. 1. Huseigar har høve til å forby servering av alkohol i huset.
7. Oppstår det tvist om bruk av huset, blir tvisten avgjort av kommunestyret eller den kommunestyret delegerer mynde til.
8. Dersom huset ikkje lenger blir brukt i samsvar med opprinneleg formål, kan det medføre at motteke statstilskott må tilbakebetalast.

##### 5.1 Særskilt ved ombygging og/eller tilbygg:

Ved ombygging av eksisterande kulturlokale, må tiltaka må vere grunna i nye og endra behov med omsyn til aktivitet og storleik, eller behovet for standardheving av lokala. Døme på standardheving er ombygging med omsyn til funksjonshemma brukarar.

ENØK-tiltak, som skifte av vindauge, etterisolering mm, blir å rekne som regnes som standardheving. Tiltaka må inngå i eit samla varmegjenvinningsopplegg. Det må leggast ved ENØK-rapport som viser berekna gevinst av tiltaka.

Det blir ikkje gitt tilskott til vanleg vedlikehald eller til skader som skyldast feil ved planlegging, utføring eller manglande vedlikehald.

Alle søknader om tilskott til ombyggingar føreset at lokala er eller blir tilrettelagt for rørslehemma brukarar.

Ved tilbygg og/eller ombygging av eksisterande kulturbygg, er hovudregelen at tidlegare mottatt tilskott frå ordninga blir trekt ifrå maksimal sats for tilskott.

Ved kjøp av hus for ombygging til kulturhus, kan dokumentert kjøpesum tas inn i grunnlaget for søknaden.

## 5.2 Kulturbyggegar sine plikter

- Kulturbygg som mottar tilskott skal nyttast til kulturformål i minst 20 år etter at midlane er utbetalte. Dette inneberer plikt til å drive på årsbasis. Nedlegging eller bruksendring av bygget i løpet av 20-årsperioden skal ikkje skje utan skriftleg samtykke frå fylkeskommunen på førehand.
- Dersom huset blir midlertidig stengt for 3 månader eller meir, pliktar huseigar på førehand å orientere fylkeskommunen. Denne plikta gjeld også for kommunen. Fylkeskommunen har rett til å sette vilkår for slik midlertidig stenging av bygget. Blir bygget ikkje opna i løpet av seks månader, blir stenginga å rekne som mislighald, med mindre det føreligg skriftleg godkjenning frå Kulturdepartementet for ei forlenga stenging.
- Dersom framtidig drift av kulturbygget er trua, skal huseigar utan ugrunna opphald orientere Kulturdepartementet om dette. Denne plikta gjeld også for kommunen.
- Huseigar plikter å halde bygget i godkjent teknisk stand, samt sjå til at dei tryggleiksforskrifter som gjeld for vedkommande kulturbygg blir etterlevd. For øvrig skal bygget vedlikehaldas slik at det ikkje blir forringa utover det som følgjer av normal slit og elde. Bygget må vere funksjonelt for den type kulturaktivitet som det er bestemt til bruk for. I den grad det let seg gjere utan vesentleg kostnad, bør huseigar søkje å imøtegå eventuelle nye og endra behov med omsyn til kulturaktivitet i befolkninga.
- Salg eller deling av bygget skal ikkje skje utan skriftlig samtykke frå fylkeskommunen på førehand. Overføring av drifta av bygget til andre enn tilskottsmottakar skal heller ikkje skje utan skriftlege samtykke på førehand frå fylkeskommunen. Pantsetting av bygget i tråd med finansieringsplanen vil normalt bli godkjent ved imøtegåing av søknaden.
- Huseigar plikter å føre rekneskap i tråd med de retningslinjer som er fastsett av Kulturdepartementet.
- Dersom eitt eller fleire av vilkåra ovanfor blir mislighaldt, kan fylkeskommunen krevje tidlegare utbetalt tilskott tilbakebetalt innan 30 dagar etter at fylkeskommunen framset kravet skriftlig. Dersom huseigar ikkje betaler innan fastsett tidsfrist, kan fylkeskommunen kreve tvangssal av bygget.
- Som mislighald reknas alltid at anleggseigar avviklar drifta, innstiller betalingane, søker gjeldsforhandling, tvangsakkordforhandling, går konkurs eller blir satt under tvangsforfølging.

## 6. SAKSGANG OG FRISTAR FOR SØKNAD OM MIDLAR

### 6.1 Kommunal sakshandsaming

Søknader om tilskott skal sendast gjennom kommunen der bygget skal ligge **innan 15.februar**.

Søknadsfrist i kommunen skal kunngjerast. Godkjente søknader, vedlagt kommunen si prioriterte innstilling skal sendt fylkeskommunen innan **1. april** kvart år.

Søknaden skal sendast elektronisk gjennom [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)

### 6.2 Spesielt for museum

Søknader frå enkeltstående museum skal sendast gjennom konsolidert museumseining før kommunal sakshandsaming. Konsolidert museumseining skal legge ved godkjenning og prioritert innstilling ved innsendt søknad.

### 6.3 Melding om rammebeløp

Kulturdepartementet fastset rammene for beløpa fylkeskommunane kan få til fordeling, og gir melding til fylket om storleik på beløpet i løpet av mai/juni kvart år.

## Oversikt over fordeling

Fylkeskommunen fordeler det tildelte beløp og underrettar s kjarane om resultatet av handsaminga. Tildelinga blir avgjort i Kultur- og folkeshelseutvalet i september.

## 7. F REHANDSGODKJENNING AV PLANER

Planer som blir lagt til grunn for s knad om tilskott, m  vere f rehandsgodkjent f r bygging startar og f r s knad om midlar kan bli fremma.

Godkjenningsmynde er i hovudsak delegert til kommunane. Prosjekt som medf rer samlokalisering med funksjonar som feller utanfor ordninga skal godkjennast av fylkeskommunen. Fylkeskommunen kan ogs  krevje   f  planane innsendt til vurdering f r det blir f retatt kommunal f rehandsgodkjenning. Dersom fylkeskommunen si prosedyre ikkje er fulgt, kan det medf re at s knaden blir avvist.

**Frist for innsending av planer til fylkeskommunal f rehandsgodkjenning er satt til 15.november kvart  r, dersom prosjektet skal kunne s kje om midlar p f lgande kalender r.**

Det skal g  fram av p teikning/stempel p  teikningane kven som har gitt godkjenninga. Det skal ogs  utarbeidast eige godkjenningsbrev ved f rehandsgodkjenning av planer, der det klart g r fram at dette gjeld f rehandsgodkjenning som kulturbygg. Byggesaksbehandling i det lokale bygningsr d erstattar ikkje dette.

F rehandsgodkjenning av kulturbygg som krav for   kunne s kje om spelemidlar, kjem i tillegg til kommunen si byggesaksbehandling. Den blir utf rt av kommunen eller fylkeskommunen. Ei slik f rehandsgodkjenning g r lenger enn ved byggesaksbehandlinga i   vurdere om bygget er egna som kulturbygg. Ved f rehandsgodkjenninga skal det estetiske tilleggast vekt og kan f  avgjerande betydning for godkjenning. Sj  elles pkt 1.-7. i dette bolken av retningslinjene.

F rehandsgodkjenning gjeld i tre  r. Dersom ikkje byggearbeida er starta innan tre  r, kan det s kjast om fornya godkjenning. Merk at f rehandsgodkjenning av planer ikkje automatisk medf rer tilskott til bygget.

### 7.1. F rehandsgodkjenning av planer

F rehandsgodkjenning skal sj  til at bygget er planlagt ut fr  reelle behov i lokalsamfunnet, at planane er i samsvar med dei funksjonelle krav som er stilt til denne type lokale, og at dei estetiske kvalitetane er ivaretatt for bygget i seg sj lv og i forhold til omgivnadene.

F rehandsgodkjenninga skal ogs  sj  til at bygget er i samsvar med definisjonen av lokale/regionale kulturbygg og kjem inn under tilskottsordninga.

Dersom det skal byggast eit kulturhus som utbyggar eller kommune ikkje har kompetanse p  for utforming, m  relevant fagmilj  bli kontakta. Dette gjeld for eksempel bibliotek og lokale for teater/musikk.

Retningslinjene gjeld ogs  ved ombygging av eksisterande kulturbygg. Krava som blir stilt for nybygg, gjeld generelt ogs  for ombygging. Ved ombygging m  det likevel opnast for eit visst skj nn, ut fr  kva som er praktisk mogleg   f  til, og ut fr  verneomsyn for eldre, bevaringsverdige bygningar.

Ved ombygging skal planane bygge p  ein tilstandsrapport, som gjer greie for tekniske,  konomiske og funksjonelle forhold i bygget. Vurderinga og rapporten skal utf res av ein person med relevant fagkompetanse.

## 7.2. Målsetting

Målsettinga med kulturbygget må klargjerast og danne utgangspunkt for planlegginga av bygget og av drifta.

## 7.3. Behovsoppgåver

Aktivitetane bør styre planane. Undersøkingar av reelle behov skal danne grunnlag for planane, og for utforming og dimensjonering av bygget. Alle lag, foreiningar og andre grupper som ein kan forvente å bruke huset, bør høyrast om behov.

### A. Behovsoppgåver frå dei enkelte lag/brukargrupper skal angi:

- type aktivitet det skal gis rom for
- rombehov med angitt areal og forventa tal deltakarar
- stipulert tal gongar per måned ulike brukargrupper reknar med å nytte lokala. Bruk på dag- og kveldstid bør gå fram.

### B. Samla behovsoppgåve – grunnlag for romprogram

På basis av behovsoppgåvene frå dei enkelte lag/brukargrupper, eigne målsettingar for bygget og vurderingar kring drifta, skal byggherren utarbeide ei behovsoppgåve over samla, forventa bruk av bygget. Samla behovsoppgåve skal ligge til grunn for utarbeiding av romprogrammet.

## 7.4. Romprogram

Det skal leggest fram eit førebels og spesifisert romprogram for bygget som grunnlag for utarbeiding av forprosjekt. Både dei ulike funksjonar som lokala skal romme, og tidsaspektet for bruken av de ulike romma, må gå fram her.

I rom som skal fylle ulike funksjonar, må hovudfunksjonen og øvrige funksjonar definerast. Ved fast scene må dei ulike bruksområda gå fram og prioriterast.

## 7.5. Økonomi

Det må sikrast god utnytting av lokala og realistiske planer for drifta. Eit enkelt prosjektbudsjett med avsetjingar til kunst, uvisse og reserve og finansieringsplan for bygging, samt førebels plan for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av huset, skal vurderast. Den endelege vurderinga av økonomien skal gjerast av fylkeskommunen ved behandling av søknad om midlar.

## 7.6. Utforming

Bygget må bli gitt ei god estetisk utforming i samsvar med bygget sin funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgivnader. Utforming av bygget i forhold til nabobygg og landskap skal dokumenterast og vurderast. Estetisk og miljømessig kvalitet bør derfor vektleggast i heile planprosessen. Utforming av mål/ambisjonsnivå bør definerast tidleg og sikrast gjennom heile prosessen. Dei enkelte rom må ivareta funksjonen, eventuelt fleire funksjoner, på ein god måte.

Bygg som mottar tilskott skal utførast i samsvar med dei til einkvar tid gjeldande føresegner i plan- og bygningsloven, jf. m.a. § 29 i plan- og bygningsloven.

Kulturlokala eller -arenaene som mottar tilskott skal vere universelt utforma i samsvar med plan- og bygningsloven og forskrifter til denne (byggteknisk forskrift). Dette gjeld både tilskott til nybygg og til ombygging.

### Norsk Standard for akustikk i musikkrom

*NS 8178 Akustiske kriterier for rom og lokaler til musikkutøvelse* skal gjelde for nybygg. Dette gjeld både når musikk er primæraktivitet, eller når lokala er tiltenkt fleirbruk. Ved ombygging eller renovering skal standarden følgast så langt det er praktisk mogleg. Bruk av akustikkfagleg kompetanse blir tilrådd.

## 7.7. Planvurderingar

Arealdisponering med bygningar, atkomst, utomhus opphaldsareal, planting /grøntareal og adkomst for nødvendig transport, skal vurderast. Dersom bygging skal skje i fleire byggetrinn, skal det ligge føre skisser for prosjektet totalt, og utbygginga skal vurderast samla.

Planane for bygget/lokalet skal vurderast i forhold til trafikksituasjonen, og sjå til at ulike delar i anlegget kan brukast og fungere uavhengig av kvarandre og saman. Ved samlokalisering og sambruksløyseringar med andre typar lokale, må ein sjå til at alle deler av anlegget vil fungere tilfredsstillande.

Ein del rom må dimensjonerast ut frå spesifikasjon i behovsoppgåver/ romprogram:

- aktivitetsrom/verkstader/utstilling
- tilknytingsareal for scene (garderobe, lagerplass evt verkstad)
- lagerplass for de ulike brukarane
- kjøkken (for anretning eller for matproduksjon) inklusiv lager
- kontor/opphaldsrom for personalet

Tilleggsareal for drifta, som lager, tekniske rom og kontor/ opphaldsrom for personalet, blir ofte undervurdert. Det er avgjerande for drifta at det blir satt av nok areal til desse funksjonane.

For utforming av forskjellige typar lokale, vil fagpersonell bli kontakta ved førehandsgodkjenning.

## 8. SØKNADSPROSEDYRE

### Tidsfrist

Søklarar må overhalde søknadsfristen i kommunen **15.februar**. Den enkelte kommune må sjå til at søknadane blir sendt i sakshandsama og prioritert stand til fylkeskommunen innan **1.april**. For seint innkomne søknader blir ikkje godkjent.

Søknad skal sendast gjennom [www.idrettsanelgg.no](http://www.idrettsanelgg.no)

Nye søknader skal vere vedlagt dokumentasjon som er angitt på [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no).

Fornya/gjentatt søknad skal fremmast gjennom [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no) på vanleg måte med naudsynte underskrifter. Det kan visast til vedlegg som er sendt inn tidlegare. Ved fornya og gjentatt søknad må det gjerast greie for eventuelle avvik/endingar frå tidlegare innsendt søknad. (Prosjektbudsjett, finansieringsplan, driftsbudsjett m.v.)

**Søknad kan ikkje bli fremma før førehandsgodkjenning av bygget er på plass. Frist for fylkeskommunal førehandsgodkjenning er 15.november for søknadar i påfølgande år.**

## 9. KRAV TIL DEI ENKELTE VEDLEGG TIL SØKNADEN

### 9.1 Opplysningar om aktivitet, behovsunderlag og søkjar

Gi opplysningar om dei funksjonar som skal inngå i kulturbygget, kva for aktivitetar som skal drivast, og behovet for det bygget det søkjast tilskott til.

Gi opplysningar om tal forsamlingslokale (møtelokale) som fins på staden, kva slags lokale som finst, og innbyggartalet i kommunen og på staden.

Nemn kor mange aktive medlemmar søkjarorganisasjonen/andelslaget har, og kva for hovudorganisasjon den er knytt til. Dersom fleire organisasjonar står bak søknaden, skal tilsvarande opplysningar gis også om desse.

### 9.2 Teikningar påført godkjenningstempel

Førehandsgodkjente planar for bygget, der det går fram av påteikning/stempel på teikningane kven som har godkjent dei. Ved eventuelle ENØK-arbeid i eksisterande bygg skal ENØK-rapport leggest ved.

Denne godkjenninga skal ligge føre før byggearbeida blir satt i gang. Dersom arbeida er starta eller fullført før førehandsgodkjenning føreligg, fell prosjektet utanom tilskottsordninga.

### 9.3 Detaljert prosjektbudsjett

Totalkostnaden for kulturbygget skal førast opp, fordelt på tilskottsberettiga og ikkje-tilskottsberettiga kostnader.

Prosjektbudsjettet skal innehalde avsetjingar til kunst, uvisse og reserve.

Ved samlokalisert løysning skal både totalkostnaden for bygget og berekna kostnad for kulturbygglokala settas opp. I tvilstilfelle bør fylkeskommunen rådførast.

Dugnadsarbeid må vere spesifisert, også i prosjektbudsjettet.

Administrasjonsarbeid kan maksimalt utgjøre 5 % av godkjent prosjektbudsjett.

### 9.4 Utgreiing og dokumentasjon av dei enkelte postar i finansieringsplana

Finansieringsplana skal ha dekning for kulturbygget sine samla kostnader.

Alle postane i finansieringsplana, bortsett frå søknadssum, skal dokumenterast:

- Eigenkapital skal stadfestast ved kontoutskrift frå bank, post, e.l. som viser at beløpet er bunde til utbygginga av anlegget.
- Kommunalt- og/eller fylkeskommunalt tilskott må vere vedteke.
- Private tilskott/gåver, til dømes reine pengetilskott, materiale, rabatt o.l., må vere stadfesta med underteikna gåvebrev.
- Dugnad skal gjerast greie for i eigen dugnadsoversikt utarbeidd med utgangspunkt i det arbeid som etter prosjektbudsjettet skal utførast på dugnad. Dugnadsarbeidet skal prisast til den verdi arbeidet er berekna til i prosjektbudsjettet, men det er ikkje høve til å pårekne meirverdiavgift på dugnad.
- Lån skal vere stadfesta med kopi av lånetilsegn. Eventuelle lånevilkår må vere oppfylt.
- Eventuelle andre statstilskott det er søkt om, eller som er innvilga, må spesifiserast.

### **9.5 Plan for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygget**

Plan for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygget, skal innehalde ei kort:


- plan for bruk, med opplysningar om brukstid og brukargrupper
- plan for drift og vedlikehald, m.a. med opplysningar om driftsansvar og korleis bygget skal administrerast og bli betjent.
- driftsbudsjett
- eventuell plan for påbygg/vidareutvikling av kulturbygget.

### **9.6 Tinglyst skjøte/leigeavtale**

Det skal leggest ved kopi av tinglyst skjøte/leigeavtale for minimum 20 år på den grunn der huset skal byggast.

### **9.7 Vedtekter/utleigereglar**

Vedtekter for andelslaget eller lover og utleigeregler for organisasjonar må leggest ved.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



## 10. UTBETALING AV TILSKOTT

### Utbetaling til den enkelte søker.

Fylkeskommunen utbetalar løyvde tilskott til kommunen. Når det gjeld bygg som ikkje er eigd av det offentlege, formidlar kommunane tilskotta vidare etter gjeldande retningslinjer.

Så snart bygg er fullført, må byggherren sette opp rekneskap for kommunerevisjonen. Anmodning om utbetaling av løyvde midlar fremmast overfor fylkeskommunen av den enkelte kommune.

### Delutbetaling

Det kan bli foretatt delutbetaling på inntil 85%, når arbeidet er kome godt i gang. Dei siste 15% av godkjent tilskottsbeløp blir utbetalt når revidert sluttrekneskap ligg føre.

### Sluttutbetaling

Sluttutbetaling skjer når ferdigattest og revidert rekneskap er sendt fylkeskommunen.

### Inndraging av tildelte statsmidlar

Tilsegn om tilskott kan gjelde i inntil tre år. Dersom revidert regnskap viser at bygget er blitt rimelegare enn godkjent kostnadsoverslag som låg til grunn for tilskottet, skal tilskottsbeløp justerast og restbeløp blir inndratt. Slik inndraging skal gjerast av den fylkeskommune som har innvilga tilskott. I spesielle tilfelle kan fylkeskommunen gje utsetting av inndraginga.

### Bruk av rentemidlar og inndratte midlar

Rentemidlar og inndratte midlar skal nyttast som tilskott til lokale og regionale kulturbygg som oppfyller dei formelle krav til å motta støtte. Midlane skal først og framst vere tilgjengeleg ved handsaming av klagesaker.

Etter at klagehandsaminga er avslutta, kan midlane nyttast til :

- å gå vidare på prioriteringslista frå den ordinære tildelinga
- å gje tilskott til kulturbygg utanom søknadsfristen, t.d. ved tilleggsøyving ved mindre overskridingar.

### Klageadgang

Forvaltningsloven § 28 andre ledd gir søkerar rett til å klage på enkeltvedtak. Vedtaket kan klagast til det forvaltingsorganet som er nærast overordna det forvaltingsorganet som har fatta vedtaket.

Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak fatta av fylkeskommunane i saker om forvaltninga av denne ordninga. I fylkeskommunanes underretning til søkerane om vedtak skal det mellom anna gjevast opplysningar om høve til klage og klagefrist, jfr forvaltningsloven § 27 tredje ledd.

## 11. KRAV TIL FØRING AV REKNESKAP

### Rekneskapsplikt

Alle søkerar som mottar statstilskott til lokale og regionale kulturbygg, plikter å levere rekneskap. Revidert rekneskap er eit krav for å få utbetalt siste del av tilskottet. Revidert rekneskap er grunnlaget for storleiken på siste utbetalingsbeløp, og dermed for storleiken på det endelege tilskottet.

Mottakarar av midlar må forvise seg om at den som tar hand om rekneskapsføringa har tilstrekkelege føresetnader for å kunne utføre denne på tilfredsstillande måte, og at vedkommande er kjent med krav og retningslinjer.

Det skal først eige byggerekneskap for kulturbygget. Det skal som hovudregel nyttast ei eiga kasse eller bankkonto for alle utbetalingar/innbetalingar vedrørande kulturbygginvesteringa. Rekneskapen skal vere ført slik at det kan samanliknast med prosjektbudsjettet som blei innsendt ved søknad om tilskott. Hovudpostane i rekneskapen skal vere dei same som postane i det godkjente prosjektbudsjettet.

Det skal ligge føre bilag for alle utbetalingar og innbetalingar. Bilaga skal vise:

- kva utbetalinga/innbetalinga gjeld
- kva konto som er belasta
- kven som har anvist
- kven som har attestert
- bilagsnummer.

Attestasjon og anvisning skal ikkje gjerast av same person. Bilaga skal nummererast fortløpande og arkiverast etter stigande nummer. Tilskottsmottakar pliktar å oppbevare bilag og rekneskapsbøker så lenge som rekneskapslova tilseier (10 år).

### **Verdi av gåver (ikkje pengegåver), rabatt og dugnad**

For dei postar der heile eller delar av arbeidet er utført på dugnad, skal verdien av dugnaden settast til det beløp dette arbeidet er ført opp med i godkjent prosjektbudsjett i søknaden. Det er ikkje høve til å føre opp eit høgare beløp. Det er fylkeskommunen som godkjenner det endelege prosjektbudsjett.

Gåver (ikkje pengegåver) og rabatt kan heller ikkje først opp med eit høgare beløp enn i godkjent søknad. Det skal ikkje reknast meirverdiavgift på dugnad, gåver og rabatt.

Dersom det er betalt for arbeid som i søknaden var oppført som dugnad, rabatt eller gåver, skal verdien i rekneskapen for desse postane justerast ned med tilsvarande beløp. Verdien vil i staden framkomme som ei betalt utgift under kontantutgifter i rekneskapen.

### **Bokføring av kontantinntekter som skal finansiere anleggskostnaden**

Alle kontantinntekter som skal finansiere byggekostnaden skal først i rekneskapen, til dømes eigenkapital, statsmidlar, lån, kommunale og fylkeskommunale tilskott og private tilskott. Hovudpostane for kontantinntektene skal vere de same som postane for kontantinntekter som inngikk i finansieringsplana i søknaden.

### **Krav om ferdigattest for kulturbygget**

Fylkeskommunen anbefaler at teknisk etat, eller tilsvarande kontor/etat i kommunen, godkjenner/ uttaler seg om prosjektbudsjettet i søknaden. Teknisk etat skal også, saman med kulturansvarleg, foreta ferdigbefaring og stadfeste ferdigstilling av kulturbygget før rekneskapen leggst frem for revisjon.

## **Kino og kultursal**

### **Krav i HVO-utgreiinga**

#### **Storsal/fleirbruksrom**

Bruksområde: Dette store rommet skal kunne bli brukt til førelesingar, framvising av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/framsyningar og fleirkamera-produksjon. Det skal ha kapasitet til å huse store konferansar og mottakingar, og kan vere egna til temporære utstillingar. Setekapasitet: ca. 500 plassar. Om lag dobbel så stor publikumskapasitet ved bruk av flatt golv (Operahuset på Eid har 540 plassar, Storsalen i Førdehuset 590 plassar).

Brukarar: Dette rommet blir brukt til undervisning for mediefag (AMF + dagens MID) og anna undervisning på HVO. Det kan også vere eigna som prosjektrum for drama/dans (Seanse/kulturproduksjon) viss det får takhøgde på minst fem meter. Det vil også vere godt eigna til større fagkonferansar eller liknande i regi av høgskulen eller andre, og til bruk under Dokfilmfestivalen, Animasjonsfestivalen og andre arrangement. Det vil også vere ein stad for det lokale kulturliv, med til dømes konsertar, teater, ungdomsskulens Melodi Grand Prix, ballettskulens framsyningar, større kinoframsyningar og meir. Som ein del av planane kring ein ny kunnskapspark etablert i Aasen-huset er det signalisert at dette vil vere aktuelt å leige i samband med konferansar og liknande.

Tekniske krav:

Oppheva scene: For framføring av musikk, teater og liknande.

Alternativ 1: Scene som blir bygd opp manuelt med modular. Krev lagringsplass for modulane. Billegaste alternativ.

Alternativ 2: Scene som kan hevast og senkast maskinelt. Dyraste og teknisk mest krevjande alternativ.

Stort lerret for visning av film og anna audio-visuelt materiale. Projektor.

Teleskoptribune med setekapasitet til ca 500 plassar vil gjere rommet fleksibelt i bruk. Gode og komfortable stolar (sjå td. [trysilbyggprodukter.no](http://trysilbyggprodukter.no)).

Galleri langs sidene for plass til kamera, fleirkameraproduksjon

God akustikk med gode lydanlegg, lysrigg mm

Kontrollrom

Garderobe/sminkerom i nærleiken

Greenroom

Lager til scene/sceneutstyr og lignende

#### **Fleirbruksrom/mindre sal**

Bruksområde: Dette rommet vil bli brukt til undervisning og framvisning av film og anna audiovisuelt materiale i høg kvalitet, noko som er viktig for den audiovisuelle undervisninga ved skulen.

Brukarar: Undervisning fyrst og fremst for mediefag (AMF + dagens MID) og kulturfag. Det vil også vere godt eigna til bruk under Dokfilmfestivalen,

animasjonsfestivalen og liknande arrangement. Det vil også vere ein stad for det kinoframsyingar med høg standard. Dersom det blir etablert ein ny kunnskapspark i Aasen-huset vil det vere ein aktuell leigetakar.

Tekniske krav:

Stort lerret for visning av film og anna audio-visuelt materiale. Projektor. Auditorium med setekapasitet på 80-100 plassar med faste komfortable stolar. Ein bør vurdere om stolane kan ha nedfellbare bord slik at det enklare kan nyttast til førelesingssal

Gode lydanlegg

Kiosk. Det bør knytast ein kioskfunksjon til fellesarealet/vrimlearealet på bygget med tanke på arrangement i desse to fleirbruksromma.

Bygget bør bli knytta til Berte Kanutte-huset gjennom ein passasje slik at ein ved ulike arrangement kan gå tørrskodd dit for å kunne nytte seg av kantine, garderobe etc.



# NOTAT

Interne mottakarar:  
Rådmann Rune Sjurgard

**Sak: Campusutvikling på høgskulen i Volda**

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2014/1913	7073/2016	A60	ADM/RUNSJU	13.06.2016

## CAMPUSUTVIKLING - STATUS I PROSESSEN

### Kort historikk

Høgskulen i Volda (HVO) fekk i samarbeid med Statsbygg utarbeidd ein utviklingsplan for høgskuleområdet i 2015. Volda kommune vart invitert med og deltok også i prosessen. Kommunestyret fekk framlagt Campusutviklingsplanen i møte 27.08.15 (K-sak 82/15) og gjorde slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda-sluttrapport- til vitende.*
- 2. Kommunestyret viser til høgskulestyret sitt vedtak i sak 43/15, møte 4.6.15, og signaliserer medverknad frå kommunen i prosessar i dei strategiar der dette er føreset. Kommunen ynskjer vidare å vere ein aktiv deltakar i høve strategi 1 og 4.*
- 3. Kommunestyret ser det som ynskeleg at Høgskulen inviterer kommunen og andre samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging. Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokalisast til campusområdet. Eventuelle skisse til prosess med organisering og framdrift skal leggjast fram for kommunestyret som godkjenner kommunen si vidare deltaking i prosessen.*
- 4. Eventuelle planar om tiltak som vil krevje økonomisk deltaking frå kommunen si side må godkjennast av kommunestyret.*

Strategiane det er vist til i vedtaket handlar om planlegging av «medieringsbygg» og kunnskapspark.

Kommunestyret sette ned ei politisk arbeidsgruppe med ordføraren som leiar for å avklare kommunen sine behov og muligheiter i ei oppfølging av Campusplanen når det gjeld punkt 4 om «medieringsbygget», jfr K-sak 122/15 i møte 26.11.15. Sitat av punkt 3 – 5 i vedtaket:

- 1. I mandatet inngår m.a vurdering og framlegg om:*
  - Framtidig lokalisering av kino og type kinokonsept*
  - Kva formål Volda samfunnshus skal ha i framtida*

- *Definere behovet for og aktuell sambrukslysing av lokale saman med Hgskulen og ev andre partar.*
2. *Utvalet skal vurdere om utbyggingsplanane p Campusområdet kan gripe inn i utgreiingsarbeidet for ny Voldahall. Arbeidsgruppa for hallprosjektet fr derfor utsett frist til 1. mai 2016 til å leggje fram sin rapport.*
  3. *Utvalet skal vurdere tiltak p kort sikt og tiltak p lang sikt, innanfor berekraftige og realistiske økonomiske rammer. Utvalet skal i si vurdering konsekvensutgreie tiltaka det kjem med framlegg om, m.a kva konsekvensar det kan ha p kommunen sine prioriteringar i økonomiplansamanheng. Frist for utvalet sitt arbeid: 15.2.16.*

Arbeidsgruppa har hatt eitt mte, 05.01.16. Rektor og direktr for HVO mtte ogs. Moglege sambrukslysingar for fleirbrukssal vart drfta. Samtidig vart planlegginga av ny idrettshall i Volda trekt inn i prosessen med ynske om avklaring av lokalisering der ein i den samanheng ogs kunne vurdere Campusområdet.

Mtet konkluderte med at det vart arbeidd vidare med tre prosjekt; ny Voldahall, utvikling av Samfunnshuset og ny kino i sambrukslysing med Hgskulen. Det skulle lagast skisse for plassering av idrettshall p området opp fr Øyra skule, og HVO skulle vurdere lysingar for sambruk av auditorium for kino.

### **Nye moment**

Sidan dette mtet har det skjedd ein del. Samfunnshuset inngår i EPC-programmet (energispareprogrammet) og vil verte oppgradert til å verte meir funksjonelt innanfor eksisterande arealrammer. Kommunen m avklare nrre kva ein vil bruke huset til framover.

Proessen med idrettshall gr framover. HVO har avklart at dei er negative til å plassere hallen p Statsbygg sin eigedom ovanfor Øyra skule. Derimot er dei positive til andre plasseringar p Campusområdet. Eit eige arbeidsutval samansett av partane; Volda kommune (v/ administrasjonen), Volda idrettsrd, Volda handball, Volda volleyball og Mre og Romsdal fylkeskommune arbeider med idrettshallprosjektet. Lokaliseringssprsmålet har vore eit sentralt tema. For idretten spelar det mindre rolle kvar hallen vert lokalisert i Volda sentrum. For kommunen har det betydning at den ikkje ligg for langt fr skulane dersom den ogs skal fungere som kroppsvingslokale for elevane. Fylkeskommunen stiller vilkr om at hallen ikkje vert lagt for langt fr den vidaregande skulen (VGS). Steinrysa vest for VGS vert no drfta som det mest relevante alternativet, da det kan utlyse sambruksfunksjonar og ei planlegging som ogs stettar behova for utviding av undervisningslokale for VGS. Desse planane ligg i utviklingsplanen for VGS. Lokalisering av hall med tilbygg til VGS vil kunne forsere utbyggingsplanane ved VGS og vere eit samfunnsmessig strre prosjekt enn berre ein idrettshall. Ei bygging p Steinrysa er av skulesektoren vurdert som for lang avstand til Øyra skule. Alternativ som br vurderast for skulane ved ei slik lokalisering kan ver ein eigen kroppsvingsal p området til Øyra skule. HVO opplyser ogs at Idrettsbygget deira str ledig store delar av tida, og at kommunen kan f leige der for kroppsving for elevane. Eg finn det rett å orientere litt om hallsaka i notatet ettersom denne saka ogs har gripe inn i campusutviklingssaka. Det vert lagt fram ei eiga sak om idrettshall etter ferien. Idretten har lagt fram sitt behov gjennom eit romprogram. Det er avtalt mte med Ørsta kommune for å avklare funksjonane for hallane som er under planlegging bde i Volda og Ørsta, samt ogs for å drfte samarbeid med sikte p hgare andel av spelemidlar. Vidare er det avtalt ekskursjon

til Ulsteinhallen. Intensjonen er å få lagt grunnlag for å få utarbeidd eit forprosjekt til ein ny idrettshall der ein kan få fram løysing og kostnader. Spørsmålet om prioritering vert noko partane deretter må ta stilling til i sine styrande organ.

HVO fekk utarbeidd eit programprosjekt for nytt mediabygg i januar i år. HVO presenterte prosjektet for kommunestyret den 25.02.16. Programprosjektet viser nybygg for mediafag lokalisert på området mellom Berte Kanutte-bygget og Strøm-bygget. I programprosjektet er det i ein førebels funksjonsanalyse og romprogram vist mogleg sambrukslokale mellom HVO og kommunen, jfr:

#### Storsal/fleirbruksrom

- *«Bruksområde: Dette store rommet skal kunne bli brukt til førelesingar, framvising av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/framsynsingar og fleirkamera-produksjon. Det skal ha kapaistet til å huse store konferansar og mottakingar, og kan vere egna til temporære utstillingar.*
- *Setekapasitet: ca 500 plassar. Om lag dobbel så stor publikumskapasitet ved bruk av flatt golv (Operahuset på Eid har 540 plassar, Storsalen i Førdehuset 590 plassar)»*

#### Fleirbruksrom/mindre sal

- *«Bruksområde: Dette rommet vil bli bruk til undervisning og framvisning av film og anna audiovisuelt materiale i høg kvalitet, noko som er viktig for den audiovisuelle undervisninga ved skulen.*
- *Brukarar: Undervisning fyrst og fremst for mediefag (AMF + dagens MID) og kulturfag. Det vil også vere godt eigna til bruk under Dokfilmfestivalen, animasjons-festivalen og liknande arrangement. Det vil også vere in stad for kinoframsyningar med høg kvalitet. Dersom det blir etablert ein ny kunnskapspark Aasen-huset vil det vere ein aktuelle leigetakar.»*

### **Framdrifta i Campusutviklingsprosjektet**

Det er eit stramt tidsløp for realisering av nybygg på Campusområdet. Husleigeavtalane med Statsbygg skal reforhandlast, og eit nytt bygg vil inngå i framtidige husleigeavtale og må stå ferdig innan utgangen av 2020. Nytt grunnlag for husleigeutrekning vil gi vesentleg lågare husleige i dei eksisterande lokala, og frigjere økonomi for HVO til delfinansiering av auka husleige i eit nybygg.

HVO legg opp til å føre opp eit nybygg gjennom såkalla «kurantprosjekt». Dette er prosjekt av eit visst avgrensa omfang der godkjenning må skje gjennom regjeringsnotat frå Kunnskapsdepartementet.

HVO og Statsbygg har tett dialog om planlegging av nytt bygg på Campus. Kommunen vert halden løpande orientert og vert invitert til samarbeidsmøte, seinast i Skypemøte mellom HVO og Statsbygg 09.06.16.

Det skal vere eit møte med Kunnskapsdepartementet 24.06.16 der HVO skal presentere behov og planar for nybygg. Intensjonane om samarbeid med Volda kommune om fleirbrukslokale i bygget vil også verte tematisert i møtet.

Statsbygg som er ansvarleg for byggjeprojektet tek sikte på å kome i gang med skisseprosjekt etter ferien. Styret for HVO har i møte 28.04.16 vedteke å dekkje kostnadene med

skisseprosjektet. Volda kommune vert utfordra av HVO til å ta stilling til om kommunen vil delta i sambruksløyising i nybygget.

### Kommunen si rolle

Kommunen bør etter rådmannen sitt syn vurdere to hovudomsyn når det gjeld dette prosjektet. Det eine er rolla som vertskommune og interessa for at HVO er framtidsretta og konkurransedyktig. I kommuneplanen er det vedteke slik målsetting under temaet Volda i regionen: «*Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar*». Til dette målet er det vedteke slike strategiar:

- *Vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum med urbane kvalitetar.*
- *Legge til rette for at Volda og Ørsta skal vere Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.*
- *Styrke og vidareutvikle bu- og arbeidsregionen, og vidareutvikle samarbeidet med Ørsta.*
- *Styrke næringslivet med vekt på innovasjon og grunderverksemd, og vidareutvikle utdanningstilbodet i Volda-Ørsta.*
- *Styrka samarbeidet mellom kommunen, høgskulen og andre regionale funksjonar.*

Det andre omsynet er om kommunen skal nytte høvet til å inngå i eit partnerskap og løyse eigne behov for kulturell infrastruktur. Det går eit tog no, og truleg kan det verte lenge til neste gong, om det i det heile teke vil oppstå ei slik sjanse seinare.

Inntil det ligg føre eit skisseprosjekt har ein ikkje klare tal på kva ei slik deltaking vil innebere økonomisk for Volda kommune. Statsbygg er ubyggar og HVO leigetakar. Statsbygg rår til at dersom kommunen deltek, så er det mest tenleg med framleigeavtale der HVO leiger ut ein andel ut frå timebruk til Volda kommune. Føresetnaden for å få gjennom ein slik modell hos Kunnskapsdepartementet er at det er HVO sin bruk av sambrukslokalet er det dominerande. Bakgrunnen er at statlege bygg i hovudsak skal førast opp til statleg formål. Det er likevel opning for eit samarbeid med andre partar når den andre parten sitt behov ikkje er det primære.

HVO har gjort ei grovkalkyle på husleige i to alternativ basert på arealmåla i programprosjektet frå januar 2016, jfr styresak den 28.04.16:

<b>I Med fleirbrukssal</b>	<b>Husleige</b>	<b>II Utan fleirbrukssal</b>	<b>Husleige</b>
Redusert husleige	6,00 mill	Redusert husleige	6,00 mill
Innsparing Ivar Aasen	1,00 mill	Innsparing Ivar Aasen	1,00 mill
Innsparing SfS	0,20 mill	Innsparing SfS	0,20 mill
Husleige kino	0,30 mill	Husleige kino	0,30 mill
Volda kommune husleige 910 m2	2,43 mill		
<b>Sum</b>	<b>9,93 mill</b>	<b>Sum</b>	<b>7,50 mill</b>
Auka husleige HVO	2,07 mill	Auka husleige HVO	2,70 mill
<b>Totalt</b>	<b>12,00 mill</b>		<b>10,20 mill</b>

Dette er førebelse kalkyler og basert på HVO sine skjønsmessige føresetnader om kommunal bruk/leige av fleirbrukssal og kino. Dette er forhold som må vurderast nærare etter forhandlingar, og der ein må leggje til grunn at HVO har den dominerande bruken. Ein kan førebels berre bruke desse tala som ein indikasjon på kva det kan dreie seg om av årlege



husleigeutgifter dersom Volda kommune skal gå inn i prosjektet. Vidare må Volda kommune ta høgde for utgifter med drifta. Erfaringar viser at mange kommunar som regel har netto driftsutgifter med kinodrift og kulturelle arrangement. Det kan vere aktuelt å organisere kulturelle arrangement gjennom eit driftsselskap, og at td Volda kommune og Studentsamskipnaden kunne etablere eit slikt selskap i lag. Det er ikkje usannsynleg at ei satsing saman med HVO på Campus kan representere ei årleg utgift for kommunen i storleiken 3 – 4 millionar i leige og drift. Dette er sjølvsagt heilt grove anslag, og nærare kostnadskalkyle må kome fram gjennom skisseprosjekt og planlegging av driftsopplegg. Basert på at HVO skal ha ferdig nybygg innan 2020, så er dette utgifter som ev vil verte utløyst frå og med 2021.

Dersom Volda kommune skal ha ei rolle i regionen slik intensjonen er kommuneplanen, så krevst det ei satsing. Dette føreset omprioriteringar i drifta, effektivisering av tenestestrukturen og ein svært bevisst investeringsplan i åra framover. For å kunne ivareta eit tilfredsstillande nivå på tenestene, så meiner rådmannen at Volda kommune er avhengig av eigedomsskatt. Dersom Volda kommune skal delta i kultursatsing og leige seg inn i eit fleirbruksbygg/nytt mediebygg på Høgskuleområdet, så må slike planar byggje på føresetnadene om at kommunen ikkje fjernar eigedomsskatten i 2019 slik intensjonen er frå kommunestyret. Det same gjeld også dersom ein skal arbeide fram ein ny idrettshall i Volda kommune. Dette må sjåast i lys av andre større investeringsbehov i Volda kommune, som t.d Volda ungdomsskule.

Rådmannen meiner at det er viktig for Volda som vertsstad for Høgskulen, samt for kommunen si rolle i regionen, at Volda kommune deltek vidare i samarbeidet med sikte på å få realisert eit mediebygg med fleirbruksfunksjonar som kan dekkje kommunen sitt behov for kino og kulturelle arrangement. Kommuneplanen peikar på Volda og Ørsta som eitt samfunn i strategiane som tilretteleggjar for urbane kvalitetar og høgskulesenter. Ideelt sett burde Volda og Ørsta gått saman om ei felles kultursatsing lokalisert til Campusområdet. Dette burde ein gjere uavhengig av om Volda og Ørsta ikkje vert samanslått dei første åra. Rådmannen meiner ein bør føre dialog med Ørsta kommune om ei slik felles utvikling.

Notatet vert lagt fram for formannskapet til orientering og ev politiske signal til administrasjonen og HVO for kva haldning Volda kommune skal ha til saka vidare. Elles kjem rådmannen attende til prosjektet i eigne saker og i samband med komande budsjett og økonomiplan.

Med helsing

Rune Sjurgard  
Rådmann

Kopi:  
Høgskulen i Volda  
Studentsamskipnaden

# Intensjonsavtale

mellom

Høgskulen i Volda

og

Volda kommune

## **1. Partar**

Avtalen blir inngått mellom Høgskulen i Volda (HVO) og Volda kommune

Kontaktperson hos Høgskulen i Volda høgskuledirektør Jacob Kjøde jr

Kontaktperson hos Volda kommune rådmann Rune Sjurgard/ordfører Jørgen Amdam

## **2. Hensikta med avtalen**

Høgskulen i Volda skal bygge eit hus for mediefaga. I det nye huset er det planlagt ein kino og kultursal/fleirbruksrom som skal kunne nyttast til m.a. førelesingar, framsyning av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/teaterframsyning, fleirkameraproduksjon, konferansar og mottakingar.

Avtalen skal leggje til rette for samarbeid mellom partane når det gjeld bruken og drifta av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Målsettinga er at Volda kommune skal vere ein stabil og langsiktig leigetakar av brukstid i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane vil arbeide for å etablere eit driftsselskap som får ansvaret for drifta av salen. Studentsamskipnaden på Sunnmøre kan vere ein interessant samarbeidspart i eit slikt selskap.

Planlegginga av nybygget vil starte med eit skisseprosjekt i regi av Statsbygg hausten 2016. Målet er at bygget skal stå ferdig ved utgangen av 2020.

Intensjonsavtalen er eit mellombels dokument som vil bli avløyst av ein bindande avtale dersom bygget blir realisert.

## **3. Skisseprosjektfasen**

Skisseprosjektet skal avklare nærare rom-/funksjonsprogram samt investeringskostnad og driftskostnader for grunnlag for utrekning av leiepris i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane er samde om utgreie nærare drift og fordeling av bruken av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Studentsamskipnaden og evt andre potensielle samarbeidspartar vert invitert til å delta i utgreiinga.

HVO dekkjer kostnadene med utarbeiding av skisseprosjektet. Ved realisering vil planleggingskostnad gå inn i det samla kostnad ved utbygging av prosjektet.

## **4. Informasjon**

Partane forpliktar seg til å utveksle gjensidig informasjon om planar og tiltak som kan påverke realiseringa av nybygget. For å sikre god kommunikasjon blir Volda kommune invitert inn i relevante arbeidsgrupper i samband med nybygget.

## **5. Samordning mot andre prosessar**

Realisering av mediehus vil frigjere kapasitet i Ivar-Aasen huset som HVO leier av Volda kommune. Volda kommune har planar om oppgradering av bygget i samband med eit energispareprogram (EPC-prosjekt). Investeringa baserer seg på at bygget vert utleigd til HVO til undervisning og kontor fram til realisering av nytt mediehus. Partane har som intensjon å samarbeide med andre aktørar om å få etablert ein kunnskapspark i bygget. Det vert inngått ein eigen intensjonsavtale mellom partane for eit slikt prosjekt.

Volda kommune arbeider saman med fylkeskommunen og idretten om planar for ny idrettshall. HVO stiller seg open på å vurdere mogleg lokalisering på HVO sitt område dersom dette samla sett kan gi best samfunnsmessig gevinst og ikkje legg avgjerande hindring for utvikling av Campus.

## **6. Avgjerd**

Partane tek sikte på å ta stilling til vidare samarbeid i styrande organ og inngå ev forpliktande avtale når økonomiske og driftsmessige forhold er avklart etter skisseprosjektfasen.

## **7. Signering**

Denne avtalen er underteikna i to eksemplar. Kvar av partane har sitt eksemplar.

Volda xxxx 2016

Volda xxxx 2016

For HVO

For Volda kommune

Forslag, datert 10.09.16

**Revidert forslag, datert 21.09.16**



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POST» «POSTSTED»  
»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2014/1913	11504/2016	A60	SVK/ SONHAV	03.10.2016

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - INTENSJONSAVTALE MELLOM  
HØGSKULEN I VOLDA OG VOLDA KOMMUNE OM KINO/KULTURSAL I NYTT  
MEDIEHUS**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 29.09.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 109/16, der det vart gjort slikt vedtak:

***1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 21.09.16.***

***2. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda, oppnemnd av formannskapet. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

---

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon:	Telefaks: 70058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-----------------------	---	----------------------------

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Rune Sjugard	Arkivsak nr.:	2014/1913
		Arkivkode:	A60

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
159/16	Formannskapet	20.09.2016
109/16	Kommunestyret	29.09.2016

## INTENSJONSAVTALE MELLOM HØGSKULEN I VOLDA OG VOLDA KOMMUNE OM KINO/KULTURSAL I NYTT MEDIEHUS

### Handsaming:

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om ugildskap for Gunnar Strøm, Inger Tove Simonnes, Sølvi Dimmen og Jørgen Amdam.

Gunnar Strøm har ei fagleg leiande stilling på høgskulen.

Inger Tove Simonnes er gift med ein dosent ved høgskulen.

Sølvi Dimmen er gift med rektor på høgskulen.

Jørgen Amdam har vore professor og rektor ved høgskulen og har idag æresvervet Professor Emeritus.

Dei tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmåla om ugildskap.

Varaordførar Fride Schjølberg Sorthaug tok sete som ordførar.

Benedikte Holmberg reiste spørsmål om ho var ugild. Ho har ektefelle ved høgskulen.

Øyvind Festø reiste spørsmål om han var ugild. Han har ektefelle som studerer til doktorgrad i mediefag ved høgskulen.

Jan Henning Egset reiste spørsmål om han var ugild. Han er direktør i Studentsamskipnaden.

Roald Espset reiste spørsmål om han var ugild. Han har sambuar som har eigarskap i Propellhallen. Dei tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

K.l. § 40, jf. fvl. § 6, 2. ledd.

Det var 19 røysteføre til stades.

### Røysting vedk. ugildskap:

Øyvind Festø vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Jørgen Amdam vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Inger Tove Simonnes vart samrøystes kjend gild. Ho tok sete.

Jan Henning Egset vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Roald Espset vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Gunnar Strøm vart kjend gild med 23 røyster. Ein røysta mot.

Sølvi Dimmen vart kjend gild med 24 røyster. Ein røysta mot.

Benedikte Holmberg vart samrøystes kjend gild. Ho tok sete.

Det var 27 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Ordførar orienterte om saka og hadde ein gjennomgang av høgskulen sin framdriftsplan.

Ordføraren kom med fylgjande alternativt framlegg:

- 1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 21.09.16.*
- 2. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda, oppnemnd av formannskapet. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.*

Ordføraren bad om prøverøysting.

Prøverøysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå ordføraren, fekk tilrådinga frå formannskapet 0 røyster. Framlegget frå ordføraren fekk 27 røyster.

**Røysting:**

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå ordføraren, fekk framlegget frå ordføraren 27 røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster og fall.

## **Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016**

- 1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 21.09.16.*
- 2. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda, oppnemnd av formannskapet. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.*

### **Handsaming:**

Jørgen Amdam kom med slikt framlegg til nytt pkt. 4:

Andre avsnitt under pkt. 2 i intensjonsavtalen skal strykast.

*”Høgskulen sin andel er den dominerande i kino og kultursal/fleirbrukssalen (over 50 %).”*

### **Røysting:**

Det vart røysta punktvis over tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Jørgen Amdam.

Pkt. 1 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)

Pkt. 2 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)

Pkt. 1 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)

Pkt. 1 fekk sju røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Roald Espset, Dan Bjørneset og Erlend Krumsvik)

### **Tilråding i formannskapet - 20.09.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 10.09.16.*
- 2. Kommunestyret er innforstått med at intensjonsavtalen i alle høve innebere eit økonomisk ansvar innanfor ei ramme på kr 800 000. Nærare beløp vert å avklare med HVO og Statsbygg før ordføraren signerer avtalen. Det vert innarbeidd dekning for kommunen sin andel av planleggingskostnadene i komande budsjett og økonomiplan.*
- 3. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.*
- 4. Andre avsnitt under pkt. 2 i intensjonsavtalen skal strykast.  
”Høgskulen sin andel er den dominerande i kino og kultursal/fleirbrukssalen (over 50 %).”*

Ordføraren fekk permisjon og varaordførar Frida Sortehaug tok sete som ordførar.

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 10.09.16.*
- 2. Kommunestyret er innforstått med at intensjonsavtalen i alle høve innebere eit økonomisk ansvar innanfor ei ramme på kr 800 000. Nærare beløp vert å avklare med HVO og Statsbygg før ordføraren signerer avtalen. Det vert innarbeidd dekning for kommunen sin andel av planleggingskostnadene i komande budsjett og økonomiplan.*
- 3. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følger arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.*

### **Vedleggsliste:**

1. Framlegg til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune
2. Notat frå rådmannen til kommunestyret, datert 13.06.16.

### **Uprenta saksvedlegg:**

K-sak 122/15; Oppfølging av Campusprosjektet og prosjekt Voldahall.  
K-sak 82/15; Campusutviklingsprosjektet ved Høgskulen i Volda.

### **SAMANDRAG**

Styret for Høgskulen i Volda (HVO) har vedteke å forskottere kostnadene med skisseprosjekt for nytt mediebygg der kino/kultursal/fleirbrukslokale inngår. Kommunen er invitert til å ta del i dette planleggingsarbeidet. Dersom kommunen seier nei til dette, så vil kino/kultursalen/fleirbrukslokalet gå ut av planane. HVO vurderer nytt mediebygg som avgjerande for framtida til medieutdanninga i Volda. HVO har eit svært stramt tidsløp, og må ha eit nytt bygg ferdigstilt og innflyttingsklart til 1. januar 2021.

Kommunen står overfor større utfordringar på investeringssida dei komande åra. Kommunestyret må ta stilling til korleis ei deltaking i Campusutbygginga med kino og kultursal får for utvikling av Voldasamfunnet i det regionale perspektivet, og samtidig vere budde på å skaffe økonomisk handlerom for ei slik satsing.

### **SAKSOPPLYSNINGAR**



I januar 2016 fekk HVO utarbeidd eit programprosjekt med utgangspunkt i Campusrapporten der det vart trekt opp strategiar for utvikling av Campus i Volda. Programprosjektet vart presentert for kommunestyret 25.02.16 og ligg ute på HVO sine heimesider; <http://www.hivolda.no/neted/services/file/?hash=14230b794f2156256cc13d229d28968b>

Kommunestyret har vedteke at kommunen ynskjer å vere aktiv deltakar for oppfølging av strategien med å få bygt ut Campus med nytt mediebygg, jfr K-sak 82/15.

HVO har arbeidd vidare med planane og styret har gjort vedtak på å forskottere kostnadene med planlegging av dette nye bygget. Det er vurdert som avgjerande for medieutdanninga si framtid at ein får tidsmessige lokale for å vere ein attraktiv utdanningsinstitusjon og kunne konkurrere med dei andre medieutdanningane i landet.

Statsbygg har vore ein positiv aktør i Campusutviklingsprosjektet, og HVO har no sendt oppdragsbrev for å iverksetje arbeidet med skisseprosjekt. Prosjektet har også vore drøfta med Kunnskapsdepartementet som har gitt positive signal til planane.

Det vert synt til vedlagte notat til kommunestyret av 13.06.16.

HVO skal reforhandle alle leigeavtalene med Statsbygg med ny kontraktperiode frå 01.01.21. Dette er ein kritisk frist for å kunne ha eit nybygg realisert og teke i bruk. Dette inneber at arbeidet med skisseprosjekt må starte opp i haust. Leigevilkåra for bygningsmassen vil verte vesentleg lågare enn i dag, og HVO vil kunne skaffe seg økonomisk handlingsrom for å utvide leigearealet med eit nybygg. Toget for dette går no, og det må vere framdrift i planlegginga for at ein kan vere i posisjon til å gjere dette no. Staten har gitt positive signal. Korleis dette stiller seg etter 2021 og i lys av strukturreformene for høgskulane er høgst usikkert.

### **Intensjonsavtale**

Som kjent så inneheld den nemnde programskissa fleirbrukslokale der ein kan kombinere kino og kultursal med HVO sine bruksbehov. Leiinga ved HVO og kommunen har hatt drøftingar om intensjonsavtale der ein går vidare i samarbeid om planlegging av skisseprosjekt som eit grunnlag for seinare å ta endeleg avgjerd om realisering. Det vert synt til vedlagte utkast til intensjonsavtale. Sentrale hovudpunkt i avtalen er m.a:

- HVO er den dominerande parten i fleirbrukslokalet/kino og kultursal (over 50 %) Kvar prosentdelinga skal gå er noko partane må forhandle seg fram til. For kommunen er det nødvendig at det er føreseieleg at det ikkje overstig 50 %.
- Kommunen må garantere for ein rimeleg andel av planleggingskostnadene for fleirbrukslokalet/kino og kultursal. Dette vert utløyst dersom kommunen trekkjer seg frå prosjektet. Vert det realisert går dei samla planleggingskostnadene inn økonomien for totalprosjektet. I utkastet er dette grovt vurdert til inntil 20 % avgrensa oppover til kr 800 000. Dette må avklarast nærare med Statsbygg ved nærare utrekning av kommunen sin andel og lokalet sin del av det totale bygget.
- Det er ein intensjon å etablere eit eige driftsselskap som skal ha ansvar for den samla drifta av fleirbrukssalen/kino og kultursalen. Her har det vore dialog med Studentsamskipnaden der dei har signalisert positiv interesse i å delta i etablering av eit slikt driftsselskap.
- Avtalen ivaretek samordning i høve til andre prosessar som Ivar Aasen-bygget og planlegging av idrettshall.

Konseptet er basert på at Statsbygg byggjer. HVO leiger bygget av Statsbygg og skriv framleigeavtale med Volda kommune for den bruksdelen/-tida kommunen skal ha. Etter innkjøpsregelverket så vil slikt offentleg-offentleg samarbeid kunne gjerast utan konkurranse. Derimot må Statsbygg leggje det samla byggeprosjektet ut på konkurranse.

Skisseprosjektet skal avklare romprogram, funksjonalitet og investeringskostnad som grunnlag for leigekostnad overfor partane. I dag er det vanskeleg å skissere noko utover det som HVO grovt har gitt overslag på og referert til i nemnde notat til kommunestyret i juni, jfr notat datert 13.06.16.

### **Propellhallen**

Ei interessegruppe har vore i kontakt med kommunen om planar for å utvikle den tidlegare industrihallen (Propellhallen) i Volda sentrum til konsertsal. Hallen har ein unik klang og er særleg godt eigna til ulike type konsertar. Dette vil ikkje dekkje behovet for eit kulturhuskonsept. Interessegruppa har i møte med ordførar og rådmann uttrykt at dei ikkje vurderer dette som ei konkurranse til kultursalplanane på Campus, men som eit supplement. Interessegruppa arbeider vidare med sine planar overfor eigarane av Propellhallen og vil kome attende til kommunen for å drøfte ev sambruksgevinstar med kommunen. Frå kommunen har det vore signalisert at ein vil vere open for å vurdere om kommunen kan flytte aktivitet og frigjere økonomi ved å flytte eksisterande aktivitet til dette lokalet dersom dette er tenleg og realiserbart. I praksis vil det da innebere å flytte leigeutgifter frå ein stad til ein annan. Administrasjonen har signalisert at ein ikkje ser det som realistisk at kommunen driv fleire kulturbygg, og at kommunestyret må velje kva prosjekt ein vil satse på i kommunal regi.

### **Samfunnshuset**

Kommunestyret har vedteke at Volda samfunnshus går inn i EPC-programmet (energispareprogrammet) Dette inneber noko rehabilitering av lokalet både utvendig og innvendig, samt å gjere bygget meir energieffektivt og miljøvennleg. Bygget vil dermed framleis ha eit nostalgisk uttrykk frå 50-talet og samtidig kunne dekkje eit bruksformål for ein del grupper og vere eit lågterskeltilbod for organisasjonar som ikkje har økonomi til å leige dyrare lokale som t.d ein ev ny kultursal i nytt mediebygg på Campus.

## **VURDERING OG KONKLUSJON**

### **Sentralisering til byane - kva bør Volda sin strategi vere i ein slik situasjon?**

Høgskulen er svært viktig for regionen og for Voldasamfunnet. I nyare tid er det særleg medieutdanninga som har gitt HVO nasjonal merksemd. Denne utdanninga har får liten plass og lokale som er svært utilfredsstillande. Dei konkurrerande utdanningsinstitusjonane har satsa på tidsmessig lokale og infrastruktur for å stå sterkt i konkurransen om studentane og dei beste lærekreftene. Dersom ein ikkje nyttar høvet til å satse på tidsmessige lokale og tilrettelegging for denne utdanninga i Volda, så vil HVO tape i konkurransen. Midt opp i staten sin strukturpolitikk for høgskulane, så utset ein seg for større risiko dersom ein ikkje er med i kampen om statlege investeringskroner til å utvikle tidsmessige rammevilkår.

Rådmannen synest å sjå at landet er inne i eit svært viktig tidsskilje. Det vert større kamp mellom byane og distrikta. Dei lokalsamfunna som greier å omstille seg og frigjere handlingsrom til å ta større grep om samfunnsutviklinga vil truleg vere dei som står seg og får positiv utvikling med tilflot av kompetanse og innbyggjarvekst. Voldasamfunnet står midt oppe i dette no, og ei kvar prioritering som kommunen gjer får konsekvensar for fleire tiår framover i tid. Det er viktig å tenkje seg nøye om kva som er dei viktige grepa. Dei investeringane som kommunen gjorde for 10 - 15 år attende bind opp kommuneøkonomien i 25 - 30 år, og slik vil det alltid vere. Kommunen sitt økonomiske handlingsrom er i stor grad oppbunde i desentralisert tenestestruktur. Dersom kommunen skal gå tungt inn i kultursatsing som kino/kultursal og/eller idrettshall, så må det planleggjast for å frigjere økonomisk handlingsrom. Dette må sjåast i samanheng med økonomiprosessen der partigruppene gjennom ei politisk arbeidsgruppe gjennom analyser og dokumentasjon skal kome med forslag til strategiar og retning for utviklinga av kommunen i åra framover. Dette vert eit grunnlag for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplanen. Analysane viser at mykje av kommunen si drift er oppbunden i struktur som ikkje vert kompensert gjennom inntektssystemet. I prinsippet må kommunen derfor bruke eigedomsskatt for å oppretthalde tenestestrukturen. Dersom kommunestyret skal skaffe økonomisk handlingsrom og kunne bruke eigedomsskatten til samfunnsatsingar, så må ein om ca 4 år ha gjort noko med skule- og barnehagestrukturen. Dette er naturlegvis eit politisk val, og politisk er det naturleg gjenstand for å diskutere kva som er rett og ikkje. Frå rådmannen sin ståstad er det viktig å peike på kva konsekvensane vil verte dersom ein vel det eine eller det andre. I den sentraliseringa som no skjer, så må kommunestyret vurdere "kvar ein vil setje demninga", som ein journalist i Sunnmørsposten skreiv i ein kronikk frå nokre månader sidan. Med ein oppbunden økonomi er det krevjande for Volda kommune å gå tungt inn i samfunnsutviklingstiltak. Samtidig er vi no inne i eit tidsskifte der det vert viktigare enn nokon gong å vere tilretteleggjar for å auke attraktiviteten til Volda sentrum for å sikre arbeidsplassar og tilflytting. Det er viktig å spørje seg kva posisjon Volda skal ta i denne samanheng.

### **Volda ungdomsskule, idrettshall og svømmehall som dei tre store utfordringane**

Det er viktig å vere merksam på at Volda ungdomsskule må rehabiliterast, og i den samanheng bør ein også sjå utbyggingsplanen i samanheng med kva ein ser for seg som framtidretta organisering av ungdomssteget i kommunen.

Voldahallen må det også gjerast noko med. Det er nedsett ei arbeidsgruppe for å vurdere ulike alternativ. Dette kjem som eiga sak.

Volda kommune baserer symjeundervisninga på leigde lokale i Idrettsbygget. Statsbygg har levert ein teknisk rapport til HVO der det går fram at Idrettsbygget treng oppgradering i storleiken 50 - 80 millionar. HVO ynskjer dialog med kommunen om løysingar på dette. Rådmannen ser det som viktig at HVO, kommunen og idretten samarbeider om smarte løysingar på kort og lang sikt. Det vil alltid vere gevinstar ved sambruk. Idrettsbygget er eit gammalt bygg, og staten må vurdere investeringsnivået i dette bygget opp mot levetid og kor formålstenleg bygget vil vere. Det bør også vurderast om ein kan velje utbyggingsmodellar som t.d EPC for å redusere driftskostnadene slik at reduserte energiutgifter kan gå inn i finansieringa av ei ev rehabilitering. Den nye situasjonen aktualiserer i større grad at HVO bør inviterast inn i prosessen med idrettshall saman med idretten, fylkeskommunen og Volda kommune, iallfall med sikte på korleis ein kan sjå framtidige planløysingar i fleire byggjesteg for å ivareta behova på lang sikt for alle partar.

Sjølv om kommunen har svært store utfordringar framover, så er det også viktig å nytte dei sjansane som oppstår. Rådmannen vurderer det som unikt dersom ein kan få realisert ein kino- og kultursal der ein statleg institusjon tek halve kostnaden. Rådmannen vurderer dette som eit tog som går no, og stiller spørsmål ved om ein slik sjanse nokon gong kan kome att. Det vil både ha konsekvensar å ikkje vere med på ei slik satsing, samtidig som det har konsekvensar å for både tenestestruktur og kanskje også eigedomsskattenivået ved å gjere ei slik satsing. Rådmannen meiner det er viktig for utviklinga av Volda at kommunen nyttar dette høvet, og at ein i første omgang får utgreia innhaldet og kostnadene gjennom deltaking i skisseprosjektet.

Rådmannen vil rå til at planlegginga vert basert på ei balansering mellom eit lokale som har tilfredsstillande funksjonsnivå og økonomisk realisme. Rådmannen rår til at kulturlivet i Volda vert invitert inn i samarbeidet og tiltrer den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15, og som vert omdefinert som referansegruppe inn mot skisseprosjektarbeidet. Det har oppstått nye føresetnader sidan gruppa vart oppnemnt, slik at opprinneleg mandat ikkje lenger er like aktuelt, og gruppa sin funksjon kan dermed omdefinierast.

I høve samfunnsdelen i kommuneplanen, så kan ein referere til følgjande mål og strategiar:

#### **ATTRAKTIVITET (FOLK, NÆRING OG TRIVSEL)**

##### **MÅL:**

*Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda.*

##### **STRATEGIAR:**

Styrke samarbeidet mellom kommunen, høgskulen og næringslivet.

##### **MÅL:**

*Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad.*

##### **STRATEGIAR:**

Sikre høgskulen og sjukehuset som viktige arbeidsplassar og institusjonar for framtida.

Styrke Volda sentrum som regionalt handels-, bu-og næringssentrum.

##### **MÅL:**

*Volda sentrum skal vere eit levande midtpunkt i kommunen med attraktive møteplassar.*

##### **STRATEGIAR:**

Utvikle samarbeid med Volda Næringsforum, høgskulen, lag og organisasjonar om felles strategi for marknadsføring og aktivitetar gjennom året.

Arbeide for at "Campus HVO" vert ein integrert del av Volda sentrum.

#### **BUSETTING**

##### **MÅL:**

*Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet.*

##### **STRATEGIAR:**

Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle kompetansesarbeidsplassar innanfor privat og offentleg sektor.

Legge til rette for at innbyggjarar skal oppleve trivsel og tryggleik i kvardagen.

- Styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen.
- 

**MÅL:**

*Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18–30 år skal vere positivt.*

**STRATEGIAR:**

- 
- Ha eit variert utdanningstilbod og tilstrekkeleg med lærlingplassar.*
- Utvikle Volda til den beste studiebygda i landet, med stor kulturaktivitet og gode møteplassar med urbane kvalitetar i Volda sentrum.*
- Vidareutvikle Volda som ein attraktiv bukommune, i ein mangfaldig arbeidsregion.*
- 

**MÅL:**

*Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar.*

**STRATEGIAR:**

- Vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum med urbane kvalitetar.*
- Legge til rette for at Volda og Ørsta skal vere Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.*
- Styrke og vidareutvikle bu- og arbeidsregionen, og vidareutvikle samarbeidet med Ørsta.*
- Styrke næringslivet med vekt på innovasjon og gründerverksemnd, og vidareutvikle utdanningstilbodet i Volda-Ørsta.*
- Styrke samarbeidet mellom kommunen, høgskulen, sjukehuset og andre regionale funksjonar.*

**MÅL:**

*Bruke Volda-Ørsta sin kulturarv og identitet bevisst i arbeidet med å bygge regionsenteret.*

**STRATEGIAR:**

- 
- Nytte skulestaden Volda og Studiebygda i omdømebygging og marknadsføring i arbeidet med å vidareutvikle Volda-Ørsta som regionsenter.*

Rådmannen finn ikkje at prosjektet vil vere særleg relatert til dei andre temaområda i kommuneplanen. Når det gjeld tenester og økonomimål, så vil ei satsing på kultur gi ei enda større utfordring i høve målsettinga om resultatgrad på 1,75 % (netto driftsresultat i høve til samla inntekter).

**Økonomiske konsekvensar:**

Ved å godkjenne intensjonsavtalen vil kommunen verte ansvarleg for å dekkje sin del av planleggingskostnadene, stipulert til ei ramme innanfor kr 800 000. Dette kan dekkjast av ubunde driftsfond, men dekninga vert å kome attende til i budsjett- og økonomiplan.

Arbeidet med skisseprosjektet skal avklare innhald og kostnader og verte ein dokumentasjon for å ta avgjerd om ev deltaking for realisering. Pr tidspunkt veit ein ikkje meir enn dei grove kostnadsoverslaga som administrasjonen ved HVO gjorde til styret i juni i år der ein leigekostnad på kommunen er stipulert til ca kr 2,7 mill. Ein må rekne med at drifta av kultursalen ikkje går med overskot og kanskje må subsidierast. Vidare er det avgjerande om tapt husleige ved Ivar Aasenbygget vert kompensert ved annan bruk når HVO flyttar ut den aktiviteten dei har der i dag inn i nye lokale.

Kommunen har pressa drift og høg gjeld. Dersom kommunestyret ikkje opphevar vedtaket om å fjerne eigedomsskatten i 2019, så vil det ikkje vere rom for nye investeringar. Det gjeld alle investeringar. For å realisere nødvendige investeringar innanfor dei primære tenesteområda og ev deltaking i kino/kultursal og idrettshall, så må kommunen utnytte inntektpotensialet innanfor forsvarlege grenser og utnytte stordriftsfordelar i drifta.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen spesielle.

Rune Sjurgard  
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Høgskulen i Volda  
Studentsamskipnaden i Volda  
Økonomisjefen  
Servicesjefen  
Rådmannen



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Høgskulen i Volda

Boks 500  
6101 Volda

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2014/1913	9136/2015	A60	SVK/ US	01.09.2015

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - CAMPUSUTVIKLINGSPROSJEKTET VED HØGSKULEN I VOLDA**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 27.08.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 82/15, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda-sluttrapport- til vitende.***
- 2. Kommunestyret viser til høgskulestyret sitt vedtak i sak 43/15, møte 4.6.15, og signaliserer medverknad frå kommunen i prosessar i dei strategiar der dette er føresett. Kommunen ynskjer vidare å vere ein aktiv deltakar i høve strategi 1 og 4.***
- 3. Kommunestyret ser det som ynskeleg at Høgskulen inviterer kommunen og andre samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging. Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokaliserast til campusområdet. Eventuelle skisse til prosess med organisering og framdrift skal leggjast fram for kommunestyret som godkjenner kommunen si vidare deltaking i prosessen.***
- 4. Eventuelle planar om tiltak som vil krevje økonomisk deltaking frå kommunen si side må godkjennast av kommunestyret.***

Sakutgreiinga følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand  
sekretær

Kopi til:  
Rådgjevar Per Ernst Lundberg

---

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058886	Telefaks: 7005870170058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-------------------------------	---	----------------------------

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2014/1913
		Arkivkode:	A60

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
125/15	Formannskapet	18.08.2015
82/15	Kommunestyret	27.08.2015

## CAMPUSUTVIKLINGSPROSJEKTET VED HØGSKULEN I VOLDA

### *Handsaming i kommunestyret:*

Idar Flo, V, kom med fylgjande tilleggsframlegg som nytt pkt. 5:  
*Kommunestyret ser det som ynskjeleg at Campusutviklingsprosjektet blir samordna med arbeidet kring bygging av ny idrettshall.*

Håvard Strand reiste spørsmål om ugildskap dersom framlegget frå Idar Flo vart eit voringstema. Han er dagleg leiar i Volda Handball og er engasjert i saka om ny idrettshall. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

Idar Flo endra framlegget sitt til å lyde:  
*Kommunestyret ser det som ynskjeleg at Campusutviklingsprosjektet blir vurdert i samanheng med bygging av ny idrettshall.*

Røysting vedk. ugildskap:  
Håvard Strand vart kjend gild med 19 røyster. Seks røysta mot.  
Han tok sete.

Prøverøysting:  
Tilrådinga frå formannskapet fekk 25 røyster.  
Idar Flo sitt framlegg fekk åtte røyster. 17 røysta mot.

**Røysting:**  
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.  
Idar Flo sitt framlegg fekk 10 røyster og fall. 15 røysta mot.



### ***Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015***

- 1. Kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda-sluttrapport- til vitende.***
- 2. Kommunestyret viser til høgskulestyret sitt vedtak i sak 43/15, møte 4.6.15, og signaliserer medverknad frå kommunen i prosessar i dei strategiar der dette er føresett. Kommunen ynskjer vidare å vere ein aktiv deltakar i høve strategi 1 og 4.***
- 3. Kommunestyret ser det som ynskeleg at Høgskulen inviterer kommunen og andre samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging. Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokaliserast til campusområdet. Eventuelle skisse til prosess med organisering og framdrift skal leggjast fram for kommunestyret som godkjenner kommunen si vidare deltaking i prosessen.***
- 4. Eventuelle planar om tiltak som vil krevje økonomisk deltaking frå kommunen si side må godkjennast av kommunestyret.***

### ***Handsaming i formannskapet:***

Sakshandsamar Per Ernst Lundberg, var til stades under handsaminga av saka.

### ***Røysting:***

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### ***Tilråding i formannskapet - 18.08.2015 til kommunestyret:***

- 1. Kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda-sluttrapport- til vitende.***
- 2. Kommunestyret viser til høgskulestyret sitt vedtak i sak 43/15, møte 4.6.15, og signaliserer medverknad frå kommunen i prosessar i dei strategiar der dette er føresett. Kommunen ynskjer vidare å vere ein aktiv deltakar i høve strategi 1 og 4.***
- 3. Kommunestyret ser det som ynskeleg at Høgskulen inviterer kommunen og andre samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging. Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokaliserast til campusområdet. Eventuelle skisse til prosess med organisering og framdrift skal leggjast fram for kommunestyret som godkjenner kommunen si vidare deltaking i prosessen.***
- 4. Eventuelle planar om tiltak som vil krevje økonomisk deltaking frå kommunen si side må godkjennast av kommunestyret.***

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda-sluttrapport- til vitende.*
2. *Kommunestyret viser til høgskulestyret sitt vedtak i sak 43/15, møte 4.6.15, og signaliserer medverknad frå kommunen i prosessar i dei strategiar der dette er føresett. Kommunen ynskjer vidare å vere ein aktiv deltakar i høve strategi 1 og 4.*
3. *Kommunestyret ser det som ynskeleg at Høgskulen inviterer kommunen og andre samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging. Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokalisert til campusområdet. Eventuelle skisse til prosess med organisering og framdrift skal leggast fram for kommunestyret som godkjenner kommunen si vidare deltaking i prosessen.*
4. *Eventuelle planar om tiltak som vil krevje økonomisk deltaking frå kommunen si side må godkjennast av kommunestyret.*

**Vedleggsliste:**

1. Campusutviklingsplan for Høgskule i Volda – Sluttrapport
2. Høgskulestyret sine prioriteringar

**Uprenta saksvedlegg:**

F-sak 189/14, møte 21.10.14

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

[www.studiebygda.no](http://www.studiebygda.no)

**Samandrag av saka:**

Det vert rådd til at kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda-sluttrapport- til vitende, og at kommunen signaliserer aktiv deltaking i utvikling av høgskulen vidare.

**Saksopplysningar:**

Infrastrukturen har lenge vore eit problem for HVO. Skulen slit med både manglande areal og areal som i liten grad er tilpassa dagens krav og undervisningsformer. I etatsstyringsmøte med KD for eit par år sidan fekk skulen råd om gjere ein analyse av infrastrukturen før dei kunne kome tilbake for å diskutere mogelege planar om nybygg.

HVO bestemte seg for å gjennomføre eit campusutviklingsprosjekt og tok kontakt med Statsbygg, som har lang røynsle med å gjennomføre slike prosjekt. Statsbygg stilte med prosjektmedarbeidar. De vart etablerte ei styringsgruppe, engasjerte ein prosjektsekretær og tre arbeidsgrupper der aktuelle samarbeidspartar vart inviterte med i prosjektet. Prosessen starta med eit seminar oktober 2014 og vart avslutta med eit sluttmøte i april 2015 i samsvar med framdriftsplanen. Kommunen har vore representert i både styringsgruppa og arbeidsgrupper.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rapporten, som følgjer som *vedlegg 1*, gir eit godt grunnlag for utvikle campus i StudiebygdA til ein attraktiv studieplass i åra framover. I kapittel 6 er det gjort framlegg om ein god del strategiar og tiltak. Høgskulestyret har i sitt møte 4.6.15 vedteke ei liste over tiltak dei meiner er dei viktigaste å realisere, jfr. *vedlegg 2*. Når det gjeld framdrifta har dei tenkt at ikkje alt kan gjerast med ein gong.

Høgskulen i Volda er umåteleg viktig for Volda og regionen; skulen er ein stor arbeidsgjevar med over 300 høgt kvalifiserte medarbeidarar. Skulen har hatt ein sterk auke i studenttalet dei siste åra og har no nær 4000 studentar, av desse er om lag 2200 på campus. Møreforskning og studentsamskipnaden er også lokaliserte her som følgje av at HVO ligg i Volda. Samla generer dette ei omsetjing i regionen for om lag 650 million kroner. Dei mange kulturelle aktivitetane som har sitt utspring i høgskulen er med på å gjere regionen vår attraktiv.

Etablering av ulike firma innafor dei kreative næringane i samråd med Sunnmøre Kulturnæringshage AS, er anna døme på ”spin-off” frå dei ulike studieretningane ved skulen. Pr. i dag er det omlag 20 ulike bedrifter etablert, med bortimot 50 kompetansearbeidsplassar.

Gjennom StudiebygdA-prosjektet har ein igjen fått stadfesta kor viktig Høgskulen er i Volda-samfunnet. Konkret har den delen av prosjektet som gjeld Høgskulen og kommunen utvikla felles forståing av situasjonen og utfordringar når det gjeld utvikling av campus, og ein er no i overgangen frå avslutninga av prosjektet over på initieringsfasen på ein prosess for planlegging og utbygging for å utvikle høgskulen i kommunen og regionen. StudiebygdA-prosjektet vert no vidareført gjennom ein ”Partnerskapsavtale”, der føremålet er å ”*samarbeide om å utvikle og styrke Volda som ein attraktiv stad for utdanning og kompetanseheving*”, og der visjonen er : *StudiebygdA – ein møteplass for å dele og lære av kvarandre.* Samarbeidet i partnerskapen skal byggje på kjerneverdiane:

Samspel - Mangfald - Idéar - Læring (SMIL).

Rådmannen har tidlegare signalisert at Volda kommune bør vere interessert i ei nærare samarbeid med HVO når det gjeld planlegging av eit ”medieringsbygg”, jfr. strategi 1 og 4 i *vedlegg 2*. Kommunen bør på nytt signalisere interesse for deltaking i ein slik prosess, der det kan avklarast om kommunale tiltak kan sjå si løysing i eit slikt samarbeid/bygg. Sameleis stadfeste interesse for deltaking i strategiane 4 og 9: etableringa av kunnskapspark, og elles i dei strategiar der kommunen sin medverknad er ynskjeleg.

Bygging av nytt undervisningsbygg er først og fremst eit prosjekt i høgskuleregj. Kommunen kan delta som partner for å løyse ev kommunale og samfunnsmessige behov. Det er i rapporten peikt på kino og ev kulturanlegg. Dette må vurderast ut frå ein heilskapleg strategi og på nivå som er realistisk for kommunen å vere med på. Eventuell ombygging av Aasenbygget til kunnskapspark vil vere ei typisk partnerskapsprosjekt med kopling mellom offentlege og næringsliv.

Høgskulen må ha realisert sine utbyggingar innan 2020 når dagens leigeavtaler for høgskulen sine bygg går ut. Dette har samanheng med nye legevilkår og finansieringsordningar som kan nyttast gjennom Statsbygg. Det er derfor viktig med kontinuitet i prosessen. Rådmannen ser det ynskeleg at Høgskulen inviterer kommunen, Studentsamskipnaden og andre aktuelle samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging.

Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokaliserast til campusområdet.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Den nye folkehelselova pålegg kommunane å tenkje ”helse i alt vi gjer”. Eit godt samarbeid mellom kommune og HVO vil kunne vere med på å auke trivselen, ikkje minst for studentar og tilsette.

**Økonomiske konsekvensar:**

Vert å kome attende til i budsjett og økonomiplanar framover.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Fleire og betre bygg er eit gode for beredskapen.

Rune Sjurgard  
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Høgskulen i Volda  
Boks 500  
6101 Volda



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/1096

Arkivkode: 2016006

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
98/17	Formannskapet	13.06.2017
76/17	Kommunestyret	22.06.2017

### **PLANID 2016006 - DETALJREGULERINGSPLAN FOR SEVRINHAUGEN/DOKTORHAUGEN GBR 19/24 MF.L.**

#### **Handsaming:**

Sakshandsamar Per Heltne var til stades under handsaminga av saka.

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 8 røyster og vart vedteken, Øyvind Festø røysta imot.

#### **Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:**

*Detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 1.06.2017 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12.*

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 1.06.2017 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12.*

#### **Vedlegg:**

1. Reguleringsplankart, datert 1.06.2017.
2. Reguleringsføresegner, sist datert 1.06.2017.
3. Planomtale, sist datert 1.06.2017.
4. ROS-analyse, datert 5.9.2016.
5. Merknad frå Kommunalt råd for funksjonshemma, datert 24.10.2016.

6. Merknad frå NFU Ørsta Volda lokallag, datert 3.11.2016.
7. Merknad frå LLP, avd. Søre Sunnmøre, datert 10.11.2016.
8. Merknad frå Bjørn Sævik, datert 14.11.2016.
9. Brev frå Bjørn Sævik, registrert 5.1.2016.
10. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 11.11.2016.
11. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.11.2016.
12. Sak til formannskapet 20.9.2016, f-sak 155/16.
13. formannskapssak 29.11.2016
14. Kommunestyresak 177/16, 15.12.2016

### **Samandrag av saka:**

Framlegg til detaljreguleringsplan for området har blitt utarbeidd av Volda kommune med grunnlag i kommunedelplan for Volda sentrum.

Planarbeidet og prosess er gjennomført i samsvar med reglane i plan og bygningslova kap 12, fram til vedtak om offentleg ettersyn og søknad om rammeløyve for planlagde bustader .

Offentleg ettersyn vart gjennomført i perioden 30.09.2016 til 16.11. 2016.

Sak om vidare handsaming etter offentleg ettersyn vart fremja for Formannskapet for slutthandsaming til møte den 29.11.2016.

Saka vart tilrådd og sendt kommunestyret for handsaming.

Saka vart handsama i sak 177/16 den 15.12.2016.

Vedtak : *saka vert utsett.*

Bakgrunn for utsettingsvedtaket var m.a. at ein ynskte ny gjennomgang av planlagde bygg på området og eit nærare samråd med aktuelle bebuarar og deira familiar om utforming, og der også alternative lokaliseringar var nærare vurdert.

Eigedomsavdelinga og pleie og omsorgavd har i samråd med dei aktuelle pårørande kome til at utbygging på Doktorhaugen ut frå ei samla vurdeirng er mest tenleg ved at dette alternativet som raskast kan realiserast.

Det er også funne løysingar for auka bustadstorleik i samråd med partane.

Dette resultere i at det no vert lagt opp til 4 og ikkje som tidlegare 5 bustader innan planområdet.

Endeleg teikningar for justert byggeprosjekt er ikkje ferdige enno, og søknad om rammeløyve er trekt .(jf. tidlegare varsla samtidig handsaming av plan og byggesak).

Plandokumenta er justerte i høve til desse endringane.

For reguleringskart og føresegner medfører dette berre mindre endringar.

Justert plan datert 1.06.2017 vert tilrådd godkjent.

### **Saksopplysningar/fakta:**

Ein viser til tidlegare handsaming av regulerings-saka i formannskapet den 29.11.2016 og i kommunestyret den 15.12.2016.

Kommunestyret gjorde fylgjande vedtak: ***Saka vert utsett.***

Tilrådinga frå formannskapet var slik:

1. *Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.*

*Dette er eit enkeltvedtak, som kan pålagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.*

2. *Kommunestyret vil kome attende med eiga sak før utbygging av området.*

Ein la gjennom slikt framlegg til vedtak opp til at reguleringsplanen kunne vedtakast, medan ein kunne ta att sjølve utbyggingssak på området seinare, etter betre avklaring med mellom eigedomsavd/Pleie og omsorg og dei aktuelle bebuarar/pårørande.

Det har slik ein forstår i etterkant vore ein god dialog i høve bygging av slike bustader. Alternativ lokalisering og utbyggingsformer har vore vurdert.

I notat datert 25.04.2017 frå Egedomsavdelinga i kommunen heiter det såleis:

### **"REGULERING - DOKTORHAUGEN**

*Det er fleire vaksne funksjonshemma som har behov for eigen bustad. Det er avsett midlar i budsjettet for bygging av 5 bustader. Desse har vore planlagt lokalisert til Doktorhaugen. Reguleringsplan for området vart utsett i kommunestyret i K-sak .... ut frå at det var behov for nærare avklaring rundt lokaliseringa. Det har vore nytt møte med alle pårørande til stades for å målbære borna deira sine behov og ulike alternativ for lokalisering av bustadene.*

*Alternativa til lokalisering til Doktorhaugen kan vere:*

- kommunen erverver tomt og byggjer bustader*
- kommunen gjennomfører konkurranse for kjøp av bustader*

*Alternativet med erverv av tomt vil ta tid med ervervsprosess, regulering mv. Det er usikkerheit knytt til om det er eigna tomt å oppdrive i rimeleg nærleik til tenestebase. Alternativet med konkurranse og kjøp av leilegheiter/bustader vil også ta tid. Ein vil ha mindre styring med prosjektet når det gjeld lokalisering utover grense for geografisk omkrins frå tenestebase. Dette inneber at alle forhold må vere avklart gjennom kontrakt med private.*

*Det vert lagt vekt på å finne løysingar som brukarar/pårørande kan samle seg om, og som samtidig legg til rette for at kommunen kan yte gode og effektive tenester.*

*Etter ei samla vurdering var Doktorhaugen det alternativet som dei pårørande samla seg om, då dette er det raskaste alternative for å føre opp nye omsorgsbueiningar. I dialog med dei pårørande kom ein fram til ein konklusjon ved å føre opp 4 bueiningar i staden for 5. Dei pårørande er med i den nye prosjekteringsfasa ved omteikning til 4 bueiningar, og er med på å påverke disponeringa av buarealet. Bueiningane og avstand til nabotomt vert større, samt bebygd areal på tomt vert noko mindre.*

*Det er med dette grunnlag for å leggje fram reguleringsplanen for slutthandsaming. Det er viktig å få framdrift i prosessen, og samtidig sikre god dialog i planlegginga mellom prosjektleiing, arkitekt og brukarar/ pårørande."*

Med grunnlag i dette vurderer administrasjonen at det er grunnlag for fremjing av reguleringssaka for slutthandsaming.

Det er også i denne prosessen funne løysingar for auka bustadstorleik i samråd med partane. Dette resultere i at det no vert lagt opp til 4 og ikkje som tidlegare 5 bustader innan planområdet.

Endelegte teikningar for justert byggeprosjekt er ikkje ferdige enno, og søknad om rammeløyve er trekt .(jf. tidlegare varsla samtidig handsaming av plan og byggesak).

I justert planomtale har vi teke inn dei førebels utarbeidde planteikningar for no aktuell utbygging på området.

Dette vil no ikkje vere ein juridisk bindande del av plan, men vil bli byggesøkt som eiga sak.



### Gjennomført planprosess

Det vart halde oppstartsmøte på Volda rådhus 28.6.2016. På møtet drøfta ein avgrensing av planområdet, konsekvensutgreiing, ROS mm. Føresetnader for det vidare arbeidet var også tema. Planarbeidet blei varsla igangsett ved annonse i avisa Møre 2.7.2016, og informasjon på kommunen si heimeside. Høyringsinstansane, grunneigarar og naboar vart varsla med eige brev, datert 29.6.2016. Frist for å kome med innspel til planarbeidet var sett til 22.8.2016. Det kom inn 6 innspel i samband med varsel om oppstart av planarbeidet.

Formannskapet vedtok i møte 20.9.2016 (f-sak 155/16), å leggje forslag til detaljreguleringsplan ut til offentleg ettersyn. Frist for å kome med innspel til planforslaget var sett til 16.11.2016.

### Felles plan og byggesak

Kommunen har tidlegare lagt til rette for felles plan- og byggesak i samsvar med plan- og bygningslova, § 1-7 (jf. § 12-15 og § 21-4). På grunn av uvisse knytt til utforming av forprosjektet, er det ikkje lenger føremålstenleg med felles plan- og byggesak. Søknad om rammeløyve er såleis trekt.

Dette medfører ikkje endringar i plankart.

### Merknader i samband med offentlig ettersyn

I samband med offentlig ettersyn kom det inn 6 merknader til planforslaget.

Kommunalt råd for funksjonshemma (datert 24.10.2016), stiller spørsmål ved om det er vurdert andre tomter for lokalisering av bustadene. Dei viser til kommunale tomter på Bratteberg og Rotset (Bømarka). Rådet gir klart uttrykk for at dei meiner det er uheldig med fortetting av bustader på Sevrinhaugen/Dokterhaugen. Ei utbygging som skissert vil kunne gi eit institusjonsprega bumiljø. Rådet hevdar leilegheitene er små og lite eigna for rullestolbrukarar.

### Kommentar:

Eigedomsavdelinga har i samarbeid med omsorgsavdelinga vurdert fleire lokalitetar med omsyn til plassering av omsorgsbustadane, deriblant ei kommunal tomt på Bratteberg. Alternativa vart lagt fram for dei pårørande, som gjekk for Dokterhaugen. Dokterhaugen er sentrumsnært med kort veg til offentlig kommunikasjon.

Det er også kort veg til butikkar og andre sentrumsfunksjonar. Dei pårørande la vekt at området framstår som eit trygt nabolag, med kort veg til offentlege døgntenester. Brukarane av bustadane har ikkje bil, og det vil vere positivt for dei å ha kort veg til funksjonar i sentrum.

Nemnde tomteareal på Rotset (Bømarka) er i kommunedelplan for Volda sentrum, lagt ut som utvidingsareal til Bømarka barnehage.

Tomta på Bømarka ligg vesentleg lenger vekk frå sentrum. Det er også lenger avstand til offentlege døgntenester. Arealet på Bømarka er i privat eige og ikkje regulert til bustadføremål. Kommunen held fast ved at ein i alle høve har behov for å sikre areal for utbygging av omsorgsbustader ved Sevrinhaugen/Dokterhaugen.

Kommunen bør vurdere om ein i kommuneplanssamanheng skal sikre seg arealet ved Bømarka.

Råd for funksjonshemma har vore involvert i prosessen. I tillegg har det vore fleire møte (individuelle og felles) med pårørende til dei som har søkt om kommunal bustad. Planmynde har utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan etter tinging frå Egedomsavdelinga. Ein føreset at prosjektet tilfredsstiller krav til universell utforming. Eg viser elles til notat datert 25.04.2017 frå egedomsavdelinga.

Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) Ørsta Volda lokallag, datert 3.11.2016, meiner det er uheldig at Volda kommune planlegg ytterlegare fortetting av omsorgsbustader. Dei viser til at det er i strid med nasjonale føringar. Samstundes oppfordrar lokallaget kommunen til å tenkje langsiktig. Laget slår fast at det vil vere behov for meir sentrumsnære areal for bustader til menneske med nedsett funksjonsevne i framtida. Laget oppfordrar kommunen til å vurdere alternativ lokalisering for prosjektet. NFU stiller spørsmål ved om kommunen har kvalitetssikra planløysinga for bustadane. Gnr. 19, bnr. 24, bør etter NFU si vurdering liggje som grøntareal for dei som bur i området.

Kommentar:

Det vert vist til kommentar til merknadene ovanfor. Det er behov for areal til sentrumsnære omsorgsbustader i dag. Difor er det viktig å få på plass detaljreguleringsplan som mogleggjer bygging av slike bustader.

Eg viser elles til notat datert 25.04.2017 frå egedomsavdelinga.

Landsforeningen for pårørende innen psykisk helse, (LLP), datert 10.11.2016, meiner det er uheldig å fortette ytterlegare i området ved Sevrinhaugen/Dokterhaugen. Dei viser til at det er i strid med nasjonale føringar. LLP hevdar dei prosjekterte bustadane er små og at dei neppe oppfyller krava til areal for bruk av t.d. rullestol (jf. universell utforming). LLP meiner gnr. 19, bnr. 24 bør nyttast til aktivitets- og friluftstad for større trivsel for dagens bebuarar. Avslutningsvis oppmodar LLP Volda kommune å gå i dialog med tomteeigar/ev. utbyggjar, og byggje dei nye bustadane på Bømarka.

Kommentar:

Det vert vist til kommentar til merknad frå kommunalt råd for funksjonshemma ovanfor.

Eg viser elles til notat datert 25.04.2017 frå egedomsavdelinga.

Adv. Hove & Co på vegne av Bjørn Sævik, datert 14.11.2016, viser innleiingsvis til klagen hans på Volda kommune sitt rammeløyve (juni 2016) og merknader i samband med oppstart av reguleringsplanarbeidet (august 2016). Hove held fast ved klagen på rammeløyve og merknadene datert 24. august 2016.

Hove viser til kommunen si saksutgreiing ved utlegging til offentleg ettersyn (sak 155/16), der kommunen la til grunn at kommuneplanen sin arealdel, vedteken 18.6.2009, gjeld framom reguleringsplan for Fjordsynområdet (godkjent 30.3.2000). Hove hevdar at dette er stikk motsatt konklusjon i forhold til det ein annan klient av han formidla som syn/konklusjon frå Volda kommune si side, ein annan stad i kommunen, det plantilhøvet er tilsvarande.

Hove held fram og held fast ved at framlegget til reguleringsplan råkar eit friområde/fellesareal underlagt RPR FOR-1995-09-20-4146, jf. for eksempel pkt. 5d og 5b, samt merknader datert 24. august. Det vert også vist til Rundskriv T-1513. Hove meiner arealet er uerstatteleg og at det ikkje kan fjernast utan at det vert kompensert med fullverdig

erstatningsareal. Hove slår fast at det ikkje er vist erstatningsareal og at kommuneplanen sin arealedel er underlagt same rettsreglar som reguleringsplan.

Hove meiner eigedommen til Sævik vil miste sollys (ettermiddagsol) på sentral uteplass mot vest. Vidare vil utsikten frå hovudvindaug i huset bli sterkt redusert, og utsikten frå stovevindaug vil bli bakveggen på bodene i prosjektet. Hove informerer om at Sævik sin veletablerte uteplass, vert liggjande heilt inntil omsorgsbustadane sin uteplass. Hove meiner det er uheldig, og at planar skal løyse konflikter og ikkje skape konflikter.

Hove informerer om at det går ein fjellrygg i bytet mot bnr. 25, som det må sprengast i. Sævik lurar på korleis dette er tenkt gjort utan at fjellet på nabotomta i aust vil sprekke. Sævik er uroa for at det vil verte vanskeleg å plante vegetasjon som skjerm mot nabotomta, på grunn av for lite rotfeste for vestleg vind.

Sævik meiner skisserte utbygging på Sevrinhaugen/Dokterhaugen, vil føre til eit konsentrert og stort institusjonsområde, som vil vere mindre tenleg for brukarane.

Hove slår fast at avstand frå nabogrense (bnr. 25) er langt under 4 meter. Hove hevdar det ikkje er grunnlag for slik avstand og at det ikkje vert akseptert. Sævik sin advokat påpeikar vidare at skisserte omsorgsbustader ikkje er i samsvar med § 2.1 a i forslag til reguleringsføresegner for området. Sævik meiner bygningane bryt med byggeskikken i området.

Advokat Hove viser til Bjørn Sævik sitt brev til Volda kommune 31. desember 2015, og ber om at det vert ein del av merknaden frå Sævik.

---

#### Kommentarar:

Kommunen har ingen kommentar til Hove sin påstand om forskjellshandsaming, då det ikkje er konkretisert kva saka gjeld, og vi såleis ikkje har konkret kjennskap til saka.

Volda kommune held fast på vurderinga som vart gjort i saksutgreiinga til formannskapet i sak 155/16.

For ordens skuld tek vi med vurderinga frå saka ved utlegging til offentleg ettersyn.

Sitat frå sak 155/16:

*«Planområdet er i kommunedelplan for Volda sentrum (godkjent 18.6.2009) lagt ut til offentleg bygning (O5) og bustad.*



Utsnitt frå kommunedelplan for Volda sentrum

*I reguleringsplan for Fjordsynområdet (godkjent 30.3.2000) er området lagt ut til byggjeområde, eldre-, omsorgsbustader (OB2) og offentlig friområde.*



Utsnitt frå reguleringsplan for Fjordsynområdet

*Det er kommuneplanen sin arealdel som gjeld for gnr. 19, bnr. 24. Noko som inneber at gnr. 19, bnr. 24 er lagt ut til bustadføremål. Det er difor ikkje formelt sett krav om erstatningsareal for friområde».*

Til grunn for vurderinga låg at dersom det er motstrid mellom formål i planar, er det sist vedtekne plan som gjeld. Gnr. 19, bnr. 24 er lagt ut til bustadføremål og ikkje friområde. Det er difor ikkje formelt sett krav om erstatningsareal no. Eventuelt krav om erstatningsareal skulle vore framstilt i samband med omdisponering av arealet frå friområde til bustad i samband med kommunedelplan for Volda kommune i 2009.

I nærområdet er det fleire areal til leik/friområde. Øyra barnehage og Engeset barnehage like ved, er mykje nytta areal til leik og opphald for dei som bur i nærområdet, og for andre som sykklar/går/køyrer til desse områda. Det er elles kort veg til park og leikeareal ved Samfunnshuset, Rådhuset og til ballplassane ved vidaregåande skule og høgskulen/Øyra skule.

Det er i reguleringsplanforslaget lagt til rette for oppføring av bygningar med mønehøgd inntil 5.5 meter og gesimshøgd inntil 3 meter. Grad av utnytting er sett til 40 % BYA. Det er snakk om relativt låge bygningar samanlikna med dei generelle reglane i plan- og bygningslova sin § 29-4, der det er lagt til rette for oppføring av bygg med maksimum gesimshøgd 9 meter og maksimum mønehøgd 8 meter. Det er også vesentleg lågare enn vanleg møne- og gesimshøgd i dagens reguleringsplanar for bustadområde.

Tap av sol, utsikt og avstand til uteplass er etter kommunen si vurdering ikkje meir enn det ein i dag normalt finn i bustadfelt i tettbygd strøk. Kommunen kan ikkje sjå at naboen vert påført ulemper som overskrir kva ein kan forvente ved fortetting i sentrum av Volda.

Volda kommune føreset at grunnarbeidet på gnr. 19, bnr. 24, vil bli gjennomført på ein forsvarleg måte.

Når det gjeld avstand til nabogrense, vert det vist til plan- og bygningslova sin § 29-4, sitat: «Hvis ikke annet er bestemt i plan etter kapittel 11 eller 12, skal byggverk ha en avstand fra nabogrense som angitt i forskrift eller som minst svarer til byggverkets halve høyde og ikke under 4 meter».

Plan- og bygningslova slår fast at reguleringsplan kan fastlegge kortare avstand til nabogrense.

Paragraf § 2.1 i forslag til reguleringsføresegner har slik ordlyd, sitat:

*«§ 2.1 Fellesføresegner*

*a) Bygningar skal plasserast innanfor byggegrensene vist i plankartet. Plankart og føresegner er bindande for plassering og utforming av bygningar og vegsystem. Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygg/anlegg. Ved søknad om byggjeløyve skal det ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.»*

Søknad om rammeløyve er som nemnt trekt ogein finn ut frå dette ikkje grunn til å gå vidare inn på tilhøva til tidlegare byggesak.

Kommunen meiner omsyn til utforming og materialbruk er tilfredsstillande teke omsyn til i føresegner til plan, og noko som ein vil kome attende til ved byggesøknad som no vert eiga sak med tilhøyrande nabovarsling.

Ein viser elles til at gjeldande byggegrenser i plan er i samsvar med dei generelle reglane i PBL §29-4.

Momenta framført i brev av desember 2015, er etter kommunen si vurdering presentert og kommentert tidlegare i denne saka, og vert såleis ikkje nærare kommentert her. Brevet er lagt ved for ordens skuld.

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRF), datert 11.11.2016, rår til at felles utomhus opphaldsareal blir sikra opparbeidd gjennom rekkjefølgjeføresegner. MRF informerer om at kulturavdelinga har gjennomført arkeologisk registrering i området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

Kommentar:

Opparbeiding av felles utomhusareal vert sikra ved at reguleringsføresegnene får følgjande tilføyning: *«§ 3.1. Felles utomhus opphaldsareal. Felles utomhus opphaldsareal for o\_BKB2 skal opparbeidast samstundes med oppføring av omsorgsbustadene.»*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.11.2016, har ingen merknader til planforslaget.

---

### **Vurdering:**

Volda kommune har overordna behov for å leggje til rette for utbygging av tenester for høgare omsorgsnivå nær sentralbasen ved Omsorgssenteret. Dokterhaugen er ei tomt eigd av kommunen og ligg nær til dei øvrige omsorgstenestene.

Volda kommune har behov for nye bustader for personar med utviklingshemming. Bygging av bustadane er fastlagt gjennom Omsorgsplanen 2014-2017, og ligg inne i gjeldande økonomiplan. Planframlegget legg til rette for at det kan byggjast inntil 4 bustader.

Gjennom ulik vurdering av moglege tomter, er det konkludert med at det er ønskeleg med ei samlokalisering av bustadane. Lokaliseringa på Dokterhaugen er gunstig med tanke på å utnytte felles ressursar for bemanning på Fjordsynområdet, og lokalisering i forhold til Volda sentrum.

Føremål med planarbeidet er å leggje til rette for bygging av fem bueiningar for menneske med psykisk funksjonshemming på gnr. 19, bnr. 24.

Eigedomsavdelinga har i samarbeid med omsorgsavdelinga vurdert fleire lokalitetar med omsyn til plassering av omsorgsbustadene. Etter samråd med potensielle brukargrupper, vart Sevrinhaugen/Dokterhaugen valt som lokalitet. Råd for funksjonshemma har vore involvert i prosessen. Det har og vore, både felles og individuelle møte med dei pårørande til dei som har søkt om kommunal bustad.

Ein viser elles til konklusjon i notat datert 25.04.2017.

#### Barn og unge

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon. I nærområdet er det fleire areal til leik/friområde. Øyra barnehage og Engeset barnehage like ved er mykje nytta areal til leik og opphald for dei som bur i nærområdet, og for andre som sykklar/går/køyrer til desse områda. Det er elles kort veg til park og leikeareal ved Samfunnshuset, Rådhuset og til ballplassane ved vidaregåande skule og høgskulen/Øyra skule.

#### Naturmangfald

I samband med utarbeiding av plan er det gjennomført ein sjekk i Naturbasen til Miljødirektoratet og Artsdatabanken. Det er ikkje registrert artar eller naturtypar i planområdet. Etter kommunen si vurdering medfører ikkje planframlegget negative konsekvensar i høve til naturverdiar/naturmangfald.

#### ROS

Det er gjennomført ei generell ROS-analyse. Ein kjenner ikkje til at det er særskilte moment som medfører risiko eller sårbarheit.

#### **Konklusjon:**

Som det går fram av saksutgreinga ovanfor, har kommunen vurdert alternativ til lokalisering og alternative utbyggingsmodellar.

Kommunen har valt Sevrinhaugen/Dokterhaugen, med bakgrunn i at det er ønskjeleg med ei samlokalisering av bustader. Lokaliseringa er gunstig i høve til utnytting av felles ressursar for bemanning på Fjordsynområdet. Med omsyn til at brukarane ikkje disponerer bil, er det ein fordel at det er kort veg til ulike funksjonar i Volda sentrum.

Kommunen legg til grunn at omsorgsbustadane skal tilfredsstillere krav i høve til universell utforming, jf føresegnene til plan. Volda kommune har stor trong for sentrumsnære omsorgsbustader. Forslag til detaljreguleringsplan legg til rette for ei god og kostnadseffektiv utnytting av arealet på gnr. 19, bnr. 24.

Denne saka omhandlar regulering der ein fastset arealformålet og rammevilkåra for seinare utbygging. For kommunen er det overordna viktig at dette sentrale området ved sentralbasen for omsorgstenestene i kommunen vert sikra til omsorgsformål.

At ein gjennom prosess mot med pårørande til brukarane i den konkrete saka om bustader til vaksne funksjonshemma også no har konkludert med at dette er den mest tenlege, og raskast gjennomførbare alternativ er positivt.

jf notat datert 25.04.2017.

**Tilråding:**

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, til at kommunestyret godkjenner detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl. med tilhørende reguleringsføresegner.

Plandokumenta er justerte i høve til desse endringane.

For reguleringskart og føresegner medfører dette berre mindre endringar.



## VOLDA KOMMUNE

Rune Sjurgard  
Rådmann

Jørgen Vestgarden  
utviklingsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Sektor Utvikling for kunngjering av planvedtak:

**kopi:**

- Eigedom ved Jeanette Brandal / Kjell Magne Rindal.

**Klageinstans:**


Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.





# VOLDA KOMMUNE

## PLANOMTALE



DETALJREGULERINGSPLAN FOR SEVRINHAUGEN/DOKTERHAUGEN, GNR.  
19, BNR. 24 MFL. I VOLDA KOMMUNE

# Innholdsliste

Innholdsliste.....	- 2 -
1 Innleiing .....	- 4 -
1.1 Bakgrunn.....	- 4 -
1.2 Føremål med planarbeidet .....	- 4 -
1.3 Tiltakshavar, eigarforhold.....	- 4 -
1.4 Vurdering av konsekvensutgreiing .....	- 4 -
1.5 Felles plan og byggesak.....	- 4 -
2 Planprosess.....	- 5 -
2.1 Oppstartsmøte .....	- 5 -
2.2 Forvarsling .....	- 5 -
3 Planstatus.....	- 6 -
3.1 Kommuneplan/kommunedelplan.....	- 6 -
3.2 Reguleringsplan .....	- 6 -
4 Skildring av planområdet .....	- 7 -
4.1 Lokalisering.....	- 7 -
4.2 Avgrensing av planområdet .....	- 7 -
4.3 Dagens arealbruk.....	- 8 -
4.4 Staden sin karakter .....	- 9 -
4.5 Kulturminne og kulturmiljø.....	- 9 -
4.6 Rekreasjonsverdi, uteområde, barn og unge sine interesser .....	- 10 -
4.7 Trafikkforhold .....	- 10 -
4.8 Teknisk infrastruktur.....	- 10 -
4.9 Grunnforhold .....	- 11 -
4.10 Støy.....	- 11 -
4.11 Luftforureining .....	- 11 -
5 Skildring av planlagde omsorgsbustader .....	- 12 -
5.1 Prosess .....	- 12 -
5.2 Omsorgsbustadane.....	- 12 -
6. Skildring av reguleringsplanforslaget.....	- 14 -
6.1 Planlagt arealbruk .....	- 14 -
6.2 Reguleringsføremål.....	- 14 -
6.3 Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar.....	- 14 -
7 Verknader / konsekvensar av planframlegget.....	- 15 -
7.1 Overordna planar .....	- 15 -
7.2 Landskap, staden sin karakter og estetikk .....	- 15 -
7.3 Konsekvensar for naboar .....	- 15 -
7.4 Kulturminne og kulturmiljø.....	- 15 -
7.5 Naturverdiar og naturmangfald .....	- 15 -
7.6 Barn og unge sine interesser .....	- 15 -
8 Risiko og sårbarheit, ROS .....	- 16 -
8.1 Rasfare .....	- 16 -
8.2 Flaumfare.....	- 16 -
8.3 Vind.....	- 16 -

8.4 Støy.....	- 16 -
8.5 Luftforureining .....	- 16 -
8.6 Grunnforhold .....	- 16 -
8.7 Forureining i grunnen .....	- 16 -
8.8 Radon .....	- 16 -

Vedlegg:

- ROS-skjema

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Volda kommune har behov for fem nye bustader for personar med utviklingshemming. Bygging av bustadane er fastlagt gjennom Omsorgsplanen 2014-2017, og ligg inne i gjeldande økonomiplan.

Gjennom ei vurdering av moglege tomter, er det konkludert med at det er ønskeleg med ei samlokalisering av bustadane. Lokaliseringa på Dokterhaugen er gunstig med tanke på å utnytte felles ressursar for bemanning på Fjordsynområdet, og lokaliseringa i forhold til Volda sentrum.

## 1.2 Føremål med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for bygging av bueiningar for menneske med psykisk funksjonshemming på gnr. 19, bnr. 24. Reguleringsplanen vert fremja som detaljplan, jf. Plan- og bygningslova § 12-3.

## 1.3 Tiltakshavar, eigarforhold

Volda kommune, ved teknisk sektor – eigedom er tiltakshavar. Planarbeidet vert utført av Sektor for Utvikling.

Følgjande eigedommar inngår i reguleringsplanen:

Gnr./bnr.	Heimelshavar
18/117 og 293 19/24	Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda
18/163	Stine Skjemstad, Mælan 22, 7374 Røros Festar : Volda og Dalsfjord velferdslag

## 1.4 Vurdering av konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagt utbygging ikkje får vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Planprogram og/eller konsekvensutgreiing er ikkje nødvendig i denne saka. Verknader av planen skal likevel skildrast i planomtalen, jf. Pbl. § 4-2.

## 1.5 Felles plan og byggesak

Ved planoppstart var det, etter som det då låg føre forprosjekt for 5 nye bustadar på området, tenkt å legge fram felles plan- og byggesak, i samsvar med plan- og bygningslova, § 1-7 (jf. § 12-15 og § 21-4). Det inneber då at plan- og byggesaka kunne bli varsla samstundes, og at kommunen kunne fatte vedtak i byggesak like etter planvedtak.

Etter gjennomført offentleg ettersyn har ein kome fram til at utbyggingsprosjektet må endrast. I samråd med aktuelle bebuarar er tal einingar på området redusert til 4 og storleiken på kvar av desse er auka.

Endeleg teikningar/prosjektering for nye bustader er ikkje ferdig utarbeidd, så plan vert no vidareført som ei rein plansak. Byggesøknad vert så å fremje som eiga sak når plan er godkjent.

Vedlagt situasjonsplan for bustader er justert til samsvar med nytt planlagt utbyggingsvolum, men er berre illustrasjon til plan, ikkje juridisk bindande del av plan.

## **2 Planprosess**

### **2.1 Oppstartsmøte**

Det vart halde oppstartsmøte på Volda rådhus 28.6.2016. På møtet drøfta ein avgrensing av planområdet, konsekvensutgreiing, ROS mm. Føresetnader for det vidare arbeidet var også tema.

### **2.2 Forvarsling**

Planarbeidet blei varsla igangsett ved annonse i avisa Møre 2.7.2016, og informasjon på kommunen si heimeside. Høyringsinstansane, grunneigarar og naboar vart varsla med eige brev, datert 29.6.2016. Frist for å kome med innspel til planarbeidet var sett til 22.8.2016. Det kom inn 6 innspel i samband med varsel om oppstart av planarbeidet.

## 3 Planstatus

### 3.1 Kommuneplan/kommunedelplan

Området er i kommunedelplan for Volda sentrum (godkjent 18.6.2009) lagt ut til offentlig bygning (O5) og bustad.



Utsnitt fra kommunedelplan for Volda sentrum

### 3.2 Reguleringsplan

I reguleringsplan for Fjordsynområdet (godkjent 30.3.2000) er området lagt ut til byggeområde. Eldre-, omsorgsbustader (OB2) og offentlig friområde.




Utsnitt fra reguleringsplan for Fjordsynområdet

Etter kommunen si vurdering gjeld kommuneplanen sin arealdel framom reguleringsplanen i området.

## 4 Skildring av planområdet

### 4.1 Lokalisering


Planområdet ligg i Volda kommune, nærare bestemt på nedre Egset. Planområdet ligg i kort avstand til funksjonar i Volda sentrum. (butikk, legesenter, bibliotek, rådhus m.v innan ein radie på 300 m.



Lokalisering av planområdet

### 4.2 Avgrensing av planområdet

I nord grensar planområdet til Sevrinhaugen. I aust grensar området til Engesetvegen og frittliggjande bustadeigedomar. I vest og sør grensar området til frittliggjande bustadeigedomar.




Avgrensing av planområdet

Heile planområdet er på ca. 6 daa. Nytt byggeareal i plan utgjer ca.1.3daa.



### 4.3 Dagens arealbruk

Det meste av planområdet er utbygd med låge ein etasjes bygg, med unntak av parsell 19/24, som i dag er ubebygd. Bygningane innanfor området har funksjon som omsorgsbustader for ulike grupper.



Flyfoto som viser området



Delar av Sevrinhaugen bufellesskap sett frå vegen Sevrinhaugen



Gnr. 19, bnr. 24 h yrde tidlegare til gnr. 19, bnr. 837. Eigedommen består av gammel grasmark, gamle frukttre og ein del lauvtre.



Delar av gnr. 19, bnr. 24 (huset p  gnr. 19, bnr. 743 i bakgrunnen)



Delar av gnr. 19, bnr. 24 sett i retning av Sevrinhaugen bufellesskap

#### **4.4 Staden sin karakter**

Terrenget er relativt flatt. Tomta ligg vendt mot s r. Omr det har god tilgang til sol. Det er vegtilkomst til omr det via tilkomstvegen til Sevrinhaugen bufellesskap.

#### **4.5 Kulturminne og kulturmilj **

Etter det kommunen kjenner til er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller andre s rskilte registreringar innanfor planomr det. I samband med offentlig ettersyn er det av M.R. Fylkeskommune gjennomf rt registrering p  omr det utan funn. jf fr segn datert 11.11. 2016.



#### 4.6 Rekreasjonsverdi, uteområde, barn og unge sine interesser

Arealet har ikkje vore nytta som leikeplass eller friområde på mange år. Det er ikkje teikn på tomte som tyder på at området vert nytta til rekreasjon eller lek i dag. Området er dels attvakse.

#### 4.7 Trafikkforhold

Tilkomst til planområdet skal vere frå gata -Sevrinhaugen, med felles tilkomstveg som for Sevrinhaugen bufellesskap.




Tilkomstvegen mellom Sevrinhaugen 3 og 5

#### 4.8 Teknisk infrastruktur

##### 4.8.1 Vatn og avløp


Vatn, avløp og overvatn skal kunne knytast til offentleg leidningsnett i Doktervegen sørøst for tomte.



Plassering av tilkoplingspunkt for vatn

#### 4.8.2 Energiforsyning

Det er lagt til grunn at straumtilførsel til nytt bygg vert henta frå kabelskap 2118 – D1 i Doktervegen.



Plassering av tilkoplingspunkt for straum

#### 4.9 Grunnforhold

Berggrunnen i området er ikkje kartlagt, men ut frå NGU sin database består området av gneis/migmatitt.

#### 4.10 Støy

Området er ikkje utsett for støy ut over grenseverdiene fastsett i T-1442. Planlagt tiltak på området medfører ikkje auka støy til området.

#### 4.11 Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining.

## 5 Skildring av planlagde omsorgsbustader

### 5.1 Prosess

I utgangspunktet søkte Egedomsavdelinga i Volda kommune om rammeløyve for bygging av nye omsorgsbustader på Dokterhaugen. Grunneigarar og naboar vart varsla på vanleg måte. I samband med varsling, kom det inn ei klage på vedtak om rammeløyve. Klagar stilte mellom anna spørsmål knytt til planstatus i området.

Jamfør kapittel 2, er området lagt ut til bustadføremål i kommunedelplan for Volda sentrum/Mork-Furene. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan for utbyggingsformål i planen.

I eldre reguleringsplan for Fjordsynområdet, er gnr. 19, bnr. 24 lagt ut til friområde. Kommunedelplan for Volda sentrum gjeld framom eldre reguleringsplan.

Administrasjonen konkluderte med at ein må utarbeide reguleringsplan for å oppfylle plankravet i kommuneplanen.

Kommunen la då opp til felles handsaming av reguleringsplanforslag og byggesøknad (jf. PBL § 12-15).

Det inneber då at plan- og byggesaka kunne bli varsla samstundes, og at kommunen kunne fatte vedtak i byggesak like etter planvedtak.

Etter gjennomført offentlig ettersyn har ein kome fram til at utbyggingsprosjektet må endrast. I samråd med aktuelle bebuarar er tal einingar på området redusert frå 5 til 4, og storleiken på kvar av desse er auka.

### 5.2 Omsorgsbustadane

Prosjektet er no planlagt å bestå av tre hus.

Det største bygget vil innehalde dei 4 bueningane for personar med funksjonshemming. Vidare er det tenkt oppført eit bygg som skal fungere som fellesareal for bebuarane og arbeidsplassar for personale, og eit mindre bygg med utvendige boder.

Dei tre bygga er alle på eitt plan, og har eit samla areal på 473,3 m<sup>2</sup>.

Total mønehøgde er oppgitt til 5.5 m og gesimshøgde 2,9 m.

Bebuarhuset er tenkt plassert med minsteavstand på 5 meter frå tomtegrensa i vest, sør og aust. Bod er planlagt plassert 1 meter frå tomtegrensa i aust.

Det er planlagt etablering av 4 parkeringsplassar, herav 1 plass til handicap-parkering. Tal parkeringsplassar er fastsett ut i frå ei vurdering av behov og tilgjengelig areal på tomte. Det er ingen av tiltenkte bebuarane som har bil. Det er fleire parkeringsplassar på Fjordsyn sitt område.


Delar av felleshuset er tenkt plassert på gnr. 19, bnr. 24 og gnr. 18, bnr. 163. Gnr. 18, bnr. 163 er disponert av Volda kommune gjennom festekontrakt. Ein del av bodene ligg inne på gnr. 18, bnr. 293, som er eigd av Volda kommune.

Grad av utnytting ved førebels planlagt utbygging på området er rekna til 36 %.

Endeleg teikningar/prosjektering for nye bustader er ikkje ferdig utarbeidd, så plan vert no vidareført som ei rein plansak.

Byggesøknad vert så å fremje som eiga sak når plan er godkjent.

Vedlagt situasjonsplan og utbyggingskisse for bustader er justert til samsvar med nytt planlagt utbyggingsvolum, men er berre illustrasjon til plan, ikkje juridisk bindande del av plan.





## 6. Skildring av reguleringsplanforslaget

### 6.1 Planlagt arealbruk

Området skal nyttast til kombinert formål bustad og offentleg tenesteyting (omsorgsbustader), med tilhøyrande tilkomst, parkering og uteopphaldsareal.

### 6.2 Reguleringsføremål

Planområdet er på 6,1 daa. Av dette er 5,6 daa avsett til kombinert formål bustad og offentleg tenesteyting. Det er sett av til saman 0,3 daa til veg/avkøyrslø og 0,2 daa til fortau langs Sevrinhaugen.

Nemning	Arealformål	Areal (daa)
<b>§ 12-5, nr.1</b>	<b>Bygningar og anlegg</b>	
o_BKB1 og o_BKB2	Kombinert formål bustad og offentleg tenesteyting	5,6 daa
<b>§ 12-5, nr. 2</b>	<b>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	
o_SKV1	Offentleg køyreveg	0,2 daa
o_SKV2	Offentleg køyreveg	0,1 daa
o_SF1	Offentleg fortau	0,1 daa
o_SF2	Offentleg fortau	0,1 daa
Sum		6,1 daa

### 6.3 Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar

#### 6.3.1 Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

Kombinert formål bustad/offentleg tenesteyting (o\_BKB1)

Gjeld eksisterande omsorgsbustader. Bygningar vert tillate oppført med mønehøgde inntil 8,5 m og gesimshøgde 5,5 m. For området er utnyttingsgrad sett til maks 40 % BYA.

Kombinert formål bustad/offentleg tenesteyting (o\_BKB2)

Innanfor området skal det oppførast omsorgsbustader. Bygningar vert tillate oppført med mønehøgde inntil 5 meter og gesimshøgde inntil 3 meter. Grad av utnytting er sett til 40 % BYA.

#### 6.3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5, nr. 2)

Offentleg køyreveg (o\_SKV1 og o\_SKV2)

o\_SKV1 er delar av eksisterande offentleg køyreveg (Sevrinhaugen). o\_SKV2 er eksisterande avkøyrslø frå Sevrinhaugen til planområdet.

Offentleg fortau (o\_SF1 og o\_SF2)

o\_SF1 og o\_SF2 er offentleg fortau langs Sevrinhaugen.

#### 6.3.3 Omsynssone - frisiktsone (§ 12-6, nr. 4)

Sevrinhaugen har pr i dag ei fartsgrense på 50 km/t. Etter sektor for Utviklings si vurdering, bør fartsgrensa setjast ned til 30 km/t. I planen er det lagt inn sikttrikant i høve til fartsgrense lik 30 km/t.

## **7. Verknader / konsekvensar av planframlegget**

### **7.1 Overordna planar**

I kommunedelplan for Volda sentrum er planområdet lagt ut til offentlig bygning (O5) og bustad. Arealet som er lagt ut til bustadføremål i kommuneplanen, har fått endra formål til bustad/offentleg tenesteyting.

### **7.2 Landskap, staden sin karakter og estetikk**

Utbygginga vil medføre endring i staden sin karakter, ved at ein gammal hage med frukttrær med meir vert erstatta med omsorgsbustader og tilhøyrande bod og fellesbygg. Prosjektet er ei utviding i høve til eksisterande omsorgsbustader i området. Samlokalisering og sentrumsnær lokalisering har vore eit viktig moment ved plassering av bustadane.

Planlagt busetnad vert liggjande relativt låg i terrenget. Dei planlagde bustadeiningane skal ikkje ha mønehøgde høgare enn 5.5 meter og gesimshøgde ikkje høgare enn 3,0 meter.

### **7.3 Konsekvensar for naboar**

Prosjektet fører til at tilgrensande naboar får busetnad nærare inn på seg enn før. Bebuarane i planlagde bustadar har ikkje bil, og det er såleis ut frå planlagt utbygging forventa liten auka trafikk i området.

### **7.4 Kulturminne og kulturmiljø**

Det er gjennomført registrering i området, og ut frå det er det ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet.

### **7.5 Naturverdiar og naturmangfald**

§ 7 i Naturmangfaldlova omhandlar prinsipp for offentlig avgjerdstaking i §§ 8-12. Paragrafane omhandlar kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, den samla belastninga på økosystemet, kostnader ved miljøforringing som skal berast av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

I samband med utarbeiding av plan er det gjort ein sjekk i Naturbasen til Miljødirektoratet og Artsdatabanken. Det er ikkje registrert artar eller naturtypar i planområdet. Etter kommunen si vurdering medfører ikkje planframlegget negative konsekvensar i høve til naturverdiar/naturmangfald.

### **7.6 Barn og unge sine interesser**

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon.

I nærområdet er det fleire areal til leik/friområde. Øyra barnehage og Engeset barnehage like ved, er mykje nytta areal til leik og opphald for dei som bur i nærområdet, og for andre som sykklar/går/køyrer til desse områda. Det er elles kort veg til park og leikeareal ved Samfunnshuset, Rådhuset og til ballplassane ved vidaregåande skule og høgskulen/Øyra skule.

## **8 Risiko og sårbarheit, ROS**

### **8.1 Rasfare**

Området er ikkje utsett for ras.

### **8.2 Flaumfare**

Området er ikkje utsett for flaum.

### **8.3 Vind**

Området er ikkje utsett for vind.

### **8.4 Støy**

Området er ikkje utsett for støy ut over grenseverdiane fastsett i T-1442.

### **8.5 Luftforureining**

Området er ikkje utsett for luftforureining.

### **8.6 Grunnforhold**

Kommunen kjenner ikkje til om området har ustabile grunnforhold. Ein legg til grunn at TEK sine krav til byggjegrund vert stetta.

### **8.7 Forureining i grunnen**

Etter det kommunen kjenner til er det ikkje forureining i grunnen.

### **8.8 Radon**


Ein har ikkje spesifikk kunnskap om tilhøva når det gjeld radon innanfor planområdet, då det ikkje har vore gjennomført undersøkingar. Det vil uansett vere krav om radonførebyggjande tiltak, jf. TEK § 13-5.

Det vert elles vist til utfylt ROS-skjema.

Volda 5.9.2016


Justert etter offentleg ettersyn 1.06.2017.





### TEIKNFORKLARING

Bygningar og anlegg (§ 12-5, nr. 1)

 Bustad/tenesteyting

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5, nr. 2)

 Køyreveg


 Fortau

Omsynsoner (§ 12-6)

 Sikringsone - frisikt

Juridiske linjer og punkt


 Planen si avgrensing

 Formålsgrense

 Byggjegrense

 Regulert senterlinje veg

 Frisiktslinje

 Sikringsonegrense

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

#### Kartopplysningar

Kjelde for basiskart: Volda kommune

Dato for basiskart:

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

Høgdegrunnlag: NN 1954

Ekvidistans 1 m

Kartmålestokk 1:1000



### Detaljreguleringsplan for

### Sevrinhaugen - Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl.

Volda kommune  
kommune

Nasjonal arealplan-ID  
2016007

Plantype:  
Detaljplan

Forslagsstillar:  
Volda kommune

Saksnummer:

#### SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Kunngjeringsdato for planvedtak:	Behandlingsorgan	Møtesaksnr	Dato	Sign
Dato for siste revisjon av plankart:	Formannskapet			
Planvedtak:				
<i>Føretak etter off. ettersyn</i>				
Handsaming i formannskapet - utlegging til off. ettersyn		155/16	20.9.2016	BSS
Kunngjering av oppstart av planarbeidet:			29.6.2016	BSS
PLANEN ER UTARBEIDD AV: Volda kommune				





Reguleringsføresegner – detaljreguleringsplan for <b>SEVRINHAUGEN/DOKTERHAUGEN, GNR. 19, BNR. 24</b> <b>MFL.</b>		Plan ID <b>2016007</b>	
VOLDA KOMMUNE			
<b>SAKSHANDSAMING JF. PLAN-OG BYGNINGSLOVA</b>	<b>SAKSNR.</b>	<b>DATO</b>	<b>SIGN</b>
Vedtak i kommunestyret			
3. gong handsaming i formannskapet		6.06.2017	PH
2. gongs handsaming i formannskapet		29.11.2016	BSS
Offentleg ettersyn frå 25.09.2016 - 16.11..2016			BSS
1.gongs handsaming i formannskapet	155/16	20.09.2016	BSS
Kunngjering av oppstart av planarbeid		2.7.2016	BSS

Føresegner revidert 1.06.2017.

Føresegner godkjent av kommunestyret den .....

Volda den ..... for Rådmann

## REGULERINGSFØRESEGNER

### § 1. GENERELT

#### § 1.1 Kva område planen gjeld for

Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Føresegnene og plankart gjeld i tillegg til generelle krav i plan- og bygningslova.

#### § 1.2 Privatrettslege avtalar

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er godkjent, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

#### § 1.3 Andre bestemmelsar

Føresegnene kjem i tillegg til dei til kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.



## § 1.4 Reguleringsformål

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-5 og 12-6 til følgjande formål:

### **Bygningar og anlegg (§ 12-5, bnr. 1)**

-1803 Kombinert formål bustad og offentleg tenesteyting; o\_BKB

### **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5, nr.2)**

-2011 Køyreveg, offentleg; o\_SKV1 og o\_SKV2

-2012 Fortau, offentleg; o\_SF1 og o\_SF2.

### **Omsynssoner (§ 12-6)**

Sikringssone – frisikt (H140)

## § 2. AREALBRUK

### § 2.1 Fellesføresegner

- a). Plankart og føresegner er bindande for plassering og utforming av bygningar og vegsystem. Bygningar skal plasserast innanfor byggegrensene vist i plankartet. Mindre bygningar, boder, uthus o.l kan etter søknad godkjennast plassert inntil 1m frå nabogrense, jf PBL §29-4.  
Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemma fargar på bygg/anlegg. Ved søknad om byggjeløyve skal det ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.
- b). Nødvendige terrenngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne sår i terreng skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast. I tilfelle der det førekjem utgravne massar skal desse leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemma.
- c). Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det vert tillate å føre opp mur i eigedomsgrense.
- d) Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

### § 2.2 Bygningar og anlegg (§ 12-5, nr. 1)

#### § 2.2.1 Kombinert formål bustad og offentleg tenesteyting (o\_BKB1)



- a) Gjeld område der det er oppført omsorgsbustader.
- b) Bebyggelsen skal plasserast innanfor byggjegrensene som er vist på plankartet. Bygningar vert tillate oppført med mønehøgde inntil 8,5 m og gesimshøgde inntil 5,5 m.
- c) Grad av utnytting er fastsett av prosent bebygd areal (%BYA). Maksimum utnyttingsgrad er sett til 40 % BYA.
- e) For kvart husvære skal det vere plass til minimum 1.5 biloppstillingsplass.
- f) Ved søknad av byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg.

### § 2.2.2 Kombinert formål bustad og offentlig tenesteyting (o\_BKB2)

- a) Innanfor området skal det oppførast omsorgsbustader.
- b) Bebyggelsen skal plasserast innanfor byggjegrensene som er vist på plankartet. Bygningar vert tillate oppført med mønehøgde inntil 5 m og gesimshøgde inntil 3 m.
- c) Grad av utnytting er fastsett av prosent bebygd areal (%BYA). Maksimum utnyttingsgrad er sett til 40 % BYA.
- g) Ved søknad av byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg.

### § 2.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5, nr. 2)

#### § 2.3.1 Køyreveg (o\_SKV1 og o\_SKV2)

o\_SKV1 er offentlig køyreveg (Sevrinhaugen). o\_SKV2 er avkøyrsløp frå Sevrinhaugen til planområdet.

#### § 2.3.1 Fortau (o\_SF1 og o\_SF2)

o\_SF1 og o\_SF2 er offentlig fortau langs Sevrinhaugen

### § 2.4 Omsynssone (§ 12-6)

#### § 2.4.1 Sikringsone – frisiktsone (H140) (§ 12-7, nr. 4)

Frisiktsone H140 må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Det skal vere fri sikt 0,5 meter over tilgrensande vegar sitt nivå.

### § 3.1. Felles utomhus opphaldsareal.

Felles utomhus opphaldsareal for o\_BKB2 skal opparbeidast samstundes med oppføring av omsorgsbustadene.».



# NOTAT

*Avd / Sakshandsamar*  
*EIG/JEABRA*

*Dato*  
*25.04.2017*

## **REGULERING - DOKTORHAUGEN**

Det er fleire vaksne funksjonshemma som har behov for eigen bustad. Det er avsett midlar i budsjettet for bygging av 5 bustader. Desse har vore planlagt lokalisert til Doktorhaugen. Reguleringsplan for området vart utsett i kommunestyret i K-sak .... ut frå at det var behov for nærare avklaring rundt lokaliseringa. Det har vore nytt møte med alle pårørande til stades for å målbære borna deira sine behov og ulike alternativ for lokalisering av bustadene.

Alternativa til lokalisering til Doktorhaugen kan vere:

- kommunen erverver tomt og byggjer bustader
- kommunen gjennomfører konkurranse for kjøp av bustader

Alternativet med erverv av tomt vil ta tid med ervervsprosess, regulering mv. Det er usikkerheit knytt til om det er eigna tomt å oppdrive i rimeleg nærleik til tenestebase. Alternativet med konkurranse og kjøp av leilegheiter/bustader vil også ta tid. Ein vil ha mindre styring med prosjektet når det gjeld lokalisering utover grense for geografisk omkrins frå tenestebase. Dette inneber at alle forhold må vere avklart gjennom kontrakt med private.

Det vert lagt vekt på å finne løysingar som brukarar/pårørande kan samle seg om, og som samtidig legg til rette for at kommunen kan yte gode og effektive tenester.

Etter ei samla vurdering var Doktorhaugen det alternativet som dei pårørande samla seg om, då dette er det raskaste alternative for å føre opp nye omsorgsbueiningar. I dialog med dei pårørande kom ein fram til ein konklusjon ved å føre opp 4 bueiningar i staden for 5. Dei pårørande er med i den nye prosjekteringsfasa ved omteikning til 4 bueiningar, og er med på å påverke disponeringa av buarealet. Bueiningane og avstand til nabotomt vert større, samt bebygd areal på tomt vert noko mindre.

Det er med dette grunnlag for å leggje fram reguleringsplanen for slutthandsaming. Det er viktig å få framdrift i prosessen, og samtidig sikre god dialog i planlegginga mellom prosjektleiing, arkitekt og brukarar/ pårørande.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		51086/2017/REGULERINGSPLAN/1519	Arve Nytun, 71 28 03 25	21.04.2017

## **Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan gbnr 19/24 Sevrinhaugen/Doktorhaugen - Oversending av arkeologisk rapport**

I forbindelse med reguleringsplanen for Sevrinhaugen/Doktorhaugen på gbnr 19/24 i Volda kommune, vart det gjennomført ei arkeologisk registrering. Rapporten for dette arbeidet er no klar, og ligg vedlagt som elektronisk dokument. Faktura for arbeidet, samt rapport i papirformat vil bli ettersendt.

Med helsing

Arve Eiken Nytun  
Arkeolog/rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Kopi:  
Anne Lise Reitan



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/1096	27.09.2016	101875/2016/REGULERINGSPLAN/1519	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	11.11.2016

## **Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan gbnr 19/24 Sevrinhaugen/Doktorhaugen - fråsegn ved offentlig ettersyn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Planfagleg vurdering**

Vi rår til at det i føresegna blir innarbeida rekkjefølgjeføresegn som sikrar at felles utomhusareal blir opparbeidd, før eventuelle bygge vert teke i bruk.

### **Automatisk freda kulturminne**

Kulturavdelinga har føreteke arkeologiske registreringar i planområdet for Sevrinhaugen/Doktorhaugen. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og vi har derfor ingen merknadar. Rapport og refusjonskrav for arkeologiske registreringar vil bli ettersendt.

### **Konklusjon**

- Felles utomhus opphaldsareal bør sikrast opparbeidd gjennom rekkefølgeføresegn.
- Rapport og refusjonskrav for arkeologiske registreringar vil bli ettersendt.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog, Guro Dehli Sanden, tlf. 71 25 88 63

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2016/1096	Av. Litv
Løpnr.	Shs. Beste
17 AUG 2014	
Ansvar. Flanid	
Klassering P:	
Klassering S:	

**Volda kommune**  
**Detaljregulering - reguleringsplan Severinhaugen / Dokterhaugen gnr19**  
**bnr24 m.fl**  
**Offentleg ettersyn**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde





LPP Søre Sunnmøre

*Verdighet - Omsorg - Løsninger*

Landsforeningen for pårørende innen psykisk helse

Volda kommune

Rådhuset,

6100 Volda

Ørsta, 10.11.2016

**Merknad til sak om oppføring av omsorgsbustader på Doktorhaugen – PlanID 2016006**

**LPP Søre Sunnmøre vil legge fram følgjande merknader:**

### **1 Uheldig fortetting**

På området Severinhaugen/Doktorhaugen er der allereie to større grupper med omsorgsbustader. Desse gruppene ligg tett på kvarandre på eit lite område, og utgjør slik dei ligg i dag ei klar fortetting. Om ein skal inn med ytterlegare fire- fem bustader på det vesle området som Doktorhaugen utgjør, vert dette ei sterk fortetting. Det er ikkje i samsvar med nasjonale føringar å legge omsorgsbustader for barn og unge slik. I tillegg vil ny utbygging på Doktorhaugen ta vekk alt lys, luft og utsikt og vil svekke trivselen for dei som bur i dei eksisterande omsorgsbustadane. Bustadane slik dei er presenterte på teikningar verkar små, og oppfyller neppe krava til areal for bruk av til dømes rullestol, jamfor universiell utforming. Området bør heller nyttast til universelt tilrettelagt aktivitets- og friluftstad med bord og benkar for større trivsel for dagens bebuarar.

### **2 Alternativt område på Bømarka på Rotset**

Vi er kjende med at ei foreldregruppe arbeider for å få lagt omsorgsbustadane til eit område på Bømarka på Rotset. Vi ser på dette som eit langt betre alternativ som vi støttar fullt ut. Her kan ein bygge bustader rett ved den basen som skal ta seg av desse unge personane. Om bustadane kjem på Doktorhaugen vert det lang avstand mellom bustadane og basen på Bømarka som skal ha tilsyn med dei.

LPP Søre Sunnmøre oppmodar Volda kommune om å gå i dialog med tomteeigar/evt. utbyggjar og bygge dei nye bustadane på Bømarka. Då kan ein også få til ein storleik som blir meir tenleg. I tillegg er der lyst og lett. Trivsel i kvardagen er viktig for brukar/bebuarane.

Med helsing

LPP Søre Sunnmøre

Laurits Bjørdal, leiar

*Laurits Bjørdal*

VOLDA KOMMUNE

## NFU Ørsta Volda lokallag

Adresse: Engesetvegen 11B 6150 Ørsta

E-post: [nfu.orsta.volda@tussa.com](mailto:nfu.orsta.volda@tussa.com)

Telefon: 95246057

[www.nfunorge.org](http://www.nfunorge.org)

3. nov. 2016



Norsk Forbund for  
Utviklingshemmede

## Planarbeid for detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Doktorhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl. i Volda kommune.

### Høyringsuttale frå NFU Norsk forbund for utviklingshemma – Ørsta Volda lokallag

Volda og Ørsta kommune har begge valgt å samlokalisere mange omsorgsbustadar. Stort omfang av samlokalisering gjer at ein får institusjonspreg tilsvarande det ein ville vekk frå ved ansvarsreforma (HVPU-reforma). Reforma la den gangen vekt på at kommunene i staden skulle tilstrebe normale butilbod. Her er utklipp frå rundskrivet til Husbanken den gangen:

*«Det skal fortrinnsvis ikke være mer enn 4 boenheter i et bofellesskap»*

*«Ved vurdering av lånesøknad vil det bli lagt stor vekt på at boligene lokaliseres i et vanlig bomiljø. Bygging av nye boliger på institusjonsområde eller konsentrasjon av boliger for mennesker med spesielle hjelpebehov, kategoribebyggelse, skal unngås. Det skal fortrinnsvis ikke samlokaliseres mer enn 4-6 boenheter på et begrenset tomteareal.*

### **Tilstrebe bustadar i tilknytning til «normale» bumiljø**

Lokallaget ønsker vere tydeleg på at vi finn det uheldig at Volda kommune planlegg ei ytterligere fortetting av omsorgsbustadar. Dette er i strid med nasjonale føringar, som i

staden ber kommunene tenke «normalisering», mindre bueiningar og etablering av bustadar i alminnelege bustadfelt.

### **Bruke ergoterapeut i plan- og byggjeprosess**

Det er i planløyisinga pressa fem leiligheiter inn på ei tomt som er relativt liten. Dermed vert dette fort bueiningar som ikkje vil fungere hensiktsmessig. Vårt lokallag har t.d. fått konkrete innspel som seier at arealet i blant anna kjøkendel er for lite for den som er rullestolbrukar. Om dette er tilfelle, så vert det raskt dyr ombygging.... Har ein kvalitetsikra gjennom bruk av fagpersonell?

### **Vurdere alternativ**

Lokallaget har fått innspel om alternativt areal på Rotset. Dette er like nær sentrum som Doktorhaugen, og i gangavstand frå omsorgsbustadar ved Bømarka. Der er daglegvarebutikk og turområde. Vi meiner at Volda kommune bør sjå etter alternativ til det som i dag dessverre byrjar likne ein omsorgsghetto. Gnr 19 bruksnr 24 bør etter NFU sitt synspunkt i staden ordnast, og slik kunne bli eit kjærkome grøntareal for dei som i dag har sin heim i og rundt Serverinhaugen.

### **Framtidig behov for areal til bustadsosiale formål**

NFU meiner at kommunene bør implementere bustadsosialt planarbeid inn i sine arealplaner. Ein vil framover ha behov for meir sentrumsnært areal for bustadar til personer med nedsett funksjonsevne. Sentrumsnære bustadar minkar behovet for transportordning og assistanse, og gir auka meistringsevne. Her må kommunene tenke langsiktig.

### **Gode løysingar gjennom medverknad**

I november 2015 utfordra vi bustadtenesta i begge kommuner til å kome i gang med regelmessige dialogmøter med brukarar, føresette, verjer og interesseorganisasjon. I vår

sende vi purring til begge kommuner, og vi vart då lovde at no skal det snart skje... I desse dagar vil vi purre på nytt, då vi har sterk tru på at tenester og aktuelle byggeprosjekt vert mest vellukka gjennom samarbeid og dialog. Medverknad er også ei lovfesta plikt for kommunene. Sitat frå Helse- og omsorgstjenesteloven: «*Helse- og omsorgstjenesten skal legge til rette for samarbeid med brukergruppernes organisasjoner og med frivillige organisasjoner som arbeider med de samme oppgaver som helse- og omsorgstjenesten*».

NFU Ørsta Volda lokallag

Jan Osborg

lokallagsleiar

Merkenader til Plan 1D. \_\_\_\_\_

Beliggenhet har vi følgende merkenader til:

Er det vurdert andre lokaler?  
Vi viser til Brattberg og Bonaker og  
kommunal tomte - på ~~Rotset~~ ~~Skillegården~~.

Brattberg tomten ved tennishallen

~~er~~ ~~til~~ ~~utleide~~ ~~til~~ ~~den~~ ~~nye~~ ~~skolen~~ ~~og~~ ~~derfor~~ ~~ikke~~ ~~egnet~~ ~~til~~ ~~skole~~ ~~bruk~~.  
~~Utsatt~~ ~~for~~ ~~skole~~ ~~bruk~~ ~~og~~ ~~derfor~~ ~~ikke~~ ~~egnet~~ ~~til~~ ~~skole~~ ~~bruk~~.  
Kan bilplanen holdes og kan  
den holdes? NB prosessen kan være

Bonaker Rotset - med gangavstand til sendrum.

Vi bermer også beliggenhet  
med henblikk på konsentrasjon  
av ~~ansatte~~ ~~arbeidere~~ ~~og~~ ~~brukere~~.  
Det kan synes som om det blir  
mange brukere på et avgrenset  
område, og det kan ~~synes som~~  
~~at~~ ~~det~~ ~~er~~ ~~gi~~ ~~et~~ ~~institusjons-~~  
~~prosjekt~~ ~~område~~.  
bområde.



Vi ønsker oss også  
at leilighetene ~~ikke~~ ved Gm  
av utestøl ikke har plass  
til ~~gjøkkelen~~ i tillegg  
gjøkkelen møblemang.

Er ellers positiv til/balansering  
på botilbudet slik det fremstilles

Volda kommune  
[Postmottak@volda.kommune.no](mailto:Postmottak@volda.kommune.no)Ålesund, 14. november 2016  
bkh/nw**Ad offentlig ettersyn – Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen.....  
Merknader frå naboeigedomen gnr. 19 bnr. 25 – Bjørn Sævik.**

Eg syner til Volda kommunes Vedtak 22. september 2016 i sak PS 155/16. Ved vedtaket vart framlegg til reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen..... lagt ut offentlig ettersyn i seks veker. Merknadsfristen er seinare opplyst å vere 16. november d.å og eg skal på vegne av Bjørn Sævik (19/25) setje fram slike rettidige merknader:

Eg har tidlegare på vegne av Bjørn Sævik sendt merknader / klage til Volda kommune knytt til no foreslått bruk av området Sevrinhaugen/Dokterhaugen og syner i så måte til Merknader 24. august 2016 samt klage 01. juni 2016.

**Bilag 1:** Merknader 24. august 2016 med vedlegg.

Bjørn Sævik held fast ved desse merknadene og **Bilag 1** vert med dette gjort til del av merknadene/protesten no.

Eg ser at kommunen ved saksbehandlinga, sjå Saksdokument side 6 av 8, legg til grunn at Kommuneplanens arealdel vedteken 18. juni 2009 knytt til arealbruken innan planområdet, «overstyrer» vedteken arealbruk nedfelt ved Reguleringsplan av 30. mars 2000. Det er stikk motsatt konklusjon i forhold til det ein annan klient av meg er formidla som syn/konklusjon frå Volda kommune si side, ein annan stad i kommunen, der plantilhøvet er tilsvarande.

Bjørn Sævik held fram og held fast ved at framlegget til Reguleringsplanen no råkar eit friområde/fellesareal underlagt Rikspolitisk retningsline FOR-1995-09-20-4146, jf. f.eks. pkt. 5d og 5b samt merknader herifrå 24. august d.å. (**Bilag 1**). Vidare visast til Rundskriv T-1513.

Bjørn Sævik gjer gjeldande at Sevrinhaugen/Dokterhaugen er eit friområde/fellesareal som har vore i kommunen sitt eige rundt 100 år som slikt. Arealet er i slik kontekst uerstatteleg. Det følger av gjeldande rett at slike areal ikkje kan «fjernast» utan at arealet kompenseras i same planvedtak ved fullverdig erstatningsareal. Ved framlegg til plan no er ikkje synt noko erstatningsareal i det heile. (Lagt til grunn kommunens tilnærming vert gjort gjeldande at det same gjeld for Kommuneplanen vedteken i 2009. Den er og underlagt ovannemnde rettsreglar).

ADVOKATER MNA I KONTORFELLESKAP

ADVOKAT  
**SVERRE AARSÆTHER**  
Org.nr. 974 953 935  
Mob.tlf.: 415 70 940  
E-post: [aarsether@hoveco.no](mailto:aarsether@hoveco.no)ADVOKAT  
**BJØRN KRISTIAN HOVE**  
Org.nr. 975 683 389  
Mob.tlf.: 908 94 668  
E-post: [hove@hoveco.no](mailto:hove@hoveco.no)ADVOKAT  
**ODD ARNE NILSEN**  
Org. nr. 993 629 103  
Mob.tlf.: 951 92 665  
E-post: [nilsen@hoveco.no](mailto:nilsen@hoveco.no)ADVOKAT  
**DAGFINN TYNES**  
Org. nr. 985 323 127  
Mob.tlf.: 478 66 130  
E-post: [tynes@hoveco.no](mailto:tynes@hoveco.no)

Framlegget til Reguleringsplanen er følgjeleg i slik kontekst rettsstridig og skal nektast.


I høve Bjørn Sæviks eigedom skal dessutan konkret gjerast gjeldande:

- Eigedomen vil miste sollyss (ettermiddagssol) innan sentral uteplass mot vest.
- Utsikta frå hovudvindaug i huset vil verte sterkt redusert.
- Frå bakerste stovevindu vil utsikta verte bakveggen til bodar – heilt nært – og i ti meters lengde.
- Uteplassen til «bokomplekset» er tenkt plassert heilt inntil bnr. 25s veletablerte uteplass. Slik skal det ikkje planleggjast. Planar skal løyse arealkonflikter ikkje skape slike.
- Det må setjast ut høgdeplasseringar og front av bygningsmassen. Mot bytet til 19/25 går der ein fjellrygg som det må sprengjast i. Sævik lurar på korleis dette er tenkt gjort utan at fjellet på nabolomt i aust vil sprekkje. «Djup» sprenging i avstand ca 0,5 bak planlagte bodar i aust inntil ca 0,5 frå felles grense vil føre til at det vil verte vanskeleg å skjermplante, på grunn av lite rotfeste, for vestleg vind.
- Elles syner Bjørn Sævik til sitt **brev stila Volda kommune 31. desember 2015** og gjer dette til del av merknadane no. Eg ber såleis om at brevet vert lagt til saka som lekk i merknaden frå Bjørn Sævik.
- Bjørn Sævik ynskjer dessutan å halde fram at ei ytterlegare utbygging no, innan dette område, vil føre til eit konsentrert og stort institusjonsområde utenleg/mindre tenleg for dei som skal nytte dette / brukarane.
- Framlegget instituerer byggegrenseavstand til bnr. 25 langt understigande lovens 4-meters regel. Det er det ikkje grunnlag for og kan ikkje akseptast.
- Bjørn Sævik vil dessutan halde fram at «varsla» bygg ikkje innfrir krava nedfelte ved framlegget til Reguleringsføresegn pkt. 2.1a, siste setning. Bygga bryt kvalifisert med byggeskikken i området og er såleis ikkje tilpassa «kringliggande bygningar» som det heiter å vere krav om i teksten.

### Konklusjon:

Utlagt framlegg til Reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19 bnr. 24 m.fl., skal ikkje vedtakast.

Med venleg helsing

  
Bjørn Kristian Hove  
Advokat

Vedlegg



Volda kommune

[Postmottak@volda.kommune.no](mailto:Postmottak@volda.kommune.no)

Ålesund 24.08.2016  
bkh-/mir

**Ad Varslet oppstart av planarbeid for Detaljreguleringsplan for Severinhaugen/Dokterhaugen, gnr.19 bnr. 24 m.fl. i Volda kommune. Merknader fra gnr. 19 bnr. 25 - Bjørn Sævik.**

Jeg viser til Volda kommunes brev 29.juni 2016 med nedfelt merknadsfrist 22.august s.å.. Videre vises til oppnådd fristforlengelse idet jeg på vegne av Bjørn Sævik - som eier av gnr.19 bnr.25 i Volda kommune – skal fremsende slike merknader i mottatt varsels anledning:

Forslaget innebærer omdisponering av et friområde til fordel utbygging.

Bjørn Sævik som eier naboeiendommen til aktuelt friområde er av flere grunner kraftig imot omdisponering av dette arealet. I så måte vises til klage herfra 01.juni 2016 over Volda kommunes Rammeløyve av 12.mai 2016.

**Bilag 1:** Klage herfra 01.juni 2016 uten vedlegg.

En forstår det nå slik at byggesaken er lagt bort i påvente av nødvendig planprosess og at slik planprosess ved kommunens varsel 29.juni 2016 er bebudet oppstartet.

På vegne av Bjørn Sævik protesteres mot foreslått arealbruksendring/omdisponering, idet anførselene nedfelte ved klagen 01.juni 2016 understrekes og fastholdes også i plansammenheng.

Dertil kommer at forslaget støter an mot Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (FOR-1995-09-20-4146), sist rettet 29.juni 2016.

**Bilag 2:** Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging med Utfyllende kommentarer.

Severinhaugen/Doktorhaugen har siden kommunen ble eier så langt tilbake som i november 1918, lagt i Volda sentrum som grøntområde/parkområde/lekeområde. Det har i planer gjennom lang tid vært utlagt som friområde.

Av Rikspolitiske retningslinjer pkt.5 d., fremgår:

*"Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt."*

Under pkt. 5 b, heter følgende:

*"I nærmiljøet skal det finnes arealer hvor barn kan utfolde seg og skape sitt eget lekemiljø. Dette forutsetter blant annet at arealene:*

- er store nok og egner seg for lek og opphold*
- gir muligheter for ulike typer lek på ulike årstider*
- kan brukes av ulike aldersgrupper, og gir muligheter for samhandling mellom barn, unge og voksne."*

Det fremstår entydig klart at foreslått omdisponering er rettsstridig, jf. nevnte Rikspolitiske retningslinjer.

Et kommunalt ønske om samlokalisering av nye bustader for personer med utviklingshemming er i så måte planfaglig irrelevant.

Jeg tør også vise til Retningslinjenes Utfyllende kommentarer og hvor det knyttet til pkt.5 d), heter følgende:

*"Punkt 5d om erstatningsarealer har til hensikt å forhindre at lekearealer betraktes som reservearealer for utbyggingsformål.*

*Svært mange av plankonfliktene i tilknytning til barn går nettopp på at lekeområder tas i bruk til andre formål. Dette gjelder både naturlige lekeområder (skogholt, ubebygde tomter, løkker o.l. der barn leker og har gode utfoldelsesmuligheter), og arealer som er spesielt regulert til lek eller utendørs opphold. Selv om barn og unge har brukt et område i generasjoner, får de ikke «hevd» på det.*

*«Fullverdig erstatningsareal» betyr at de nye arealene som gis som kompensasjon, skal fylle kravene i punkt 5a og b.*

*I punkt 5 d siste setning står det «eller dersom omdisponering av arealer egnet for lek ... ». Bestemmelsen legger til grunn at dette gjelder omdisponering av arealer som er egnet for lek, enten arealet er regulert eller uregulert.*

*Punkt 5d gjelder alle slags omdisponeringer, dvs. både utbygging og omregulering. De gjelder også uavhengig av om endringene skjer som vesentlig eller mindre vesentlig reguleringsendring, eller som dispensasjon fra gjeldende regulering. Det er viktig å presisere dette.*

.....  
*En omdisponering vil være irreversibel, og det understreker behovet for en reell vurdering av om dette vil gavne både dagens og fremtidige barnegenerasjoner.*

Bjørn Sævik har ellers i et Notat hit blant annet formulert følgende:

*"Parsellen ligg og i eit heller gamalt og sentrumsnært bustadområde, som stadig blir fortetta og det skjer og stadig generasjonskifte i dei eldre eigedomane. Dette fører m.a. til ei auke av folketalet i området, - her i og born.*

*Eg kan ikkje sjå at det er rett å bygge ned denne unike parsellen som i mange tiår har lagt som eit grønt-/parkområde for dei som bur i område/allmenta.*

*Ei utbygging som no tenkt vil heller ikkje dekke trangen for omsorgsbustader på sikt. Dei 5 bustadane som var/er planlagde på parsellen skal buast i så snart dei er ferdigbygde. Folketalet aukar og det er vel rimeleg å tru at det etter kvart må byggjast fleire bustader av denne typen. Kvar skal desse byggjast? Det står i utsendingsskrivet at fleire plassar er vurderte, - kvar er desse?"*

Det gjelder både internasjonale og nasjonale føringer knyttet til omdisponering av slikt areal som nå varsles omdisponert fra friområde til utbygningsformål. Føringer kommunen er bundet av.


Jeg tør utover å vise til ovennevnte Rikspolitiske retningslinjer også anbefale Miljødepartementets Temaveileder "Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven", (T-1513).

Aktuelt friområde er i konteksten uerstattelig.

\*\*\*\*\*

På vegne av Bjørn Sævik bes om at varslet planarbeid stanses.

Med vennlig hilsen

  
Bjørn Kristian Hove  
advokat

Vedlegg

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Ålesund 01.06.2016  
bkh-/mir

**Klage over Volda kommunes "Rammeløyvedtak" 12.mai 2016  
("Sevrinhaugen" gnr 19 bnr 24").**

**Klager: Bjørn Sævik som eier av naboeiendommen gnr.19 bnr. 25.**

Begjæring om utsatt iversetning, jf. fvl §42

Eier av naboeiendommen til tiltakseiendommen - gnr. 19 bnr. 25 – Bjørn Sævik – har med bakgrunn i sykdom bedt meg formulere klage over ovennevnte vedtak på hans vegne. I slik sammenheng vises også til Bjørn Sæviks tidligere innsendte nabomerknader. Knyttet til nå gjort vedtak og realitetene i den sammenheng, har dertil Bjørn Sævik blant annen formulert følgende merknader hit:

*"Først vil eg peike på at det i nabovarslinga er bruken oppgitt til å vere omsorgsbustader. I byggesaka er det snakk om personar med psykisk utviklingshemningar og ungdomar med særleg tilpassingsbehov.*

*Når det gjeld sjølve bygga så kan desse nærmast samanlignast med ei naustrekke og såleis vere lite tilpassa "strøkets karakter".*

*Deler av bodrekka langs vår felles grense er søkt oppført i avstand 1m. Dette innebær m.a. sprenging av ein fjellknaus i djupte ca. 2m. i avstand ca. 0,5m. mot bnr.25. Eg kan ikkje tru anna enn at fjellet vil sprekke opp innover min eigedom. Slikt kan eg ikkje akseptere. "Naustrekka" er planlagd inntil 4m. frå vår felles grense. Bustaden på bnr.25 er frå gamalt av tilbygd ein uteplass med trekonstruksjon 1m. frå vår felles grense. Eg er usikker på korleis dette verkar med omsyn til brannsikring.*

*Slik bodene er tenkt plasserte, med ca.9m. lengd og i avstand ca.5m.frå nordvestvegg til bustaden på min eigedom, vil utsikt, lys og luft frå/til bakre del av stova bli så redusert at glasinga truleg må endrast. Eigedomen vil utan tvil få ei verdi-forringing.*

*Arealbruk:*

*Eg er kjend med at området aust for dei no planlagde bygga er vist raudfarga, - altså offentleg byggeområde. Eg har fått opplyst av ein pårørande til ein brukar av det eksisterande, at bruken til det no omsøkte skal vere den same, altså utviding av det eksisterande. Dette vil vel tilsei at personar som les kommunedelplanen må forstå det som at bnr. 24 er tenkt nytta til "vanleg" bustadområde/bustadføremål. Og såleis likt tilgrensande område både i sør, aust og vest (eksisterande bustadområde - farga gult). Det er klart at dette gjer saka uoversiktleg.*

*Tomta som no er tenkt utbygd, har lagt som park -/grøntareal i mange år. Den ligg elles fredeleg til og også i eit naturskjønt område og er såleis spesielt egna for rekreasjon, hygge og leik. Ja – nærast ein unik eigedom og bør difor vernast/takast vare på for allmenta som eit naturområde.*

*Dei barnehageplassane, - Øyra barnehage, Engeset barnehage, tidlegare nedlagd barnehage bak Samfunnshuset, samt to ballplassar lenger framme i bygda, som er nemnde av kommunen som alternative "grøntområder", meiner eg på ingen måte kan målast mot friområde på Sevrinhaugen.*

*NB! Kommunal eigedom, kommunen er byggesøkar og kommunen er byggesakshadsamar".*

Jeg slutter opp om Sæviks formuleringer og skal dertil fremholde at gitt rammeløyve må legges til grunn å være planstridig. I så måte vises til Miljøverndepartementets Veileder "Reguleringsplan, Bebyggelsesplan, revidert utgave av pr.01/11/01, kap.3.3. "Bygeområde".

Kommuneplanen har lagt tiltakseiendommen ut til boligformål (gult).

Ved Veilederens kap.3.3.3 heter blant annet om dette formålet følgende:

*"Formålet retter seg mot boligfunksjonen og ikke mot egenskaper ved beboerne. Bygeområde boliger kan således også nyttes til eldreboliger og (vernede) boliger for særskilte grupper så fremt boenheten dreier seg om, bebos individuelt av personer som har behov for visse støtte- og servicefunksjoner".*

Slik jeg leser søknaden formål med tiltaket og Veilederen står en her ovenfor beboere som faller utenfor ovenfor siterte definisjon.

Herfra gjøres gjeldende at det omsøkte er å rubriseres som "offentlige funksjoner" og at kommuneplankartets arealbruksfarge må være rød for å unngå planstrid.

Det omsøkte skal således nektes med hjemmel i pbl § 11- 6.

Dertil anføres som feil - slik lagt til grunn ved vedtaket - at det ikke gjelder noe plankrav for dette område innen vedtatt kommuneplan. I så måte viser jeg til Kommunal- og moderniseringsdepartementets "Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister, Del 1 – Veileder for framstilling av arealplaner", fastsatt 1.juli 2009.

Side 1 - 48 i Veilederen tar under pkt.1.5.13 for seg "Grad av utnytting". Der heter blant annet følgende:

*"Ved valg av type av utnyttingsgrad, skal man benytte alternativene som framgår av teknisk forskrift (TEK) kapittel 5 til plan- og bygningsloven med veiledning (BYA, % BYA, BRA, % BRA). MUA bør stå i bestemmelse, men behøver ikke påføres plankartet. Veileder om grad om utnytting er et viktig hjelpemiddel når kommunen skal velge hvilken målregel som skal brukes.*

- *I kommuneplan kan grad av utnytting vises i plankartet når det anses hensiktsmessig.*
- *Grad av utnytting skal angis på plankartet ved regulering. Der det i områderegulering er stilt krav om detaljregulering før utbygging kan finne sted, kan fastsetting av grad av utnytting utsettes til detaljreguleringen..*

*I vektorfila skal grad av utnytting legges inn i gruppe – egenskapen.. UTNYTT der det er gitt bestemmelser om det. Hvis man vil vise tallet i plankartet hentes verdien fra denne egenskapen. Reguleringsplaner som inneholder arealer for bebyggelse og anlegg hvor forutsetningen er at byggesaksbehandlingen skal kunne skje uten ytterligere planlegging, må alltid angi grad av utnytting. Det er opp til kommunen å avgjøre om det er behov for å fastsette utnyttelsesgrad i områderegulering, eller om dette kan avklares ved en senere detaljregulering".*

Det er således ikke slik at en manglende (R) eller (B) på kommuneplankartet er det samme som om at en her kan bygge uten reguleringsplan og som ved planprosess har avklart graden av utnytting. Tvert imot følger av det ovenfor siterte – og utfra alminnelige rettsgrunnssetninger – at en her ikke kan gi byggetillatelse før slike nødvendige avklaringer har funnet sted gjennom en demokratisk reguleringsplanprosess.

På slikt grunnlag anføres som alternativ/parallell innsigelse/klagegrunn at omsøkte tiltak skal nektes som følge av lov og regelverks krav om avklaring av utnyttingen i reguleringsplanprosess.

BEGJÆRING OM UTSATT IVERKSETTING, JF FVL § 42:

Herved begjæres også utsatt iverksetting, jf fvl § 42. Vedrørende behandlingen av en slik begjæring vises til Rundskriv H-17/92 – se særlig kap.5.

Bilag 1: Rundskriv H-17/92.

Spesielt viktig må det være å beslutte utsatt iverksetting så lenge kommunen både er søker, tiltakshaver og bygningsmyndighet.

\*\*\*\*\*


Nærværende klage stiles Fylkesmannen, men sendes Volda kommune til forberedende klagesaksbehandling.

Jeg minner om at kommunen av eget tiltak kan ta klagen til følge, jf fvl § 33. Dertil understrekes at begjæringen om utsatt iverksetting skal behandles straks og uavhengig i tid av selve klagesaksbehandlingen, jf Rundskrivet, se Bilag 1.

\*\*\*\*\*

Jeg ber om å bli holdt fortløpende orientert under kommunens videre saksbehandling.

Med vennlig hilsen



Bjørn Kristian Hove  
advokat





## Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Dato	FOR-1995-09-20-4146
Departement	Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Publisert	
Ikrafttredelse	
Sist endret	
Endrer	
Gjelder for	Norge
Hjemmel	LOV-1985-06-14-77-§9-1 jf. LOV-2008-06-27-71-§6-2, LOV-2008-06-27-71-§34-2
Kunngjort	
Rettet	29.06.2016 (del 4 tilføyd, fotnoter rettet)
Korttittel	Retningslinjer for barn og planlegging

---

### Kapitteloversikt:

1. (Opphevet)
2. Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen
3. (Opphevet)
4. Utfyllende kommentarer til rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen

---

**Hjemmel:** Fastsatt av Miljøverndepartementet (nå Kommunal- og moderniseringsdepartementet) 20. september 1995 som en del av den norske tilretteleggingen for å oppfylle forpliktelsene i FNs barnekonvensjon, ratifisert av Stortinget 8. januar 1991.

**Rettelser:** 21.06.2016 (kapittel 1 og 3 tatt ut da opphevet), 29.06.2016 (del 4 tilføyd, fotnoter rettet).

### 1. (Opphevet)

- <sup>0</sup> Kapittel 1 inneholdt tekst fra et rundskriv fra Miljøverndepartementet (T-1/95) fra 1995 som er opphevet. Teksten ble fjernet iht. e-post av 20. juni 2016 fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

## 2. Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen

### 1. Nasjonale mål for barn og unges oppvekstmiljø

Viktige nasjonale mål er å:

- a. Sikre et oppvekstmiljø som gir barn og unge trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger, og som har de fysiske, sosiale og kulturelle kvaliteter som til enhver tid er i samsvar med eksisterende kunnskap om barn og unges behov.



- b. Ivareta det offentlige ansvar for å sikre barn og unge de tilbud og muligheter som samlet kan gi den enkelte utfordringer og en meningsfylt oppvekst uansett bosted, sosial og kulturell bakgrunn.

## **2. Formålet med rikspolitiske retningslinjer (RPR) for å styrke barn og unges interesser i planleggingen**

Formålet med disse rikspolitiske retningslinjene er å:

- a. Synliggjøre og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.
- b. Gi kommunene bedre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unges interesser i sin løpende planlegging og byggesaksbehandling.
- c. Gi et grunnlag for å vurdere saker der barn og unges interesser kommer i konflikt med andre hensyn/interesser.

## **3. Ansvarsforhold**

Ansvar for å ivareta intensjonene og kravene i disse retningslinjene tillegges følgende instanser:

- a. Miljøverndepartementet har overordnet ansvar for generell oppfølging, utvikling og veiledning i forhold til disse retningslinjene. Ansvar skal utøves i nært samarbeid med andre berørte departementer.
- b. Fylkeskommunene skal, i samråd med fylkesmannen, så langt det er mulig veilede og gi kommunene nødvendig støtte til å sikre barn og unges interesser i kommunens planarbeid i henhold til pkt. 4 og 5 i disse retningslinjene.

Fylkeskommunen og fylkesmannen skal, der det er nødvendig for å ivareta formålet med pkt. 5, gi uttalelse og eventuelt framsette innsigelser til kommuneplan og reguleringsplan/bebyggelsesplan. Fylkesmannen skal ved utøvelse av sin virksomhet etter plan- og bygningsloven påse at kravene til behandling i pkt. 4 er ivaretatt.

- c. Kommunene skal sikre at pkt. 4 og 5 i retningslinjene blir ivaretatt og klargjøre hvor i kommunen ansvaret med å følge opp retningslinjene skal ligge.

## **4. Krav til den kommunale planleggingsprosessen**

Kommunen skal:

- a. Vurdere konsekvenser for barn og unge i plan- og byggesaksbehandlingen etter plan- og bygningsloven.
- b. Foreta en samlet vurdering av barn og unges oppvekstmiljø for å innarbeide mål og tiltak i kommuneplanarbeidet.
- c. Utarbeide retningslinjer, bestemmelser eller vedtekter om omfang og kvalitet av arealer og anlegg av betydning for barn og unge, som skal sikres i planer der barn og unge er berørt.
- d. Organisere planprosessen slik at synspunkter som gjelder barn som berørt part kommer fram og at ulike grupper barn og unge selv gis anledning til å delta.

## **5. Krav til fysisk utforming**

Følgende skal vies spesiell oppmerksomhet:

- a. Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare.
- b. I nærmiljøet skal det finnes arealer hvor barn kan utfolde seg og skape sitt eget lekemiljø. Dette forutsetter blant annet at arealene:
  - er store nok og egner seg for lek og opphold
  - gir muligheter for ulike typer lek på ulike årstider
  - kan brukes av ulike aldersgrupper, og gir muligheter for samhandling mellom barn, unge og voksne.
- c. Kommunene skal avsette tilstrekkelige, store nok og egnet areal til barnehager.

- d. Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt.

## 6. Endringer i retningslinjene

Mindre vesentlige endringer i retningslinjene kan foretas av departementet.

## 3. (Opphevet)

- 0 Kapittel 3 inneholdt tekst fra et rundskriv fra Miljøverndepartementet (T-1/95) fra 1995 som er opphevet. Teksten ble fjernet iht. e-post av 20. juni 2016 fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

## 4. Utfyllende kommentarer til rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen

Det anbefales forøvrig å se mer i *Temaveileder om barn og planlegging etter plan og bygningsloven T-1513* og *Temasider om barn og planlegging* på Kommunal- og moderniseringsdepartementets nettsider.

### Punkt 1. Nasjonale mål for barn og unges oppvekstmiljø

Formålet med disse rikspolitiske retningslinjer og andre statlige planretningslinjer er å klargjøre nasjonale eller regionale interesser på områder der dette er nødvendig for å sikre at disse interessene blir ivaretatt i den kommunale og regionale planleggingen i hht [endring] av plan- og bygningsloven av 25. juni 2010 nr 48.

Rikspolitiske retningslinjene gir regjeringens syn på

- hvilke hensyn og interesser det skal legges særlig vekt på
- hvordan avveininger i konfliktsituasjoner skal foretas

De nasjonale mål angitt i punkt 1 er i samsvar med plan- og bygningslovens formål, angitt i § 1-1, og § 3-1 punkt e), og § 3-3, 3. ledd der det går frem at det ved planlegging etter loven spesielt skal legges til rette for å sikre barn gode oppvekstvilkår.

En av samfunnets største oppgaver er å legge til rette for at barn og unge vokser opp i trygge forhold, med voksenpersoner rundt seg som ivaretar grunnleggende behov og nærhet, og gode oppvekst- og nærmiljø. Gode nærmiljøer for barn og unge karakteriseres av god tilgang på trygge og varierte områder for lek og aktiviteter uten støy og forurensning.

Uttrykket barn og unge gjelder aldersgruppen 0-18 år (umyndige). Innenfor denne gruppen vil behov og forutsetninger være sterkt forskjellige, og tiltak for å sikre oppvekstvilkårene må vurderes ut fra de behov barn i ulike aldre har. Dette gjelder ikke minst for grupper med nedsatt funksjonsevne. Videre innebærer det også at kommunene skaffer seg innsikt om innvandrerbarns og unge innvandreres interesser.

Barn og unge er ikke rettighetshavere i formell forstand. De blir ikke varslet som grunneiere eller naboer og kan heller ikke alltid selv formulere eller ta opp sine krav. De har heller ikke økonomiske ressurser. Jo yngre barna er, desto mer avhengig er de av at de voksne ivaretar deres behov. Herunder å legge til rette for medvirkning.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge er gitt med hjemmel i plan- og bygningsloven og gjelder planlegging og byggesaksbehandling etter denne loven. Ettersom retningslinjene gir overordnede mål for barn og unges oppvekstmiljø, kan de også brukes ved fortolkningen og praktisering av annet regelverk som skal ivareta samme mål.

Punkt 1 gir overordnede mål for barn og unges oppvekstmiljø, men gir en ramme for det virkeområdet rikspolitiske retningslinjer tar opp, dvs. planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.

Punkt 1 skal sikre et oppvekstmiljø med trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger på samme vis som arbeidsmiljøloven vil sikre et arbeidsmiljø som gir grunnlag for en helsefremmende og meningsfylt arbeidssituasjon som gir full trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger.

Barn har ingen egen lov som sikrer dette. Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge skal bidra til at dette ivaretas i planlegging og byggesaksbehandling.

Innholdet er i samsvar med nasjonale mål, som tidligere har kommet til uttrykk i stortingsmeldinger, handlingsplaner og offentlige utredninger om barn og unges oppvekstmiljø..

Se mer i *Temaveileder om barn og planlegging etter plan og bygningsloven* T-1513 på departementets nettsider.

## **Punkt 2. Formålet med rikspolitiske retningslinjer (RPR) for å styrke barn og unges interesser i planleggingen.**

Punkt 2 avgrensner retningslinjenes virkeområde til virksomhet etter plan- og bygningsloven.

### **Punkt 2 a. Synliggjøre og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven**

Punkt 2a presiserer at styringssignalene gjelder all plan- og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.

Planer etter plan- og bygningsloven omfatter kommuneplaner, kommunedelplaner, reguleringsplaner og bebyggelsesplaner på kommunalt nivå, og regionale planer som fylkesplaner og fylkesdelplaner.

Også overordnet planlegging, på regionalt nivå, er en viktig arena for å ta i bruk gode planprinsipper som bidrar til gode oppvekstmiljø. Herunder gjelder samordnet areal- og transportplanleggingen, tilrettelegge for fysisk aktivitet og helsefremmende samfunn ved sammenhengende grønnstrukturer med gode forbindelser til omkringliggende naturområder på tvers av kommunegrensene.

### **Punkt 2 b. Gi kommunene bedre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unges interesser i sin løpende planlegging og byggesaksbehandling**

Punkt 2b understreker at hensikten med retningslinjene er å støtte kommunene i deres arbeid for barn og unge. Retningslinjene gir kommunene et grunnlag for å utvikle en planleggingsprosess som sikrer at hensynet til barn og unge blir synliggjort og bedre ivaretatt.

### **Punkt 2c. Gi et grunnlag for å vurdere saker der barn og unges interesser kommer i konflikt med andre hensyn/interesser**

Gjennom å oppfylle kravene om planprosess, kartlegging og dokumentasjon vil retningslinjene gi grunnlag for å foreta en avveining ved konflikter.

Retningslinjene vil bli lagt til grunn for vurdering av konfliktsaker som fremmes for sentral behandling etter plan- og bygningslovens § 12-10, § 12-11, § 12-12.

## **Punkt 3. Ansvarsforhold.**

Det generelle ansvar for plan- og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven er gitt i loven.

Punkt 3 plasserer ansvaret for håndheving av og oppgaver knyttet til disse rikspolitiske retningslinjene.

Ansvarspunktet understreker behovet for samarbeid på tvers av sektorer og nivåer. Særlig viktig er det å få til et samarbeid mellom instanser med planfaglig kompetanse og instanser med kunnskap om barn og unges behov og situasjon.

Ansvarspunktet innebærer ikke at det må opprettes nye organer.

### **Punkt 3 a. Ansvar på statlig nivå**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har det overordnede ansvar for generell oppfølging, utvikling og veiledning i forhold til disse retningslinjene.

På statlig plan forutsettes det etter punkt 3a et samarbeid mellom alle departementer som på ulike måter har ansvar for samfunnsutvikling, nærmiljø og oppvekstforhold, trafikforhold, helseforhold, barn og unge.

Dette er viktig for at også statlige organer på regionalt nivå skal få veiledning og kunnskap om hvordan de kan bidra til å ivareta hensynet til barn og unge i planleggingen.

### **Punkt 3 b. Ansvar på regionalt nivå**

- Fylkeskommunen og fylkesmannen skal veilede kommunene for å sikre at barn og unges interesser blir ivaretatt i kommunens planarbeid i henhold til punktene 4 og 5.

Med økt press på arealene og konflikter mellom ulike interesser, er det stort behov for at regionale myndigheter gjennom sin veiledning bidrar til økt forståelse for hvordan konflikter kan løses og hvordan man kan planlegge slik at barn og unges interesser ikke blir skadelidende.

Hensikten med veiledningen og støtten til kommunene er å stimulere til et planleggingsarbeid som fyller de prosess- og kvalitetskrav retningslinjene angir, slik at det ikke blir nødvendig å fremsette innsigelser.

Punkt 3 b forutsetter et nært samarbeid mellom fylkesmannen og fylkeskommunen, og som på statlig nivå forutsettes et samarbeid mellom andre berørte instanser på regionalt nivå (skoleverket, helsesektor, vegvesen mm).

### **Punkt 3 c. Ansvar på kommunalt nivå**

Kommunens skal følge opp nasjonal politikk gjennom sin samfunns- og arealplanlegging.

Kommunestyret og den administrative leder har overordnet ansvar for planlegging på lokalt nivå jfr. PBL § 3-2 og § 3-3.

Kommunen har, som lokal planmyndighet det primære ansvaret for at disse retningslinjene blir lagt til grunn i planleggingen. Dette gjelder uavhengig av hvem som fremmer planforslaget.

Kommunen skal sørge for at all planlegging etter plan- og bygningsloven som foregår i kommunen er i tråd med rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging.

Det er en klar forutsetning at kommunenes planlegging for barn og unge gjennomføres i et tverrsektorielt samarbeid.

Dersom retningslinjenes punkt 4 og 5 ikke overholdes, kan fylkeskommunen og fylkesmannen fremme innsigelse.

### **Innsigelser, klager og dispensasjon.**

Punkt 3 b tar også opp retten til å fremsette innsigelser.

Fylkeskommunen og berørt statlig myndighet har innsigelsesrett til planer etter plan- og bygningsloven § 5-4 og § 5-5.

Fylkesmennene har adgang til å reise innsigelser ut fra sitt fagansvar.

Kommunale arealplaner som er i strid med rikspolitiske retningslinjene skal gi grunnlag for å reise innsigelser.

Retningslinjene understreker at fylkeskommunens faglige ansvar i slike saker omfatter barn og unges interesser og at fylkeskommunens innsigelsesrett også knytter seg til disse interessene.

Retningslinjene understreker at også barne- og ungdomsperspektiv må tas med i de planfaglige vurderinger som likevel gjøres.

Retningslinjene vil bli lagt til grunn for vurdering av konfliktsaker som fremmes for sentral behandling etter plan- og bygningslovens § 12-10, § 12-11, § 12-12.

### **Klage**

Ansvar for behandling av klagesaker er ikke tatt spesielt opp i punkt 3. Her følges generelle bestemmelser jf rundskriv T-2/04 om Klage og innsigelse.

### **Dispensasjon**

I plan- og bygningsloven av 25. juni 2010 nr 48 § 19-1 fremgår: «Dispensasjon krever grunnlagt søknad. Før vedtak treffes skal naboer varsles på den måten som er nevnt i § 21-3». Og videre: «Regionale og statlig myndigheter hvis saksområde er direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før dispensasjon gis.»

Fylkesmannen og fylkeskommunen og andre statlige myndigheter skal ved behandling av dispensasjonssøknad vurdere forholdet til disse retningslinjer.

## **Punkt 4. Krav til den kommunale planprosessen**

Punkt 4 stiller krav til den kommunale planprosessen.

Kravene i punkt 4 skal sikre at barn og unges situasjon kommer på den politiske dagsorden i kommunene når plansaker diskuteres, og slik integreres i all kommunal planlegging - og byggesaksbehandling.

### **Punkt 4a. Vurdere konsekvenser for barn og unge i plan- og byggesaksbehandlingen etter plan- og bygningsloven.**

En vurdering av planenes konsekvenser for barn og unge i den enkelte sak, vil kunne gi en bedre saksframstilling og bringe barne- og ungdomsspørsmål inn i den politiske diskusjonen og øke bevisstheten om barn og unges situasjon.

Et godt beslutningsgrunnlag er avhengig av at konsekvensene både for mindre barn og unge blir tilstrekkelig belyst.

Se mer i *Temaveileder om barn og planlegging etter plan og bygningsloven* T-1513 på departementets nettsider.

### **Punkt 4b. Foreta en samlet vurdering av barn og unges oppvekstmiljø for å innarbeide mål og tiltak i kommuneplanarbeidet.**

Gjennom arbeidet med overordnet planlegging på kommuneplannivå skal kommunene få oversikt over tilstanden i kommunen.

Kommunene skal foreta en vurdering av hvordan oppvekstmiljøet er for barn og unge rundt om i sin kommune.

Slik får kommunen kunnskap om *hvor* i kommunen det er behov for tiltak og hvilke tiltak som er nødvendig for å skape og/eller sikre gode oppvekstmiljø og nærmiljø for barn og unge.

Kommunene bør også få innspill fra befolkningen om hvordan man får til gode oppvekstmiljø.

Kommunen avgjør hvordan de skal få frem en slik samlet vurdering.

Dette innarbeides i kommuneplanarbeidet.

Se mer om konsekvensutredninger i *Temaveileder om barn og planlegging etter plan og bygningsloven* T-1513 på departementets nettsider.



#### **Punkt 4c. Utarbeide bestemmelser og retningslinjer om omfang og kvalitet av arealer og anlegg av betydning for barn og unge, som skal sikres i planer der barn og unge er berørt**

På bakgrunn av gjennomføring av punktene 4 a og 4 b i disse retningslinjene kan kommunen utarbeide utfyllende bestemmelser og retningslinjer til kommuneplanens arealdel. Disse vil bidra til å legge til rette for og sikre at de mål og tiltak som fremkom at disse, blir ivaretatt i kommuneplanen.

Utarbeidelse av utfyllende bestemmelser til kommuneplanens arealdel og retningslinjer vil forenkle den kommunale behandling av enkeltsaker. Forslag til planer skal følge de bestemmelser som er gitt i kommuneplanen.

Detaljerte retningslinjer om fysiske forhold må utformes av den enkelte kommune, slik at de kan tilpasses lokale forhold.

Bestemmelsene må være rettslig forankret i plan- og bygningsloven. I henhold til plan- og bygningsloven kan kommunen vise arealformål og underformål som angitt i § 11-7, nummer 1-6.

Videre kan kommunen vedta generelle bestemmelser til kommuneplanens arealdel som angitt i § 11-9, se særlig nr 4, 5 og 6 som omhandler grønnstruktur og leke- ute og oppholdsplasser

Videre kan det i medhold til plan- og bygningsloven § 12-5, § 12-7 gis bestemmelser om arealformål og til arealformålene i reguleringsplaner.

For mer detaljer se i *Temaveileder om barn og planlegging etter plan og bygningsloven* T-1513 på departementets nettsider.

Ved utarbeidelsen skal det legges vekt på kravene til fysisk utforming i punkt 5.

#### **Punkt 4d. Kommunen skal organisere planprosessen slik at synspunkter som gjelder barn som berørt part kommer fram og at ulike grupper barn og unge selv gis anledning til å delta.**

Barn og unge berøres ofte av planer selv om de ikke faller inn under den gjengse forståelse av begrepet « berørt part ». Punkt 4d oppfordrer spesielt til å trekke barn og unge selv mer aktivt inn i planleggingen.

I Plan- og bygningsloven av 2010 ble krav til medvirkning fra barn og unge ytterligere forsterket i § 5-1:

Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.

Kommunen har et spesielt ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.

For å sikre reell medvirkning er det viktig at barn og unge blir trukket med tidlig i planprosessen. Erfaringsmessig er det vanskeligere å bli hørt og tatt hensyn til dersom ens synspunkter fremmes sent i planprosessen.

Det er viktig at de personer, grupper eller instanser som kan representere barn og unges sak, også gis anledning til å fremme synspunkter. Dette bør imidlertid ikke komme som en erstatning for barn og unges egen mulighet for å delta og uttale seg.

Krav til medvirkning og deltaking er også et krav barn og unge har etter FN's konvensjon for barns rettigheter (barnekonvensjonen). Konvensjonens artikkel 12 sier at barnet har rett til å si sin mening og bli hørt i alt som vedrører det.

Se mer i *Temaveileder om barn og planlegging etter plan og bygningsloven* T-1513 på departementets nettsider.

**Innsigelsesretten gjelder også prosesskravene gitt i punkt 4.**

Dersom ikke prosesskravene i punkt 4 overholdes, kan dette gi grunnlag for å påberope feil saksbehandling i forbindelse med utarbeidelse av planer etter plan- og bygningsloven.

## Punkt 5. Krav til fysisk utforming

Retningslinjenes punkt 5 angir hvordan man ved god planlegging og planutforming kan oppnå og sikre trygge og sunne oppvekst- eller lekemiljø.

Punkt 5 a og b angir egenskaper ved arealer som barn skal kunne bruke:

### Punkt 5 a.

**Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare.**

### Punkt 5 b.

**I nærmiljøet skal det finnes arealer hvor barn kan utfolde seg og skape sitt eget lekemiljø. Dette forutsetter blant annet at arealene:**

- er store nok og egner seg for lek og opphold
- gir muligheter for ulike typer lek på ulike årstider
- kan brukes av ulike aldersgrupper, og gir muligheter for samhandling mellom barn, unge og voksne.

Barn er den gruppen i befolkningen som bruker utearealene mest, og for dem har nærmiljøet stor betydning. Fordi barns aksjonsradius er begrenset er tilgjengelighet og gode atkomstmuligheter til arealer og anlegg for daglig fysisk aktivitet og friluftsliv i nærmiljøet er særdeles viktig. Vi tenker her på at arealene skal nås til fots og eller på sykkel.

Kravene i punkt 5 a og b blir viktigere og viktigere etter som byer, tettsteder og kommune- og bygdesentra fortettes. Vi vet at mindre barn ikke har forutsetninger for å mestre kompliserte trafikksituasjoner og at det derfor er svært viktig med trafikksikre arealer og ferdselsårer. Særlig hensyn må også tas da vi vet at barn er særlig utsatt for helseskader som følge av luftforurensning.

Kravene i punkt 5a og b er generelle og peker bare på forhold som skal tas hensyn til og vurderes. De gir imidlertid ikke veiledning om hvordan kravene kan ivaretas i ulike typer områder

Kravene konkretiserer likevel forhold som eventuelle innsigelser, protester, klager eller merknader til planer og enkeltsaker må vurderes ut ifra.

Se mer i *Temaveileder om barn og planlegging etter plan og bygningsloven T-1513* på departementets nettsider.

### Punkt 5 c. Kommunene skal avsette tilstrekkelige, store nok og egnet areal til barnehager.

Det er viktig for kommunen å sikre arealer i takt med utbygging, tilflytting og den demografiske utvikling i kommunen. Kommuneplanarbeidet er en arena der slike forhold bør og skal vurderes, og arealer avsettes. For å sikre samtidighet kan man bruke rekkefølgebestemmelser.

Se mer i *Temaveileder om barn og planlegging etter plan og bygningsloven T-1513* på departementets nettsider.

Det bør velges ut arealer som sikrer at barnehagen blir en integrert del av lokalmiljøet med muligheter for gjensidig kontakt, og sambruk med andre institusjoner og felles friområder i lokalsamfunnet, som nærhet til grøntstruktur, grøntdrag m.v.

Nærhet til lokalmiljøet vil også kunne bidra til redusert behov for transportering av barna til barnehagen.

### Punkt 5 d.

**Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt.**

Punkt 5d om erstatningsarealer har til hensikt å forhindre at lekearealer betraktes som reservearealer for utbyggingsformål.

Svært mange av plankonfliktene i tilknytning til barn går nettopp på at lekeområder tas i bruk til andre formål. Dette gjelder både naturlige lekeområder (skogholt, ubebygde tomter, løkker o.l. der barn leker og har gode utfoldelsesmuligheter), og arealer som er spesielt regulert til lek eller utendørs opphold. Selv om barn og unge har brukt et område i generasjoner, får de ikke «hevde» på det.

«Fullverdig erstatningsareal» betyr at de nye arealene som gis som kompensasjon, skal fylle kravene i punkt 5a og b.

I punkt 5 d siste setning står det «eller dersom omdisponering av arealer egnet for lek ... »). Bestemmelsen legger til grunn at dette gjelder omdisponering av arealer som er egnet for lek, enten arealet er regulert eller uregulert.

Punkt 5d gjelder alle slags omdisponeringer, dvs. både utbygging og omregulering. De gjelder også uavhengig av om endringene skjer som vesentlig eller mindre vesentlig reguleringsendring, eller som dispensasjon fra gjeldende regulering. Det er viktig å presisere dette.

Erfaringsmessig er faren for at barns og unges interesser skal tilsidesettes særlig stor i dispensasjonssaker og ved mindre vesentlige reguleringsendringer. I disse saker følger en ikke samme prosedyre mht. offentlighet og samarbeid med andre etater som ved vanlige planer. Det finnes heller ikke klare regler for hva som kan betraktes som en mindre vesentlig endring ut fra hensynet til barn og unge.

Retningslinjene tar utgangspunkt i faktisk bruk av arealet eller arealets nytteverdi for lek og opphold, og ikke i de formelle eller reguleringsmessige forhold som gjelder for arealer. Det er bruks- eller nytteverdien som er relevant for barn og unge og ikke hva arealet faktisk er regulert til, om det er regulert eller uregulert og hvem som eier det.

Kravet til erstatningsareal vil ikke gjelde ethvert areal som er egnet for lek, men skal sikre at slike områder ikke blir tatt til utbygging før en har forvissnet seg om at de generelle kravene til lekemuligheter i punkt 5a og b kan oppfylles, og på hvilken måte dette skal skje.

I konfliktsaker vil det gjerne være forskjellig syn på om arealer faktisk er i bruk eller ikke. Barneombudet har hatt saker der barn og unge hevder at de bruker et lekeareale som står i fare for å bli regulert til annet formål, mens de som er ansvarlige for reguleringen hevder at arealet overhodet ikke brukes av barn og unge.

I denne type saker er det derfor spesielt viktig å kartlegge den faktiske bruk av arealene. Her vil medvirkning fra barn og unge være viktig. (jf. punkt 4d). Metoder for kartlegging av barn og unges faktiske bruk av arealene også mht til bruk i ulike årstider, vil her være nyttige.

Formuleringen om «fremtidens behov» viser til problemet med at antall barn i et område varierer over tid. En kan derfor ikke bare ta hensyn til de barn som til enhver tid bor i et område, men må også sikre fremtidige barnegenerasjoners behov. Forslag til omdisponering av lekeareal kommer lettere fram i perioder med lavt antall barn i et område.

Kommuneplanens forutsetninger mht utbyggingsmønster bør derfor ha et langsiktig perspektiv gjerne på 30-50 år slik at slike situasjoner unngås. Krav til lekeområder bør stilles uavhengig av dagens situasjon..

En omdisponering vil være irreversibel, og det understreker behovet for en reell vurdering av om dette vil gavne både dagens og fremtidige barnegenerasjoner.

Se mer om medvirkning og barnetråkk i på temasiden Barn og unge på Kommunal- og moderniseringsdepartementets nettside og i *Temaveileder om barn og planlegging etter plan og bygningsloven* T-1513 på departementets nettsider.





Bjørn Sævik  
Remen 29  
6170 VARTDAL

Vartdal 31.12.2015

VOLDA KOMMUNE	
2015/2106	ELG
	SIRSC
5 JAN 2016	
	Emmed
	614

VOLDA KOMMUNE  
EIGDOMSAVDELINGA v/ Siri Birkeland Solheim  
STORMYRA 2

6102 VOLDA

### NABOVARSEL - BYGGING AV OMSORGSBUSTADAR PÅ EIGEDOMEN GNR 19 BNR 24 - "DOKTORHAUGEN"

Som eigar av g.nr. 19 b.nr. 25 har eg fylgjande merknader:

Arealbruk:

Eg har arbeidd ved tekn. etat i Volda kommune i vel 30 år (oppstart i des. 1975) og har oppfatta eigedomen g.nr. 19 b.nr. 24 som eit totalt freda friområde. Det er såleis med undring at eg får vite at eigedomen no skal nedbyggjast. Eg har elles av kommunen si planavdeling fått opplyst at ved sist rullering av kommunedelplanen for sentrum av Volda har den aktuelle parsellen fått fargen gul og såleis tenkt omdisponert til bustadføremål.

I mi tid som arbeidstakar i kommunen erfarte eg eit stadig aukande press på nedbygging av grønne lungar i sentrumsnære områder. Eg meiner dette må bremsast på. Vi bør ha råd til å ofre på oss noko grøntareal for rekreasjon, hygge og leik.

Når kommunen, som eig den ca 1,3 da. store parsellen, ynskjer å bygge omsorgsbustader på parsellen, meiner eg bruken ikkje samsvarar med det som er fastsett i kommunedelplanen. Eg vil hevde at fargen skal vere raud (off. areal) med påskrift omsorgsbustadar og vidare at bruksendringa/bruken skal fremjast ved utarbeiding av reguleringsplan med tilhøyrande vedtekter. Det er lite truleg at "den menige mann" gjennom kommunedelplanen (truleg i målestokk 1: 5000) får med seg at eit areal på 1,3 da. skiftar farge frå grønt til gult. Naboar og eventuelt grendalag/vellag må direkte tilskrivast.

Eg ber om dokumentasjon for politisk hadsaming når det gjeld bruksendring for eigedomen

gnr. 19 bnr. 24 (frå grøntområde til bustad).

**Naboforhold/trivsel:**

Den vesle utsikta/tilgang på lys og luft for bakanforliggende husrom (som pr i dag ligg nede i ei dump i terrenget) vil bli minimal/fjerna.

For meg som nabo i aust, eigar av g.nr. 19 b.nr. 25, vil eg misse sollys (ettermiddagsol) på uteplassen mot vest, Eg vil og få redusert utsikt frå hjørnevindauga i stova.

Frå bakerste stovevindauge i nordvestre hjørne av bygget vil eg "kun" sjå i avstand 5 m. og då til bakveggen av boder i ca 10 m. lengd.

Felles uteplass for bukomplekset blir og plassert inntil min opparbeidde uteplass/terasse.

**Tomteforhold/opparbeiding:**

Det må utsetjast høgdeplassingar og front av bygningsmassen. Mot bytet til g.nr.19 b.nr. 25 går det ein fjellrygg som det må sprengast i. Eg lurar på korleis dette er tenkt gjort utan at fjellet på nabotomta i aust vil sprekkje.

"Djup" sprenging i avstand ca. 0,5 meter bak planlagde boder i aust, inntil ca 0,5meter frå vår felles grense, vil føre til at det blir vanskeleg å skjermplante på grunn av lite med rotfeste for vestleg vind.

**Konklusjon:**

Eg ynskjer at planane om utbygging blir gjort om inkje og at tomta på nytt får bruksområder friområde/park/leik. Om slikt ikkje skjer krev eg at det blir utarbeidd reguleringsplan for området. Uansett er det ynskjeleg at forvaltninga saman med partane i saka foretek ei synfaring.

Med venleg helsing

  
Bjørn Sævik



# NOTAT

**Til:** Egedomsavdelinga  
**Frå:** Sonja Håvik  
**Kopi:** Utvikling  
**Sak:** PlanID 2016006 - Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Doktorhaugen gbr 19/24 mf.l.

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/1096	14758/2016	2016006	SVK/SONHAV	20.12.2016

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLANID 2016006.  
DETALJREGULERINGSPLAN FOR SEVRINHAUGEN/DOKTERHAUGEN, GNR.  
19, GNR. 24 MFL. HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 15.12.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 177/16, der det vart gjort slikt vedtak:

*Saka vert utsett.*

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik  
konsulent

Kopi til:  
Berit Sandvik Skeide - sakshandsamar

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2016/1096
		Arkivkode:	2016006

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
227/16	Formannskapet	29.11.2016
177/16	Kommunestyret	15.12.2016

## **PLANID 2016006. DETALJREGULERINGSPLAN FOR SEVRINHAUGEN/DOKTERHAUGEN, GNR. 19, BNR. 24 MFL. HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN**

### **Handsaming:**

Dan Helge Bjørneset fekk permisjon og vara Odd Martin Velsvik tok sete.

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om habilitet, ho er mor til ein mogleg framtidig brukar av bustadane. Jf. fvl. § 6, 2.ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Per Svein Krøvel reiste spørsmål om habilitet, han er far til ein mogleg framtidig brukar av bustadane. Jf. fvl. § 6, 2.ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

### Røysting habilitet:

Sølvi Dimmen vart kjent habil med 23 røyster, to røysta imot.

Per Svein Krøvel vart samrøystes kjent habil.

Sølvi Dimmen og Per Svein Krøvel tok sete.

Helge Standal, MDG, kom med slikt framlegg:

- 1. Kommunestyret godkjenner ikkje reguleringsplan for gnr. 19, bnr. 24 mfl. datert 21.11.2016.*
- 2. Kommunestyret ber rådmannen om å utarbeide reguleringsplan for Doktorhaugen som friområde.*
- 3. Kommunestyret ber om ei synfaring, og orientering om organisering av butenesta for utviklingshemma, noverande og framtidig behov for bustader, og sentrale føringar for bustadbygging for desse.*

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habiliteten til Sølvi Dimmen og Per Svein Krøvel, jf. grunngjevinga ovanfor. Dei tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Sølvi Dimmen vart samrøystes kjent inhabil.  
Per Svein Krøvel vart samrøystes kjent inhabil.

Erlend Krumsvik kom med framlegg om å utsette saka.

**Røysting** (25 røysteføre):

Utsettingsframlegget fekk 24 røyster og vart vedteke. Ein røysta imot.

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016

***Saka vert utsett.***

Sølvi Dimmen og Per Svein Krøvel tok sete.

**Handsaming:**

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om habilitet, ho er mor til ein mogleg framtidig brukar av bustadane. Jf. fvl. § 6. 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Sølvi Dimmen vart kjend inhabil med seks røyster, to røysta imot (Dan Helge Bjørneset og Odd Harald Sundal).

Sakshandsamar Berit Sandvik Skeide orienterte om saka.

Odd Harald Sundal kom med slikt framlegg:

Nytt punkt 2 – *Kommunestyret vil kome tilbake til formål og utforming av bygg på Doktorhaugen ved eventuelle seinare behov for tilrettelagde bustader.*

Nytt punkt 3 – *Kommunestyret vil ta omsyn til høyringssvara i saka, og ber administrasjonen snarleg be tilbydarar av sentrale tomter om å gi tilbod på utbygging av 5 bustader for utviklingshemma i privat eller offentleg regi.*

Odd Harald Sundal trekte framlegget sitt.

Odd Harald Sundal kom med nytt framlegg:

*Kommunestyret vil kome attende med eiga sak for utbygging av området.*

**Røysting** (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med tillegget frå Odd Harald Sundal, vart samrøystes vedteken.

## **Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:**

1. *Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.*

*Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.*

2. *Kommunestyret vil kome attende med eiga sak før utbygging av området.*

Sølvi Dimmen tok sete.

## **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.*

*Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.*

## **Vedlegg:**

1. Reguleringsplankart, datert 5.9.2016.
2. Reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.
3. Planomtale, sist datert 21.11.2016.
4. ROS-analyse, datert 5.9.2016.
5. Søknad om rammeløyve (byggesaka).
6. Merknad frå Kommunalt råd for funksjonshemma, datert 24.10.2016.
7. Merknad frå NFU Ørsta Volda lokallag, datert 3.11.2016.
8. Merknad frå LLP, avd. Søre Sunnmøre, datert 10.11.2016.
9. Merknad frå Bjørn Sævik, datert 14.11.2016.
10. Brev frå Bjørn Sævik, registrert 5.1.2016.
11. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 11.11.2016.
12. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.11.2016.
13. Sak til formannskapet 20.9.2016, f-sak 155/16.

## **Bakgrunn:**

Volda kommune har overordna behov for å leggje til rette for utbygging av tenester for høgare omsorgsnivå nær sentralbasen ved Omsorgssenteret. Dokterhaugen er ei tomt eigd av kommunen og ligg nær til dei øvrige omsorgstenestene.

Volda kommune har behov for nye bustader for personar med utviklingshemming. Bygging av bustadane er fastlagt gjennom Omsorgsplanen 2014-2017, og ligg inne i gjeldande økonomiplan. Planframlegget legg til rette for at det kan byggjast inntil 5 bustader.

Gjennom ei vurdering av moglege tomter, er det konkludert med at det er ønskjeleg med ei samlokalisering av bustadane. Lokaliseringa på Dokterhaugen er gunstig med tanke på å utnytte felles ressursar for bemanning på Fjordsynområdet, og lokalisering i forhold til Volda sentrum.

Føremål med planarbeidet er å leggje til rette for bygging av fem bueiningar for menneske med psykisk funksjonshemming på gnr. 19, bnr. 24.

### **Saksopplysningar:**

#### Planprosess

Det vart halde oppstartsmøte på Volda rådhus 28.6.2016. På møtet drøfta ein avgrensing av planområdet, konsekvensutgreiing, ROS mm. Føresetnader for det vidare arbeidet var også tema. Planarbeidet blei varsla igangsett ved annonse i avisa Møre 2.7.2016, og informasjon på kommunen si heimeside. Høyringsinstansane, grunneigarar og naboar vart varsla med eige brev, datert 29.6.2016. Frist for å kome med innspel til planarbeidet var sett til 22.8.2016. Det kom inn 6 innspel i samband med varsel om oppstart av planarbeidet.

Formannskapet vedtok i møte 20.9.2016 (f-sak 155/16), å leggje forslag til detaljreguleringsplan ut til offentleg ettersyn. Frist for å kome med innspel til planforslaget var sett til 16.11.2016.

#### Felles plan og byggesak

Kommunen har tidlegare lagt til rette for felles plan- og byggesak i samsvar med plan- og bygningslova, § 1-7 (jf. § 12-15 og § 21-4). På grunn av uvisse knytt til utforming av forprosjektet, er det ikkje lenger føremålstenleg med felles plan- og byggesak.

#### Merknader i samband med offentlig ettersyn

I samband med offentlig ettersyn kom det inn 6 merknader til planforslaget.

Kommunalt råd for funksjonshemma (datert 24.10.2016), stiller spørsmål ved om det er vurdert andre tomter for lokalisering av bustadene. Dei viser til kommunale tomter på Bratteberg og Rotset (Bømarka). Rådet gir klart uttrykk for at dei meiner det er uheldig med fortetting av bustader på Sevrinhaugen/Dokterhaugen. Ei utbygging som skissert vil kunne gi eit institusjonsprega bumiljø. Rådet hevdar leiligheitene er små og lite eigna for rullestolbrukarar.

#### Kommentar:

Eigedomsavdelinga har i samarbeid med omsorgsavdelinga vurdert fleire lokalitetar med omsyn til plassering av omsorgsbustadane, deriblant ei kommunal tomt på Bratteberg. Alternativa vart lagt fram for dei pårørande, som gjekk for Dokterhaugen. Dokterhaugen er sentrumsnært med kort veg til offentlig kommunikasjon.

Det er også kort veg til butikkar og andre sentrumsfunksjonar. Dei pårørande la vekt at området framstår som eit trygt nabolag, med kort veg til offentlege døgntjenester. Brukarane av bustadane har ikkje bil, og det vil vere positivt for dei å ha kort veg til funksjonar i sentrum.

Nemnde tomteareal på Rotset (Bømarka) er i kommunedelplan for Volda sentrum, lagt ut som utvidingsareal til Bømarka barnehage.

Tomta på Bømarka ligg vesentleg lenger vekk frå sentrum. Det er også lenger avstand til offentlege døgntjenester. Arealet på Bømarka er i privat eige og ikkje regulert til bustadføremål. Kommunen held fast ved at ein i alle høve har behov for å sikre areal for utbygging av omsorgsbustader ved Sevrinhaugen/Dokterhaugen.

Kommunen bør vurdere om ein i kommuneplanssamanheng skal sikre seg arealet ved Bømarka.



Råd for funksjonshemma har vore involvert i prosessen. I tillegg har det vore fleire møte (individuelle og felles) med pårørande til dei som har søkt om kommunal bustad. Partane har også fått tilsendt teikningar av prosjektet med moglegheit for tilbakemelding.

Planmynde har utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan etter tinging frå Eigeidomsavdelinga. Ein forutset at prosjektet tilfredsstillar krav til universell utforming.

Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) Ørsta Volda lokallag, datert 3.11.2016, meiner det er uheldig at Volda kommune planlegg ytterlegare fortetting av omsorgsbustader. Dei viser til at det er i strid med nasjonale føringar. Samstundes oppfordrar lokallaget kommunen til å tenkje langsiktig. Laget slår fast at det vil vere behov for meir sentrumsnære areal for bustader til menneske med nedsett funksjonsevne i framtida. Laget oppfordrar kommunen til å vurdere alternativ lokalisering for prosjektet. NFU stiller spørsmål ved om kommunen har kvalitetssikra planløysinga for bustadane. Gnr. 19, bnr. 24, bør etter NFU si vurdering liggje som grøntareal for dei som bur i området.

Kommentar:

Det vert vist til kommentar til merknadene ovanfor. Det er behov for areal til sentrumsnære omsorgsbustader i dag. Difor er det viktig å få på plass detaljreguleringsplan som mogleggjer bygging av slike bustader.

Landsforeningen for pårørende innen psykisk helse, (LLP), datert 10.11.2016, meiner det er uheldig å fortette ytterlegare i området ved Sevrinhaugen/Dokterhaugen. Dei viser til at det er i strid med nasjonale føringar. LLP hevdar dei prosjekterte bustadane er små og at dei neppe oppfyller krava til areal for bruk av t.d. rullestol (jf. universell utforming). LLP meiner gnr. 19, bnr. 24 bør nyttast til aktivitets- og friluftstad for større trivsel for dagens bebuarar. Avslutningsvis oppmodar LLP Volda kommune å gå i dialog med tomteeigar/ev. utbyggjar, og byggje dei nye bustadane på Bømarka.

Kommentar:

Det vert vist til kommentar til merknad frå kommunalt råd for funksjonshemma ovanfor. Hove & Co på vegne av Bjørn Sævik, datert 14.11.2016, viser innleiingsvis til klagen hans på Volda kommune sitt rammeløyve (juni 2016) og merknader i samband med oppstart av reguleringsplanarbeidet (august 2016). Hove held fast ved klagen på rammeløyve og merknadene datert 24. august 2016.

Hove viser til kommunen si saksutgreiing ved utlegging til offentleg ettersyn (sak 155/16), der kommunen la til grunn at kommuneplanen sin arealdel, vedteken 18.6.2009, gjeld framom reguleringsplan for Fjordsynområdet (godkjent 30.3.2000). Hove hevdar at dette er stikk motsatt konklusjon i forhold til det ein annan klient av han formidla som syn/konklusjon frå Volda kommune si side, ein annan stad i kommunen, det plantilhøvet er tilsvarande.

Hove held fram og held fast ved at framlegget til reguleringsplan råkar eit friområde/fellesareal underlagt RPR FOR-1995-09-20-4146, jf. for eksempel pkt. 5d og 5b, samt merknader datert 24. august. Det vert også vist til Rundskriv T-1513. Hove meiner arealet er uerstatteleg og at det ikkje kan fjernast utan at det vert kompensert med fullverdig erstatningsareal. Hove slår fast at det ikkje er vist erstatningsareal og at kommuneplanen sin arealedel er underlagt same rettsreglar som reguleringsplan.

Hove meiner eigedommen til Sævik vil miste sollys (ettermiddagsol) på sentral uteplass mot vest. Vidare vil utsikten frå hovudvindaug i huset bli sterkt redusert, og utsikten frå stovevindaug vil bli bakveggen på bodene i prosjektet. Hove informerer om at Sævik sin veletablerte uteplass, vert liggjande heilt inntil omsorgsbustadane sin uteplass. Hove meiner det er uheldig, og at planar skal løyse konflikter og ikkje skape konflikter.

Hove informerer om at det går ein fjellrygg i bytet mot bnr. 25, som det må sprengast i. Sævik lurar på korleis dette er tenkt gjort utan at fjellet på nabotomta i aust vil sprekke. Sævik er uroa for at det vil verte vanskeleg å plante vegetasjon som skjerm mot nabotomta, på grunn av for lite rotfeste for vestleg vind.

Sævik meiner skisserte utbygging på Sevrinhaugen/Dokterhaugen, vil føre til eit konsentrert og stort institusjonsområde, som vil vere mindre tenleg for brukarane.

Hove slår fast at avstand frå nabogrense (bnr. 25) er langt under 4 meter. Hove hevdar det ikkje er grunnlag for slik avstand og at det ikkje vert akseptert. Sævik sin advokat påpeikar vidare at skisserte omsorgsbustader ikkje er i samsvar med § 2.1 a i forslag til reguleringsføresegner for området. Sævik meiner bygningane bryt med byggeskikken i området.

Advokat Hove viser til Bjørn Sævik sitt brev til Volda kommune 31. desember 2015, og ber om at det vert ein del av merknaden frå Sævik.

---

#### Kommentarar:

Kommunen har ingen kommentar til Hove sin påstand om forskjellshandsaming, då vi ikkje konkret kjenner til saka Hove viser til. Volda kommune held fast på vurderinga som vart gjort i saksutgreiinga til formannskapet i sak 155/16.

For ordens skuld tek vi med vurderinga frå saka ved utlegging til offentleg ettersyn.

Sitat frå sak 155/16:

*«Planområdet er i kommunedelplan for Volda sentrum (godkjent 18.6.2009) lagt ut til offentleg bygning (O5) og bustad.»*



Utsnitt frå kommunedelplan for Volda sentrum

*I reguleringsplan for Fjordsynområdet (godkjent 30.3.2000) er området lagt ut til byggeområde, eldre-, omsorgsbustader (OB2) og offentleg friområde.*



Utsnitt frå reguleringsplan for Fjordsynområdet

*Det er kommuneplanen sin arealdel som gjeld for gnr. 19, bnr. 24. Noko som inneber at gnr. 19, bnr. 24 er lagt ut til bustadføremål. Det er difor ikkje formelt sett krav om erstatningsareal for friområde».*

Til grunn for vurderinga låg at dersom det er motstrid mellom formål i planar, er det sist vedtekne plan som gjeld. Gnr. 19, bnr. 24 er lagt ut til bustadføremål og ikkje friområde. Det er difor ikkje formelt sett krav om erstatningsareal no. Eventuelt krav om erstatningsareal skulle vore framstilt i samband med omdisponering av arealet frå friområde til bustad i samband med kommunedelplan for Volda kommune i 2009.

I nærområdet er det fleire areal til leik/friområde. Øyra barnehage og Engeset barnehage like ved, er mykje nytta areal til leik og opphald for dei som bur i nærområdet, og for andre som sykklar/går/køyrer til desse områda. Det er elles kort veg til park og leikeareal ved Samfunnshuset, Rådhuset og til ballplassane ved vidaregåande skule og høgskulen/Øyra skule.

Det er i reguleringsplanforslaget lagt til rette for oppføring av bygningar med mønehøgde inntil 5 meter og gesimshøgde inntil 3 meter. Grad av utnytting er sett til 40 % BYA. Det er snakk om relativt låge bygningar samanlikna med dei generelle reglane i plan- og bygningslova sin § 29-4, der det er lagt til rette for oppføring av bygg med maksimum gesimshøgde 9 meter og maksimum mønehøgde 8 meter. Det er også vesentleg lågare enn vanleg møne- og gesimshøgde i dagens reguleringsplanar for bustadområde.

Tap av sol, utsikt og avstand til uteplass er etter kommunen si vurdering ikkje meir enn det ein i dag normalt finn i bustadfelt i tettbygd strøk. Kommunen kan ikkje sjå at naboen vert påført ulemper som overskrir kva ein kan forvente ved fortetting i sentrum av Volda.

Volda kommune føreset at grunnarbeidet på gnr. 19, bnr. 24, vil bli gjennomført på ein forsvarleg måte.

Når det gjeld avstand til nabogrense, vert det vert vist til plan- og bygningslova sin § 29-4, sitat:

*«Hvis ikke annet er bestemt i plan etter kapittel 11 eller 12, skal byggverk ha en avstand fra nabogrense som angitt i forskrift eller som minst svarer til byggverkets halve høyde og ikke under 4 meter».*

Plan- og bygningslova slår fast at reguleringsplan kan fastlegge kortare avstand til nabogrense.

Paragraf § 2.1 i forslag til reguleringsføresegner har slik ordlyd, sitat:

«§ 2.1 Fellesføresegner

a) Bygningar skal plasserast innanfor byggegrensene vist i plankartet. Plankart og føresegner er bindande for plassering og utforming av bygningar og vegsystem. Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygg/anlegg. Ved søknad om byggeløyve skal det ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg si plassering i terrenget og i høve til kringliggjande bygningar.»

Etter kommunen si vurdering, er forprosjektet til bustadane godt i samsvar med forslag til reguleringsføresegner for området. Bustadane har saltak og ein materialbruk som ikkje skil seg frå kringliggjande bustader. I følgje teikningane knytt til forprosjektet, er det ikkje reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningane. Det ligg føre teikningar, snitt og 3D illustrasjon som viser bygningane si plassering i terrenget og i høve til kringliggjande bygningar.

I fasadene på skisserte prosjekt er det vist to typar kledning, ei liggjande trekvit kledning på veggjar med vindauge og dører og mørk kledning på sideveggane, dei utstikkande skiljeveggane mellom bueningane og som rekkverk på balkongane.

Taket er mørkt, slik at det går i eitt med den svarte trekledninga. Fasaden på felleshuset er også i svart trekledning, medan utebodene har den trekvite kledninga. Denne trekvite kledninga går også igjen i blomsterkassene ute på tunet. Etter kommunen si vurdering vil prosjektet ikkje skilje seg vesentleg ut frå kringliggjande busetnad.

Når det gjeld byggeskikk, ser ein at det er bustader frå ulike tidsrom med ulike uttrykk i området. Sevrinhaugen bufelleskap har valmtak. Det har også bustaden på gnr. 19, bnr. 25. Elles er det halvvalmtak og vanleg saltak på bustadane i området.

Momenta framført i brev av desember 2015, er etter kommunen si vurdering presentert og kommentert tidlegare i denne saka, og vert såleis ikkje nærare kommentert her. Brevet er lagt ved for ordens skuld.

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRF), datert 11.11.2016, rår til at felles utomhus opphaldsareal blir sikra opparbeidd gjennom rekkjefølgjeføresegner. MRF informerer om at kulturavdelinga har gjennomført arkeologisk registrering i området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

Kommentar:

Opparbeiding av felles utomhusareal vert sikra ved at reguleringsføresegnene får følgjande tilføyning: «§ 3.1. Felles utomhus opphaldsareal. Felles utomhus opphaldsareal for o\_BKB2 skal opparbeidast samstundes med oppføring av omsorgsbustadene.»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.11.2016, har ingen merknader til planforslaget.

---

## Vurdering:

Barn og unge

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon. I nærområdet er det fleire areal til lek/friområde. Øyra barnehage og Engeset barnehage like ved er mykje nytta areal til lek og opphald for dei som bur i nærområdet, og for andre som sykklar/går/køyrer til desse områda. Det er elles kort veg til park og leikeareal ved Samfunnshuset, Rådhuset og til ballplassane ved vidaregåande skule og høgskulen/Øyra skule.

#### Naturmangfald

I samband med utarbeiding av plan er det gjennomført ein sjekk i Naturbasen til Miljødirektoratet og Artsdatabanken. Det er ikkje registrert artar eller naturtypar i planområdet. Etter kommunen si vurdering medfører ikkje planframlegget negative konsekvensar i høve til naturverdiar/naturmangfald.

#### ROS

Det er gjennomført ei generell ROS-analyse. Ein kjenner ikkje til at det er særskilte moment som medfører risiko eller sårbarheit.

#### **Konklusjon:**

Volda kommune har lagt til grunn at det er kommunedelplan for Volda sentrum, godkjent 18.6. 2009 som gjeld for området. Det inneber at gnr. 19, bnr. 24 er lagt ut til bustadføremål.

Eigedomsavdelinga har i samarbeid med omsorgsavdelinga vurdert fleire lokalitetar med omsyn til plassering av omsorgsbustadene. Etter samråd med potensielle brukargrupper, vart Sevrinhaugen/Dokterhaugen valt som lokalitet. Råd for funksjonshemma har vore involvert i prosessen. Det har og vore, både felles og individuelle møte med dei pårørande til dei som har søkt om kommunal bustad.

I ettertid har det blitt stilt spørsmål ved om kommunen har vurdert fleire alternativ til lokalisering av omsorgsbustadene, og om skisserte bustader er universelt utforma. Som det går fram av saksutgreiinga ovanfor, har kommunen vurdert alternativ til lokalisering. Kommunen har valt Sevrinhaugen/Dokterhaugen, med bakgrunn i at det er ønskjeleg med ei samlokalisering av bustader. Lokaliseringa er gunstig i høve til utnytting av felles ressursar for bemanning på Fjordsynområdet. Med omsyn til at brukarane ikkje disponerer bil, er det ein fordel at det er kort veg Volda sentrum.

Kommunen legg til grunn at omsorgsbustadane tilfredsstillar krav i høve til universell utforming. Volda kommune har stor trong for sentrumsnære omsorgsbustader. Forslag til detaljreguleringsplan legg til rette for ei god og kostnadseffektiv utnytting av arealet på gnr. 19, bnr. 24.

Denne saka omhandlar regulering der ein fastset arealformålet og rammevilkåra for seinare utbygging. For kommunen er det overordna viktig at dette sentrale området ved sentralbasen for omsorgstenestene i kommunen vert sikra til omsorgsformål. Prosessen med pårørande til brukarane i den konkrete saka om bustader til vaksne funksjonshemma må gå vidare i samband med byggesaka, der ein endeleg må lande om brukarane skal ha bustader på denne tomta, samt kva endelege løysingar som vert å velje.

#### **Tilråding:**

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, til at kommunestyret godkjenner detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl. med tilhørende reguleringsføresegner.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

- Eigedom ved Jeanette Brandal / Kjell Magne Rindal.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde.

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2016/1096	Av. Ltv
Løpnr.	Shs. Beste
17 AUG 2014	
Ansvald. Flanid	
Klassering P:	
Klassering S:	

**Volda kommune**  
**Detaljregulering - reguleringsplan Severinhaugen / Dokterhaugen gnr19**  
**bnr24 m.fl**  
**Offentleg ettersyn**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

**DETALJREGULERINGSPLAN FOR SEVRINHAUGEN/DOKTERHAUGEN, GNR. 19, BNR. 24 MFL. I VOLDA KOMMUNE**

**Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova**

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgjevne forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	i	Anna (spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerde vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 5.9.2016 av Berit Sandvik Skeide





## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2016/953
		Arkivkode:	2016004

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
97/17	Formannskapet	13.06.2017
77/17	Kommunestyret	22.06.2017

### **PLANID 2016004 - REGULERINGSPLAN HYTTEVEG - LØFOLL, DEL AV GBR 74/2, 4 M.FL.**

#### **Handsaming:**

Sakshandsamar Per Heltne møtte under handsaminga av saka.

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 8 røyster og vart vedteken. Odd A. Folkestad røysta imot.

#### **Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:**

*Detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Løfoll, del av gnr 74/2 og 4 m.fl, slik det går fram av plankart og føresegner datert 23.05.2017, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.*

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Løfoll, del av gnr 74/2 og 4 m.fl, slik det går fram av plankart og føresegner datert 23.05.2017, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.*

#### **Vedleggsliste:**

Justert plankart datert 23.05.2017.

Justerte føresegner datert 23.05.2017

Merknader ved offentlig ettersyn.

Formannskapssak 34/17, den 13.03.2017. med vedlegg.

(Planomtale, plankart, Illustrasjonsplan, reguleringsføresegner, sjekklister ROS, lengdeprofil vegar, utsnitt 3-D modell m.v)

## Uprenta saksvedlegg:

Referat oppstartsmøte  
Jordskiftesak

## Saksopplysningar/fakta:

Det har i lang tid vore drøftingar mellom grunneigarar og hytteeigarar i området ved Løfoll, gnr 74 m.fl., korleis ei meir tidsmessig løysing for vegvedlikehald og tilkomst og parkering for etablerte hytter i området skal kunne sikrast.

Saka vart fremja med krav til handsaming for Jordskifteretten av tidlegare eigar av gnr 74/1-Rolf Botn, den 10.05.2007.

Saka har sidan dette vore til handsaming som Jordskiftesak fram til den vart avslutta den 24.11.2014. Ankefrist var sett til 15.01.2015, og ingen av partane har anka saka.

Jordskiftesaka er såleis endeleg og bindande for partane.

Det er i saka oppnemnt vegstyre og styringsgruppe for reguleringsplanarbeid.

I jordskiftesaka heiter det såleis:

*" Sams tiltak:*

*Utarbeiding øv reguleringsplan for området vist i førebels jordskiftekart 16.06.2010.*

*Jordskifteretten vedtek at det skal utarbeidast reguleringsplan for området vist i førebels jordskiftekart 16.06.2010.*

*Jordskifteretten utpeikar Edvin Løfoll, Line Homberset og Håvard Botn til styringsgruppe for utarbeiding av reguleringsplan. Styringsgruppa konstituerer seg sjølv. For gyldig vedtak krev ein at minst to i styringsgruppa stemmer for Styringsgruppa får fullmakt til å inngå avtale med arealplanleggjar for utarbeiding av reguleringsplan. Styringsgruppa skal også vere arbeidsgruppe for planarbeidet.*

*Planarbeidet skal vere oppstarta innan 6 månader etter at saka er rettskraftig.*

*Styringsgruppa skal føre rekneskap for planarbeidet og skal krevje inn tilskot frå interessentane i samsvar med fordelinga ovanfor. I samband med det har styringsgruppa - om naudsynt - fullmakt til tvangsinndriving.*

*Når reguleringsarbeidet er ferdig skal spørsmål om gjennomføring av reguleringsplanen som sams tiltak etter jordskiftelova handsamast av jordskifteretten under sak nr. 1510-2014-0035.*

*Sak nr. 1510-2007-0011 blir avslutta i dette møtet.*

*Spørsmålet om sams tiltak for bygging av ny veg til fritidseigedomane i området vert overført til ny sak med saksnr. 1510-2014-0035. Denne saka vert utsett til reguleringsarbeidet er ferdig."*

Styringsgruppa har engasjert plankonsulent firma P. Mulvik as til å fremje reguleringsplan ut frå tilrådinga i Jordskiftesaka, kartgrunnlag datert 16.06.2010.

Planframlegg vart etter varsla oppstart utarbeidd i samsvar med reglane i Plan og bygningslova kap. 12.

Framlegg til plan vart etter gjennomført planprosess fremja for handsaming i kommunen ved oversending den 29.11. 2016.

Volda formannskap handsama saka den 21.02.2017 som sak PS 34/17, og det vart gjort slikt vedtak: *"Framlegg til detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Botnen i Austefjorden, del av gnr 74/2 og 4 m.fl, slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 28.11.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10, jf §12-11."*

Offentleg ettersyn vart gjennomført i perioden 15.03.2017 til 27.04.2017.  
Innanfor gjeldande merknadsfrist er det motteke fylgjande innspel til saka:

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**, brev av 25.04.2017:

*Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.*

**Møre og Romsdal fylkeskommune**, brev av 26.04.2017:

*Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.*

**NVE** - epost den 6.04.2017:

*NVE har ingen merknad til planen.*

**Jarle Håvik og Øystein Håvik** gnr. 74/5,10, brev av 14.03.2017:

*"Vi har tidlegare hatt merknader til planen for veg til hyttene på Løfolla. Det har vi gitt uttrykk for i brev til Jordskifteretten, 12/4-2012 og til Per Mulvik a/s, 18.08.16.*

*Innvendingane frå vår side gjeld særleg framføring av vegen til hytta på 74/7 (Bjørdal/Ose). Vi har vanskeleg for å skjønne kvifor denne vegen må gjerast så lang. Trafikken til denne hytta vil etter planen passere hytta på 74/8 (Åslid) og sidan 74/9 (Hamre). Langs denne strekninga er det areal som det kan bli bygd hytter på i framtida.*

*Vidare er vegen etter planen ført 10-12 meter langs byte på 74/5,10 (Håvik) og endar alt for nær inngangspartiet til hytta vår.*

*Det mest logiske må være å la vegen til hytta på 74/7 (Bjørdal/Ose) gå frå krysset ved 74/1 (Berg-Rusten) og kortaste og greiaste veg ned til hytta. Vi vil elles understreke at tilkomsten til vår hytte må vere øvst på tomta og ikkje slik planen viser.*

*Vonar de tek omsyn til denne merknaden i det vidare arbeidet med detaljreguleringa."*


#### **Kommentar:**

Merknaden er omlag likelydande som innspel til planoppstart og som er referert og vurdert i samband med utarbeiding av endeleg planframlegg. jf. planomtale.

Den aktuelle tomte er relativt stor, (ca1.3da) og vert ikkje i det heile råka av sjølve vegen eller vegframføringar til nokon av dei andre hyttetomtene. Slik vegen til 74/7 er lagd vil 74/5 kunne legge veg inn på si tomte på det terrengnivå dei finn mest tenleg, også øvst på tomte om dei finn dette som beste løysing for eigen del.

Eg viser elles til at planlagt veg også skal gje utgangspunkt for vidareføring av skogsveg, og dei vurderingar som er gjort i plan og i Jordskiftehandsaming om terrengmessig tilpassing, omsyn til attverande eigedomar og tenleg tilkomst for alle hyttetomter.

Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.



**Rolf Botn**, brev av 15.03.2017:

*"Viser til forslag om å legge hytteveg inn på gnr/bnr. 74/1. Årsaka til vidareføring av vegen er dei 6 hyttetomtene som gnr/bnr74/4 har selt. Om ikkje dette var gjort, ville det ikkje vere behov for denne vegen. Når gnr/bnr 74/4 har selt hyttetomter og har flere mulegheiter til å vidareføre hyttevegen på eigen grunn, finn eg det svært urimelig at gnr/brn 74/1 skal stille*

matjord til dette formålet. Det må nesten gnr/bnr 74/4 ordne opp i sjølv. Det bør vere eit viktig mål å bevare mest mogleg dyrka jord for matproduksjon, noko som blir meir og meir aktuelt."

**Kommentar:**

Det er 74/1 som har fremja saka for jordskifte. Vurderingane av fordelar og ulemper ved planlagde løysingar for dei einsskilte eigedomane er her vurdert og konkludert.

Regulerings-saka skal ikkje vere "omkamp" i høve til avgjerd i jordskiftesaka.

Det er ved planlagt vegløyising svært avgrensa med dyrka mark som vert lagt beslag på. Eg viser elles til merknad nedanfor frå ny eigar på 74/1.

**Håvard Botn**, brev av 15.04.2017:

*"Punkt 1. Feil bruksnummer er brukt i kartet i saksframlegg. Det står bruk 74/4 på bruk 74/1 sin eigedom. Det må rettast opp. ( Vist som punkt 1 i vedlegg 2)*

*Punkt 2. Eksisterande veg flyttast om lag 4 meter vestover, frå grensa mellom bruka 74/1 og 74/4 til sør om møteplass/ parkeringsplass, ved naustet til 76/1. (Vist som punkt 2, i vedlagt kart vedlegg 3). Ein oppnår då fylgjande: Bruk 74/1 får då vegen litt vekk frå naustområdet, samtidig som området kan brukast til båtopptrekk, parkeringsplass og vinterlagring av flytebrygge etc. (Vist som skravert området i vedlegg 6). Vegen blir 4 meter kortare og litt rettare. Innkjørsel til bruk 74/4 blir slik den var før vegen vart omlagd kring 1990 og blir ikkje forringa.*

*Punkt 3. Den nye hyttevegen må trekkast så nær garasjen til bruk 74/4 som praktisk mulig, slik at området mellom garasje til bruk74/4 og den nye vegen på bruk 74/1 sin eigedom forsvinn, eller fyllest igjen. Området er for lite til noko uansett. (Vist som punkt 3 i vedlegg 4)*

*Punkt 4. Vatnet frå vegaveita over bruk 74/2 må ikkje veitast inn på bruk 74/1. Då må det eventuelt leggast i rør for å unngå eit myrområde sør for vegen. (Vist som punkt 4 i vedlegg 5.)"*

**Kommentar:**

Pkt. 1- feil gbnr i kartet. Dette skuldast ein feil i grunnkartet og vert retta opp av kommunen.



pkt. 2 - i samråd med eigar av 74/1, 74/4 og 76/1 er det utarbeidd justert planløyising i dette området som alle desse partane er samde om. Dette gir ei løysing der ny veg er vidareført som direkte lenging av eksisterande veg, og flytt lenger vekk frå naustområdet. Naustområdet og 74/4 får då avkøyring til denne vegen. jf ny planløyising.

Punkt 3. Etter som den justerte løysinga er akseptert av partane i området er avstanden til garasjen redusert så langt det er praktisk mulig. Attverande areal mellom veg og garasjetomt må planerast ut og tilpassast nivå for ny veg.

Punkt 4. Detaljar knytt til vatn frå terreng og veggrofter er ikkje detaljfastsett i reguleringsplan. Dette og omsyn til kor mykje areal som no går med frå 74/1 må nærare avklarast gjennom byggeplan for vegen og tilhøyrande avslutning i jordskiftesaka. jf slutning i jordskiftesaka der det heiter:

*"Når reguleringsarbeidet er ferdig skal spørsmål om gjennomføring av reguleringsplanen som sams tiltak etter jordskiftelova handsamast av jordskifteretten under sak nr. 1510-2014-0035.*

*Sak nr. 1510-2007-0011 blir avslutta i dette møtet. Spørsmålet om sams tiltak for bygging av ny veg til fritidseigedomane i området vert overført til ny sak med saksnr. 1510-2014-0035. Denne saka vert utsett til reguleringsarbeidet er ferdig."*



**Eivind Åslid og Liv Godager**, gnr.74/8,12, brev av 27.04.2017:

*"Vi forstår ikkje kvifor framføringa av vegen til eigedom 74/7 skal gå forbi 74/8,12 og 74/9. Vi meiner det vil meir naturleg at vegen som går til 74/6 bør fortsette også til eigedom 74/7. Det vil også føre til mindre trafikk for oss ( 74/8-12 og 74/9) som har vegen så tett inn til inngangsdørene våre."*

**Kommentar:**

Val av vegløyising for området har vore under handsaming i jordskiftesak over fleire år. Her har ulike vegtrasear og løysingar vore vurdert og partane sine interesser knytt til dei ulike alternativ har vore vurdert og søkt teke omsyn til.

Planlagt veg skal også gje utgangspunkt for vidareføring av skogsveg. Vidare er det gjort vurderingar av jordskifteretten som går på terrengmessig tilpassing, omsyn til attverande eigedomar og at vegen skal gje tenleg tilkomst for alle hyttetomter.

Eg finn å kunne gje tilslutnad til den vegløyisinga som ein her har kome fram til, og som vart utlagt til offentlig ettersyn. Den øvre vegen ligg lett og fint i terrenget og vil gje terrengmessig skånsam løysing både for eksisterande tomter og med tanke på eventuell tilkomst for attverande areal.

Ei vidareføring av den nedre vegen forbi 74/6 og 74/7 og eventuelt heilt fram til 74/5 vil gje betydeleg større terrenginngrep og vert frårådd.

At partane gjennom jordskiftesaka er pålagt å fylgje opp ei slik løysing må også kunne vektleggast.

Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.

**For sameiget 74/6- Erik Staureset Andresen**, brev av 26. 04.2017:

*"På vegne av sameiget 74/6 ynskjer eg å inngi merknadar til støtte for planframlegget. Framtidsretta tilkomst til eigedomane for alle partar.*

*Vegtilkomsten til hytteeigedomane vil gi ei framtidsretta og varig løysning på dei parkeringsproblema som er i området. Samtidig vil vegtraseen slik den kjem fram i planframlegget leggje til rette for at også eigar av 74/1 får lagt til rette for betre parkeringsløysingar for eige naust og parkeringsrettar for nabonaust. Jordskifteretten skriv at:*

*"Retten finn at den beste vegløyisinga i starten vil gå over ein mindre del av dyrkaarealet til gnr.74/1. Restarealet mellom den nye vegen og grensa mot gnr. 74/4, kan då med fordel nyttast som parkeringsareal for gnr. 76/1 ved bruk av nausttomta. Eigar av gnr. 76/1 har opplyst at han kan godta ei slik løysing. Eigar av gnr. 74/1 får då frigjort parkeringsareal i strandsona."*

*Det skal også nemnast at det ikkje berre er tomter utskilt frå 74/4 som vil få nytte av vegen. 74/1 har også skilt ut tomter frå eigen grunn, mellom anna 74/1/1. Denne eigedomen vil også ha nytte av vegen sjølv om størsteparten av vegen går utanfor 74/1. Det er også skilt ut ei tomt lenger ut på neset (74/15) frå 74/1. Sjølv om denne tomta etter det opplyste har*

vegtilkomst frå Hamre, vil det være kortare avstand frå vegløyninga i planframlegget enn eksisterande veg frå Hamre. Det kan derfor ikkje utelukkast at også denne eigedomen i framtida vil ynskje å erverve rett til å bruke vegløyninga. I tillegg har Jordskifteretten lagt til grunn at 74/1 vil ha nytte av veggen, derfor er det heller ikkje urimeleg at eit mindre stykke av veggen blir lagt inn på 74/1.

Hoveddelen av veggen vil, som det går fram av planframlegget, gå over andre eigedomar enn 74/1.

Jordskiftevedtaket er rettskraftig. Ingen av partane, heller ikkje eigar av 74/1 der starten på vegtraseen går over eigedomen, har anka Jordskifteretten sitt vedtak. Dersom nokon av partane hadde innvendingar til trasévalet måtte jordskiftevedtaket angripast ved anke. Reguleringsprosessen er ikkje meint for å overprøve den enkelte parts val om ikkje å anke jordskiftevedtaket. Kommuna bør derfor leggje til grunn løysinga i jordskiftevedtaket som slår fast kva som er best traséval.

Langvarig problem med tilkomst og parkering. Det er snart 10 år sidan saka kom inn for Jordskifteretten. Både før og etter saka for Jordskifteretten har manglande vegtilkomst og svært avgrensa parkeringstilhøve vore eit problem. Tilkomsten er særleg utfordrande med barnevogn og for personar som er dårleg til beins. Like eins er det utfordrande å frakte varer og utstyr til og frå området.

Trygging av tilkomst ved brann og akutt sjukdom. Vegtilkomst til området vil ha stor betydning ved brann eller andre alvorleg ulukker eller akutt sjukdom. Når det oppstår ein naudsituasjon er det avgjerande at naudetatane kjem raskt fram med menneskap og utstyr. Jordskifteretten har fagkompetanse. Ved vurderinga av planframlegget må det leggjast til grunn at traseen utarbeidd av Jordskifteretten er gjort ut frå jordskiftefaglege vurderingar etter ei samla vurdering, og av innspel frå partane. Igjen vil eg minne om at ingen av partane har nytta ankeretten.

Avslutning. Me vonar at saka snart kan løysast ved at eigedomane får vegtilkomst.

Manglanda godkjenning av planframlegget vil vidareføre eit stort parkeringsproblem og utgjere ein tryggingsrisiko ved brann, ulykker og akutt sjukdom."

### **Kommentar:**

Merknaden tilfører ikkje saka nye moment. Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan, men understrekar at det no er viktig å kome til slutthandsaming av saka og at ein ikkje utan planfaglege gode grunngevingar gjer endringar som skiplar det rettsgrunnlaget som ein har kome fram til gjennom lang tids handsaming i jordskifteretten.

**Ingunn og Arild Iversen, 73/4, brev av 25.04.2017:**

"Syner til vedtak i formannskapet frå 21.02.17 om å legge framlegg til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn. Som eigarar av gbr 73/4 har vi fått saka til uttale.

Planframlegget byggjer direkte på jordskiftesak og dom som omhandla tilkomstveg til hytteområdet. Vår eigedom grensar ikkje direkte til areal omfatta av planframlegget. Når vi likevel har fått planen til uttale, reknar vi med at det skuldast at vi var part i jordskiftesaka. Eksisterande veg langs sjøen som var ein del av jordskiftesaka, går gjennom vår eigedom og til det området som no vert søkt regulert. Det er ikkje urimeleg at ein i framtida vil gjere tiltak også på denne delen av tilkomstvegen der ein på same måte kan legge jordskiftesaka til grunn.

I fylgje Lov om planlegging og byggesaksbehandling § 3-2 ligg ansvaret for planlegging etter lova til kommunestyra, regionale planmynde og Kongen. Offentlege organ og private har rett til å fremje planforslag.

I forslag til reguleringsplan frå Mulvik og i den administrative saksførebuinga frå Volda kommune kan ein lese at vegtraseen er avklara gjennom gjennomført jordskiftesak og at omsynet til naboar/andre grunneigarar er avtala her.



*Både i jordskiftesaka og i innspel til Mulvik går det fram at det er motstridande interesser i saka. Slik vi oppfattar dette er det kommunen som er planmynde og som administrativt og til sist politisk fritt kan ta stilling til framlegg til nye reguleringsplanar. Dette inkluderer i denne saka val av vegtrase. I det politiske ordskiftet som var referert i lokalavisa kan det sjå ut til at dette ikkje var tydeleg som grunnlag for den politiske handsaminga. Før ein går vidare i planarbeidet ber vi om ei prinsipiell juridisk vurdering av kommunen som lokalt planmynde og om jordskiftedommen er bestemmende for trasevalg og løysingar i etterfølgjande reguleringsplanarbeid. For at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst for kommunestyret er det nødvendig at dette grunnlaget for reguleringsplanen er godt avklara."*

#### **Kommentar:**

Forslag til reguleringsplan er fremja som privat planframlegg i samsvar med reglane i PBL §12-11.

Som det går fram av Jordskiftesaka er dette ei slutning som er privatrettsleg bindande for partane. Det er også gitt føringar for korleis dette vedtaket skal fylgjast opp og oppnemnt ansvarleg styringsgruppe for gjennomføring.

Ansvar for handsaming av planer etter PBL ligg til kommunen, ved Formannskap og Kommunestyre.

Desse står fritt til å avvise eit privat planframlegg om dette ikkje er tilfredstillande fagleg eller strir mot andre interesser, som t.d. omsyn til natur og miljø, omsyn til landbruksinteresser, omsyn til kulturminne, omsyn til ålmenne interesser, overordna viktig infrastruktur m.v.

Om kommunen finn at det framlegg til vegløysing som jordskifte har lagt til grunn ikkje kan akseptert sett ut frå omsyn til slike andre interesser, eller ut frå teknisk- og planfaglege nivå, kan planframlegget avvisast. Det kan også avvisast og leggast føringar for vidare arbeid.

I dette høvet har administrasjonen gjennom fagleg vurdering funne at den løysinga som jordskifteretten har lagt fram er ei tenleg løysing for området.


Dei andre alternativa som har oppe til handsaming i jordskiftesaka, og som no også vert nemnt i partsinnspel, er også vurdert av kommunen utan at ein har funne at desse vil gje betre løysingar enn den som no er lagt til grunn.

Snarare finn ein at einstilte alternative framlegg vil vere meir uheldig, særleg sett i høve til samla terrenginngrep for området.

Samla sett har ein no, slik også jordskifte har konkludert, kome fram til ei samla god løysing for alle partar i området.

Gjennom planprosessen har det heller ikkje kome fram nye moment av planfagleg karakter som gir grunn til endra haldning til saka.

Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.



#### **Etterfølgjande høyring av justert planframlegg:**

*(endring ved starten på ny veg/omlegging av del av eksisterande veg):*

Forslag til endra planløyising slik innlagt i framlegg til justert plan er sendt over til direkte røynde partar og landbrukskontoret, fylkeskommunen og fylkesmannen for uttale. Jf. kommunen sin oversending datert 29.05.2017.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 1.06.2017

*Justert etter 1. gangsoffentleg ettersyn- Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.*

Møre og Romsdal fylkeskommune, e-post den 30.05.2017:

*Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder ingen særskilte merknader til justeringa av traseen, ved avgrensa ettersyn. Vi ber elles om at ein er varsam ved opparbeiding av tiltak og meldar i frå ved eventuelle funn som kan vere av arkeologisk interesse.*

Landbrukskontoret Ø/V, epost:

*Syner til nytt framlegg i høve hytteveg Løfold. Framlegget vil forbruke noko meir dyrka jord frå 74/1. Syner til merknad nr 3 frå eigar av 74/1, der det vert bedt om å flytte vegen mest mogleg mot bytet mellom bnr 1 og 4 (garasjen). Dersom ein kan unngå at her vert att restareal så vil det vere klart best. Rår difor til at ein flyttar veglina mot NNV, dersom det er mogleg ut frå vegtekniske krav.*

For 76/1, Hege Slåttelid/Tormod Slåttelid, e-post 31.05.2017

*Vi eigara av 76/1 har ingen innvendinger mot det nye planforslaget. Vi ser det som positivt då det vil friggi plass rundt nausta. Vi har og eit ynskje om å delta i opparbeidinga av ein båtutsettingsrampe, viss / eventuelt når, det blir iverksatt.*

Edvin Løfoll, e-post datert 23.05.2017:

*Eigar av 74/1 har kome med framlegg til endring av starten på den nye vegen. Underteikna støttar framlegget og ser det som ei betre løysing enn det opprinnelege i saka. Det medfører i liten grad beslag av dyrka mark, men gjev 74/1 (også 76/1) langt betre tilhøve kring naust og sjøline. Det er viktig med tanke på bruken av eigedomane og gjev etter mi oppfatning ei langt meir framtidsretta løysing. For 74/4 (min teig) vil endring av vegen føre til at vegen til tunet vert om lag slik det var for ein del år sidan og vert godt tenleg for min eigedom.*

Alle partar og høyringsinstansane har såleis gitt tilbakemelding om at dei ikkje har merknader til endringa. Kopi av tilbakemeldingane ligg ved saka. Endringa er såleis vurdert som positiv sett i høve til andre interesser og vert tilrådd godkjent.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Er vurdert og avklara gjennom planprosessen.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen kjende for kommunal økonomi.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Veg fram til hyttene vil gje tryggleik for brukarane og betre løysingar knytt til akutte situasjonar som brann, sjukdom m.v.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Planframlegget er gjennomført i samsvar med gjeldande reglar i plan og bygningslova og planinnhaldet er tilfredsstillande framstilt og illustrert.

Ut frå innspel ved offentleg ettersyn og etterfylgjande gjennomgang med aktuelle grunneigarar, har vi funne det rett å gjere mindre endringar i plan.



Som plannamn er nytta teksten " PLANID 2016004 - REGULERINGSPLAN HYTTEVEG - BOTNEN - GBR 74/2, 4 M.FL. "

Etter innspel har ein funne det rett å endre dette til " PLANID 2016004 - REGULERINGSPLAN HYTTEVEG - LØFOLL - GBR 74/2, 4 M.FL.", etter som vegen i hovudsak ligg på gardane Løfoll sitt areal, og dette er også tekst-tittel nytta i Jordskiftesaka.

Eg viser elles til omtalen i høve merknad frå eigar av gbnr 74/1, ovanfor og tilhøyrande endra vegføring i startområdet frå eksisterande veg som no er lagt inn i justert plankart datert 23.05.2017.

Endringa er godt motteken av alle partar og har gitt ei betre vegløyning.

Også landbruksmynde, (jf uttale frå Fylkesmannen) har funne endringa akseptabel, sjølv om det går med noko meir dyrka mark til omlegging av eksisterande veg.

I planføresegnene er det gjort mindre oppretting av språkleg karakter.

(feil nemning for anna trafikkareal sett i høve til kart/tittelfelt, og nokre skrivefeil).

Justert planføresegner er datert 23.05.2017.

Endringane er små og av slik karakter at det ikkje gir grunn til ny utlegging av plan.

Justert plan kan såleis slutthandsamast og vert tilrådd godkjent.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Går etter handsaming i kommunestyret til sektor Utvikling - plan, for kunngjering av planvedtak. Jf. plan og bygningslova §12-12.

**Kopi:**

P. Mulvik as

Erik Staurset Andresen Kronstadveien 23 A, 5053 Bergen 74/6 [erik.s.andresen@gmail.com](mailto:erik.s.andresen@gmail.com)

FORSLAGSSTILLAR:  
ERIK S. ANDRESEN M.FL

PLANOMTALE:

FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR:

Hytteveg Løfold i Austefjorden gbnr.

74/2,4 m.fl – Volda

PlanID: 1519-2016004

DATO 25.05.2017



  
mulvik  
[www.mulvik.no](http://www.mulvik.no)

## Innhold

1	SAMANDRAG.....	3
2	BAKGRUNN .....	3
2.1	Målet med planen .....	3
2.2	Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold .....	3
2.3	Tidlegare vedtak i saka .....	3
2.4	Utbyggingsavtalar .....	3
2.5	Krav om konsekvensutgreiing .....	3
3	PLANPROSESSEN .....	3
3.1	Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram .....	3
4	PLANSTATUS OG RAMMER .....	5
4.1	Overordna planar .....	5
4.2	Gjeldande reguleringsplan .....	5
4.3	Tilgrensande planar .....	5
4.4	Temaplanar .....	5
4.5	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar .....	5
5	SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE.....	5
5.1	Lokalisering .....	5
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk .....	7
5.3	Stadens karakter .....	7
5.4	Landskap .....	7
5.5	Kulturminne og kulturmiljø .....	8
5.6	Naturverdiar .....	8
5.7	Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde .....	8
5.8	Landbruk.....	8
5.9	Trafikkforhold .....	9
5.10	Barn sine interesser.....	9
5.11	Sosial infrastruktur.....	9
5.12	Teknisk infrastruktur .....	9
5.13	Grunnforhold.....	9
5.14	Støyforhold .....	10
5.15	Luftforureining.....	10
5.16	Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon) .....	10
6	SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET .....	10
6.1	Planlagt arealbruk.....	10
6.2	Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål.....	10
6.3	Parkering .....	11
6.4	Tilknytting til infrastruktur.....	11

6.5	Trafikkløysing .....	11
6.6	Miljøoppfølging .....	11
6.7	Landbruksfaglege vurderingar .....	12
6.8	Kulturminne .....	12
6.9	Rekkefølgjekrav .....	12
7	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET .....	12
7.1	Overordna planar .....	12
7.2	Landskap og omgjevnader .....	12
7.3	Staden sin karakter .....	12
7.4	Estetikk .....	13
7.5	Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi .....	13
7.6	Tilhøvet til naturmangfaldslova .....	13
7.7	Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde .....	13
7.8	Trafikkforhold .....	13
7.9	Barn sine interesser .....	13
7.10	Universell tilgjengelighet .....	13
7.11	ROS .....	13
7.12	Teknisk infrastruktur .....	13
7.13	Økonomiske konsekvensar for kommunen .....	13
7.14	Konsekvensar for næringsinteresser .....	14
7.15	Interessemotsetnader/konflikttema .....	14
7.16	Avveging av verknader .....	14
8	KONSEKVENsutGREIING .....	14
9	INNKOMNE INNSPEL .....	14
9.1	Innspel (samandrag med kommentar) .....	14
9.1.1	Statens Vegvesen (28.06.2016) .....	14
9.1.2	Fylkesmannen i Møre og Romsdal (25.11.2015) .....	14
9.1.3	Møre og Romsdal fylkeskommune (12.08.2016 og 13.09.2016) .....	15
9.1.4	Landbrukskontoret Ørsta/Volda (23.11.2015) .....	15
9.1.5	Mørenett (28.07.2016) .....	15
9.1.6	Håvard Botn (14.08.2016) .....	15
9.1.7	Rolf Botn (15.08.2016) .....	16
9.1.8	Jarle Håvik og Øystein Håvik (gbnr. 74/5, 74/10 – datert 20.08.2016 og 14.10.2016) .....	16
10	AVSLUTTANDE KOMMENTAR .....	16

Vedlegg:

1. 2344\_01 Plankart
2. 2344 Reguleringsføresegner
3. 2344 Referat frå oppstartsmøte
4. 2344 Varslingsbrev
5. 2344 Annonse
6. 2344 Sjekkliste ROS
7. 2344 Innspel/merknader til planoppstart
8. 2344\_911 Illustrasjonsplan
9. 2344\_201 Lengdeprofil f\_SKV1 (illustrasjon)
10. 2344\_202 Lengdeprofil f\_SKV2 (illustrasjon)
11. 2344 Utsnitt frå 3D-modell (Illustrasjon)
12. 2344 Utsnitt frå illustrasjonsplan

## 1 SAMANDRAG

Per Mulvik AS fremjar på vegne av Erik S. Andresen med fleire justert framlegg til detaljreguleringsplan for hytteveg på gnr. 74 bnr.2, 4 m.fl på Løfold i Austefjorden – Volda kommune. Planframlegget er utarbeidd på bakgrunn av mellombels kart utarbeidd av Søre Sunnmøre Jordskifterett. Namnet på planen er «Hytteveg Løfold – gbnr.74/2,4 m.fl» og nasjonal arealplanid: 1519-2016004.

Framlegget er justert etter 1.gangs offentleg ettersyn.

## 2 BAKGRUNN

### 2.1 Målet med planen

Planområdet er uregulert og i kommuneplan/kommunedelplan for kystsona (PlanID: 2003001) utlagt til LNF-område. Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for opparbeiding av enkel køyrbar hytteveg til hytter og eigedomar i samsvar med vedtak i Søre Sunnmøre Jordskifterett sak.nr.1510-2007-0011-Løfold. Det er der sett krav om utarbeiding av reguleringsplan. Bakgrunnen for saka er eit ynskje om å få bort dagens trafikk og parkering i og ved tunet på gbnr.74/4.

### 2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstillar er Erik S. Andresen m.fleire med Per Mulvik AS som plankonsulent. Tiltaket berører fleire eigedomar – jfr. naboliste.

### 2.3 Tidlegare vedtak i saka

Ingen.

### 2.4 Utbyggingsavtalar

Det vert ikkje inngått utbyggingsavtale med kommunen.

### 2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. I samråd med kommunen konkluderer ein med at tiltaket er utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn og at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing – jfr. referat frå oppstartsmøte.

## 3 PLANPROSESSEN

### 3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova ivaretek kravet om medverknad gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om utarbeiding av planprogram.

### Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 31.05.2016 med drøfting av m.a følgjande tema:

- Utgangspunktet som jordskifteretten har lagt for arbeidet
- Plangrense og kva denne skal omfatte
- Vegbreidde
- Planstatus
- Konsekvensutgreiing
- Feil i kommunal kartbase
- Kulturminne
- Vurderingar i høve landbruk(skog, natur – og miljø, naturmangfaldslova.
- Krav til planmaterialet.

Referat frå møtet er vedlagt.

### Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart annonsert ved varslingsbrev datert 22.06.2016 og annonse i avisa Møre 22.06.2016 med frist for innspel/merknader 22.08.2016. Varslingsbrev er vedlagt.

### Innkome innspel

Innan fristen kom det inn totalt 8 merknader. Desse er vurdert, kort oppsummert og kommentert i planomtalen. Alle innspel til planoppstart er vedlagt.

### Vidare saksgang

Etter handsaming av planframlegget i kommunen og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, vert framlegget sendt til berørte partar for uttale normalt med ein frist på 6 veker etter utsending.

Etter høyringsfristen vert framlegg til reguleringsplan evnt. justert i samsvar med innkomne innspel før endeleg kommunal handsaming. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess med estimert framdrift (avheng m.a av merknader og kommunal sakshandsaming).

Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartsmøte	Kommunen	31.05.2016
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varselbrev til berørte partar.		Varslingsbrev datert 22.06.2016 Kunngjeringsannonse 22.06.2016
Høyringsperiode	Innspel/merknad til planoppstart,	Høyringsfrist 22.08.2016
Utarbeiding av planforslag		August - november 2016
Oversending av planforslag til kommunen		November 2016
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/høyring. (frist 12 veker)		Desember 2016
Offentleg ettersyn/høyring(6 veker)	Merknad til planforslag	Januar - mars 2017
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.		Mars - april 2017
Ev . endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn.		
Godkjenning av planforslag (Kommunestyret)		Mai - juni 2017
Kunngjering av godkjent plan		Juni 2017




## 4 PLANSTATUS OG RAMMER

### 4.1 Overordna planar

#### Kommuneplanen sin arealdel /kommunedelplanar

Kommuneplan/kommunedelplan for kystsona (PlanID: 2003001) er gjeldande for planområdet. Gjeldande formål er LNF.



Figur 1 Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan for kystsona

### 4.2 Gjeldande reguleringsplan

Planområdet er ikkje tidlegare regulert.

### 4.3 Tilgrensande planar

Planområdet grensar ikkje til nokon reguleringsplan.

### 4.4 Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med relevans for saka.

### 4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter.

## 5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

### 5.1 Lokalisering

#### Lokalisering


Planområdet ligg i og ved eit etablert hyttefelt inst i Botnen mellom Follavatnet og Austefjorden. Frå Fyrde i Austefjorden følgjer ein Høydalsvegen (Fv651) og tek av på den kommunale Follavegen, Frå krysset ved gbnr.73/2 følgjer ein den private tilkomstvegen langs fjorden nordover til planområdet inst i Botnen. Denne vegen er smal og enkelt opparbeidd med grusdekke.



Figur 2 Oversiktskart med avmerkt planområde

### Avgrensning og storleik på planområdet

Planområdet (svart stipla linje) utgjer om lag 3,0daa og er avgrensa som vist i kartutsnitt nedanfor. Planområdet er justert i høve 1.gangs offentleg ettersyn og inkluderer skjerings—og fyllingsutslag basert på vedlagte lengdeprofilar, normalprofilar og føreset tynt vegetasjonsdekke over fjell. Utslaga kan bli justert under utførelsen.



Figur 3 Planavgrensning – justert etter 1.gangs offentleg ettersyn.



## 5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Planområdet/vegen går gjennom dels dyrka mark, dels lauvskog – jfr. ortofoto nedanfor. Ein gjer merksam på at feil i kartgrunnlaget gjev inntrykk av at vegen ligg lenger vest – og dermed bandlegg meir dyrkajord – enn det som er realiteten. Kommunen er gjort merksam på feilen.



Figur 4 Ortofoto av planområde og omgjevnader (før justering etter off. ettersyn)

## 5.3 Stadens karakter

### Struktur/estetikk/byform/eksisterende bebyggelse

Eksisterende bebyggelse består av garasje og våningshus på gbnr.74/4, elles frittliggende hytter og naust av til dels enkel standard. Om lag i austre grense av dyrkajorda renn ein bekk frå Follavatnet. Nedstrøms vegen er kvernhus og ishus restaurert/gjenoppbygt.

## 5.4 Landskap

### Topografi og landskap

Planområdet er sørvendt der vestre del hellar mot Austefjorden. I aust dannar terrenget ein rygg med fall ned mot Follavatnet på eine sida og fjorden på den andre. Her er terrenget noko brattare og meir skogkledd. Om lag i overgangen mellom desse terrengformene renn ein liten bekk frå Follavatnet mot fjorden over til dels blankskurt fjell. Med unnatak av vestre halvdel av veglinja – som går i dyrka mark – er det eit generelt tynt jordsmonn og fjell i dagen mange stader. Austre del av området ligg i relativt tett skog (hovudsakleg lauvskog) og er noko meir kupert. Også her er det observert fjell i dagen.



Figur 5 Planområdet sett frå vest

#### Solforhold/lokalklima

Området er sørvendt og solrikt og etter det vi kjenner til utan lokalklimatiske tilhøve å ta særleg omsyn til.

#### Estetisk og kulturell verdi

Nord for planområdet ligg Follavatnet der det i tidlegare tider vart henta is til utskipping på Austefjorden. Restar av denne industrien finnast framleis i området og det gamle kvernhuset og islageret er nyrestauret.

#### 5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ifølgje tilgjengelege kartbasar [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no) og [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no) er dei to kvernhusa langs bekken frå Follavatnet mot fjorden oppført i Sefrak-registret med meldeplikt ved riving/ombygging. Utover dette er det registrert to ruinar/husmurar frå før 1900 om lag i vegtraseen.

Fylkeskommunen sitt varsla krav om arkeologiske undersøkingar vart etter synfaring og prøvetaking med jordborr trekt tilbake pga svært tynt jordsmonn med berg like under.

#### 5.6 Naturverdiar

I følgje kartbasar som [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) er det ikkje registrert artar av forvaltningsinteresse i eller ved planområdet.

#### 5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde

Planområdet ligg vakkert til mellom vatnet og fjorden i eit område som i kraft av å vere eit hyttefelt har høg verdi som rekreasjonsområde. Det går fleire stiar/ræser til hyttene i området.

#### 5.8 Landbruk

I følgje [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) består austre del av planområdet av skog med høg bonitet (lauvskog), medan vestre del er fulldyrka jord - jfr. utsnittet nedanfor.



Figur 6 Utsnitt fra naturbase.no

## 5.9 Trafikkforhold

### Avkøyrslø/tilkomst til planområdet

Tilkost fra Fyrde via Høydalsvegen (Fv651) og vidare kommunal veg Follavegen til krysset ved. gbnr.73/2. Herifrå vidare nordover via privat tilkomstveg langs fjorden. Denne vegen er svært smal (ca 2,5m) og enkelt opparbeidd med grusdekke.

### Trafikkmengde

Svært liten belastning på vegen. Kun lokal trafikk til hyttene og våningshuset på gbnr.74/4.

### Ulykkessituasjon og trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Ingen kjende ulukkespunkt.

## 5.10 Barn sine interesser

Som hyttefelt er det opplagt at både barn og vaksne har glede av området.

## 5.11 Sosial infrastruktur

Om lag 3km til Fyrde sentrum.

## 5.12 Teknisk infrastruktur

Det går lavspennlinje i luftspenn gjennom området – jfr. kart frå Møre Nett.

## 5.13 Grunnforhold

### Stabilitetsforhold


Oppslag i NGU sin kartbase syner at området består av morene. Ein føreset difor stabile grunnforhold. Det er også registrert mykje fjell i dagen.





### Skredfare/flaumfare

NVE sine faresonekart syner at delar av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Aktsemdsona for snøskred og steinsprang ligg like utanfor planområdet i aust.



Figur 10 Utsnitt frå [www.nve.no](http://www.nve.no)

### 5.14 Støyforhold

Ikkje relevant.

### 5.15 Luftforureining

Ikkje relevant.

### 5.16 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Fylkesmannen si sjekklister ved vurdering av risiko og sårbarheit er gjennomgått, signert og vedlagt. Gjennomgangen avdekte eitt punkt med trong for nærare utgreiing:

#### a) Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?

Nedre del av planområdet grensar mot NVE sine aktsemdområde for flaum. Grunna tiltaket sin art er det ikkje gjennomført yttarlegare utgreiingar i høve dette.

## 6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

### 6.1 Planlagt arealbruk (justert etter off. ettersyn)

§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Køyreveggar (SKV)	1,25
Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	1,75
Sum	3,00

### 6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

#### Køyreveg (SKV1-SKV2)

SKV1 og SKV2 regulerast som private felles køyreveggar med høve til opparbeiding av avkøyrslar til eigedomane langs vegane, samt tilknytning for eksisterande landbruksveg. Plassering av avkøyrslar er ikkje avmerkt med symbol i plankartet då dette må skje på staden i samråd med den einskilde grunneigar. Vegar opparbeidast med enkel standard og grusdekke i 3m breidde. Fylkesmannen ønskjer ikkje bekken frå

Follavatnet lagt i kulvert under vegen, ein foreslår difor at vegen forbi dette området opparbeidast som betongdekke med nødvendig klaring under for bekken. Vedlagte lengdeprofilar samt skjering- og fyllingsutslag i plankartet er illustrasjonar basert på kommunalt grunnkart og at grunnforholda består av fjell med tynt jordlag i toppen. Vegen må tilpassast faktisk terreng og grunnforhold – det er difor høve til tilpasningar på staden for å minimere inngrepet.

### Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

Nødvendig areal langs veg avsett til grøft, skjering/fylling, snøoplag etc. i tillegg kan sona nyttast til avkøyrsløse til tilstøytande eigedomar. Skjering og fylling utover regulert formål og inn på tilstøytande eigedomar tillatast. Kan bli justert i utførelsen.

## 6.3 Parkering

### Antal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar

Opparbeiding av parkeringsplassar på den enkelte eigedom. Plassering vurderast undervegs og i samråd med den enkelte hytteeigar.

## 6.4 Tilknytting til infrastruktur

### Vatn og avløp

Overvatn førast til terreng via stikkrenner. Behovsretta plassering vurderast under bygging.

## 6.5 Trafikklysing

### Køyretilkomst

Tilknyttast privat veg.


### Utforming av vegar

Enkel opparbeiding med opne veggrøfter og 3m grusa køyrebane i samsvar med normalprofilar nedanfor. Forbi bekken frå Follavatnet som betongdekke over elveløp.

Normalprofil


f\_SKV1 og f\_SKV2

1:100



f\_SKV1 (forbi bekk)

1:100



### Eigdomsforhold

Vegane regulerast som private og felles for dei aktuelle eigedomane.

## 6.6 Miljøoppfølging

Det skal utvisast særskilt omsyn til omgjevnadane. Overskotsmasse transporterast ut av området til deponi. Jordskråningar tilsåast og terrenginngrep skal minimierast og tilordnast før det vert gjeve bruksløyve - jfr. rekkefølgjekrav i føresegnene.

## 6.7 Landbruksfaglege vurderingar

Traseen følgjer i hovudsak Jordskifteretten sitt kart. Ein føreset at landbruksfaglege vurderingar og prioriteringar er gjort i samband med jordskiftesaka.

## 6.8 Kulturminne

Området ved bekkeløpet frå Follavatnet mot fjorden vert berørt som følgje av plan. NVE ønskjer ikkje at elva vert lagt i rør under vegen, det er difor lagt opp til at vegen forbi bekket utførast som armert betongdekkje med nødvendig klaring til berget slik at elva kan passere under. Ruinar i veglinja vurderast å vere utan kulturell verdi og vert fjerna. Dei er heller ikkje registrert som «meldepliktige» i Sefrak-registeret.

## 6.9 Rekkefølgjekrav

Før det vert søkt om ferdigattest skal området ryddast og tilstellast og jordskråningar tilsåast.

# 7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

## 7.1 Overordna planar


Området ligg som LNF-område i overordna plan. Første del av vegen går gjennom dyrkajord.

## 7.2 Landskap og omgjevnader

Køyrevegen vert tilpassa terrenghøgden på staden og terrenginngrepa reduserast til eit minimum. Vegen får nøktern standard med smal køyrebane og grusdekkje og skråningar skal så langt praktisk mogleg tilsåast. Forbi bekket frå Follavatnet etablerast betongdekkje med klaring for bekket slik at ein unngår å sprengje i svaberget som ligg i dagen her. Veghøgden som framgår av vedlagte illustrasjonar kan justerast undervegs i utbygginga for å redusere terrenginngrepa.

### Illustrasjon

Det er utarbeidd ein enkel 3D-modell av området for visualisering. Utsnitt frå denne følgjer som vedlegg.



Figur 7 Illustrasjon av planområde (før justering etter off.ettersyn)

## 7.3 Staden sin karakter

Området vil endre karakter frå bilfritt og veglaust område.

## 7.4 Estetikk

God terrengtilpassing og lav vegstandard/smål vegbreidde minimerer inngrepet og ivaretek omsynet til estetikk så godt som mogleg. Inngrepet vil likevel verte synleg. Behovet for skjering og fylling reduserast til eit minimum og skråningar bør i størst mogleg grad tilsåast. Forbi bekken frå Follavatnet leggst det opp til støypt dekke over elveløpet. I dette området er det berg i dagen (svaberg).

## 7.5 Kulturminne og -miljø, ev. verneverdi

Det er ikkje registrert verneverdige kulturminne innanfor sjølve planområdet, men kvernhusa nedanfor vegen er Sefrak-registrert. Utanfor plangrensa, langs bekken frå Follavatnet, ligg det att restar frå anlegget som var i bruk under is-produksjonen. Desse vert ikkje berørt av tiltaket og det skal utvisast aktsemd i samband med opparbeidinga slik at desse minna ikkje vert skadde. Dei to ruinane i vegtraseen er ikkje registrert som anna enn murar eldre enn 100 år. Desse vert fjerna.

## 7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artskart.no](http://www.artskart.no) viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Utfrå dette konkluderer ein difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med vesentlege forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldlova §§8-12.

## 7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde

Etablering av køyreveg i dette veglause området gjev lettare tilgang til området, samstundes som kvalitetane som ligg i urørt natur vil bli noko redusert. Dette er ei avveging som ein føreset vurdert i samband med jordskiftesaka. Lav vegstandard med god terrengtilpassing og begrensa trafikkmengde saman med lettare tilgang til området kompenserer etter vår vurdering for eventuelle ulemper. Området vil bli lettare tilgjengeleg for fleire når vegen er bygt.

## 7.8 Trafikkforhold

### Vegforhold

Vegen vert tilknytt privat veg langs fjorden like vest for garasjen på gbnr.74/4. Denne vegen har nøktern standard og er enkelt opparbeidd med grusdekke.

### Trafikkauke/-reduksjon

Talet på hytter vert ikkje endra direkte som følgje av planframlegget, og trafikken til området vil såleis forbli uendra. I dag parkerer hytteeigarane ved gbnr.74/4 medan målet med planframlegget er at desse i framtida kan køyre til hyttene. Enklare tilkomst til hyttene kan gje noko auka bruk og slik sett noko trafikkauke. Sett opp mot talet på hytter (7) vil ein slik auke vere marginal.

## 7.9 Barn sine interesser

Den planlagde vegen gjev lettare tilkomst til hyttene t.d på sykkel og med barnevogn.

## 7.10 Universell tilgjengelighet

Vegen vert ikkje universelt utforma, men vil gjere hyttene lettare tilgjengeleg for alle, også rørslehemma og med barnevogn.

## 7.11 ROS

### Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?

Delar av planområdet ligg innanfor NVE sine aktsemdområde for flaum. Sidan det aktuelle tiltaket kun gjeld køyreveg vurderast risikoen og konsekvensane av flaum som neglisjerbar utan behov for nærare utgreiing.

## 7.12 Teknisk infrastruktur

### Ei

Mørenett har ei lavspenning i området, og to av stolpane må truleg flyttast noko.

## 7.13 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen konsekvens.

### 7.14 Konsekvensar for næringsinteresser

Ingen konsekvens.

### 7.15 Interessemotsetnader/konflikttema

Fleire av innspela etter varsling handlar om vern av dyrkajord. M.a er det foreslått at starten på vegen bør leggast mellom garasjen og vedhuset på gbnr.74/4 i staden for på vestsida av garasjen slik jordskifteretten sitt kart viser. Det er også peikt på at sidan mange av hyttetomtene er utskilt frå gbnr.74/4 bør traseen leggast på denne eigedomen og ikkje på naboteigen.

### 7.16 Avveging av verknader

Innspelet er lagt fram for grunneigar av gbnr.74/4 som er tydeleg på at ei slik justering er uaktuelt. Av respekt for prosessen som har vore i jordskiftesaka har ein difor i samråd med oppdragsgivar basert planframlegget på same trasè som jordskifteretten, men med nokre mindre justeringar.

I samråd med eigar av gbnr.74/4 er m.a veglina trekt noko sørover mot våningshuset. Dette gjev både kortare veg og ei betre terrengtilpassing. Tilsvarende mindre justeringar er gjort i austre del av vegen

## 8 KONSEKVENSGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Då både formål og i hovudsak avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

## 9 INNKOMNE INNSPEL

I tillegg til vedtaket i Samfunnsutvalet kom det inn 8 innspel etter varsel om oppstart. Desse er vedlagt og kommenterte utdrag følgjer nedanfor:

### 9.1 Innspel (samandrag med kommentar)

#### 9.1.1 Statens Vegvesen (28.06.2016)

Ingen merknader.

#### 9.1.2 Fylkesmannen i Møre og Romsdal (25.11.2015)

Innspel:

- 1) Viser til at planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet både m.o.t sjø- og vassdrag, og at det såleis må takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre interesser. Vegen bør difor ikkje dimensjonast større enn høgst nødvendig. Det må leggast vinn på å redusere naturinngrepet og også rydde og stelle til att når vegen er etablert.
- 2) Kryssing av bekken må ikkje øydelegge for det frie elveløpet og ein bør unngå å legge bekken i rør.
- 3) Tiltaket må handsamast etter naturmangfaldlova.
- 4) Vegen må leggast slik at ein så langt råd unngår å legge beslag på dyrkajord.

Kommentar:

- 1) Vegen er dimensjonert med nøktern standard: 3m grusdekke + 1,5m regulert sideareal (grøft, skjering og fylling). Det er vidare lagt vinn på at vegen i størst mogleg grad følgjer terrenget – jfr. lengdeprofilar - så langt mogleg med maksimal stigning 1:8. Tilstelling etter inngrepet er teke inn som ein del av føresegnene som rekkefølgekrav.
- 2) Forbi bekken er det lagt til grunn at ein unngår bruk av rør/stikkrenne men i staden etablerer betongdekke med opning under for bekken.
- 3) Tiltaket er vurdert i høve naturmangfaldlova.
- 4) Vegtraseen er noko innkorta og tilpassa terrenget i høve kartet frå Jordskifteretten – m.a for å



*redusere inngrepet i dyrkajorda. Ein legg elles til grunn at Jordskifteretten har gjort ei fagleg vurdering av bruken av dyrka mark opp mot øvrige omsyn i saka.*

### 9.1.3 Møre og Romsdal fylkeskommune (12.08.2016 og 13.09.2016)

Innspel:

I samband med varslinga kom det krav om arkeologisk registrering, men etter synfaring og prøver med jordborr vart kravet trekt (jfr. brev datert 13.09.2016). Det viste seg at jordsmonnet er tynt med berg like under og delvis i dagen. Ein trekkjer difor kravet, men ber om at ein er varsam under opparbeidinga og melder frå om evt. funn. Ber også om at det vert teke bilete frå opparbeidinga av hyttevegen.

*Kommentar:*

*Vert teke til vitande og innarbeidd i føresegnene.*

### 9.1.4 Landbrukskontoret Ørsta/Volda (23.11.2015)

Innspel:

- 1) Viser til at området er LNF-område og at vegen vil berøre dyrkamark og skogsmark. Området er i tillegg ein del av eit viktig kulturlandskap. Det er viktig at vegen forbrukar minst mogleg dyrka jord og elles at den vert minst mogleg til ulempe for jordbruksdrifta. Ein må finne ei vegline som ligg godt i terrenget der drifta ikkje vert skadelidande. På bnr.2 må ein lage gode kantar slik at drifta vert mogleg og forsvarleg. På bnr.4 vil vegen skjere av jorda og med ein eldre veg nokre høgdemeter lenger opp vil arealet bli oppstykkka. Her må ein søkje løysingar som tek i vare den dyrka jorda også for framtida.
- 2) Frå bnr.1 er det kome signal om at ein ønskjer starten på vegen flytta til mellom våningshus og garasje, men kjenner ikkje til om dette er vurdert tidlegare eller om lina er fastlagd av jordskiftet eller om så store endringar er tema lenger.

*Kommentar:*

- 1) *Vegen er plassert slik at omsynet til dyrkamark og drift av denne vert ivaretatt. Traktorvegen ovanfor er gjengrodd (viser ikkje att i terrenget) men kan tilknyttast nyevegen der ein måtte ynskje.*
- 2) *Jordskiftesaka med tilhøyrande kart dannar grunnlaget for planarbeidet, og ei flytting av vegtraseen til motsett side av garasjen vil vere ei vesentleg endring i høve dette grunnlaget. Ein føreset at alternative startpunkt vart vurdert i samband med jordskiftesaka.*

### 9.1.5 Mørenett (28.07.2016)

Innspel:

- 1) Viser til at det gjennom reguleringsområdet går eit lavspenningsnett (luftlinje) som straumforsyning til nokre av hyttene i området og at evt. omlegging av dette vert belasta utbyggjar.

*Kommentar:*

- 1) *Vert teke til vitande – to av stolpane må truleg flyttast.*

### 9.1.6 Håvard Botn (14.08.2016)

Innspel:

- 1) Det må sjekkast opp at vegtraseen ikkje kjem i konflikt med kvennafallet (renne og murarrangement) til bruk 74/1 – jfr. pkt.1 i vedlagt skisse.
- 2) Viser til at hyttevegen kryssar straum- og vassleidning til naustet til 74/1 – jfr. pkt.2 i vedlagt skisse.

*Kommentar:*

- 1) *Vegtraseen kjem ikkje i konflikt med desse arrangementa.*
- 2) *Evt. omlegging av straum- og vassleidning vert ein del av opparbeidinga av vegen.*

### 9.1.7 Rolf Botn (15.08.2016)

Innspel:

- 1) Viser til at det er frå gbnr.74/4 det er delt frå og selt hyttetomter, og at nokre av desse har rett til å forhandle om bilveg fram til hyttene sine. Meiner det er urimeleg at gbnr.74/1 skal gje grunn til denne retten ved at vegtraseen til hyttene vert lagt utanom gbnr.74/4 og inn på dyrka jord på gbnr.74/1.
- 2) Meiner at vegen bør ligge mellom garasje og vedskuret på gbnr. 74/4 der det er berre ur. Meiner vidare at vegen vert liggande finare i terrenget der, at den vert kortare og at garasjen om ynskjeleg kan flyttast. Ein slepp også å krysse straumførande jordkabel og vassleidning på gbnr.74/1 og sparer i tillegg dyrkajord.

*Kommentar:*

- 1) *Som omtalt ovanfor er det lagt til grunn at vegtraseen vist i jordskiftekartet skal følgjast.*
- 2) *Ei flytting slik skissert vil vere ei vesentleg endring i høve dette kartet sterkt i strid med grunneigar på gbnr.74/4 sine interesser.*

### 9.1.8 Jarle Håvik og Øystein Håvik (gbnr. 74/5, 74/10 – datert 20.08.2016 og 14.10.2016)

Innspel:

- 1) Meiner at vegen slik vist vil kome for nær hytta deira, og at vegen bør ende lenger oppe som vist i eit tidlegare utkast til jordskiftekart (datert 29.09.2009). Viser til at dette var tema i jordskiftesaka og at Bjørn Bjørndal kunne akseptere dette. Vedlagt innspelet følgjer kopi av innspel til jordskifteretten datert 04.04.2012 og kartskeisse frå jordskifteretten datert 29.09.2009.

*Kommentar:*

- 1) *Som omtalt ovanfor er det lagt til grunn at vegtraseen vist i jordskiftekartet skal følgjast. Ein føreset at vurderingar kring vegtrasèen er gjort i samband med jordskiftesaka.*

## 10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Regulert veglinje er basert på jordskifteretten sitt kart, med nokre mindre justeringar. Utover dette er det så langt praktisk mogleg teke omsyn til innkomne merknader og framlegget er difor etter vår vurdering tilstrekkeleg opplyst til at det kan gjerast vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.





**Teiknforklaring**

- Reguleringsplan PBL 2008**  
**§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**
- SKV Køyreveg
  - SVT Annan veggrunn – teknisk anlegg
- Linjesymbol**
- RpGrense
  - RpFormålGrense
  - Regulert senterlinje
- Punktsymboler**
- Brukar

**Kartopplysningar**

Kjelde for basiskart: Volda kommune  
 Dato for basiskart: 01.06.2016  
 Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84  
 Høgdegrunnlag: NN1954






Volda kommune

**Framlegg til detaljplan for:**  
**Hytteveg Løfold - gbnr.74/2,4 m.fl**  
**Med tilhørende føresegner**

Arealplan-ID:  
1519-2016004

Forslagstillar:  
Erik S. Andresen m.fl.

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA				SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato	Revisjon					
Dato	Revisjon					
Dato	25.05.2017	Revisjon	Justering etter 1.gangs off. ettersyn	2344	25.05.2017	JMO
<b>Kommunestyret sitt vedtak</b>						
Ny 2. gongs handsaming						
Offentleg ettersyn frå .....til .....						
2. gongs handsaming						
Offentleg ettersyn frå .....til .....						
1. gangs behandling:						
Kunngjering av oppstart av planarbeid: 21.06.2016						
Oppstartsmøte: 31.05.2016						
<b>PLANEN ER UTARBEIDD AV:</b>				<b>TEGNNR.</b>	<b>DATO</b>	<b>SIGN.</b>
				2344 01	28.11.2016	Jan M. Ose
Stadfesting av at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak:						
				Dato	Plansjef	



# Detaljreguleringsplan for Hytteveg Løfoll i Austefjorden – gbnr.74/2 m.fl.

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningssdato	Eigengodkjend av:
1519-2016004		dd.mm.åååå	Volda kommunestyre

## Områdeomtale/plangrense:

Plangrensene er vist på reguleringskartet , sist revidert 25.05.2017.

## §1. – GYLDIGHETSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa som vist på plankartet. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

## §2. – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

## §3. – REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 og 12-6 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

### 3.1. SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5)

- 2011 Køyreveg (SKV)
- 2018 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

## §4. – AREALBRUK

### 4.1. – SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

#### 4.1.1 Køyreveg (SKV)

- Køyreveg f\_SKV1 og f\_SKV2 opparbeidast med breidde som vist på plan.
- Vegar skal ha dekke av grus.
- Forbi elv/bekk frå Follavatnet - som betongkonstruksjon/lav køyrebru.
- SKV er privat og felles for eigedomar som grensar til og nyttar vegane.
- Det er høve til opparbeiding av avkøyrslar frå vegane til eigedomane langs vegen. Plassering av avkøyrslar i samråd med kvar enkelt grunneigar.
- Eksisterande landbruksveg kan tilknyttast f\_SKV1.

#### 4.1.2 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

- Innanfor formålet er det høve til opparbeiding av grøfter, skjering, fylling, terrengmurar og avkøyrslar til eigedomane langs vegane.
- Skjering og fylling kan leggest utom plangrensa ved behov.
- Jordskråningar tilsåast med stadeigen vegetasjon.
- SVT er privat og felles for eigedomar som grensar til og nyttar vegane.

## §5. – FELLESFØRESEGNER

### 5.1. TERRENGBEHANDLING

- Terrengingrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal så langt råd tilsåast med stadeigen vegetasjon.
- Gravemassar fjernast frå området eller leggest der dei ikkje verkar skjemmande.

- c) Bekken frå Follavatnet skal ikkje leggst i rør.

## 5.2. VEGETASJON

- a) Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad bevarast.  
b) Alt arbeid skal utførast med omsyn til terreng og vegetasjon.  
c) Området må stellast til att straks vegen er etablert og før det vert gjeve bruksløyve.

## 5.3. AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

- a) Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvar ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

---


Jørgen Amdam  
-ordførar-

---

Rune Sjugard  
- rådmann-







# Teiknforklaring

- Plangrense
- Teiggrenser
- Vegskjæring - fjell
- Vegfylling - jord
- Koter (1m)
- Stein (frå flyfoto)

A	Etter off. ettersyn	JMO	25.05.17
Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

<b>Firma</b>	Firma: Per Mulvik AS Adresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516	Sentral: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 E-post: jan@mulvik.no
--------------	---	---

Prosjektnavn:  
**Detaljregulering hytteveg Løfold m.fl**


Oppdragsgivar:  
**Erik S. Andresen  
Kronstadveien 23A  
5053 Bergen**



Tittel: <b>Illustrasjonsplan</b>	Teikna av: JMO
	Dato: <b>28.11.16</b>
	Kontr.av:
	Dato:
	Erstatter teikn.:

Teikningstype:  
**PLANILLUSTRASJON**

Prosjektnr.: <b>2344</b>	Teikn.nr.: <b>911</b>	Målestokk: <b>1:500</b>	Rev.: <b>A</b>
-----------------------------	--------------------------	----------------------------	-------------------



# Teiknforklaring

- Plangrense
- Teiggrenser
- Vegskjæring - fjell
- Vegfylling - jord
- Koter (1m)
- Stein (frå flyfoto)

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

**Firma**  
 Firma: Per Mulvik AS  
 Adresse: Holmen 7  
 Postnr./stad: 6100 Volda  
 Org.nr.: 941 987 516  
 Sentral: 70 07 49 90  
 Direkte: 70 07 49 94  
 E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnavn:  
**Detaljregulering hytteveg Løfold m.fl**


Oppdragsgivar:  
**Erik S. Andresen**  
 Kronstadveien 23A  
 5053 Bergen



Tittel: <b>Utsnitt av illustrasjonsplan</b>	Teikna av: JMO Dato: 25.05.17 Kontr.av: Dato: Erstattar teikn.:
--	---

Teikningstype:  
**PLANILLUSTRASJON**

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2344	912	1:250	





# Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 06.12.2012

Plan- og bygningslova § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga:

## **§ 4-3. Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse**

*Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarheitsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.*

Kongen kan gi forskrift om risiko- og sårbarheitsanalyser.

Føremålet er å gi grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan også oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

## **Bruk av sjekklista**

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplansaker, men den som skal utarbeide arealplanar og planstyresmakta må i kvart tilfelle vurdere om bruk av denne sjekklista er føremålstenleg. Einkvar står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gir størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande ROS-vurdering av dei avdekte forholda. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko- og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Når sjekklista er gjennomgått må dette dokumenterast i saksframstillinga som ei stadfesting av at risikoen i det aktuelle området er vurdert. Når uakseptabel risiko vert påvist, eller dersom den som utarbeider planen er usikker på om det føreligg uakseptabel risiko, må det hentast inn tilstrekkeleg fagkyndige vurderingar før planen vert vedteken eller byggeløyve vert gitt.

## **Aktuelle lenker:**

### Miljøverndepartementet:

- [Plan- og bygningslova](#)
- [Rundskriv T-5/97 Arealplanlegging og utbygging i fareområde](#)
- [Forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven](#)
- [Veileder til forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven](#)

### Direktoratet for byggkvalitet:

- [Byggjereglar på ein stad](#)
- [Forskrift om tekniske krav til byggverk \(Byggteknisk forskrift / TEK10\)](#)
- [Rettleiar til byggteknisk forskrift \(TEK10\)](#)
- [Temaretteljar HO-1/2008: Utbygging i fareområde](#)

### Noregs vassdrags- og energidirektorat:

- [Retningslinjer 2-11. Flaum- og skredfare i arealplanar](#)

### Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap:

- [Samfunnstryggleik i arealplanlegging. Kartlegging av risiko og sårbarheit](#)
- [Retningslinjer for fylkesmannens bruk av motsegn for å ivareta samfunnstryggleik i arealplanlegginga](#)
- [Rettleiar om GIS i samfunnstryggleik og arealplanlegging](#)
- [Havnivåstiging i norske kystkommunar](#)
- [Handtering av havnivåstiging i kommunal planlegging](#)

### Statens strålevern:

- [Busetnad nær høgspontanlegg - informasjon til kommunar og utbyggiarar](#)
- [Radon i inneluft – helseisiko, målingar og mottiltak](#)

### Noregs geologiske undersøking:

- Nasjonal skreddatabase på nett: [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no)

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 06.12.2012

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 28/11 – 2016 av sign:





Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
2016/953	AVD. Utv. S: Perhel
27 APR 2017	
Planid	
2016004	

**Volda kommune**

**Detaljregulering - reguleringsplan for hytteveg i Botnen i Austefjorden gnr74  
bnr2 bnr4 m.fl  
Offentleg ettersyn**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	13.03.2017	36596/2017/REGULERINGSPLAN/1519	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	26.04.2017

## **Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan for hytteveg i Botnen - Austfjorden gbnr 74/2,4 mfl. - fråsegn ved offentlig ettersyn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

NVE har ingen merknad til planen.

Med helsing

**Terje Systad**

Overingeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Arealplan, Region vest

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

Telefon: 22 95 95 59

E-post: [tes@nve.no](mailto:tes@nve.no)

Web: [www.nve.no](http://www.nve.no)



Jarle Håvik og Øystein Håvik gnr. 74/5,10  
Kjeldeteigen 8  
6856 SOGDAL

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 2016/953	Avd: utv
Løpnr:	St: Peder
Sogndal 09.03.2017 14 MAR 2017	
Arkiv: Planid	
Klassering P: 2016004	
Klassering S:	

### Merknad til reguleringsplan for hytteveg i Austefjorden, Løfoll g.nr 74 m.fl

Vi har tidlegare hatt merknader til planen for veg til hyttene på Løfolla. Det har vi gitt uttrykk for i brev til Jordskifteretten, 12/4-2012 og til Peder Mulvik a/s, 18.08.16.

Innvendingane frå vår side gjeld særleg framføring av vegen til hytta på 74/7 (Bjørdal/Ose). Vi har vanskeleg for å skjønne kvifor denne vegen må gjerast så lang. Trafikken til denne hytta vil etter planen passere hytta på 74/8 (Åslid) og sidan 74/9 (Hamre). Langs denne strekninga er det areal som det kan bli bygd hytter på i framtida.

Vidare er vegen etter planen ført 10-12 meter langs byte på 74/5,10 (Håvik) og endar alt for nær inngangspartiet til hytta vår.

Det mest logiske må vere å la vegen til hytta på 74/7 (Bjørdal/Ose) gå frå krysset ved 74/1 (Berg-Rusten) og kortaste og greiaste veg ned til hytta.

Vi vil elles understreke at tilkomsten til vår hytte må vere øvst på tomta og ikkje slik planen viser.


Vonar de tek omsyn til denne merknaden i det vidare arbeidet med detaljreguleringa.

Med helsing



Jarle Håvik

Sogndal 20.08



Øystein Håvik

(sign)

Rolf Botn  
Løfoll  
6110 Austefjord

Volda KOMMUNE	
Saksnummer	2016/953
Avd.	Utv
Dato	15 MAR 2017
St.	Perhel
Ansvarlig	Planid
Referanse	2016004
Kategori	S

Volda, 15.3.2017

Volda Kommune  
v/Per Heltne

**Plan id 1519-2016004 Reguleringsplan for veg til hyttefelt til gnr. 74/4**

**Protest mot forslag.**

Viser til forslag om å legge hytteveg inn på gnr/bnr. 74/1. Årsaka til vidareføring av vegen er dei 6 hyttetomtene som gnr/bnr74/4 har selt. Om ikke dette var gjort, ville det ikkje vere behov for denne vegen. Når gnr/bnr 74/4 har selt hyttetomter og har flere mulegheiter til å vidareføre hyttevegen på eigen grunn, finn eg det svært urimelig at gnr/brn 74/1 skal stille matjord til dette formålet. Det må nesten gnr/bnr 74/4 ordne opp i sjølv. Det bør vere eit viktig mål å bevare mest mogleg dyrka jord for matproduksjon, noko som blir meir og meir aktuelt.

Med venleg helsing

*Rolf Botn*  
Rolf Botn

(bur og arbeider på garden 74/1)



Håvard Botn  
6110 Austefjord  
  
Volda Kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr	2016/953
Leiar	Perhel
13 APR 2017	
Arbeid	Planid
Klasse	2016004
Klassering S	

Austefjorden 15.04.17

## Merknader til planframlegg saksnr : 2016/953

Punkt 1. Feil bruksnummer er brukt i kartet i saksframlegg. Det står bruk 74/4 på bruk 74/1 sin eigedom. Det må rettast opp. ( Vist som punkt 1 i vedlegg 2)

Punkt 2. Eksisterande veg flyttast om lag 4 meter vestover ,frå grensa mellom bruka 74/1 og 74/4 til sør om møteplass/ parkeringsplass ,ved naustet til 76/1.( Vist som punkt 2, i vedlagt kart vedlegg 3)

Ein oppnår då fylgjande:

Bruk 74/1 får då vegen litt vekk fra naust området, samtidig som området kan brukast til båtopptrekk, parkerings plass og vinter lagring av flytebrygge etc.(Vist som skravert området i vedlegg 6)

Vegen blir 4 meter kortare og litt rettare.

Innkjørsel til bruk 74/4 blir slik den var før vegen vart omlagd kring 1990 og blir ikkje forringa.

Punkt 3. Den nye hyttevegen må trekkast så nær garasjen til bruk 74/4 som praktisk mulig, slik at området mellom garasje til bruk74/4 og den nye vegen på bruk 74/1 sin eigedom forsvinn, eller fyllest igjen. Området er for lite til noko uansett.(Vist som punkt 3 i vedlegg 4)

Punkt 4. Vatnet fra vegaveita over bruk 74/2 må ikkje veitast inn på bruk 74/1. Då må det eventuelt leggst i rør for å unngå eit myrområdet sør får vegen.(Vist som punkt 4 i vedlegg 5.)

Mvh

Håvard S Botn


*Håvard S Botn*  
Eigar av bruk 74/1

VEDLEGG 2

<https://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=828;Fildt=4590>

(1) Volda kommune - Startside volda.kommune.no

1 Filen du har åpnet samsvarer med PDF/A-standarden og har blitt åpnet som skrivebeskyttet for å hindre endringer.



594 x 420 mm


# VEDLEGG 3



<https://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=82&FilId=4590>

(1) Volda kommune - Startside volda.kommune.no

● Filen du har åpnet samsvarer med PDF/A-standarden og har blitt åpnet som skrivebeskyttet for å hindre endringer.




594 x 420 mm

VEDLEGG 4

<https://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.eslx?Mtid=928&Filid=4590>

(1) Volda kommune - Startside volda.kommune.no

Filen du har åpnet samsvarer med PDF/A-standarden og har blitt åpnet som skrivebeskyttet for å hindre endringer.





594 x 420 mm

https://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.aspx?Mid=828&Filid=4590

(1) Volda kommune - Startside volda.kommune.no

● Filen du har åpnet samsvarer med PDF/A-standarden og har blitt åpnet som skrivebeskyttet for å hindre endringer.







Eivind Åslid gnr.74/8,12  
Fagerlivegen 50  
6414 Molde


torsdag, 27. april 2017

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

#### MERKNAD TIL REGULERINGSPLAN FOR VEG, BOTNEN, AUSTEFJORDEN

Vi forstår ikkje kvifor framføringa av vegen til eigedom 74/7 skal gå forbi 74/8,12 og 74/9. Vi meiner det vil meir naturleg at vegen som går til 74/6 bør fortsette også til eigedom 74/7. Det vil også føre til mindre trafikk for oss ( 74/8,12 og 74/9) som har vegen så tett inn til inngangsdørene våre.

Ned vennleg helsing



Eivind Sverre Åslid

Liv Godager  
(sign)

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Postmottak@volda.kommune.no

Bergen, 26. april 2017

## **MERKNADAR TIL PLANFRAMLEGG – PLANID 2016004 SAKSNR 2016/953**

### **Innleiing**

Syner til brev 13. mars 2017 vedrørende offentlig ettersyn av planframlegg med planid 2016004 om reguleringsplan for hytteveg i Botnen i Austefjorden.

På vegne av sameiget 74/6 ynskjer eg å inngi merknadar til støtte for planframlegget.

### **Framtidsretta tilkomst til eigedomane for alle partar**

Vegtilkomsten til hytteeigedomane vil gi ei framtidsretta og varig løysning på dei parkeringsproblema som er i området. Samtidig vil vegtraseen slik den kjem fram i planframlegget leggje til rette for at også eigar av 74/1 får lagt til rette for betre parkeringsløysingar for eige naust og parkeringsrettar for nabonaust. Jordskifteretten skriv at:

*"Retten fin at den beste vegløyninga i starten vil gå over ein mindre del av dyrkaarealet til gnr. 74/1. Restarealet mellom den nye vegen og grensa mot gnr. 74/4, kan då med fordel nyttast som parkeringsareal for gnr. 76/1 ved bruk av nausttomta. Eigar av gnr. 76/1 har opplyst at han kan godta ei slik løysing. Eigar av gnr. 74/1 får då frigjort parkeringsareal i strandsona."*

Det skal også nemnast det ikkje berre er tomter utskilt frå 74/4 som vil få nytte av vegen. 74/1 har også skilt ut tomter frå eigen grunn, mellom anna 74/1/1. Denne eigedomen vil også ha nytte av vegen sjølv om størsteparten av vegen går utanfor 74/1. Det er også skilt ut ei tomt lenger ut på neset (74/15) frå 74/1. Sjølv om denne tomta etter det opplyste har vegtilkomst frå Hamre, vil det være kortare avstand frå vegløyninga i planframlegget enn eksisterande veg frå Hamre. Det kan derfor ikkje utelukkast at også denne eigedomen i framtida vil ynskje å erverve rett til å bruke vegløyninga. I tillegg har Jordskifteretten lagt til grunn at 74/1 vil ha nytte av vegen, derfor er det heller ikkje urimeleg at eit mindre stykke av vegen blir lagt inn på 74/1.

Hoveddelen av vegen vil, som det går fram av planframlegget, gå over andre eigedomar enn 74/1.

### **Jordskiftevedtaket er rettskraftig**

Ingen av partane, heller ikkje eigar av 74/1 der starten på vegtraseen går over eigedomen, har anka Jordskifteretten sitt vedtak. Dersom nokon av partane hadde innvendingar til trasévalet måtte jordskiftevedtaket angripast ved anke. Reguleringsprosessen er ikkje meint for å overprøve den enkelte parts val om ikkje å anke jordskiftevedtaket. Kommuna bør derfor leggje til grunn løysinga i jordskiftevedtaket som slår fast kva som er best traséval



## **Langvarig problem med tilkomst og parkering**

Det er snart 10 år sidan saka kom inn for Jordskifteretten. Både før og etter saka for Jordskifteretten har manglanda vegtilkomst og svært avgrensa parkeringstilhøve vore eit problem. Tilkomsten er særleg utfordrande med barnevogn og for personar som er dårleg til beins. Like eins er det utfordrande å frakte varer og utstyr til og frå området.

## **Trygging av tilkomst ved brann og akutt sjukdom**

Vegtilkomst til området vil ha stor betydning ved brann eller andre alvorleg ulukker eller akutt sjukdom. Når det oppstår ein naudsituasjon er det avgjerande at naudetatane kjem raskt fram med mannskap og utstyr.

## **Jordskifteretten har fagkompetanse**

Ved vurderinga av planframlegget må det leggjast til grunn at traseen utarbeidd av Jordskifteretten er gjort ut frå jordskiftefaglege vurderingar etter ei samla vurdering av innspel frå partane. Igjen vil eg minne om at ingen av partane har nytta ankeretten.

## **Avslutning**

Me vonar at saka snart kan løysast ved at at eigedomane får vegtilkomst. Manglanda godkjenning av planframlegget vil vidareføre eit stort parkeringsproblem og utgjere ein tryggingsrisiko ved brann, ulykker og akutt sjukdom.

Vennleg helsing

For sameiget 74/6



Erik Staurset Andresen

Syner til vedtak i formannskapet frå 21.02.17 om å legge framlegg til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn. Som eigarar av gbr 73/4 har vi fått saka til uttale.

Planframlegget byggjer direkte på jordskiftesak og dom som omhandla tilkomstveg til hytteområdet. Vår eigedom grensar ikkje direkte til areal omfatta av planframlegget. Når vi likevel har fått planen til uttale, reknar vi med at det skuldast at vi var part i jordskiftesaka. Eksisterande veg langs sjøen som var ein del av jordskiftesaka, går gjennom vår eigedom og til det området som no vert søkt regulert. Det er ikkje urimeleg at ein i framtida vil gjere tiltak også på denne delen av tilkomstvegen der ein på same måte kan legge jordskiftesaka til grunn.

I fylgje Lov om planlegging og byggesaksbehandling § 3-2 ligg ansvaret for planlegging etter lova til kommunestyra, regionale planmynde og Kongen. Offentlege organ og private har rett til å fremje planforslag. I forslag til reguleringsplan frå Mulvik og i den administrative saksførebuinga frå Volda kommune kan ein lese at vegtraseen er avklara gjennom gjennomført jordskiftesak og at omsynet til naboar/andre grunneigarar er avtala her.

Både i jordskiftesaka og i innspel til Mulvik går det fram at det er motstridande interesser i saka.

Slik vi oppfattar dette er det kommunen som er planmynde og som administrativt og til sist politisk fritt kan ta stilling til framlegg til nye reguleringsplanar. Dette inkluderer i denne saka val av vegtrase.

I det politiske ordskiftet som var referert i lokalavisa kan det sjå ut til at dette ikkje var tydeleg som grunnlag for den politiske handsaminga.

Før ein går vidare i planarbeidet ber vi om ei prinsipiell juridisk vurdering av kommunen som lokalt planmynde og om jordskiftedommen er bestemmande for trasevalg og løysingar i etterfølgjande reguleringsplanarbeid.

For at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst for kommunestyret er det nødvendig at dette grunnlaget for reguleringsplanen er godt avklara.

Med helsing

Ingunn og Arild Iversen

legg inn på sak 2016/953 (utan vedlegg)



**Per Heltne**

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Per Heltne

**Sendt:** 29. mai 2017 08:24

**Til:** 'post@mrfylke.no'; 'fmmrpostmottak@fylkesmannen.no'

**Kopi:** 'jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no'; 'kari.bjornoy@fylkesmannen.no'; 'anders.smith-ovland@mrfylke.no'

**Emne:** VS: 2344 Detaljplan for hytteveg Løfold - gbnr.74/2,4 m.fl. Justert etter 1,gangs offentlig ettersyn

Viser til tidlegare oversending av plansak til høyring (offentleg ettersyn).

Vår sak nr 2016/953. Dykkar tilbakemelding i brev av 25/04.2017 og 26/04.2017.

Ut frå innspel ved offentlig ettersyn har vi i samråd med grunneigar på 74/1 og eigar av 74/4, 76/1 gjort mindre endring av vegføring i starten av planlagt veg.

vegen får då ei meir naturleg vidareføring i høve til dagens veg, og ein får teke meir omsyn til naustområdet , der det er trengt i dag.

Det går med nokre få m2 ekstra dyrka mark, men etter som det er grunneigar sjølv som ynskjer dette av omsyn til naustområdet som han også vil ta omsyn til, synest vi dette er akseptabelt og positivt for den samla utnytting.

Ei justert linjeføring gir også betre arrondering mot attverande areal.

Endringa er drøfta med landbrukskontoret Ø/V som ikkje har merknader til endringa.

Vi ber om dykkar tilbakemelding snarast i von om at saka kan slutthandsamast før ferien.

Vi legg ved forslag til justert plan.

Send gjerne tilbakemelding pr. e-post.



**Per Heltne**

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Jan Magnus Ose [<mailto:jan@mulvik.no>]

**Sendt:** 25. mai 2017 14:22

**Til:** Per Heltne

**Kopi:** Erik S. Andresen

**Emne:** 2344 Detaljplan for hytteveg Løfold - gbnr.74/2,4 m.fl. Justert etter 1,gangs offentlig ettersyn

Hei!

Iht. avtale oversender eg med dette framlegg til detaljplan justert etter 1. gangs offentlig ettersyn. Har også justert dei av vedlegga som endringane har verknad for, herunder lengdeprofil for f\_SKV1 etc.

Har også utført mindre justering av planomtalen, herunder plannavn, liste over vedlegg (tilføyd 2344\_912 Utsnitt frå ill.plan), arealoversikt m.m. Oppdatert sosi-fil er også vedlagt.

Iht. avtale vil vi foreta ei utstikking av senterlinja, og håper å få utført dette komande veke. Det vert då sett ned trestikker påført pelnummer for kvar 10m.

Erik:

Vi kan kjøpe inn stikkene, men kan du avtale med einkvan om å bistå med å slå desse ned i bakken? I så fall er det både tid og pengar å spare.....

Begge:

Ber om at de ser over/les gjennom vedlegga – og gir tilbakemelding dersom noko skal endrast. Dersom utstikkinga avdekkjer behov for justering av veglinja får vi gjere det.

Mvh  
For Per Mulvik AS  
Jan Magnus Ose

Direkte: 70 07 49 94  
Sentralbord: 70 07 49 90  
E-post: [jan@mulvik.no](mailto:jan@mulvik.no)

Mulvikweb bredd 4cm



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 16/953	Shs UN
Løpenr.	Shs PERHEZ
1 JUN 2017	
Arkivdel: PLANID	
Klassering P:	
Klassering S:	

**Detaljplan for hytteveg Løfold - gnr74 bnr2, 4 m.fl.  
Justert etter 1. gangs offentlig ettersyn**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder følgjande merknad:

Vi har ingen særskilte merknader til justeringa av traseen, ved avgrensa ettersyn. Vi ber elles om at ein er varsam ved opparbeiding av tiltak og meldar i frå ved eventuelle funn som kan vere av arkeologisk interesse.

Mvh

**Anders Smith-Øvland**

overarkitekt

Plan og analyse

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf: 71 28 02 41 / 959 99 801

[anders.smith-ovland@mrfylke.no](mailto:anders.smith-ovland@mrfylke.no)

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)



**Per Heltne**

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Børild Skåra

**Sendt:** 23. mai 2017 14:08

**Til:** Per Heltne

**Emne:** SV: reguleringsplan hytteveg Løfoll.

Syner til nytt framlegg i høve hytteveg Løfold.

Framlegget vil forbruke noko meir dyrka jord frå 74/1.

Syner til merknad nr 3 frå eigar av 74/1, der det vert bedt om å flytte vegen mest mogleg mot bytet mellom bnr 1 og 4 (garasjen). Dersom ein kan unngå at her vert att restareal så vil det vere klart best. Rår difor til at ein flyttar veglina mot NNV, dersom det er mogleg ut frå vegtekniske krav.

Den dyrka jorda her er av den flataste på bruket, og ein må spare mest mogleg.

Helsing

**Børild Skåra**

Rådgjevar

Landbrukskontoret Ørsta/Volda

Direkte 70049613

E-post [borild.skara@orsta.kommune.no](mailto:borild.skara@orsta.kommune.no)

Web [www.orsta.kommune.no](http://www.orsta.kommune.no)



---

**Fra:** Per Heltne

**Sendt:** 23. mai 2017 09:05

**Til:** Håvard Botn <[havard.botn@haugnett.no](mailto:havard.botn@haugnett.no)>; [slottelid@tussa.com](mailto:slottelid@tussa.com); Edvin Løfoll <[edvin.lofoll@volda.kommune.no](mailto:edvin.lofoll@volda.kommune.no)>; Børild Skåra <[borild.skara@orsta.kommune.no](mailto:borild.skara@orsta.kommune.no)>

**Emne:** VS: reguleringsplan hytteveg Løfoll.

beklagar men eg sende ved feil vedlegg. (Rolf Botn i staden for Håvard Botn)  
sender på ny.

slett den første.



**Per Heltne**

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Per Heltne

**Sendt:** 23. mai 2017 08:36

**Til:** 'Håvard Botn'; '[slottelid@tussa.com](mailto:slottelid@tussa.com)'; Edvin Løfoll; Børild Skåra

**Emne:** reguleringsplan hytteveg Løfoll.

i samband med gjennomgang av merknader etter offentleg ettersyn har vi funne det rett å foreslå ei justering av planløyisinga ved starten av vegen.



Endringsframlegget har grunnlag i merknad frå Håvard Botn, eigar av 74/1. (sjå vedlegg).

Vi har utarbeidd eit justert framlegg der vegen er gjort gjennomgåande ved omlegging av eksisterande veg, og slik flytt lenger vekk frå naustområdet.

Eigar av 74/4 har stilt seg positiv til slik endra løysing.

Før vi går vidare med saka, sender vi det nye framlegge til deg som eigar i området. vi ber om tilbakemelding snarast , om dette er ei løysing de kan slutte dykk til.

Endringsframlegget vert også sendt landbrukskontoret og vi ber om ei tilbakemelding herfrå. Vi vurderer endringa som svært liten sett i høve til landbruksinteresser. (det vil gå med omlag 60-70m2 meir dyrka areal til vegen og utviding for naustområdet, men arrondering mot ny veg vert betre).

send helst svar på e-post. eller ring meg.



**Per Heltne**

*Fagansvarleg Plan*

*Utvikling*

*Direkte 70058717 Mobil 91151347*

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

legg til sak 2016/953

-----Opprinnelig melding-----

Fra: slaattelid [<mailto:slaattelid@tussa.com>]

Sendt: 31. mai 2017 06:27

Til: Per Heltne

Emne: Re: VS: reguleringsplan hytteveg Løfoll.

Vi eigara av 76/1 har ingen innvendinger mot det nye planforslaget. Vi ser det som positivt då det vil friggi plass rundt nausta. Vi har og eit ynskje om å delta i opparbeidinga av ein båtutsettingsrampe, viss / eventuelt når, det blir iverksatt.

For 76/1

Hege Slåttelid

Tormod Slåttelid

> FRA: Per Heltne

> SENDT: 23. mai 2017 08:36

> TIL: 'Håvard Botn'; 'slottelid@tussa.com'; Edvin Løfoll; Børild Skåra

> EMNE: reguleringsplan hytteveg Løfoll.

>

> i samband med gjennomgang av merknader etter offentlig ettersyn har vi

> funne det rett å foreslå ei justering av planløysinga ved starten av

> vegen.

>

> Endringsframlegget har grunnlag i merknad frå Håvard Botn, eigar av

> 74/1. (sjå vedlegg).

>

> Vi har utarbeidd eit justert framlegg der vegen er gjort gjennomgåande

> ved omlegging av eksisterande veg, og slik flytt lenger vekk frå

> naustområdet.

>

> Eigar av 74/4 har stilt seg positiv til slik endra løysing.

>

> Før vi går vidare med saka, sender vi det nye framlegge til deg som

> eigar i området. vi ber om tilbakemelding snarast , om dette er ei

> løysing de kan slutte dykk til.

>

> Endringsframlegget vert også sendt landbrukskontoret og vi ber om ei

> tilbakemelding herfrå. Vi vurderer endringa som svært liten sett i

> høve til landbruksinteresser. (det vil gå med omlag 60-70m2 meir dyrka

> areal til vegen og utviding for naustområdet, men arrondering mot ny

> veg vert betre).

>

> send helst svar på e-post. eller ring meg.

>

> \_PER HELTNE\_

>

> \_Fagansvarleg Plan\_

>

> \_Utvikling\_

>

> \_Direkte 70058717 Mobil 91151347\_

>

> \_www.volda.kommune.no\_ [1]

>

til sak 2016/953



**Per Heltne**

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Edvin Løfoll

**Sendt:** 23. mai 2017 09:21

**Til:** Per Heltne; Håvard Botn; slottelid@tussa.com; Børild Skåra

**Emne:** SV: reguleringsplan hytteveg Løfoll.

Hei

Eigar av 74/1 har kome med framlegg til endring av starten på den nye vegen.

Underteikna støttar framlegget og ser det som ei betre løysing enn det opprinnelege i saka.

Det medfører i liten grad beslag av dyrka mark, men gjev 74/1 (også 76/1) langt betre tilhøve kring naust og sjøline. Det er viktig med tanke på bruken av eigedomane og gjev etter mi oppfatning ei langt meir framtidretta løysing.

For 74/4 (min teig) vil endring av vegen føre til at vegen til tunet vert om lag slik det var for ein del år sidan og vert godt tenleg for min eigedom.

Mvh

Edvin Løfoll

---

**Fra:** Per Heltne

**Sendt:** tysdag 23. mai 2017 09:05

**Til:** Håvard Botn <[havard.botn@haugnett.no](mailto:havard.botn@haugnett.no)>; [slottelid@tussa.com](mailto:slottelid@tussa.com); Edvin Løfoll

<[edvin.lofoll@volda.kommune.no](mailto:edvin.lofoll@volda.kommune.no)>; Børild Skåra <[borild.skara@orsta.kommune.no](mailto:borild.skara@orsta.kommune.no)>

**Emne:** VS: reguleringsplan hytteveg Løfoll.

beklagar men eg sende ved feil vedlegg. (Rolf Botn i staden for Håvard Botn) sender på ny.

slett den første.



**Per Heltne**

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Per Heltne

**Sendt:** 23. mai 2017 08:36

**Til:** 'Håvard Botn'; 'slottelid@tussa.com'; Edvin Løfoll; Børild Skåra

**Emne:** reguleringsplan hytteveg Løfoll.

i samband med gjennomgang av merknader etter offentlig ettersyn har vi funne det rett å foreslå ei justering av planløysinga ved starten av vegen.

Endringsframlegget har grunnlag i merknad frå Håvard Botn, eigar av 74/1. (sjå vedlegg).

Vi har utarbeidd eit justert framlegg der vegen er gjort gjennomgåande ved omlegging av eksisterande veg, og slik flytt lenger vekk frå naustområdet.

Eigar av 74/4 har stilt seg positiv til slik endra løysing.

Før vi går vidare med saka, sender vi det nye framlegge til deg som eigar i området. vi ber om tilbakemelding snarast , om dette er ei løysing de kan slutte dykk til.

Endringsframlegget vert også sendt landbrukskontoret og vi ber om ei tilbakemelding herfrå. Vi vurderer endringa som svært liten sett i høve til landbruksinteresser. (det vil gå med omlag 60-70m2 meir dyrka areal til vegen og utviding for naustområdet, men arrondering mot ny veg vert betre).

send helst svar på e-post. eller ring meg.



**Per Heltne**

*Fagansvarleg Plan*

*Utvikling*

*Direkte 70058717 Mobil 91151347*

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Sektor for utvikling, plan, for utlegging til offentlig ettersyn

Stormyra 2  
6100 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/953	2393/2017	2016004	SVK/ SONHAV	22.02.2017

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLANID 2016004 - REGULERINGSPLAN  
HYTTEVEG - BOTNEN I AUSTEFJORDEN - GBR 74/2, 4 M.FL.**

Vi melder med dette frå at formannskapet den 21.02.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 34/17, der det vart gjort slikt vedtak:

***Framlegg til detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Botnen i Austeffjorden, del av gnr 74/2 og 4 m.fl, slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 28.11.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentlig ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10, jf §12-11.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:  
PER MULVIK AS  
Per Heltne - sakshandsamar

---

Postadresse:  
Stormyra 2  
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no  
Telefon: 70058701

Telefaks:  
70058701

www.volda.kommune.no  
Org. nr: 939 760 946  
Bankgiro: 3991.07.81727

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/953

---

Arkivkode: 2016004

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/17	Formannskapet	31.01.2017
34/17	Formannskapet	21.02.2017

## PLANID 2016004 - REGULERINGSPLAN HYTTEVEG - BOTNEN I AUSTEFJORDEN - GBR 74/2, 4 M.FL.

### Handsaming:

Sakshandsamar Per Heltne orienterte om saka.

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg:

*Sidan mange av hyttetomtene er utskilde frå gbnr 74/4 bør traseen leggest på denne eigedommen og ikkje på naboteigen. Ein bør også når det er mulig unngå nedbygging av dyrka areal. Formannskapet ber difor om at starten av vegen vert lagt over gbnr 74/4 i staden for på vestsida av garasja.*

Margrete Bjerkvik trekte framlegget sitt.

### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken, Odd A. Folkestad røysta imot.

### Vedtak i Formannskapet - 21.02.2017:

*Framlegg til detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Botnen i Austeffjorden, del av gnr 74/2 og 4 m.fl, slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 28.11.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10, jf §12-11.*

## **Handsaming:**

Saka vart ettersendt til formannskapet den 30.01.17.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett for nærmare grunngjeving for rettar som ligg i jordskiftedommen.*

## **Røysting** (ni røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak i formannskapet - 31.01.2017:**

*Saka vert utsett for nærmare grunngjeving for rettar som ligg i jordskiftedommen.*

## **Administrasjonen si tilråding:**

*Framlegg til detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Botnen i Austefjorden, del av gnr 71/2 og 4 m.fl, slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 28.11.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10, jf §12-11.*

## **Vedleggsliste:**

Planomtale  
Plankart  
Illustrasjonsplan  
Reguleringsføresegner  
Sjekkliste ROS  
Lengdeprofil vegar  
Utsnitt 3-D modell  
Referat oppstartsmøte

## **Uprenta saksvedlegg:**

Jordskiftesak

## **Saksopplysningar/fakta:**

Kommunen har motteke framlegg til detaljreguleringsplan for hytteveg til etablerte hytter på gnr 74/2 og 74/4 i Botnen i Austefjorden.

Planlegging vart sett i gang etter innspel frå eigar, og er basert på vedtak i S.S. Jordskifterett sak nr. 1510-2007-0011-Løfold.

Det er i jordskiftesaka lagt ut aktuell vegtrase for veg til etablerte hytter og eigedomar i området, med atterhald om godkjenning etter Plan og Bygningslova gjennom reguleringsplan. Det vart den 31.05.2016 gjennomført oppstartsmøte for detaljplanarbeidet.

Som plankonsulent er engasjert firma P.Mulvik as.

Kopi av referat frå oppstartsmøte ligg ved saka.

Planprosessen har slik det går fram av jordskiftesaka ikkje ein intensjon om å legge til rette for meir hyttebygging i området elle for auka standard.

Bakgrunn er ynskje om å få bort trafikk og parkering i og ved tunet på 74/4 og legge klare føringar for tilkomst til allereie etablerte tomter/hytter.

Det er no motteke framlegg til plan.

Planprosessen er så langt ein kan sjå gjennomført i samsvar med reglane i Plan og bygningslova og dei retningsliner som vart gitt av kommunen i førehandskonferanse.

Planinnhaldet er så langt ein kan sjå i samsvar med gjeldande krav. Planløysinga er godt illustrert.

Merknader ved innspel etter oppstartvarsel er lagt ved og gitt kommentar til i plandokumentet.

Med grunnlag i at vegtraseen er avklara gjennom gjennomført jordskiftesak, finn ein at omsynet til naboar/andre grunneigarar er avtala her.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Vert avklara gjennom planprosessen.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen kjende for kommunal økonomi.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Veg fram til hyttene vil gje tryggleik for brukarane og betre løysingar knytt til akutte situasjonar som brann, sjukdom m.v.

**Vurdering og konklusjon:**

Planframlegget er gjennomført i samsvar med gjeldande reglar i plan og bygningslova og planinnhaldet er tilfredsstillande framstilt og illustrert.

Vi tilrår at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Til sektor Utvikling, plan, for utlegging til offentleg ettersyn.

**Kopi:**

P.Mulvik as





## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Marija Ostojic	Arkivsak nr.:	2017/816
		Arkivkode:	210

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
109/17	Formannskapet	13.06.2017
78/17	Kommunestyret	22.06.2017

### KORRIGERING AV BUDSJETT 1.HALVÅR 2017

#### Handsaming:

Saka vart ettersendt 09.06.2017.

Rekneskapssjef Marija Ostojic og økonomikonsulent Andreea Beleuta møtte under handsaminga av saka.

Rådmannen kom med slik endring i tilrådinga frå administrasjonen:

*Punkt 10 – beløp vert retta til kr. 575.000.*

*Punkt 12 – beløp vert retta til kr. 995.000.*

#### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med korrigering frå rådmannen, vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

- 1. Frie inntekter vert redusert med kr 400.000.*
- 2. Integreringstilskot vert auka med kr 2.148.000.*
- 3. EMI-tilskotet vert redusert med kr 3.726.000.*
- 4. Ekstratilskot EMI (inntekt) vert auka med 1.000.000.*
- 5. Minimumsavdraget vert redusert med kr 1.269.000.*
- 6. Budsjetterte renteutgifter vert reduserte med kr 2.100.000.*
- 7. Utbytte frå Tussa vert auka med kr 410.000.*

8. *Tilskot til bygging av bustad på kr 211.000 vert innarbeidd i budsjettet for 2017.*
9. *Teknisk sektor blir tilført kr 1.000.000 i driftsbudsjettet for drift av kommunale vegar.*
10. *Statleg prosjektfinansiering innan rus og psykisk helseteneste vert redusert med kr 575.000.*
11. *I politisk sak 46/17 (Campusutvikling – ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino), er det løyvd kr 250.000 (finansiert av formannskapet sin reservepost). Finansiering vert endra til bruk av ubunde investeringsfond.*
12. *Den budsjetterte bruken av disposisjonsfondet vert redusert med kr 995.000.*
13. *Overføring av ubrukte løyvingar/lånemidlar vert som vist i tabell 3 i saksutgreiinga.*

**Administrasjonen si tilråding:**

14. **Frie inntekter vert redusert med kr 400.000.**
15. **Integreringstilskot vert auka med kr 2.148.000.**
16. **EMI-tilskotet vert redusert med kr 3.726.000.**
17. **Ekstratilskot EMI (inntekt) vert auka med 1.000.000.**
18. **Minimumsavdraget vert redusert med kr 1.269.000.**
19. **Budsjetterte renteutgifter vert reduserte med kr 2.100.000.**
20. **Utbytte frå Tussa vert auka med kr 410.000.**
21. **Tilskot til bygging av bustad på kr 211.000 vert innarbeidd i budsjettet for 2017.**
22. **Teknisk sektor blir tilført kr 1.000.000 i driftsbudsjettet for drift av kommunale vegar.**
23. **Statleg prosjektfinansiering innan rus og psykisk helseteneste vert redusert med kr 550.000.**
24. **I politisk sak 46/17 (Campusutvikling – ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino), er det løyvd kr 250.000 (finansiert av formannskapet sin reservepost). Finansiering vert endra til bruk av ubunde investeringsfond.**
25. **Den budsjetterte bruken av disposisjonsfondet vert redusert med kr 1.020.000.**

## 26. Overføring av ubrukte løyvingar/lånemidlar vert som vist i tabell 3 i saksutgreiinga.

### Frie inntekter

Tabell 1 Frie inntekter

	<b>Budsjett 2017</b>
Rammetilskott	271 711 000
Skatteinntekter	200 000 000
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>471 711 000</b>

Det er skatteinngangen på landsbasis som er den mest sentrale faktoren på kor mykje vi får i frie inntekter. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Jo mindre skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane. Volda kommune får kompensert 95% dersom skatteinntektene vert mindre enn budsjettert. Volda kommune har skatteinntekter på kr 64,5 mill ved utgangen av april, og er noko meir enn det budsjetterte beløpet for same periode.

Kommunestyret har som tabellen ovanfor viser budsjettert med frie inntekter på 471,7 mill kr. i 2017.

Regjeringa har i det reviderte nasjonalbudsjettet justert ned prognosen for skatteinntekter på landsbasis med 700 mill kr (på grunn av lågare lønsvekst). Innbyggjartilskotet er auka med kr 132 mill på grunn av skatteomleggingar.

Dette inneber at prognosen for Volda kommune sine frie inntekter vert redusert på grunn av mindre i inntektsutjamning til 471,3 mill kr. Volda kommune må dermed redusere dei frie inntektene med kr 400.000.

#### *Integreringstilskot*

Prognosen på integreringstilskot er ca kr 2.148.000 meir enn budsjettert.

#### *EMI-tilskot (Einslege mindreårige innvandrarar)*

Kommunen vil få kr 16.174.000 i EMI-tilskot. Dette tilsvarar ei reduksjon på kr 3.726.000 i forhold til opphavleg budsjett (som var på kr 19.900.000).

#### *Ekstratilskot EMI*

Kommunen har fått innvilga ekstratilskot for tre nye einslege mindreårige i 2017. Dette utgjør kr 1.000.000 i inntektsauke.

### *Utbytte Tussa*

Generalforsamling gjorde vedtak om eit utbytte på kr 8.080 pr aksje. Med Volda kommune sine 484 aksjar blir det ei utbetaling på kr 3.910.720. Dette er kr 410.720 meir enn vi har budsjettert med i 2017.

### *Minimumsavdrag*

Det vart opphavleg budsjettert med kr 26.574.000,00 i minimumsavdrag for 2017. Førebelse utrekningar indikerer at minimumsavdraget vert ca kr 25.305.000. Ein gjer merksam på at utrekninga ikkje er kvalitetssikra. Dersom minimumsavdraget vert større enn det førebelse estimatet, så kjem ein tilbake til det på hausten. Finansieringa vert da å redusere avsetninga til disposisjonsfondet.

### *Renteutgifter*

Det er budsjettert med kr 24.595.000 i renteutgifter på våre investeringslån (kr 800.000 i renteutgifter på Startlån kjem i tillegg). Prognose viser at renteutgiftene vert ca kr 2,1 mill mindre enn budsjettert.

### *Tilskot til bygging av bustad utanfor kommunale og/eller private bustadfelt*

Det er innvilga to søknadar om tilskot til bygging av bustad i samsvar med punkt 2 i dei gjeldande retningslinene (PS 5/14). Dette utgjer til saman kr 211.000.

### *Drift av kommunale vegar*

Teknisk sjef melder om større behov for vegvedlikehald og ber om tilført driftsbudsjettet grunna stor slitasje på asfalt og store brøyteskader på grusvegar.

Rådmannen meiner at dei melde behova i hovudsak må vurderast i samband med komande budsjett- og økonomiplanprosess. Rådmannen ser likevel behov for at dei mest prekære behova vert prioritert, og foreslår ei tilleggsløyving på kr 1 mill til vegvedlikehald. Desse er planlagt brukt slik: kr 700.000 til grusing og kr 300.000 til sporfylling med asfalt i Kleppevegen og Engesetvegen.

E-post frå teknisk sektor er med som vedlegg til saka.

### *Prosjektfinansiering rus og psykisk helseteneste*

Det er budsjettert med kr 1.125.050 i statleg prosjektfinansiering innan rus og psykisk helseteneste. Dette vert redusert med kr 550.000.

Helse og omsorg melder om høg aktivitet på rus/psykiatri der det er innvilga 3,8 stillingar, mens aktiviteten tilsvarar 4,8 stillingar. Rådmanen meiner at Helse og omsorg må sjå kritisk på kva sektor sjølv kan gjere for å dekkje dette opp.

### *Formannskapet sin reservepost*

I kommunestyresak 46/17 (Campusutvikling – ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino), er det løyvd kr 250.000 (finansiert av formannskapet sin reservepost). Etersom dette er utgifter knytt til planar om samarbeid basert på langtidsleige så kan tiltaket finansiert med kapitalmidlar. Rådmannen rår derfor til endra finansiering, og at ein i staden

brukar ubunde investeringsfond og fører attende midlane til formannskapet sin reservepost (disposisjonspost).

### *Redusert bruk av disposisjonsfond*

Den budsjetterte bruken av disposisjonsfondet vert redusert med kr 1.020.000.

Det er budsjettert med ca kr 20 mill i bruk av disposisjonsfond i 2017 (revidert budsjett). Korrigerings budsjett for 1.halvår 2017 gjev rom for å redusere den budsjetterte bruken med kr 1.020.000.

## **Oppsummering driftsbudsjettet**

Tabellen under viser tilrådingane som vert foreslått på driftsbudsjettet:

*Tabell 2 Oppsummering driftsbudsjettet*

	<b>Auka utgifter/reduerte inntekter</b>	<b>Auka inntekter/reduerte utgifter</b>
Frie inntekter	400 000	
Tilskot EMI	3 726 000	
Tilskot til bygging av bustad	211 000	
Drift av kommunale vegar	1 000 000	
Formannskapet sin reservepost	250 000	
Prosjektfinansiering rus og psykisk helseteneste	550 000	
Redusert bruk av disposisjonsfondet	1 020 000	
Redusert overføring til investeringsrekneskap		230 000
Ekstratilskot EMI		1 000 000
Integreringstilskot		2 148 000
Utbytte Tussa		410 000
Reduserte renteutgifter		2 100 000
Reduserte avdrag		1 269 000
<b>Sum</b>	<b>7 157 000</b>	<b>7 157 000</b>

### *Overføring av ubrukte løyvingar (lånefinansiert)*

Prosjekt i tabellen under vart ikkje fullført i 2016. Rådmannen tilrår at ubrukte løyvingar på desse prosjekter vert overført til 2017. Momskompensasjon (utgift og inntekt) der det er aktuelt kjem i tillegg.

Ein gjer merksam på at slutførte prosjekt, samt prosjekt med beløp mindre enn kr 20 000 ikkje er med i tabellen (rådmannen tilrår at desse ikkje vert overført til 2017).

*Tabell 3 Overføring av ubrukte løyvingar/lånemidlar per prosjektnummer*

<b>Prosjektnummer</b>	<b>Prosjektnamn</b>	<b>Beløp</b>
120900	EDB-utstyr rådhus	143 691

<b>Prosjektnummer</b>	<b>Prosjektnamn</b>	<b>Beløp</b>
121300	Interkommunale IKT investeringar	238 973
121501	Oppgradering Win Tid/Min Tid	42 108
131500	Volda rådhus - Inventar	335 271
461200	Kombidamparar avdelingskjøkken	264 000
461400	Utskifting av fatvaskarar	434 545
461401	Buss Helse og omsorg	760 000
461600	Tryggleiksalarmer	320 000
500908	Volda u-skule, opprusting	569 268
501004	Ny Øyra skule	31 133 267
501201	Ombygging Folkestadtun	1 065 834
501302	Bygging av midlertidige husvære - ved Maurtua	328 290
501303	ENØK tiltak (i henhold til klimaplanen)	209 719
501403	Omsorgssenteret - taktekking	774 734
501500	Oppgradering Mork/Nilletun	535 044
501501	Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	11 409 225
501504	Lyskjelder kinosal	389 395
501508	Voldahallen - tilstand, rehabilitering, nybygg	516 803
501600	Volda omsorgsenter automatisk døråpner	114 224
501601	Fjordsyn - Fellesareal barn	160 000
501602	Etablere FDV/ombygging FDV avdeling	260 088
501603	Leikeplassar (skular/barnehagar)	160 000
501604	ROP (rus og psykisk helse) 7 stk midl.bustadar	7 164 247
501605	EPC gjennomføringstiltak	23 932 824
501606	Mork skule - kapasitetsutviding	1 600 000
501608	Oppgradering kommunale bygg	2 102 000
501610	4.etasje omsorgsenteret	160 000
501713	Kjøp/ bygging av bustader til flyktningar	6 000 000
700903	Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket	115 601
701605	Avløp samleinvestering	726 971
701703	Vatn samleinvestering	310 501
701001	Friluftslivstiltak (rt)	535 680
701004	Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra	3 124 621
701102	Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn - Botnavegen	4 308 377
701200	Næringsområde Øvre Rotset	3 144 539
701300	Kommunal del sentrumsutvikling	1 028 827
701301	Utbygging felt Bratteberg	511 402
701400	Vikeneset og Mork Silanlegg	5 415 951
701401	Utbygging bustadfelt K 10, Klepp	3 194 402
701405	Sambindingsveg over Håmyra	2 664 262
701504	Skulebakken Haugen Lauvstad	303 619
701507	Plentraktor (2015)	27 500
701508	Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	729 495
701509	Veghøvel (2015)	160 000
701511	Utbytting veglys til LED finansiert ved straumsparing	1 770 832
701515	Traktor (2015)	320 000

<b>Prosjektnummer</b>	<b>Prosjektnamn</b>	<b>Beløp</b>
701600	Flomførebygging Heltneelva	1 585 030
701601	Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	491 790
701602	Kommunal andel Volda Idrettspark	250 000
701603	Maskiner til parkdrift	45 842
701604	Maskiner til vegdrift	22 500
701605	Avløp samleinvestering	1 231 888
710900	Program GIS	218 375
711000	Digitalt kartleggingsprosjekt	227 042
721400	Nødnett	435 485
721601	Kjøretøy feiing	183 484
151100	Digitalisering byggesaksarkiv	51 177
461300	Håndstyrte terminalar PLO	82 516
501101	Omsorgsbustader, erstatning for Mork bustader	160 000
501305	Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging	2 520 017
501405	Forprosjekt Campus Høgskulen	80 000
<b><i>SUM</i></b>		<b><i>127 101 276</i></b>

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Det vert lagt opp til at bruken av disposisjonsfondet vert redusert med kr 1.020.000.

#### **Vedleggsliste:**

- E-post frå teknisk sjef
- Innspel frå revidert budsjett frå teknisk sektor

Rune Sjugard  
Rådmann

Marija Ostojic  
Rekneskapssjef

#### **Utskrift av endeleg vedtak:**

- Alle sektor- og stabsleiarar
- Andreea Beleuta økonomikonsulent
- Sakshandsamar
- Revisjon
- Kontrollutvalet

## Marija Ostojic

---

**Emne:** Revidert innspel til revidert budsjett for teknisk sektor, mai 2017.  
**Vedlegg:** Innspel til revidert budsjett frå teknisk sektor Mai 2017.docx

---

**Fra:** Rune Totland  
**Sendt:** 29. mai 2017 16:10  
**Til:** Rune Sjurgard  
**Kopi:** Henrik Skovly; Andreea Beleuta  
**Emne:** Revidert innspel til revidert budsjett for teknisk sektor, mai 2017.

Sjå vedlegg.

Teknisk sektor ber om 1,5-2,0 millionar i tilførte driftsmidler til veg.



**Rune Totland**

*Teknisk sjef*

*Kommunalteknisk*

*Direkte 70058750 Mobil 99465002*

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)



## INNSPEL TIL REVIDERT BUDSJETT FRÅ TEKNISK SEKTOR.

### Teknisk sektor ber med dette om tilført Kr 1,5 – 2 millioner til drift av kommunale vegar.

Behov for tilførte midler til drift av vegar er mykje høgare, som det framkjem av vidare utgreiing, så er totalbehovet på 4,2-7,4 millionar. Dette er truleg ein altforhøg sum for Volda kommune å svelge på eit år. Grusinga kjem vi ikkje utanom, men når det gjeld asfaltering kan vi prioritere punkt-asfaltering på dei mest prekære stadane, og ein sum på 0,5 – 1 million kan berge oss gjennom 2017.

I 2016 hadde sektoren høge kostnader med vintervedlikehald av vegar, og fekk auka ramma med 2 millionar til veg.

I 2017 har det vore lite snøbrøyting, om lag som budsjettet. Men vi har fått andre utfordringar. Spesielt ved starten av brøytesesongen denne vinteren var det ikkje frost i bakken. Brøytinga på vegar utan fast dekke har difor fjerna mykje av veggrusen på mange vegar. På dei verste plassane er der ikkje att grus. Mykje av grusen ligg og tettar grøfter og stikkleidningar, som må takast opp på nytt. Mangel på grus på vegbana representerer ei stor utfordring med trafikktryggleik. Tette grøfter og stikkrenner fører til flaum, noko som igjen medfører auka kostnader på veg og tilstøytande områder.

Kostnad med grusinga veit vi ikkje sikkert før vi får inn anbod, men berekningane syner at kostnaden vil vera kring 1 million kroner, noko det ikkje er pengar til i ramma til teknisk sektor.

Denne kostnaden hadde ikkje kome dersom investeringsløyvinga til fast dekke på kommunale grusareal, ikkje vart utsett.

### Dei vegane som må grusast er:

Pri:	Vegnamn:	Lengde:	Merknad:
1	Kruse bru - Nova - Shortcut - Sunndalen -	470	Austefjord
2	Botnen - Skinvik	650	Austefjord
3	Løfoll - Hamre	280	Austefjord
4	Vikenes - Høydal	700	Austefjord
5	Nedstevegen - Høydal	500	Austefjord
6	Ødegård - Ytre Høydal	2200	Austefjord
7	Mjeltevik (foreslår 3 lass/30kbm tippa på staden)	165	Straumhamn (utgjier tot. om lag 1600m)
9	Sollida	650	Folkestad
10	Dale kai	220	Dalsbygda
11	Rangseter - Hesteflotane	600	Dalsbygda
12	Koppen - Høgstøyl	1060	Lauvstad
13	Kryss Skaret - mot Løndal	1010	Folkestad
14	Kryss Løndal mot Skaret	750	Folkestad
15	Bjørkedalseidet (Brekkeheida)	4200	Bjørkedalen
16	Fotballbana - Rønnestad	1100	Folkestad
17	Åslida - Skare (foreslår frå Åslida til asfaltert veg - Skare)	330	Austefjord (utgjier totalt om lag 900m)
18	Eikremshammaren	690	Volda sentrum
19	Årsetvegen	1055	Austefjord
20	Løndalsvegen	1050	Lauvstad
21	Rotsetstranda Til bom framanfor Myrtun og frå kryss Lisjedalen til bom Botnasanden	675	Volda sentrum



Dei åra med lite snøføre på vegane, sparar vi utgifter til snørydding, men det vert i staden stor slitasje på asfalten. Dette har der ikkje vore gjort mykje med dei siste åra, grunna trange budsjett. Det er store groper i hjulspora, der vi fleire stader får gjennomslag og holer i vegen. Dette medfører trafikkfare og skade på biler, noko vi har fått krav om erstatning på allereie. I tillegg vert det umogleg å koste støv og sand frå vegen, då det samlar seg i hjulspora ved maskin kosting. Snørydding vert heller ikkje fullgod, då ploegen ikkje får vekk snøen i hjulspora. Etter kvart som asfaltlaget vert tynnare og holer oppstår vil sjansane for ulykker i høve snøbrøyting auke, der ploegen kan skjere gjennom asfalten og forårsake «huking» og potensiell livsfare for våre fagarbeidarar.

Såpass stor slitasje som vi etter kvart opplever, medfører trafikkfarlege situasjonar. Døme kan vere Engesetvegen (populært kalla Otta-svingen).

Når vi summerer lengda på vegane som treng vedlikehald av fast dekke, så kjem vi til 9,7 km berre i sentrumsgatene. Dette er ei rein vedlikehaldskostnad som ikkje kan førast som investering.

Dei vegane dette gjeld er:

Veg	Lengd meter		
Furene	750	Sagevegen	100
Engesetvegen	600	Sagebakken	100
Kleppevegen	1000	Koldå	200
Brenslene	400	Lønnevegen	400
Jobakken	600	Lyngbakken	150
Bjørnevegen	1600	Lindevegen	250
Sjukhusvegen	400	Kapteinsvegen	350
Kårstadgata	500	Grønbakken	300
Rotsetgeila	600	Monsvegen	200
Hans Strømvegen	200	Årnesvegen	200
Prestegata	600	Bakkevegen	200

Billegaste og minst framtidretta løysing er sporfylling med asfalt. Kostnaden med dette er ca Kr 322.00,- pr km, altså kr 3,2 millionar totalt.

Beste løysing er fullasfaltering som vil koste det doble, her kan vi føre nokre av vegane som investering grunna forsterka akseltrykk. Nokre av vegane som skal opprustast dei næraste åra, som til dømes Engesetvegen og Kleppevegen, er nok mest fornuftig å sporfylle framfor fullasfaltering.

Det er og verdt å merke seg at dagens asfalt prisar er svært gode, og lægre enn i førre periode. Det er lite truleg at desse prisane vil vere dei same for neste periode, som startar 01.07.2018.

Å vente med ei investering i asfaltering, kan difor koste kommunen dyrt i åra som kjem, både grunna auka vedlikehalds kostnader, samt monaleg høgare asfalt kostnader.

Totalbehov for budsjettjustering for Teknisk sektor, kommunalteknisk avdeling er:

Grus: 1,0 millionar ( ein minner her om behovet for asfaltering som var rekna til om lag 8,5 millionar).

Asfalt sporfylling 3,2 millionar, evt 6,4 millionar for fullasfaltering.

Totalt 4,2 - 7,4 millionar (asfaltering av grusvegar kjem i tillegg).



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Lars Fjærvold

Arkivsak nr.: 2016/1099

Arkivkode: P23

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
108/17	Formannskapet	13.06.2017
79/17	Kommunestyret	22.06.2017

### KJØP AV VOLDA FISKERIHAMN

#### Handsaming:

Saka vart ettersendt 09.06.2017.

#### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret vedtek å kjøpe Volda Fiskerihamn frå Kystverket. Kostnaden vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond. Det er ein intensjon at årlege kapitalutgifter (tilsvarande låneopptak) og driftsutgifter heilt eller delvis kan dekkjast ved utleige av båtplassar.*
- 2. Hamna er ein viktig del av sentrumsområdet. Samstundes vil Volda kommune opne opp for å leige ut båtplassar til private. Administrasjonen vert bedt om å gå i forhandlingar for å få på plass leigeavtale med småbåtlaget. Når denne ligg føre og er godkjent av formannskapet, vil kommunestyret vurdere å løyve midlar til utbetringar av moloen innanfor økonomiplanperioden 2018 – 2021.*
- 3. Kommunen legg moloen inn i driftsbudsjettet med ei ekstra sum på kr. 50.000,- (indeksregulert) per år for å dekke straum (lys), brøyting og generelt vedlikehald.*
- 4. Ordførar får fullmakt til å forhandle med Kystverket om ulempeskostnaden som skal trekkast frå kjøpssummen.*

Administrasjonen si tilråding:

5. **Kommunestyret vedtek å kjøpe Volda Fiskerihamn frå Kystverket. Kostnaden vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond. Det er ein intensjon at årlege kapitalutgifter (tilsvarande låneopptak) og driftsutgifter heilt eller delvis kan dekkjast ved utleige av båtplassar.**
6. **Hamna er ein viktig del av sentrumsområdet. Samstundes vil Volda kommune opne opp for å leige ut båtplassar til private. Administrasjonen vert bedt om å gå i forhandlingar for å få på plass leigeavtale med småbåtlaget. Når denne ligg føre og er godkjent av formannskapet, vil kommunestyret vurdere å løyve midlar til utbetringar av moloen innanfor økonomiplanperioden 2018 – 2021.**
7. **Kommunen legg moloen inn i driftsbudsjettet med ei ekstra sum på kr. 50.000,- (indeksregulert) per år for å dekke straum (lys), brøyting og generelt vedlikehald.**
8. **Ordførar får fullmakt til å forhandle med Kystverket om ulempeskostnaden som skal trekkast frå kjøpssummen.**

#### **Vedleggsliste:**

1. Verditakst Volda fiskerihamn

#### **Samandrag av saka:**

Kystverket har på oppdrag frå staten tilbode Volda kommune å kjøpe Volda fiskerihamn for 1 million kr. Kommunen har stilt spørsmål med korleis taksten vart sett. I møte 8. juni fekk ein klarheit i at Kystverket sel hamna slik den er. Kva ein eventuell kjøper ynskjer å påkoste moloen etter kjøp vil ikkje påverke kjøpesummen.

Kommunen har gjennomført målingar, men har ikkje klart å avdekke at det er særleg fare for større utglidingar i moloen. Det kan likevel være behov for tiltak for å hindre framtidige utglidingar og sikre molokroppen. Dette vil ein kunne undersøke nærare dersom kommunen kjøper moloen. Det ein veit er at det bør etablerast brystning og oppretting og sikring av betongdekket på moloen. Moloen og hamna vært sett på som ein stor del av identiteten til Volda sentrum, og eit område med eit stort utviklingspotensiale. Det vil derfor være tenleg at kommunen eig dette anlegget.

Kommunen og Kystverket må diskutere kor mykje kostnad kommunen taper i inntekt ved kravet som kom etter høyringsinnspel frå Fiskeridirektoratet 19. mai, der kjøpar påtek seg å legge til rette for minst tre fiskebåtar til ein kvar tid i hamna. Summen kommune og Kystverket blir samde om skal trekkast frå kjøpesummen.

#### **Saksopplysningar/fakta:**

Kystverket har på oppdrag frå staten starta ein prosess med avhending av ikkje-næringsaktive fiskerihamner. Det inneber at Kystverket gir tilbod til følgjande instansar i slik rekkefølge:

1. Statlege institusjonar

2. Kommunale eller fylkeskommunale institusjonar
3. Foreiningar med allmennyttige føremål
4. Private

Fylkeskommunen hadde ingen kommentarar til at Kystverket tilbydde Volda kommune å kjøpe fiskerihamna. Volda kommune var dermed fyrst i rekka til å kjøpe Volda fiskerihamn.

Kystverket har taksert eigedommen til kr. 1.150.000,- i takstrappen er det også estimert ei kostnad på kr. 150.000,- kronar i vedlikehaldskostnadar som blir trekt frå taksten. Administrasjonen meiner denne taksten ikkje kan vere rett og oppmoda Kystverket om å gjennomføre grundigare undersøkingar av moloen, og eventuelt senke taksten tilsvarande utbetningskostnaden. I møte 8. juni mellom Volda kommune og Kystverket, klargjør Kystverket at alle fiskerihamner blir solgt med dei same førestenadene og salssummen vert ståande på 1 million.

Administrasjonen har vore redd for at moloen hadde betydelige setningsskadar som takstmannen til Kystverket ikkje hadde teke høgde for. Brystvernet som tidligare var på moloen har forsvunne, og toppdekket på moloen er skeivt grunna setningar i moloen. Brøytemannskap er urolege for å hamne på sjøen medan dei brøyter vegen på moloen på grunn av hellinga på toppdekket og manglande brystvern.



Bildet over viser tydeleg mangel på brystvern langs kjørebanen, samt at breidda på plastringa minkar mot svingen på moloen. Om ein ser nøye vil ein også sjå at vegen heller mot sjøen, særleg i svingen der moloen er på sitt smalaste.






Bilde over viser tilstanden på snuplassen lengst ut på moloen. Snuplassen er ikkje tilstrekkelig sikra, og det er fare for å kjøre på sjøen når ein snur. Snuplata og bærelaget under betongdekket er også dårleg.

Kommunalteknisk avdeling gjennomførte i 2006, 2007 og 2016 målingar av setningar i moloen. Avvik i målingane gjennomført med eitt års mellomrom var så små at ein ikkje fann det naudsynt å halde fram med målingane før problemstillinga om ev sal av hamna dukka opp.

Punkt	2006	2007	2016	Differanse mellom 2006 og 2016 [cm]
P22	0,000	0,000	0,000	0,000
1	0,055	0,057	0,082	2,700
2	0,200	0,202	0,236	3,600
3	0,240	0,244	0,290	5,000
4	0,243	0,248	0,280	3,700
5	1,495	1,504	1,495	0,000
P21	0,051	0,052	0,063	1,200

Tala markert med gult er oppgjeve i centimeter og er forskjellen mellom høgder målt i 2006 og høgder målt i 2016. Dei andre tala er forskjellen mellom sjølve punktet og polygonpunkt P22, som ein antar har våre stabil i alle åra målingane er utført. Det er sjølsagt ei viss usikkerheit i desse målingane då ein ikkje kan garantere at ikkje polygonpunkt P22 har bevega seg sjølve dei siste 10 åra, men ein kan anta det, då det ikkje er synlege setningar i betongdekket i forhold til betongdekket på land. Polygonpunkta og målepunkta kan ein sjå på kartet under.

Den største setninga finn ein i punkt 3, som er i punktet utanfor betongdekket på punktet kor plastringa på moloen er som tynnast. Dette samsvarar med dei visuelle setningane ein kan sjå i moloen og betongdekket. Men det er berre ei setning på 5 cm på 10 år. Det første året var det ei setning på 0,4 cm, så setninga sig jamt med cirka 0,5cm per år. Dette blir av kommunalteknisk avdeling vurdert som ei moderat sig. Da moloen har stått i over 60 år og siginga ikkje viser teikn til å akselerere, reknar ein med at moloen og fyllinga er meir eller mindre stabil.



Administrasjonens si uro var dermed ikkje like reell som før målingane. Mykje av utglidinga som har skjedd med brystninga og yttersida av moloen, må sannsynleg ha skjedd rundt nyttårsorkanen i 1992 og reparasjonane som ble utført i samband med denne har ikkje vært tilstrekkelege for å ha god sikkerheit ved og på moloen. Men ein kan aldri være 100% sikker på at moloen er stabil utan å gjennomføre grunnundersøkingar. Dette har ikkje vore gjort og vil vere ei kostnad om det skal gjennomførast. Dette må gjerast ved innleige av eksternt firma.

Om kommunen ynskjer å rette opp og sikre betongdekke og sette opp brystvern, må ein rekne med ei kostnad på ca. kr. 1.500,- per løpemetar molo på yttersida av moloen til brystvern, samt ei kostnad på ca. kr. 3.000,- per m<sup>3</sup> betongdekke for å få moloen i skikkeleg stand. Om ein ikkje gjennomfører disse tiltaka vil ein risikere at brøyteutstyr og bilar som nyttar moloen kan hamne på sjøen. 120 meter brystvern og 45 meter med betongdekke vil gje ei kostnad på kr. 585.000,-. Men dette vil ikkje vere tilstrekkeleg for ei sikker molo i seg sjølv. Det kan være naudsynt å plastre moloen på yttersida for å hindre utvasking og utrasing av sjølve molokroppen. Dette må gjerast på utvalte plassar og kommunalteknisk avdeling reknar med at ca. 60 meter av moloen treng plastring. Denne kostnaden er ukjent, men arbeidet vil kunne fordelast over to år. Ein estimert kostnad på kr 1 million vil være retningsgjevande. Då dette er eit grovt estimat, vil det vere tenleg å utføre grunnundersøkingar fyst og sjå om det er naudsynt med plastring og eventuelt få inn prisar på dette arbeidet etter undersøkingane. Kostnads- og finansieringsplan vert å leggje fram for politisk godkjenning.

Kapitalkostnadene (kan rekne rente av lånesum uavhengig av om det vert finansiert ved låneopptak eller bruk av kapitalfond) vil kommunen kunne dekke gjennom leiekostnadar frå Volda småbåtlag eller andre aktørar som ynskjer å leie plass langs moloen. Småbåtlaget leier i dag vederlagsfritt av kystverket. Avtalen mellom Kystverket og småbåtlaget strekk seg ut 2018.


Administrasjonen har vore i kontakt med Volda småbåtlag for å drøfte saka med dei. Småbåtlaget stiller seg i utgangspunktet positive til at kommunen overtek moloanlegget, men ynskjer ikkje å betale leige til kommunen. Administrasjonen meiner at småbåtlaget må sjå føre seg ei leigekostnad uansett kven som eig anlegget. Det er ikkje naturleg at private kan bruke denne infrastrukturen midt i Volda sentrum utan årleg leige. Samtidig er det lite

sannsynleg at ein organisasjon kjøper og rustar opp moloen utan å krevje inn leige for båt plassar.

Kostnaden for kjøp av ein løpemeter med bryggeplass i Volda småbåthamn er i dag på kr. 17.000,- og ei årleg medlemsavgift på 1500 kroner. Det er ca. 60 plassar i hamna. Gjennomsnittleg kostnad per løpemeter på Sunnmøre er på kr. 24.000,-. I Ørsta småbåthamn ligg en standard båt plass på 3,5 meter på kr. 74.121,- og ei årleg avgift på kr 3.415,-. Til samanlikning vil ein båt plass i Volda småbåthamn på 3,5 meter koste kr. 59.500,- Det er 27 stk. på venteliste per 02.06.2017 for å få plass i Volda.

Dersom ein til dømes reknar ut frå årleg lånekostnad på kr. 75.000,- per lånte million, vil eit lån på 1,0 mill. NOK gi ei årleg leigeauke på kr. 1.250,- per båt plass. Totalkostnaden per år per plass blir då i snitt kr. 2750,- Administrasjonen meiner dette blir ein noko høg sum då fasilitetane i Volda hamn ikkje kan samanliknast med fasilitetane i Ørsta. Då ein ser det som tenleg å ha småbåthamn i sentrum må ein vurdere om kommunen sjølve skal dekke delar av lånekostnadane. Eit dekningsbidrag på 20% vil gi ei kostnad for kommunen på ca. kr. 15.000,-. Den totale avgifta per båt plass per år blir då kr. 2.500,-.

For kommunen vil det å eige hamneanlegget gjere det vesentleg enklare å drive sentrumsutvikling enn om private eigarar kjem på bana. Hamneanlegget er eit svært sentralt anlegg og ein del av identiteten til kommunen. Kommunen har blant anna søkt Kystverket som eig anlegget i dag om å få sette opp ei fyrlykt lengst ut på moloen. Kystverket bruker lang tid på sakshandsaming og prioriterer i mange tilfelle ikkje slike sakar. Kommunen har også fått laga ei forslagsstudie «Utviklingsplan for Volda» frå 2015 som viser døme på kva ein kan gjere med hamnekvartalet. Eit sørvisbygg langs moloen vil til dømes auke attraktiviteten for dei som vitjar Volda med båt. Slik småbåttrafikk går i dag stort sett til Ørsta som kan tilby betre fasilitetar og tenester til småbåtfolket.



Frå samfunnsdelen i kommuneplanen:

- Sikre områder for grønstruktur, natur og friluftsliv.
- Sikre viktige strandsone og sjøareal til natur-, kultur- og friluftsmål.
- Sikre areal til utvikling av kultur- og idrettsliv.



- Legge til rette for vidareutvikling av småbåthamn, hamnemiljø og vurdere moglegheit for båtopptrekk i sentrum.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen spesielle utover at ei godt organisert hamn er positivt for miljøet og i seg sjølv ein trivselsfaktor i sentrum.

**Økonomiske konsekvensar:**

Auka låneopptak på kr. 1.000.000,- og årlege driftsutgifter på kr. 50.000,-

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen spesielle.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen ser det som tenleg at kommunen vert eigar av Volda hamn og moloen då dette gjer spelerom for vidare utvikling av sentrumskjerna. Store deler av kostnaden bør kunne dekkast inn ved å inngå leigeavtale med Volda småbåtlag og ev andre. Basert på dei tekniske undersøkingane som er utført er det mindre risiko for at moloen skal skli ut enn først antatt.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Rune Totland  
teknisk sjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Økonomiavdelinga  
Teknisk sektor for oppfølging

Sak  
2016/1726.



NORGES  
TAKSERINGS  
FORBUND

# VERDITAKST

**Sentrumshamna, 6100 VOLDA**

Gnr 29

1519 VOLDA KOMMUNE



SERTIFISERT TAKSTMANN  
**Takstmann Frode K. Mauren**  
Telefon: 922 36 850  
E-post: [frode@moretakst.no](mailto:frode@moretakst.no)  
Rolle: Uavhengig takstmann

AUTORISERT FORETAK  
Sunnmøre Eiendom Takst AS  
**v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050 VALDERØYA**  
Telefon: 92 23 68 50  
Organisasjonsnr: 911 810 239



**møretakst**

Dato befarings: 26.08.2016  
Utskriftsdato: 01.09.2016  
Dato verdisetting: 29.08.2016  
Oppdrag nr: 4278





# 1 Innholdsfortegnelse

---

2	Sammendrag	3
3	Introduksjon	5
3.1	Informasjon fra kunden	5
3.2	Generell informasjon	5
3.3	Beskrivelse av eiendommen	6
3.3.1	Eiendomsinformasjon	6
3.3.2	Matrikkeldata	6
3.3.3	Beskrivelse av tomt	6
3.3.4	Beskrivelse av områdene rundt	7
3.4	Bygninger på eiendommen	7
3.4.1	Molo/fiskerihavn	7
4	Verdigrunnlag	8
4.1	Utleiekontrakter og ledige lokaler	8
4.2	Beskrivelse av eiendomsmarkedet	8
4.3	Inntekter/kostnader	9
5	Verdisetting	10
5.1	Tomteverdi	10
5.2	Teknisk verdi	10
6	Andre bilder	11



## 2 Sammen drag

### Konklusjon/ markedsvurdering:

Eiendommen er en molo - Volda fiskerihavn i Volda sentrum. Selve sentrumshamna som inkluderer moloen og havnebassenet til vestre enden av moloen utgjør et areal på ca 10 mål. Av dette utgjør selve moloen ca 2,5 mål - i denne taksten er det kun moloen som er vurdert - ikke havnebassenget som eiergrunn. Moloen har en samlet lengde på ca 200 m.

Objektet er et spesielt objekt i eiendomsmarkedet med begrensede bruksområder og begrenset marked. Det har vært solgt ut tilsvarende moloer andre steder i Norge, men prisene varierer utifra muligheten for alternativ bruk. Den alternative bruken kan f.eks være:

- småbåthavner
- reiselivsutvikling av havna
- gjenfylling av hele havneområde til tomteområde
- eller der finnes ikke interesse for noe alternativ bruksmuligheter der havna ligger pr idag

Prisnivået på moloen vil være speilbilde av hvilken kategori som nevnt over havna kan brukes til.

Takstobjektet er uegnet som fiskerihavna utifra størrelse/dybde/beliggenhet og heller ikke noe fiskeriaktivitet av betydning i Volda.

Når det gjelder utnyttelse til andre formål enn havn så krever dette endringer i kommunens kommuneplan. Der er ingen signal i gjeldende kommuneplan at havna f.eks. kan fylles igjen å brukes til tomteområde. Utifra beliggenhet midt i sentrum og begrensede tomteareal i Volda sentrum ville dette være mest lønnsomt, men ikke vektlagt utifra kommuneplan. Men kommunen bør være potensiell interessenter for å sikre seg utvidelsesmuligheter i sentrum.

Den mest nærliggende bruk vil være som idag; Småbåthavn. Det er i havna plass til ca 60 småbåtplasser på hver ca 3,5 m i snitt. Dette er idag ca 230 løpemeter brygge i havna. For å anlegge ei god småbåthavn kreves skjermet havn og småbåthavnlegg med brygger/utriggere/landganger etc. I dette tilfelle disponerer Volda småbåtlag moloanlegget av Kystverket, mens de selv har investert i småbåtanlegget og finansiert dette med salg av småbåtplasser.

På Sunnmøre varierer prisene på småbåtplasser betydelig mellom ca kr 15.000 - 33.000 kr løpemeter båtplass. De rimeligste plassene er der havna/moloen ligger der allerede, mens de dyreste er når havna/molo må bygges også i tillegg til selve småbåthavnopplegget. I Volda ligger prisen på kr 17 000 pr løpemeter i denne havna. I tillegg må en påregne noe dugnad.

For den som skal drive og utvikle ei småbåthavn vil det være av en viss verdi og ha full eierrådighet over selve moloanlegget, selv om en også da påtår seg vedlikeholdsansvaret for moloen. Volda småbåtlag har avtale om å disponere havna frem til 1.5.2018 - uten noe form for vederlag. Basert på at dette er ei havn beliggende midt i sentrum av Volda kommune med ca 10.000 innbyggere så vil småbåtplasser her være attraktive. Volda småbåtlag som driver to småbåthavner i Volda deriblandt takstobjektet har pr 2.6.2016 - 32 stk på venteliste på kjøp av båtplass. Dette indikerer at markedet tåler en høyere løpemeterpris enn dagens kr 17.000,-. Basert på en snittpris på Sunnmøre på småbåtplass pr m båtplass på ca 24.000,-, og at dagens kostnad med å bygge ut et småbåthavnlegg ligger på ca kr 17-20 000 pr løpemeter (øks molo) - så gir dette rom for en molokostnad på ca kr 5.000,- pr løpemeter båtplass. Dette priser moloen til ca kr 1.150.000,-. Samme beregning vil en kunne gjøre for andre aktører, enn dagens bruker, som ønsker å etablere småbåthavn i anlegget. Rent visuelt sett synes moloen å være i generelt god stand - men ikke foretatt noen grundige undersøkelser av utvasking eller lignende - normalt vedlikehold må påregnes - utbedre sprekker i betongplatt etc - det trekkes derfor fra kr 150.000,- til dette.

Basert på den visuelle befaringen, markedskunnskap, forutsetninger, beregninger og erfaring antas eiendommen å kunne omsettes for den stipulerte markedsverdi i dagens markedssituasjon.

**Kunde/revirent:** Kystverket Midt Norge v/Bjørn Relling, 6100 VOLDA. Tlf. 977 46 150

**Formål med taksten:** Taksten gjelder et moloanlegg og IKKE bygning.

**Egne forutsetninger:** Eiendommen har pr i dag ikke eget bnr, men det foreligger grundige avtaler med Volda Prestegard fra 1937 m.m. ang grunnavståelse. Det var nokså vanlig tidligere at disse fiskerihavnene ble etablert basert på slike grunneiererklæringer som i dette tilfelle. Det legges til grunn at en ny eier sikres tydelig eiendomsrett i anlegget som kan tinglyses.

**Verdi:** **Kr. 1 000 000**



Matrikkel: Gnr 29  
Kommune: 1519 VOLDA KOMMUNE  
Adresse: Sentrumshamna, 6100 VOLDA

Sunnmøre Eiendom Takst AS  
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050  
VALDERØYA  
Telefon: 92 23 68 50



**Dato verdisetting:** 29.08.2016

**Takstmann:** **Frode K. Mauren Tlf.: 92 23 68 50**

Denne rapporten er utarbeidet av en uavhengig takstmann uten bindinger til andre aktører i eiendomsbransjen. Takstmannen har verken et ansettelsesforhold til eller økonomisk interesse i sin oppdragsgivers virksomhet. For nærmere beskrivelse av kravene til takstmannens integritet, se takseringsbransjens etiske retningslinjer på [www.ntf.no](http://www.ntf.no).

VALDERØYA, 01.09.2016

Takstmann Frode K. Mauren  
Telefon: 92 23 68 50



## 3 Introduksjon

### 3.1 Informasjon fra kunden

Dokument/kilde	Dato	Kommentar	Status	Sider
Offentlige planer				
Reguleringsplaner				
Situasjonskart				
Tegninger				
Eiendomsdata.no				
Eier				
Infoland.no				
Norges Eiendommer				

### 3.2 Generell informasjon

<b>Beskrivelse av eiendommen</b>	Eiendommen er en molo - Volda fiskerihavn i Volda sentrum.
<b>Hva slags verdi (markedsverdi ec)</b>	Markedsverdi
<b>Kunde/revirent:</b>	Kystverket Midt Norge v/Bjørn Relling, 6100 VOLDA. Tlf. 977 46 150
<b>Formålet med oppdraget</b>	Verditaksering ifm avhending av statlig eiendom.
<b>Standarder som legges til grunn</b>	NTF s retningslinjer for taksering av næringseiendommer. Statens retningslinjer for avhendig av fast eiendom.
<b>Retningslinjer</b>	Jfr foran
<b>Takstmannens status og erfaring</b>	Takstmannen har sin utdanning innen eiendom fra NBT/Norges eiendomshøyskole, NTF/ Norges Eiendomsakademi samt Certificate in Property Valuation & Development fra Sheffield Hallam University. Har drevet med taksering av næringseiendom fra 2002.
<b>Befaring/tilstede:</b>	Befaringsdato: 26.08.2016 Frode K. Mauren. Tlf. 92 23 68 50
<b>Forutsetninger:</b>	<p>Verditaksten er utført iht. NTF's regler, NS 3451 og NS 3940. Taksten er kun basert på visuell befaring uten inngrep i byggverket, evt. supplert med enkle målinger. Merk at en verditakst ikke er en tilstandsrapport, som beskriver byggverkets tekniske tilstand. Kunden/revirenten skal lese gjennom dokumentet før bruk og gi tilbakemelding til takstmannen hvis det finnes feil/ mangler som bør rettes opp.</p> <p>Takstkonklusjonen er en vurdering av verdien av objektet dvs. det beløp som takstmannen mener at markedet er villig til å betale. Takstmannen er ikke ansvarlig for manglende opplysninger om feil og mangler, som han ikke kunne ha oppdaget, etter å ha undersøkt takstobjektet slik god skikk tilsier. Taksten er avholdt etter beste skjønn. Takstkonklusjonen baserer seg på objektet i den stand og slik det var på takseringsdagen.</p> <p>Dersom selger fraskriver seg ansvaret for riktigheten av bygningsarealer eller tomtearealer, overføres dette ansvaret ikke til takstmannen. Oppmåling av- og nøyaktig arealfastsettelse av næringseiendommer er en omfattende oppgave og inngår ikke i normaloppdraget 'Taksering av næringseiendom'. De oppgitte arealer er ikke nødvendigvis oppmålt, men kan være hentet fra annen dokumentasjon. Arealmåling kan bestilles som et eget oppdrag.</p>

Matrikkel: Gnr 29  
Kommune: 1519 VOLDA KOMMUNE  
Adresse: Sentrumshamna, 6100 VOLDA

Sunnmøre Eiendom Takst AS  
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050  
VALDERØYA  
Telefon: 92 23 68 50



## 3.3 Beskrivelse av eiendommen

### 3.3.1 Eiendomsinformasjon

Konsesjonsplikt	Nei
Adkomst	Eiendommen har adkomst og landfeste i østre del av Hamnegata midt i Volda sentrum
Vann	Nei
Avløp	Nei
Regulering	Selve moloen ligger ikke i reguleringsplan, men Hamnegata er endel av reguleringsplanen i Volda sentrum
Kommuneplan	Moloen og havna er avsatt i kommuneplan til havneområde.

### 3.3.2 Matrikkeldata

Matrikkel:	Kommune: 1519 VOLDA Gnr: 29 Bnr:
Eiet/festet:	Eiet
Hjemmelshaver:	Kystverket Midt Norge
Adresse:	Hamnegata 6100 VOLDA
Kommentar:	Eiendommen har pr i dag ikke eget bnr, men det foreligger grundige avtaler med Volda Prestegard fra 1937 m.m. ang grunnavståelse. Jfr forutsetninger.

### 3.3.3 Beskrivelse av tomt

Tomtens anvendelse	Selve havna som inkluderer moloen og havnebassenet til vestre enden av moloen utgjør et areal på ca 10 mål. Av dette utgjør selve moloen ca 2,5 mål - i denne taksten er det kun moloen som er vurdert - ikke havnebassenget som eiergrunn. Moloen har en samlet lengde på ca 200 m.
Moloens form	Moloen er på ca 200 m og gir en skjermet havn mot et naturlig nes mot vest som gir en god og skjermet innsegling. Dybdeforholdene inne i selve havna er på kart angitt til ca 4,1 m.  Mot øst grenser moloen mot elva.
Grunnforhold og fundamentering	Moloen er ei steinfylling fra 1950-tallet.
Miljø og forurensning	Det er ikke foretatt noen form for undersøkelser av grunnen med tanke på forurensning.
Formål	Havna er opprinnelig bygd som er fiskerihavn på 1950-tallet med senere oppgraderinger. Utfra utviklingen i båttyper og størrelse er ikke havna lengre egnet til fiskerihavn både pga av størrelse og dybde, men og kaianlegget mot Hamnegata heller ikke har noe landfaciliteter og er endel av E39.  Det er pr idag anlagt ei småbåthavn inne i selve havna hvor selve havneanlegget eies av Volda Småbåthavn. Det er her ca 60 småbåtplasser av forskjellig størrelse. Det foreligger her en bruksavtale av havnebassenget frem til 1.5.2018 - uten vederlag.
Utbyggingspotensiale	Utfra kommuneplan er det pr idag ikke noe utbyggingspotensiale - havna er avsatt til havneformål.



### 3.3.4 Beskrivelse av områdene rundt

Utbygging, år	Moloen er i hovedsak utbygd i 1953. Mindre oppgraderinger i ettertid.
Områdene rundt	Nærområdet består i hovedsak av sentrumseiendommer som butikker, kontorbygg og boliger.
Transport og kommunikasjon	Det er kort avstand til buss og fergeleie. E39 går pr idag gjennom Volda
Infrastruktur	Jfr over.
Parkering	Selve havna disponerer ikke noe parkeringsareal utover selve moloen.

## 3.4 Bygninger på eiendommen

### 3.4.1 Molo/fiskerihavn

#### Bygningsdata



Byggeår: 1953

#### Konstruksjoner og innvendige forhold:

##### Molo generelt

Moloen er på ca 200 lengemeter og en synlig konstruksjonsbredde i vannlinjen på ca 15 m bredde. Toppdekke er støpt betongplate på ca 3 m bredde i hele moloens lengde. Ei parkerings-/snulomme nesten i enden.

På innsiden mot havneområde bærer oppmuringen preg av høy kvalitet med trappetrinn i natursteinsblokker - ca 10 trappetrinn. Mot sjøen er det ei grovere steinfylling.

Det er strømplegg/lys på moloen.

Moloens tekniske stand er ikke nærmere vurdert utover enkle visuelle befaringer, noe sprekker i betongdekke - men ikke vesentlig tatt alder i betraktning. Eventuell utvasking under vannlinje etc er ikke nærmere vurdert.



## 4 Verdigrunnlag

### 4.1 Utleiekontrakter og ledige lokaler

#### Leiekontrakter/markedsleie:

Bygning/areal	Etg.	Antall	Pris pr år	Enh.pris	Leie f.o.m. mnd/år	Opphør mnd/år	Reg %	Markedsleie pris	Pris pr år	Markedsleie f.o.m. mnd/år	Reg %
Sum:											
Total:											

#### Bransjer/leiekontrakter:

Bygning/bransje	Etg	Antall	Pris pr år	Enh.pris	Leie f.o.m. mnd/år	Opphør mnd/år	Reg %	Markedsleie pris	Pris pr år	Markedsleie f.o.m. mnd/år	Reg %
Sum:											
Total:											

### 4.2 Beskrivelse av eiendomsmarkedet

#### Kort beskrivelse

Objektet er et spesielt objekt i eiendomsmarkedet med begrensede bruksområder og begrenset marked. Det har vært solgt ut tilsvarende moloer andre steder i Norge, men prisene varierer utifra muligheten for alternativ bruk. Den alternative bruken kan f.eks være:

- småbåthavner
- reiselivsutvikling av havna
- gjenfylling av hele havneområde til tomteområde
- eller der finnes ikke interesse for noe bruksmuligheter der havna ligger pr idag

Prisnivået på moloen vil være speilbilde av hvilken kategori som nevnt over havna kan brukes til.

#### Alternativ bruk av takstobjektet

Takstobjektet er uegnet som fiskerhavna utifra størrelse/dybde/beliggenhet og heller ikke noe fiskeriaktivitet av betydning i Volda.

Når det gjelder utnyttelse til andre formål enn havn så krever dette endringer i kommunens kommuneplan. Der er ingen signal i gjeldende kommuneplan at havna f.eks. kan fylles igjen å brukes til tomteområde. Utifra beliggenhet midt i sentrum og begrensede tomteareal i Volda sentrum ville dette være mest lønnsomt, men ikke vektlagt utifra kommuneplan.

Den mest nærliggende bruk vil være som idag; Småbåthavn. Det er i havna plass til ca 60 småbåtplasser på hver ca 3 m. Dette gir ca 230 løpemeter småbåtplasser. For å anlegge ei god småbåthavn kreves skjermet havn og småbåthavnlegg med brygger/utriggere/landganger etc. I dette tilfelle leier småhavna moloanlegget av Kystverket, mens de selv har investert i småbåtanlegget og finansiert dete med salg av småbåtplasser. Volda småbåtlag disponerer havna frem til 1.5.2018 - uten vederlag.

På Sunnmøre varierer prisene på småbåtplasser betydelig fra ca kr 15.000 - 33.000 kr løpemeter båtplass. De rimeligste plassene er der havna/moloen ligger der, mens de dyreste er når havna må bygges også i tillegg til selve småbåthavnopplegget. I Volda ligger prisen på kr 17 000 pr løpemeter i denne havna. I tillegg må en påregne noe dugnad.

#### Salgspriser

Selv om staten ønsker å selge ut et betydelig antall slike eldre fiskerihavner i Norge er det relativt få som har blitt omsatt.

Det lå i markedet eks vis en lignende molo i Verøy kommune for kr 350.000,- - ukjent om denne er solgt.

Matrikkel: Gnr 29  
Kommune: 1519 VOLDA KOMMUNE  
Adresse: Sentrumshamna, 6100 VOLDA

Sunnmøre Eiendom Takst AS  
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050  
VALDERØYA  
Telefon: 92 23 68 50



## 4.3 Inntekter/kostnader

---

### Inntekter

Arealtype	m <sup>2</sup>	Kr./m <sup>2</sup>	Kontrakter Pris/år	m <sup>2</sup>	Kr./m <sup>2</sup>	Markedsleie pr år
<b>Sum</b>						

### Inntektsoverskudd

Inntekter (overført)  
Tap ved ledighet, %  
Normale eierkostnader, årlig

---

Eiendommens inntektsoverskudd

Matrikkel: Gnr 29  
Kommune: 1519 VOLDA KOMMUNE  
Adresse: Sentrumshamna, 6100 VOLDA

Sunnmøre Eiendom Takst AS  
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050  
VALDERØYA  
Telefon: 92 23 68 50



## 5 Verdisetting

### 5.1 Tomteverdi

**Metode:** Det legges til grunn at det ikke finnes noe tomtegrunn utover selve moloen.

#### Verdi tomt

##### Tomteareal

Tomteareal, overført fra matrikkeldata: 0,0 m<sup>2</sup>

Sum areal: 0,0 m<sup>2</sup>

#### Verdi tomt

Ansatt verdi tomt:

Verdi tomt:

### 5.2 Teknisk verdi

**Metode:** Teknisk verdi baserer seg på fremskrevne utlegg justert for prisindeks.

#### Molo/fiskerihavn

Normale byggekostnader (utregnet som for nybygg) 11 000 000

Fradrag (alder, utidsmessighet, vedlikeholdsmangler, tilstandssvekkelser, gjenst. arbeider) 3 000 000


**Sum teknisk verdi – Molo/fiskerihavn 8 000 000**

**Sum teknisk verdi bygninger 8 000 000**



## 6 Andre bilder


### Andre bilder for oppdraget





Matrikkel: Gnr 29  
Kommune: 1519 VOLDA KOMMUNE  
Adresse: Sentrumshamna, 6100 VOLDA


Sunnmøre Eiendom Takst AS  
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050  
VALDERØYA  
Telefon: 92 23 68 50





Matrikkel: Gnr 29  
Kommune: 1519 VOLDA KOMMUNE  
Adresse: Sentrumshamna, 6100 VOLDA

Sunnmøre Eiendom Takst AS  
v/Frode Mauren, Trollhaugane 20, 6050  
VALDERØYA  
Telefon: 92 23 68 50







## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2013/433
		Arkivkode:	611

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
103/17	Formannskapet	13.06.2017
80/17	Kommunestyret	22.06.2017

### HANDELSKULETOMTA - GBR 19/937 - GODKJENNING AV AVTALE

#### Handsaming:

#### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret godkjenner avtalen jfr. vedlegg 1 b til denne saka. Dette under føresetnad av at det samstundes vert "rydda" opp i avtaleforhold og heftingar i grunnboka/-bøker.*
- 2. Kommunen sin kostnad med avtalen vert å dekke av konto 010901.7010.332.700962. Administrasjonen vert beden om å innarbeide kostnadene i budsjettkorrigerings så snart endeleg oppgjær inkludert grunnbøker er kjent.*

#### Administrasjonen si tilråding:

- 3. Kommunestyret godkjenner avtalen jfr. vedlegg 1 b til denne saka. Dette under føresetnad av at det samstundes vert "rydda" opp i avtaleforhold og heftingar i grunnboka/-bøker.*
- 4. Kommunen sin kostnad med avtalen vert å dekke av konto 010901.7010.332.700962. Administrasjonen vert beden om å innarbeide kostnadene i budsjettkorrigerings så snart endeleg oppgjær inkludert grunnbøker er kjent.*

**Vedleggsliste:**

1. a) Skriv frå Adv. Reidar Andresen d.s.31.05.2017
1. b) Avtale om avvikling av festeforhold
2. Festeavtale med Handelsskuletomta AS d.s. 07.04.1998
3. Tillegg til festeavtale d.s. 21.11.2008

**Samandrag av saka:**

Ose Strand AS seinare Pro Nor Vest AS v/Jan Peter Lannerholm har sidan 2008 hatt ein festeavtale med kommunen på gnr. 19. bnr.237, "Handelsskuletomta".

Partane har over tid drøfta situasjonen kring denne festeavtalen og har no kome fram til ein avtale der kommunen kjøper ut festeavtalen knytt til 19 bnr 937. *Avtalen inneber at kommunen som eigar får full råderett over grunnen og den føreset også at vi får orden på overføringar av festerettar i grunnboka for det som gjeld Gbr. 19 bnr. 287.* Avtalen er gjort under føresetnad av godkjenning av kommunestyret.

Rådmannen vil tilrå avtalen.

**Saksopplysningar/fakta:**

Volda kommune gjekk i 1998 inn ein festeavtale med Handelsskuletomta AS i samsvar med vedlegg...

Kommunen overtok legesenterbygget til eige i 2002, slik at attverande areal av den opprinnelege festetomta no er på 1369,1 m2. Tomta fekk nemninga gnr. 19 bnr. 937, jfr. avtalen i vedlegg nr. ...., pkt 3.

Handelsskuletomta AS vart sletta som eige selskap 31.12.03, ved fusjon med Lannerholm og Myklebust Bygg AS. Dette selskapet har seinare skifta namn til Hovden Næringscenter AS.

I K.sak 52/08, 24.04.2008, vart det vedteke eit tillegg til festeavtalen. Sidan Handelsskuletomta AS vart sletta som eige selskap pr. 31.12.03, godkjende kommunestyret at ny avtalepart no vart Ose Strand AS, som seinare bytte namn til Pro Nor Vest AS, orgnr. 979 512 155, jfr. vedlegg nr. ..

P.t er det ikkje vore ordna med overføringar av festerettar i grunnboka, men det endrar ikkje at avtalane gjeld. Ein ynskjer likevel eit ryddig forhold mellom avtalar og grunnboka, ikkje minst overfor 3. person (t.d. panthavar) ved oppføring av bygg på tomte. Det må såleis gjerast eit "opprydningsarbeid" i høve til å få retta opp grunnboka slik dagens reelle situasjon kjem korrekt fram;

- Gnr. 19 bnr. 287 (legesenterbygget): Kommunen er heimelshavar. Ingen festar skal vere registrert på den tomte.
- Gnr. 19 bnr. 937 )areal til mellombygget, jfr. vedlegg): Kommunen er heimelshavar. Pro Nor Vest AS er festar

I 2014 søkte selskapet om løyve til å starte privat detaljreguleringsarbeid for tomte, men i møte 2.2.14, sak 213/14 gjorde formannskapet slikt vedtak:

*”Formannskapet finn ikkje med grunnlag i føreliggande skisseprosjekt å kunne gje løyve til oppstart av privat detaljreguleringsarbeid med sikte på å tilrettelegge for utbygging på eigedomen gnr 19 bnr 937.”*

Etter det vedtaket har ein forsøkt å finne løysingar/kommunalt areal for evt. makebyte på tomta utan å lukkast.

Lannerholm har difor vendt seg til kommunen med tanke på kommunalt utkjøp av festeavtalen knytt til 19 bnr 937. Etter fleire møter og forhandlingar har ein no kome fram til ein avtale der kommunen kjøper ut festeavtalen knytt til 19 bnr 937. *Avtalen inneber at kommunen som eigar får full råderett over grunnen og den føreset også at vi får orden på overføringar av festerettar i grunnboka for det som gjeld Gbr. 19 bnr. 287. Avtalen er gjort under føresetnad av godkjenning av kommunestyret.*

Lannerholm var også medeigar i Handelsskuletomta AS og ein føreset i avtalen kommunen og Lannerholm no har inngått at ein får rydda opp i grunnboka slik at kommunen som den reelle eigaren vert ståande som heimelshavar både både Gbr. 19/287 og gbr. 19/937 utan festekontrakt knytt til eigedomane.

**Økonomiske konsekvensar:**

Gjennom forhandlingane inneber avvikling av festeforhold knytt til gbr. 19/937 at kommunen må løyse inn denne kontrakten. Som vederlag for innløysinga har ein kome fram til og lagt til grunn indeksregulert «Uppheimsskjøn» med frådrag av «kapitalisert» årleg festeavgift jfr. pkt. 2 i avtalen. Det gjev eit vederlag på kr. 2.027.105,-.

**Vurdering og konklusjon:**

Over lengre tid har Lannerholm og kommunen forhandla med tanke på å få løyst denne saka. Både Lannerholm og kommunen har interesse av det. Når ein no er komne til eit forhandlingsresultat som begge parter kan leve med, vil rådmannen tilrå at kommunestyret godkjenner resultatet slik at kommunen som den reelle eigaren vert ståande som heimelshavar både både Gbr. 19/287 og gbr. 19/937 utan festekontrakt knytt til eigedomane.

Rune Sjugard  
Rådmann

Rune Sjugard  
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**



Volda kommune  
v/Asbjørn Moltudal

Sendes kun pr e-post.

Ålesund, 31.05.2017  
Ansvarlig advokat: Reidar Andresen  
Vår ref.:16-11137

## AVVIKLING AV FESTEFORHOLD – GNR. 19 BNR. 937 I VOLDA KOMMUNE

Det vises til tidligere kontakt i anledning ovennevnte.

### 1. Ad festerett – Handelsskuletomta AS

Vedlagt følger korrigeret forslag til avtale vedrørende avvikling av festeforhold på bnr. 937.

#### Vedlegg 1: Forslag avtale

Som det fremgår er endret arealets størrelse, vederlagets størrelse, samt tatt inn at Volda kommune som bortfester skal besørge utarbeidelse av nødvendige dokumenter. Vi har også tatt ut punkt om forsikring, ref. kommentar fra advokat Hove. Jeg imøteser tilbakemelding dersom dere er uenig i dette punkt.

Hva gjelder sletting av festerett er for bnr. 937 utarbeidet vedlagte erklæring. Erklæring er tilstrekkelig da eiendommen er ubebygd, og det ikke skal overføres bebyggelse fra Handelsskuletomta AS til Volda kommune.

#### Vedlegg 2: Begjæring om sletting av festerett bnr. 937

For bnr. 287 snr. 1-3 har vi utarbeidet et felles skjøte, hvor bygninger på eiendommen overføres til Volda kommune, ref. kjøp i 2002. I skjøtets punkt 6 er inntatt begjæring om sletting av festerett til Handelsskuletomta AS.

#### Vedlegg 3: Skjøte

Som tidligere nevnt utløser sistnevnte dokument dokumentavgift og tinglysningsgebyr for kommunen. For ferdigstilling av skjøtet må vi ha opplyst vederlag som ble betalt for bygningene på bnr. 287 i 2002. Dette vederlaget – dersom det representerer markedsverdi – vil danne grunnlag for dokumentavgiften. Dokumentavgiften er 2,5 % av markedsverdi.

Vi unnlater å sende inn egenerklæring hva gjelder konsesjonsfritak, da vi legger til grunn at § 5 første ledd nr. 4 i konsesjonsloven er oppfylt:

*"den fylkeskommune eller kommune der eiendommen ligger, såfremt ervervet gjelder en eiendom i område som omfattes av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven, og eiendommen i planen er utlagt til annet enn landbruksområde eller ervervet skjer ved ekspropriasjon. Et kommunalt tomteselskap der vedkommende kommune har minst halvparten av kapitalen og flertallet i styret, likestilles med kommunen når det gjelder konsesjonsfrihet etter dette nummer."*



Dersom Volda kommune er av annen oppfatning, bes om tilbakemelding.

## 2. Ad sletting av festerett – Volda kommune

Vi oversendte til kommunen i brev av 11.5.2017 hvor det fulgte vedlagt begjæring om sletting av Volda kommunes festerett.


Vi legger til grunn at Volda kommune selv besørger signering og innsending av denne til Kartverket. Dersom det er ønskelig at vi bistår med noe tilknyttet denne, ber vi om tilbakemelding.

## 3. Avslutning

Hører fra dere med evt. merknader og opplysning om kjøpesum før avtalen og dokumenter oversendes advokat Hove.

Snarlig tilbakemelding imøteses.

Med vennlig hilsen  
Advokatfirmaet JUDICIA DA

  
Reidar Andresen  
Advokat/partner

## AVTALE

Mellom "Bortfester"

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

orgnr. 939 760 946

E-post:  
Telefon:

og "Fester"

Pro Nor Nordic AS  
Ivar Aasen-gata 4  
6150 Ørsta

orgnr. 979 512 155

E-post:  
Telefon:

Gyldig legitimasjon:

Firmaattest

er i dag inngått følgende avtale:

### 1

#### AVVIKLING AV FESTEFORHOLD

Den 7.4.1998 inngikk Bortfester og Handelsskuletomta AS festeavtale tilknyttet gnr. 19 bnr. 287 i Volda kommune. Eiendommen består i dag av tre seksjoner med snr. 1, 2 og 3.

Fra bnr. 287 ble fradelt en parsell som fikk gnr. 19 bnr. 937 den 13.3.2007.

Handelsskuletomta AS ble slettet fra foretaksregisteret den 31.12.2003, da selskapet ble fusjonert inn i søsterselskapet Ose Strand AS. Ose Strand AS ble ny fester i festeavtalen.

Ose Strand AS skiftet navn til Pro Nor Vest AS den 19.9.2011, og deretter til Pro Nor Nordic AS den 22.4.2015.

Festeforholdet på gnr. 19 bnr. 287 ble avsluttet i 2002 da Volda kommune kjøpte daværende Festers bygning på eiendommen. Overdragelsen ble faktisk gjennomført, men formell overskjøting gjenstår.

Festeforholdet ble videreført på den nye parsellen, gnr. 19 bnr. 937.

I henhold til festeavtalen er festetiden avtalt til 99 – nitti ni år – regnet fra 1.1.1999.

Bortfester og Fester er herved enig om å avslutte festeforholdet på gnr. 19 bnr. 937 før festetidens utløp.

Festekontrakten er tinglyst med doknr. 1998/2582-1/57 og 1998/2582-2/57 den 18.06.1998, med Handelsskuletomta AS som rettighetshaver.

### 2

#### VEDERLAG

Som vederlag for avslutning av festeforhold på gnr. 19 bnr. 937, betaler Bortfester til Fester kr 2 027 105,-.



Vederlaget er beregnet med bakgrunn i omforent verdi (kr 2 050,- per m<sup>2</sup> x 1 369,1 m<sup>2</sup>), med fratrekke for "kapitalisert" årlig festeavgift (31 182,- x 25).

### 3 AVVIKLING

Festeforholdet skal avvikles den \_\_\_\_\_ klokken \_\_\_\_\_ ("Avviklingstidspunktet").

Innen angitt dato skal Fester være fra fraveket eiendommen. Herunder plikter Festeren å ta bort løsøre, rydde opp etter seg på tomten og gjennomføre nødvendige tiltak for å sikre mot skade på normal måte etter avvikling av et festeforhold, jf. tomtefesteloven § 39.

Partene skal gjennomføre felles befarings av tomten på Avviklingstidspunktet, samt sende bekreftelse til oppgjørsansvarlig jf. punkt 4 på at befarings og avvikling er gjennomført. Bekreftelse skal sendes av hver av partene til e-post: [reidar@judicia.no](mailto:reidar@judicia.no).

Etter gjennomført befarings går full rådighet over bnr. 937 tilbake til Bortfester.

### 4 OPPGJØR

Oppgjørsansvarlig ("Oppgjørsansvarlig") er advokat Reidar Andresen ved Advokatfirmaet Judicia DA, Grimmergata 5, 6002 Ålesund.

Vederlag som nevnt i punkt 2 ovenfor innbetales av Bortfester til Advokatfirmaet Judicia DA sin klientkonto senest tre – 3 – dager før avvikling jf. punkt 3. Klientkonto har kontonummer 1503.68.06211. Innbetalingen bes merket "16-11137".

Begjæring om sletting av festeforholdet utarbeides av Bortfester, og signeres av Fester samt sendes Oppgjørsansvarlig i to originale eksemplarer senest tre – 3 – dager før Avviklingstidspunktet, jf. punkt 3.

Så snart bekreftelse på gjennomført befarings og avvikling er mottatt av Oppgjørsansvarlig fra begge parter, vil Oppgjørsansvarlig sende begjæring om sletting av Festeretten til Kartverket.

Så snart bekreftelse på sletting av Festeretten er mottatt i retur fra Kartverket, vil vederlaget på kr 2 027 105,- utbetales til Fester. Fester oversender kontonummer for utbetaling til Oppgjørsansvarlig.

Ved forsinket betaling fra Bortfester svares forsinkelsesrenter jf. lov om forsinkelsesrenter.

### 6 GRUNNBØKER

Etter inngåelse av nærværende avtale forefinnes ingen festeavtaler mellom Bortfester og Fester tilknyttet eiendommer i Volda kommune.

Da bnr. 937 i sin tid ble fradelte bnr. 287 er partene enige i at festeavtalen også skal slettes fra bnr. 287.

Bortfester kjøpte bygning på bnr. 287 av Fester i 2002. Da bnr. 287 er bebygd, kreves skjøte for sletting av Festeretten. I skjøtets punkt 6 skal påføres slettebegjæring på vanlig måte.

Bortfester utarbeider skjøte for sletting av festerett på bnr. 287. Fester skal, innen samme tidspunkt som i punkt 4 ovenfor, levere signert skjøte for bnr. 287 til Oppgjørsansvarlig. Bortfester bærer utgiftene ved tinglysning av skjøte, samt dokumentavgift.





7

**SIGNATUR PÅ DOKUMENTER PÅ VEGNE AV HANDELSSKULETOMTA AS**

Tinglyst Festerett på bnr. 287 og bnr. 937 står med Handelsskuletomta AS som rettighetshaver. Da selskapet ble avviklet i 2003, skal Fester innhente registerutskrift for selskapet, samt innhente signatur på de dokumenter omtalt i denne avtale fra signaturberettiget. Registerutskriften skal leveres Oppgjørsansvarlig sammen med øvrige dokumenter innen frist fastsatt i punkt 4.

8

**POLITISK GODKJENNELSE**

Det tas forbehold om politisk godkjenning av avtalen i Volda kommune.

Dersom avtalen ikke godkjennes faller den bort i sin helhet, hvorefter partene ikke kan rette krav mot hverandre tilknyttet avtalen eller bortfall av avtalen.

9

**SIGNATUR**

Denne kontrakt er utferdiget i tre likelydende eksemplar, hvorav partene får hvert sitt eksemplar og ett eksemplar arkiveres hos Oppgjørsansvarlig.

Sted:  
Dato:

Sted:  
Dato:

\_\_\_\_\_  
Volda kommune

\_\_\_\_\_  
Pro Nor Nordic AS

## BEGJÆRING OM SLETNING

Volda kommune, orgnr. 939 760 946, er hjemmelshaver til gnr. 19 bnr. 937 i Volda kommune.

På eiendommen er tinglyst festerett til fordel for Handelsskuletomta AS, orgnr. 979 619 030, den 18.6.1998 med doknr. 1998/2582-1/57 og doknr. 1998/2582-2/57.

Undertegnede hjemmelshaver til festerett med doknr. 1998/2582-1/57 og 1998/2582-2/57 på gnr. 19 bnr. 937 i Volda kommune ber med dette om at festekontrakten slettes. Det samme gjelder eventuelle andre rettigheter som er avtalt i festekontrakten. Handelsskuletomta AS erklærer at en slettelse av festekontrakten ikke vil berøre tredjemanns rettigheter.

Sted:

Dato:

---

For Handelsskuletomta AS

Vedlegg nr. 2

## AVTALE OM FESTE AV AREAL.

### 1. Parter.

Bortfester er Volda Kommune

Fester er Handelskuletomta AS  
Org. Nr. 979619030

### 2. Festeareal

Arealet som vart framfesta er gnr. 19 bnr. 287 i Volda Kommune. Arealet utgjer ca. 2600 kvm, og er avgrensa slik det går fram av vedlagde kart merka I.

Festearealet skal nyttast til utbygging for forretningsføremål.

Partane i denne avtale er einige om at arealet skal endrast om festaren gjennomfører byggetrinn II av sitt prosjekt på eigedommen. Endringa skal gjennomførast slik:

- Festetomta delast slik at grunnen knytta til byggetrinn I fradelast som eige festetomt.
- Det resterande arealet utvidast mot eksisterande rådhus slik at byggetrinn II også får eiga tomt. Byggetrinn I skal ha tinglyst rett til parkering på tomta knytta til byggetrinn II. Tomtedeling for byggetrinn II går fram av kart merka II.

### 3. Vederlag

Fester skal betale ein årleg festeavgift på kr. 50.000,-

Festeavgifta skal regulerast kvart 10. År med grunnlag i den prosentvise endring i konsumprisindeksen i perioden, basis indeks pr. juli 1998.

Ved auke av arealet skal festeavgifta aukast tilsvarande.

### 4. Festetid.

Festetiden er 99 -- nitti -- år rekna frå 01.01.99.

### 5. Forfall.

Festeavgifta betalast på forskot ein gong i året, slik festeavgift for 1999 skal betales 01.01.99.

Festeavgifta skal betales første gang for 1999.

### 6. Overtaking.

Tidspunkt for overtaking av eigedommen er tidspunkt for ferdigstillelse tidspunkt.

### 7. Førehandstiltreding.

Fester har rett til å førehandstiltre festearealet for å starte nødvendig byggearbeider.

Fester har åleine ansvar for skade på 3.mann si person eller eigedom når skaden har si årsak i arbeid på parsellen.

Fester har ansvaret for skade på teknisk anlegg når skaden har si årsak i arbeid på parsellen

### 8. Risikoovergang.

Etter overtaking er framfester rette kreditor for eigedomen sine inntekter. Etter overtaking er

fester rette debitor for utgifter, krav på erstatning, avgift, skatter og lignende som knytt seg til parsellen eller har sin årsak i arbeid på parsellen.  
Etter overtaking har framfester risikoen for hendeleg undergang av eigdommen.

**9. Kostander.**

Bortfester tek kostanden med oppmåling, tinglysning av målebrev og festekontrakt.

**10. Særlige tilhøve**

Fester har gjerdeplikt om gjerde vert nødvendig.

**11. Adkomst.**

Festaren forutsett at det er mogleg å nytta felles adkomstveg til nybygg på tomta mot Televerket sin eigedom.

**12. Rente ved forseinka betaling.**

Der betaling av festeavgift ikkje skjer ved forfall kan bortfestar krevje forseinkingsrente etter lov om försinkelserente.

**13. Opphør av festeavtale.**

Ved festetida sitt utløp, skal de til einkvan tid reglane i tomtefestelova nyttast.

**14. Kontraktar.**


Avtalen er uferdiga i 2 --to -- likelydande eksemplar, eit til kvar av partane.

Volda, den 07.04.98

Bortfestar:  
Volda Kommune

Festar:  
Handelskuleiétomta AS

ORDFØREREN  
VOLDA KOMMUNE



**HANDELSKULETOMIA, GBNR. 19/287  
OPPHAVELEG FESTETOMT**  
19/503/12

**RADHUS**

**OPPHAVELEG  
FESTETOMT  
GNR. 19/BNR. 287**


**SPARBANKEN**  
19/2112

Lepahale

Gymnasiegangen










Vedlegg (3)





## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Kjell Magne Rindal	Arkivsak nr.:	2014/1705
		Arkivkode:	S02

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
101/17	Formannskapet	13.06.2017
81/17	Kommunestyret	22.06.2017

### OPSJON EPC TILTAK VOLDAHALLEN

#### Handsaming:

#### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

*Administrasjonen vil etter samla vurdering tilrå at ein takkar nei til å gå vidare med opsjon for EPC tiltak i Voldahallen.*

#### Administrasjonen si tilråding:

Administrasjonen vil etter samla vurdering tilrå at ein takkar nei til å gå vidare med opsjon for EPC tiltak i Voldahallen.

#### Samandrag av saka:

I november 2014 vart det gjennomført tilstandsvurdering av Voldahallen som avdekkar store investeringar som skal til for å få hallen på akseptabelt nivå. Slik hallen er konstruert er det ikkje mogleg å få tippemiddlar til oppgradering av denne hallen.

Prosess med ny hall tek tid. Det er mange vurderingar som skal til, der ein ikkje kjenner til resultatet av prosessen. Administrasjonen har gjennom lang periode arbeidd med EPC-program, der ein gjennomfører oppgraderingstiltak og energisparetiltak i kommunale bygg.

I PS 58/16 vedtok kommunestyret å gjennomføre EPC prosjektet i Volda kommune med tilhøyrande tiltak på dei enkelte bygg etter oppsett kostnadsramme. Voldahallen skal handsamast som opsjon, der kommunestyret skal ta stilling til denne i eiga sak.

Voldahallen var tatt med i dette programmet med avgrensa tiltak for å kunne drifta hallen i nokon fleire år. Tiltak tenkt gjennomført:

- Isolering av rør rundt VVB
- Energioppfølging (EOS)
- Installasjon av nye el. Ovner
- Luft-vann varmepumpe
- Tilkobling til nytt toppsystem
- Komplett oppgradering av varme-/ventilasjonsanlegg

I PS 143/16 vart det gjort følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.*
2. *Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.*
3. *Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvingselevane i grunnskulen.*
4. *Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingselevlokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomte gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebaseng.*
5. *Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Jopllassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.*
6. *Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.*

*7. Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena AS må vere kjend for Volda kommune innan avtalen vert inngått.*

I samband med vedtaket gitt i PS 143/16 ser ein investeringa i EPC tiltaket som ikkje lønsame pr. no. Levetida som står att for Voldahallen vil være svært avgrensa med dei planane som ligg føre gjennom Campus Arena AS. Investering bør avgrensast til å opprettehalde forsvarlig tilbod fram til alternativt tilbod er realisert.

**Økonomiske konsekvensar:**

Avsett låneopptak Kr. 2,6 mill vil ikkje bli gjennomført inn i Voldahallen. Naudsynte tiltak for å oppretthalde forsvarlig drift vil bli gjennomført. Dette er tidlegare løyvd.

**Vurdering og konklusjon:**

Volda kommune ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Formannskapet har godkjent oppstart av reguleringsarbeid for prosjektet, og arbeidet har starta opp. Det er dialog med fylkeskommunen og Høgskulen rundt samarbeid om Volda Campus Arena. Det er viktig å ha tru på dette prosjektet dersom ein skal lykkast, og da vert det feil av kommunen å leggje store ressursar i dagens Voldahall som ei framtidig løysing. Utgreiing av alternative hall løysingar i kommunal regi vert heller å kome attende til dersom ein ikkje skulle lykkast med å realisere Volda Campus Arena.

EPC tiltaka som er tenkt gjennomført i Voldahallen er vurdert på noverande tidspunkt til å ikkje være lønsame å gjennomføre med den tida ein står att med hallen. Prosjekteringsunderlaget ligg klart og kommunen kan velje å gjennomføre desse tiltaka i eigenregi ved seinare høve dersom dette skulle bli aktuelt.

Etter ei samla vurdering vil ein ikkje tilrå at EPC tiltaka vert å gjennomføre i Voldahallen på dette tidspunkt og ein tilrår å avslå opsjon i kontrakten.

Rune Sjugard  
Rådmann

Kjell Magne Rindal  
eigedomssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjurgard

Arkivsak nr.: 2017/946

Arkivkode: 033

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
7/17	Valnemnda	21.06.2017
82/17	Kommunestyret	22.06.2017
104/17	Formannskapet	13.06.2017

### DELTAKARAR I «NETTVERK FOR FOLKEVALTE» I DEMOKRATIPROSJEKTET TIL SUNNMØRE REGIONRÅD IKS

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret syner til saksutgreeinga og sluttar seg til at Volda kommune deltek i demokratiprojektet til Sunnmøre regionråd IKS.
2. Eigenandel for kostnader med deltakinga vert å dekkje over ansvar 41 Politisk verksemd.
3. Fylgjande faste representantar i kommunestyret kommune deltek på arrangement i demokratiprojektet:
  1. \_\_\_\_\_
  2. \_\_\_\_\_
  3. \_\_\_\_\_
  4. \_\_\_\_\_
  5. \_\_\_\_\_

#### Kort samandrag av saka

Demokratiprojektet er eit interkommunalt innovasjonsprosjekt som skal tilføre kommunene kunnskap og kompetanse for å utvikle eigen kommune til å møte framtidens utfordringar.

Prosjektet er forankra i representantskapen i Sunnmøre regionråd, og finansiert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennom skjønnsmidler.

Nettverket for folkevalte er eit av satsingsområda for prosjektet, der «fritidspolitkarane» gjennom samlingsbasert nettverksarbeid med andre politikarar frå heile Sunnmøre, vil få tilført kunnskap og kompetanse til å utvikle relevant politikk for eiga kommune.

Hovedformålet med nettverket er å utvikle rolla som folkevalgt og stimulere til offentleg innovasjonsarbeid frå ein politisk ståstad.

Kvar kommune på Sunnmøre, inkl. Hornindal kommune, kan delta med inntil 5 representantar. Kommunestyret blir oppfordra til å stille med både erfarne og mindre erfarne folkevalde. Det blir stilt som krav at deltakarane er faste representantar i kommunestyret. Nettverket for folkevalte vil ha opp til tre samlingar per halvår.

### **Saksopplysningar**

Norge har over fleire tiår hatt ein økonomisk vekst og lav arbeidsledigheit. Vi har gode velferdsordningar og ein profesjonell offentleg sektor, med stor tillit blant innbyggjarane våre. Dette har gjort at de har vore gode rammebetingelsar for å løyse våre samfunnsutfordringar, ikkje minst med tanke på solide inntekter frå oljeindustrien.

Befolkningsframskrivingane viser at vi frå ca. 2025 og framover vil vi få ei strukturendring som vil doble antal eldre og halvere yrkesaktiv befolkning. Truleg vil den samla inntektsutviklinga i samfunnet vårt bli slik at det blir meir krevjande å oppretthalde velferdstenestane våre, særleg dersom kommunane fortsetter med den ressursinnsats ein nyttar i dag. Det vil derfor bli behov for å finne nye måtar å forvalte velferdstenestane våre på.

Kommunereforma og folkehelsearbeidet har vore to statlege strategiar som har sin forankring i forventa framtidig samfunnsendring. Kommunereforma har som mål å styrke den kommunale organisasjonen, medan folkehelsearbeidet har som formål å utsette eller unngå etterspørsel etter kommunale tenester. Demokratiprosjekter bygger vidare på grunnideane i begge desse strategiane.

Den teknologiske utviklinga og bruk av ny teknologi gjer at samfunnet endrar seg stadig raskare, noko som setter krav til endring i offentleg sektor også. Å utvikle kommunenes handlingsrom for innovasjon er ei viktig utfordring. Det må åpnast opp for nye idear, til og med jaktast på nye idear. Innovasjonsarbeid treng gode pådrivarar, og i den samanheng står den politiske rolla sentralt. Det må skapast rom, tid og ressursar til å finne ut og prøve ut nye løysingar, både internt, ilag med innbyggjarar, forskarar, frivillige lag og organisasjonar, og næringslivet.

Representantskapen i Sunnmøre regionråd ønsker eit felles løft for alle kommunane på Sunnmøre, basert på ei erkjenning at ein gjennom samla innsats vil kunne løyse utfordringane betre enn om ein står åleine kvar for seg. Prosjektet bygger vidare på det gode samarbeidet ein har etablert i arbeidet med kommunereforma, men deltakinga i prosjektet er for alle kommunene på Sunnmøre. Alle kommunene vil møte den same framtida.

Prosjektet har fylgjande overordna mål:

«Tilføre kommunene kompetanse for å auke samfunnets velferdsnivå gjennom eldrebølga»

Prosjektets formål er definert i fem punkt:

1. Utvikle politikerrollen for «fritidspolitikeren»
2. La digitalisering bli;
  - a. ..ein naturleg arena for medvirkning, og
  - b. ..ein naturleg del av kommunal organisasjonsutvikling.
3. Legge til rette for betre innovasjonsklima i kommunene
4. Skape grunnlag for samskaping mellom kommuner og andre samfunnsaktørar
5. Auke tillit mellom offentleg sektor og samfunnet for øvrig.

Nettverket for folkevalte vil oppfylle fleire av desse formåla. Gjennom indre og ytre prosessar vil deltakarane i nettverket få tilført kunnskap og kompetanse til å utvikle den rolla dei folkevalde har. Verdien av nettverket vil utvikle seg over tid, då ein gjennom vennskap og kjennskap vil begynne å tilføre kvarandre verdiar som vil ligge over prosjektets kunnskapsformidling.

Digitalisering omfattar i stor grad endring og fornying av tenester, prosessar og arbeidsmåtar der teknologi står sentralt. Ei viktig forutsetning for dette er knytt til kunnskap, leiing, kultur og haldningar som kriterie for å få det realisert. Digitalisering representerar eit sentralt innovasjonselement i offentleg sektor, for å utvikle nye og betre tenester som er effektive, pålitelige, og enkle å bruke. Datasystem som kan forutsjå behov, tilpasse tenester og avdekke feil, kan automatisere delar av sakshandsaming og forvaltning, og frigi fleire ressursar til utvikling, forebygging og stadavhengige tenesteleveransar som td. skule og helseomsorg, eller redusere kommunal etterspørsel etter framtidig arbeidskraft.

Det er godt dokumentert gjennom norsk arbeidslivsforskning av gode arbeidsmiljø er meir produktive. Eit godt arbeidsmiljø har som føresetnad at det er samsvar mellom dei krav som blir stilt til arbeidstakaren, og den kontroll som kvar einskild opplever å ha over sin eigen arbeidssituasjon. Gode arbeidsmiljø vil betre løyse komplekse oppgåver, finne løysingar på tvers av fagmiljø, frigi innovasjonskapasitet, fordele ansvar og aktivt ta i bruk den enkeltes kompetanse i organisasjonen. I denne samanheng er både administrativ leiing og politisk leiing viktig for å legge til rette for optimale arbeidsforhold for kommunalt tilsette. Det vil stå sentralt å kunne bygge gode kollektive arbeidslag som har tillit og lokalt handlingsrom for å eksperimentere og finne nye løysingar. Dette har betydning både for sjukefråvær, men også for utviklingskompetansen til organisasjonen. Desse prinsippa er truleg også gjeldande innad i det politiske arbeidsfellesskapet, og særleg i samspelet mellom politikk og administrasjon.

I Norge er kommunesektoren gitt ei sentral rolle som demokratisk arena, tenesteytar, samfunnsutviklar og myndigheitsutøvar. Kommunesektoren skal handtere komplekse oppgåver med høge krav til kvalitet, fornying og effektivitet i eit samfunn i stadig endring. Erfaringar frå Danmark gir signal om at samfunnsutviklarrolla vil bli utvida med det som blir omtalt som «samskaping», der kommunene går inn i velferdsleveransar ilag med andre samfunnsaktørar. Samskaping er Sunnmørskommunene kjent med gjennom prosjektarbeid, som til dømes bygging av hamner, idretsshallar og fotballbaner. Samskaping i denne samanheng er knytt til varig partnerskap over tid, der både kommune og andre samfunnsaktørar løyser og leverer velferd ilag. I denne samanheng viser dansk erfaring at rolla som folkevalgt bli utfordra. Nettverksarbeidet vil ta opp denne utfordringa.

Tillit mellom innbyggjarar og offentleg sektor blir omtala som ein sentral byggestein i vårt velferdssamfunn. Den er kanskje så sentral at den kan omtalast som «hjørnesteinen». Høg grad av tillit til at den skatt som blir betalt inn til fellesskapet blir levert tilbake som velferd, gjer at den skandinaviske velferdsmodellen har blitt best i verden. Vårt samfunn blir påverka av internasjonal politikk, og samfunnstrukturen har blitt endra gjennom auka geografisk mobilitet. Ved å ha god kompetanse om kva som bygger tillitt i vårt samfunn, kan ein bygge politisk handlingsrom for å styrke velferdsstrukturen vår ytterlegare.

#### Arbeidsmetodikk for Nettverk for folkevalte

Det er lagt opp til tre samlingar i halvåret for Nettverk for folkevalte, der det blir skapt ein relevant møteplass for alle kommunene på Sunnmøre. Samlingane er delt i to delar, der den eine består av foredrag, og den andre nettverks- og gruppearbeid.

Det vil bli henta inn relevant kompetanse frå Skandinavia, både kommunalt og innan forskning. Mange kommuner i Sverige og Danmark har gått før oss i løypa, og det er



formålstenleg å lytte til gode eksempel og erfaringar. Samstundes vil vi løfte fram lokale prosjekt som kan være gode døme på korleis kommunar jobbar på Sunnmøre. Sidan dei fleste «fritidspolitikarar» er yrkesaktive legg ein opp til samlingar som startar etter lunsj og er ferdige på sein ettermiddag. Møtestadane vil flyttast rundt om på Sunnmøre, slik at reiseulempe blir fordelt noko lunde likt mellom alle deltakarane. Sunnmøre er delt med ferger, og ein må nok pårekne litt variert reisetid til dei ulike samlingane. Nettverket vil få sin fulle verdi når kjennskap og vennskap er etablert mellom deltakarane, og ein kan begynne å være ein ressurs for kvarandre. Prosjektet gir ei unik muligheit til å møte andre folkevalte på Sunnmøre, uavhengig av erfaring og politisk forankring.

#### Ulike arbeidsfelt for prosjektet

Demokratiprojektet i si heilheit har fleire arena å jobbe på. I tillegg til Nettverk for folkevalte blir ordførarnettverket på Sunnmøre brukt, samt også rådmannsgruppa i Sunnmøre regionråd. Prosjektet knyter også til seg forskingsmiljø, der høgskulane i Møre og Romsdal står sentralt. Prosjektet har ambisjon om å bli del av Horizon 2020 forskning, då særleg knytt til tillitsforskning.

Dei forskingsmiljøa som kjem inn i arbeidet med Demokratiprojektet vil få krav til seg å delta aktivt inn i dialogen som pågår. Både gjennom foredrag, prosessdialog og sjølvsgatt skriftleg arbeid.

#### **Økonomiske konsekvensar**

Arbeidet med demokratiprojektet er finansiert av ulike offentlige ordningar, der grunnfinansieringa er finansiert av skjønnsmidlar frå fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det er ingen direkte kostnader knytt til deltaking i prosjektet, bortsett frå at kommunene må dekke reisekostnader og evt. frikjøpskostnader for deltakarane. Storleiken på dette avheng av kor mange som deltek frå kommunen og kor mange dagar det vil dreie seg om. Dette er eigenandelen som ligg til grunn for bruken av skjønnsmidlane frå fylkesmannen. Samlingane vil bli gjennomført i ulike kommuner på Sunnmøre, og reisekostnader vil derfor variere frå gong til gong. Samlingane tek høgde for at deltakarane er yrkesaktive, og vil derfor legge beslag på ein halv arbeidsdag, samt litt sein ettermiddag. Det er ingen planlagt aktivitet knytt til helg.

#### **Vurdering og konklusjon**

Den politiske innretninga i Demokratiprojektet vil tilføre folkevalde kunnskap og kompetanse til å legge til rette for framtidig utvikling i kommunen. Samspelet mellom politikk og administrasjon er viktig, særleg med tanke på dei endringsprosessar ein må forvente kjem inn i framtida vår. Ved å ta del i dette arbeidet no vil ein jobbe strategisk i forkant av samfunnsendingane, og unngå å kome i ein posisjon der ein blir styrt av nødvendig endring i etterkant.

Prosjektdeltakinga vil gi ein forståing av utfordringane knytt til digitalisering, både økonomisk og praktisk. Dette har gode ringverknadar for arbeid knytt til økonomiplan og budsjettarbeid, men også knytt til dei målsettingar som blir satt for kommunens arbeid. Erfaringsdelinga som prosjektet legg opp til gjer at ein kan speile kommunens politiske arbeid opp mot andre kommunale erfaringar, og gode dømer som blir presentert. Rådmannen rår til at Volda kommune tek aktivt del i Demokratiprojektet.

Rune Sjurgard  
Rådmann

### Utskrift av endeleg vedtak:

- Sunnmøre regionråd IKS, v/Erlend Krumsvik – [erlend.krumsvik@sunnmoreregionrad.no](mailto:erlend.krumsvik@sunnmoreregionrad.no)  
(Politisk sekretariat sender navn og kontaktinformasjon (epost og mobiltelefonnummer) som del av vedtaket.)
- Økonomiavdelinga, her
- Oppnemnde representantar



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2012/536

Arkivkode: 031

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
92/17	Formannskapet	30.05.2017
83/17	Kommunestyret	22.06.2017
20/17	Driftsstyret	07.06.2017

### **POLITISK ORGANISERING-REGLEMENT FOR TENESTEUTVAL FOR HELSE- OG OMSORG (THO) OG TENESTEUTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR (TOK)**

#### **Handsaming:**

Formannskapet var samde om at saka bør handsamast i driftsstyret før handsaming i kommunestyret.

Ordføraren kom med slik endring og tillegg til tilrådinga frå administrasjonen:

*Kommunestyret vedtek reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO), tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) og forvaltningsutvalet slik det ligg føre som vedlegg nr. 1 i denne saka.*

*Det skal vere minst 4 kommunestyremedlemer i utvala THO og TOK.*

#### **Røysting (ni røysteføre):**

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding i formannskapet - 30.05.2017 til kommunestyret:**

*Kommunestyret vedtek reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO), tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) og forvaltningsutvalet slik det ligg føre som vedlegg nr. 1 i denne saka.*

*Det skal vere minst 4 kommunestyremedlemer i utvala THO og TOK.*

**Administrasjonen si tilråding:**

**Kommunestyret vedtek reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) og Tenesteutval for Oppvekst og kultur (TOK)** slik det ligg føre som vedlegg nr. 1 til denne saka.

**Vedleggsliste:**

Framlegg til reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) og Tenesteutval for barn og kultur (TOK)  
PS-sak 95/16 frå kommunestyret

**Uprenta saksvedlegg:****Samandrag av saka:**

Rådmannen legg med noko forseinka dette fram sak om reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) og Tenesteutval for Oppvekst og kultur (TOK). I tillegg er reglementet for Forvaltningsutvalet korrigert i samsvar med vedtaket PS 95/16.

**Saksopplysningar/fakta:**

Viser til vedtak i kommunestyret den 25.08.2016, sak PS 95/16, der det vart gjort slikt vedtak:

***1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:***

***a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)***

***b. Tenesteutval for barn og kultur (TOK)***

***Utvala skal ha sju medlemmer pluss varamedlemmer.***

***I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.***

***Endringa skjer frå 01.01.2017***

***2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.***

I notat til kommunestyret i desember 2016 gjorde rådmannen merksam på at ein hausten 2016 ikkje hadde kapasitet til å kunne få gjort det arbeidet som trengst for å få dei nye tenesteutvala opp å gå etter intensjonen. Han ba såleis kommunestyret om at endringa skjer frå 2. halvår 2017 slik at ein får lagt fram ei sak om reglement og delegering som fylgje av vedtaket før den tid.

Gjennomgåande er nemninga styre erstatta med nemninga utval.

Det er forsøkt å definere kva arbeidsoppgåver dei to utvala skal ha slik:

***Tenesteutval for Oppvekst og kultur (TOK): Handsaming av alle saker som gjeld oppvekst – barn, unge, familie og kultur. Oppvekstsjefen møter fast, andre sektorsjefar møter utvalet etter behov.***

***Tenesteutval for helse- og omsorg (THO): Handsaming av alle saker som gjeld omsorg for eldre, rus, psykiatri m.m. og helsetenester. Helse-/omsorgssjefen møter fast, andre sektorsjefar etter behov.***

I samsvar med utgreiinga som ligg ved saka til vitande, er det teke med dette om arbeidsmøte:

Utvalet skal i lag med administrasjonen stimulere:

1. *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
2. *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
3. *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak veret følgde opp*
4. *Politikarar med oversikt og faginsikt og som driv oppsøkande verksemd*
5. *Eit godt omdøme*

Forvaltningsstyret er gjort lite tekstendring – frå styre til utval. I tillegg er det gjort ei presisering av arbeidsområdet (sjå blå skrift i teksta).

Byggenemnd er frikobla frå driftsstyret og knytt til formannskapet – her bør det drøftast nærare valmåte m.m. Eg foreslår at dette ikkje blir teke med i denne omgangen og at det blir arbeidd med dette i samband med etablering av den nye kommunen.

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

**Helse og miljøkonsekvensar:**

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

**Økonomiske konsekvensar:**

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

**Vurdering og konklusjon:**

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
ass.rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

## REGLEMENT FOR TENESTEUTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR (TOK)

### 1. VAL OG SAMANSETJING

Utvalet har 7 medlemmer med varamedlemmer valde av kommunestyret. Minst 4 medlemmer bør vere kommunestyremedlemmer. Kommunestyret vel leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemmer i kommunestyret. Vala gjeld for den kommunale valperioden.

Utvalet har ansvar for oppgåvene til tidlegare Kinostyret.

### 2. ARBEIDSOMRÅDE

Utvalet har følgjande ansvarsområde:  
Handsaming av alle saker som gjeld oppvekst – barn, unge, familie og kultur. Oppvekstsjefen møter fast, andre sektorsjefar møter utvalet etter behov.

Utvalet har avgjerdsmynde i slike saker, så langt avgjerdsmyndet ikkje er lagt til: Kommunestyret eller formannskapet, er delegert til rådmannen, eller i særlov er lagt til anna mynde i kommunen.

Utvalet skal uttale seg til formannskapet om økonomiplan- og budsjettforslag for sine ansvarsområde, før formannskapet fremjer innstilling til kommunestyret.

Utvalet skal i lag med administrasjonen stimulere:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginnsikt og som driv oppsøkjande verksemd*
- *Eit godt omdøme*

Utvalet skal arbeide med dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet, og som omfattar:

- Fremjing av forslag til driftstiltak i årsbudsjett- og økonomiplanperioden innan ansvarsområdet
- Sjø til økonomirapportering i samsvar med budsjett og økonomireglement
- Politisk ansvar for alle tiltak i driftsbudsjettet som gjeld barn, unge, familie og kultur.
- Rett til å kome med innspel i budsjett- og økonomiplanprosessane.
- Høve til å endre årsbudsjettet innafor styret sitt ansvarsområde, dersom det kan gjerast innafor den ramma kommunestyret har fastsett- f.t. inntil 100. 000 kr.
- Å gjere vedtak i alle kommunalpolitiske saker, som gjeld driftstiltak og kommunen si forretningsverksemd, når avgjerdsmynde ikkje er lagt til andre. Har vedtaket direkte konsekvensar for omfanget av kommunen sin tenesteproduksjon og/eller økonomiske

konsekvensar, som ikkje er planlagte i årsbudsjett og/eller økonomiplan, fremjer driftsstyret innstilling til formannskapet.

- Utvalet skal i sitt arbeid vurdere
  - likestilling mellom kvinner og menn
  - likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten
  - likestilling mellom funksjonsfriske og personar med nedsette funksjonar

### 3. MØTA I UTVALET

- Leiaren skal godkjenne saklistene til alle møte, før saksdokumenta vert utsendte.
- Utvalet gjer vedtak i møte. Elles gjeld reglane i kommunelova § 30 om fjernmøte m.m.
- Møta i utvalet er opne, dersom ikkje anna følgjer av lovfesta teieplikt, eller andre omsyn, som er omtalt i kommunelova § 31.
- Utvalet skal ha møte, når leiaren finn det turvande, eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det skal utarbeidast møteplan, der ein søker å unngå at møte vert lagt til same tidspunkt som møte i andre kommunale styreorgan.
- Innkalling til møte skal til vanleg skje skriftleg, og vere sendt minst 5 dagar før møtet skal haldast.
- Saksdokumenta skal sendast alle medlemer og varamedlemer, samt andre med møterett og til varaordføraren. Når utvalet innstiller direkte til kommunestyret, skal desse sakene samlast i eit eige sett, som vert sendt til medlemer og varamedlemer i kommunestyret.
- Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.
- Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til leiaren avgjerande.
- Utvalet kan gjere vedtak i saker, som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av møtande medlemer set seg mot det.
- Ordførar og rådmann, eller den rådmannen gjev fullmakt, har møte- og talerett.
- Forslagsrett har berre møtande medlemer.
- Det skal først møtebok. Utskrift av den skal sendast til alle, som får tilsendt innkalling til møta.
- Rådmannen syter for at utvalet har sekretærhjelp.

### 4. SAKSHANDSAMING

- Rådmannen er ansvarleg for at sakene er forsvarleg utgreidde (sjå kommunelova § 23 nr. 2).
- Alle saker, som vert handsama i utvalet, skal vere førebudde for endeleg vedtak. Utvalet fremjer tilråding direkte til kommunestyret, når kommunestyret skal gjere endeleg vedtak, med unnatak for [enkelt saker med økonomiske konsekvensar utover utvalet sine fullmakter](#), samt årsbudsjett- og økonomiplanvedtak, der formannskapet iflg. kommunelova § 45 skal innstille til kommunestyret.



# REGLEMENT FOR TENESTEUTVAL FOR HELSE- OG OMSORG (THO)

## 1. VAL OG SAMANSETJING

Utvalet har 7 medlemmer med varamedlemmer valde av kommunestyret.

Minst 4 medlemmer bør vere kommunestyremedlemmer.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemmer i kommunestyret.

Vala gjeld for den kommunale valperioden.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Utvalet har følgjande ansvarsområde:

Handsaming av alle saker som gjeld omsorg for eldre, rus, psykiatri m.m. og helsetenester.

Helse-/omsorgssjefen møter fast, andre sektorsjefar etter behov.

Utvalet har avgjerdsmynde i slike saker, så langt avgjerdsmyndet ikkje er lagt til:

Kommunestyret eller formannskapet, er delegert til rådmannen, eller i særlov er lagt til anna mynde i kommunen.

Utvalet skal uttale seg til formannskapet om økonomiplan- og budsjettforslag for sine ansvarsområde, før formannskapet fremjer innstilling til kommunestyret.

Utvalet skal i lag med administrasjonen stimulere:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginsikt og som driv oppsøkende verksemd*
- *Eit godt omdøme*

Utvalet skal arbeide med dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet, og som omfattar:

- Fremjing av forslag til driftstiltak i årsbudsjett- og økonomiplanperioden innan ansvarsområdet
- Sjø til økonomirapportering i samsvar med budsjett og økonomireglement
- Politisk ansvar for alle tiltak i driftsbudsjettet som gjeld omsorg for eldre, rus, psykiatri m.m. og helsetenester.
- Rett til å kome med innspel i budsjett- og økonomiplanprosessane.
- Høve til å endre årsbudsjettet innafor styret sitt ansvarsområde, dersom det kan gjerast innafor den ramma kommunestyret har fastsett- f.t. inntil 100. 000 kr.
- Å gjere vedtak i alle kommunalpolitiske saker, som gjeld driftstiltak og kommunen si forretningsverksemd, når avgjerdsmynde ikkje er lagt til andre. Har vedtaket direkte konsekvensar for omfanget av kommunen sin tenesteproduksjon og/eller økonomiske konsekvensar, som ikkje er planlagte i årsbudsjett og/eller økonomiplan, fremjer driftsstyret innstilling til formannskapet.
- Utvalet skal i sitt arbeid vurdere
  - likestilling mellom kvinner og menn
  - likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten

### 3. MØTA I UTVALET

- Leiaren skal godkjenne saklistene til alle møte, før saksdokumenta vert utsendte.
- Utvalet gjer vedtak i møte. Elles gjeld reglane i kommunelova § 30 om fjernmøte m.m.
- Møta i utvalet er opne, dersom ikkje anna følgjer av lovfesta teieplikt, eller andre omsyn, som er omtalt i kommunelova § 31.
- Utvalet skal ha møte, når leiaren finn det turvande, eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det skal utarbeidast møteplan, der ein søker å unngå at møte vert lagt til same tidspunkt som møte i andre kommunale styreorgan.
- Innkalling til møte skal til vanleg skje skriftleg, og vere sendt minst 5 dagar før møtet skal haldast.
- Saksdokumenta skal sendast alle medlemmer og varamedlemmer, samt andre med møterett og til varaordføraren. Når utvalet innstiller direkte til kommunestyret, skal desse sakene samlast i eit eige sett, som vert sendt til medlemmer og varamedlemmer i kommunestyret.
- Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.
- Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til leiaren avgjerande.
- Utvalet kan gjere vedtak i saker, som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av møtande medlemmer set seg mot det.
- Ordførar og rådmann, eller den rådmannen gjev fullmakt, har møte- og talerett.
- Forslagsrett har berre møtande medlemmer.
- Det skal førast møtebok. Utskrift av den skal sendast til alle, som får tilsendt innkalling til møta.
- Rådmannen syter for at utvalet har sekretærhjelp.

### 4. SAKSHANDSAMING

- Rådmannen er ansvarleg for at sakene er forsvarleg utgreidde (sjå kommunelova § 23 nr. 2).
- Alle saker, som vert handsama i utvalet, skal vere førebudde for endeleg vedtak. Utvalet fremjer tilråding direkte til kommunestyret, når kommunestyret skal gjere endeleg vedtak, med unntak for [enkelt saker med økonomiske konsekvensar utover utvalet sine fullmakter](#), samt årsbudsjett- og økonomiplanvedtak, der formannskapet iflg. kommunelova § 45 skal innstille til kommunestyret.

# REGLEMENT FOR FORVALTNINGSUTVALET

## 1. VAL OG SAMANSETJING

Forvaltningsutvalet har 9 medlemmer med varamedlemer valde av kommunestyret.

Minst 4 medlemmer bør vere kommunestyremedlemer.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemmer i kommunestyret.

Vala gjeld for den kommunale valperioden.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Forvaltningsutvalet har følgjande arbeidsområde:

Handsaming av alle saker, der kommunen kan påleggje einskildpersonar, foretak eller grupper plikter eller gje einskildpersonar, foretak eller grupper rettar med heimel i lov [innanfor planlegging, byggjesak og teknisk område i kommunen, samt viltforvaltning/innlandsfiske, friluftsliv, miljø og landbruk](#).

Forvaltningsutvalet har avgjerdsmynde i slike saker, så langt avgjerdsmyndet ikkje er lagt til; Kommunestyret eller formannskapet, er delegert til rådmannen, eller i særlov er lagt til anna mynde i kommunen.

Forvaltningsutvalet skal uttale seg til formannskapet om økonomiplan- og budsjettforslag for sine ansvarsområde, før formannskapet fremjer innstilling til kommunestyret.

Utvalet skal i lag med administrasjonen stimulere:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginsikt og som driv oppsøkande verksemd*
- *Eit godt omdøme*

Forvaltningsutvalet skal arbeide med dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet, og som omfattar:

- Fremjing av forslag til investeringstiltak i årsbudsjett- og økonomiplanperioden
- Politisk ansvar for alle tiltak i investeringsbudsjettet
- Fremjing av driftsbudsjettforslag for kommunen sine bygg og anlegg som ligg under Forvaltningsutvalet sitt område
- Politisk ansvar for vedlikehald og tilsyn med kommunen sine eigedomar (bygg og anlegg) innanfor Forvaltningsutvalet sitt område
- Rett til å kome med innspel i budsjett- og økonomiplanprosessane
- Høve til å endre årsbudsjettet innafor styret sitt ansvarsområde, dersom det kan gjerast innafor den ramma kommunestyret har fastsett, f.t.– inntil 100 000 kr.
- Å gjere vedtak i alle kommunalpolitiske saker, som gjeld private personar og/eller private rettssubjekt sine rettar og plikter, som t.d. forvaltning av jordlova. Har vedtaket direkte konsekvensar for omfanget av kommunen sin tenesteproduksjon og/eller økonomiske konsekvensar, som ikkje er planlagte i årsbudsjett og/eller økonomiplan, fremjer Forvaltningsutvalet innstilling til formannskapet.
- Forvaltningsutvalet har ansvar for arbeidsoppgåvene til tidlegare Vilt- og innlandsfiskenemnda.

- Følgjande mynde etter plandelen i ny plan og bygningslov vert delegert til forvaltningsutvalet:
  - §12-14 - andre avsnitt. Mindre vesentleg reguleringsendring.
  - §13-1 - Mellombels bygge og deleforbod.
  - §19-4- dispensasjonsmynde
- Utvalet skal i sitt arbeid vurdere
  - likestilling mellom kvinner og menn
  - likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten
  - likestilling mellom funksjonsfriske og personar med nedsette funksjonar

### 3. MØTA I UTVALET

- Leiaren skal godkjenne saklistene til alle møte, før saksdokumenta vert utsendte.
- Utvalet gjer vedtak i møte. Elles gjeld reglane i kommunelova § 30 om fjernmøte m.m.
- Møta i utvalet er opne, dersom ikkje anna følgjer av lovfesta teieplikt, eller andre omsyn, som er omtalt i kommunelova § 31.
- Utvalet skal ha møte, når leiaren finn det turvande, eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det skal utarbeidast møteplan, der ein søker å unngå at møte vert lagt til same tidspunkt som møte i andre kommunale styreorgan.
- Innkalling til møte skal til vanleg skje skriftleg, og vere sendt minst 5 dagar før møtet skal haldast.
- Saksdokumenta skal sendast alle medlemer og varamedlemer, samt andre med møterett og til varaordføraren. Når utvalet innstiller direkte til kommunestyret, skal desse sakene samlast i eit eige sett, som vert sendt til medlemer og varamedlemer i kommunestyret.
- Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.
- Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til leiaren avgjerande.
- Utvalet kan gjere vedtak i saker, som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av møtande medlemer set seg mot det.
- Ordførar og rådmann, eller den rådmannen gjev fullmakt, har møte- og talerett.
- Forslagsrett har berre møtande medlemer.
- Det skal førstast møtebok. Utskrift av den skal sendast til alle, som får tilsendt innkalling til møta.
- Rådmannen syter for at utvalet har sekretærhjelp.

### 4. SAKSHANDSAMING

- Rådmannen er ansvarleg for at sakene er forsvarleg utgreidde (sjå kommunelova § 23 nr. 2).
- Alle saker, som vert handsama i utvalet, skal vere førebudde for endeleg vedtak. Utvalet fremjer tilråding direkte til kommunestyret, når kommunestyret skal gjere endeleg vedtak, med unntak for enkeltsaker [med økonomiske konsekvensar utover utvalet sine fullmakter](#), samt årsbudsjett- og økonomiplanvedtak, der formannskapet iflg. kommunelova § 45 skal innstille til kommunestyret.





# NOTAT

**Til:** Rådmann  
**Frå:** Sonja Håvik  
**Sak:** Interne prosessar - organisering, delegering og styringssystem - politisk organisering

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/536	10155/2016	031	SVK/SONHAV	31.08.2016

## MELDING OM POLITISK VEDTAK - POLITISK ORGANISERING - DRIFTSSTYRE

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 25.08.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 95/16, der det vart gjort slikt vedtak:

**1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:**

- a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)**
- b. Tenesteutval for barn og kultur (TOK)**

*Utvala skal ha sju medlemmer pluss varamedlemmer.*

*I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.*

*Endringa skjer frå 01.01.2017*

**2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.**

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik  
konsulent

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2012/536
		Arkivkode:	031

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
36/16	Driftsstyret	17.08.2016
139/16	Formannskapet	16.08.2016
95/16	Kommunestyret	25.08.2016

## POLITISK ORGANISERING - DRIFTSSTYRE

### Handsaming:

Vedtak frå driftsstyret PS 36/16, vart ettersendt 24. august 2016.

Rebecca Riise Bjerknes, Sp, kom med slikt framlegg:

- Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:*
  - Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)*
  - Tenesteutval for barn og kultur (TOK)*

*Utvala skal ha sju medlemmer pluss varamedlemmer.*

*I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.*

*Endringa skjer frå 01.01.2017*

- Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.*

Odd Harald Sundal, Volda Sp, kom med framlegg til ny tekst i andre avsnitt i pkt. 1:

*Utvala skal ha ni medlemmer med varamedlemmer.*

Det vart halde gruppemøte.

Erlend Krumsvik kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett.*



### Røysting over utsettingsframlegget:

Utsettingsframlegget fekk seks røyster og fall, 21 røysta imot.

### Prøverøysting:

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Rebecca R. Bjerknes pkt. 1 a og b, vedk. namn på tenesteutvala i driftsstyret. Framlegget frå Rebecca R. Bjerknes fekk 27 røyster, medan framlegget frå formannskapet fekk 0 røyster.

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Rebecca R. Bjerknes og Odd Harald Sundal, vedk. tal på medlemmer i utvala i driftsstyret. Framlegget frå Rebecca R. Bjerknes fekk 16 røyster, framlegget frå Odd Harald Sundal fekk 11 røyster.

Odd Harald Sundal trekte framlegget sitt.

Det vart røysta alternativt mellom forvaltningsutval og forvaltningsstyre. Forvaltningsutval fekk 22 røyster og forvaltningsstyret fekk 5 røyster.

### **Røysting:**

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Rebecca R. Bjerknes, pkt. 1 a og b, vedk. namn på tenesteutvala i driftsstyret. Framlegget frå Rebecca R. Bjerknes vart samrøystes vedteke.

Fjerde setning i framlegget frå Rebecca R. Bjerknes, vedk. tal på medlemmer vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta alternativt mellom forvaltningsutval og forvaltningsstyre. Forvaltningsutval fekk 26 røyster og vart vedteke, ein røysta imot.

Dei tre siste linene i framlegget frå Rebecca R. Bjerknes, vedk. tidspunkt for endring, og reglement og delegering, vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 25.08.2016:**

#### ***1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:***

- a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)***
- b. Tenesteutval for barn og kultur (TOK)***

***Utvala skal ha sju medlemmer pluss varamedlemmer***

***I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.***

***Endringa skjer frå 01.01.2017***

***2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.***

Handsaming:

Ordføraren kom med framlegg om at utvala skal ha sju medlemer.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:**
  - a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)**
  - b. Tenesteutval for barn og unge (TBU)**

*Utvala skal ha sju medlemer med varamedlemer*

*I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.*

*Endringa skjer frå 01.01.2017*

- 2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.**

Handsaming:

Nytt fellesframlegg frå driftsstyret:

*1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:*

*a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)*

*b. Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK)*

*Utvala skal ha sju medlemer **pluss** varamedlemer*

*I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.*

*Endringa skjer frå 01.01.2017*

*2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.*

Samrøystes tilråding i Driftsstyret - 17.08.2016 til kommunestyret

**1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:**

**a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)**

**b. Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK)**

*Utvala skal ha sju medlemer pluss varamedlemer*

*I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.*

*Endringa skjer frå 01.01.2017*

**2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.**

**Administrasjonen si tilråding:**

*1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:*

- a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)*
- b. Tenesteutval for barn og unge (TBU)*

*Utvala skal ha ... medlemmer med varamedlemmer*

*I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.*

*Endringa skjer frå 01.01.2017*

**2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.**

**Vedleggsliste:**

1. Notat frå rådmannen d.s. 4/2-16 vedkomande politisk organisering – driftsstyret
2. Vedtak i driftsstyret - 11.05.2016

**Samandrag av saka:**

I samband med folkevaltopplæringa drøfta ein mellom anna den politiske organiseringa i kommunen og i den samanheng m.a. **driftsstyret sitt område, omfang og oppgåver.**

Med bakgrunn i den prosessen som har vore etter den tid vil rådmannen tilrå endring av den politiske organiseringa slik at Driftsstyret vert delt i eit Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) og eit Tenesteutval for barn og unge (TBU). Endringa vert gjort gjeldande frå 01.01.2017. Før iverksetjing skal kommunestyret ha førelagt seg sak om delegering som fylgje av endringa.

**Saksopplysningar:**

I samband med folkevaltopplæringa drøfta ein mellom anna den politiske organiseringa i kommunen og i den samanheng m.a. **driftsstyret sitt område, omfang og oppgåver.**

Rådmannen oppfatta signal om at ein ynskte ein nærare gjennomgang området for å sjå om det er trong om ei endring.

Det vart difor utarbeidd eit notat for formannskapet og driftsutvalet som grunnlag for ei nærare drøfting. Notatet fylgjer vedlagt til vitende.

I notatet og drøftingane i ettertid er det peika på at;

Oppgåver som Sektorplanar/temaplanar, Analyse av teneste (dekningsgrad, behov, ressursbruk og strategi), driftsrapportar, forvaltning og drift av eigedomar, er store og komplekse oppgåver som det er viktig at politikarane får høve til å setje seg godt inn i og sjå samanhangar. Ein bør difor legge til rette for at det politiske utvalet til dømes kan arbeide med tema eller problemstillingar innanfor eit område og leggje fram melding evt. sak til kommunestyret. Dette er heilt i tråd med dei signala driftsutvalet i førre periode gav uttrykk for.

Ulempa ved ein slik modell er at ansvarsområdet for dagens driftsstyre truleg bli for stort, og det vert eit vakuum mellom politikk og administrasjon. Ansvarsområdet for dagens driftsstyre gjer det også vanskeleg å følgje opp driftsstyret på ein god nok måte frå administrasjonen.

For å bøte på det vart det skissert ei **deling av driftsstyret** ved at ein tenkjer seg to tenesteutval eller tenestestyre.

1. Tenesteutval helse- og omsorg (THO)
2. Tenesteutval barn og unge (TBU)

Ved ei slik oppdeling kan t.d **oppvekstsjefen** møte fast for utvalet for barn og unge, og **helse-/omsorgssjefen** for utvalet for helse og omsorg. Andre sektorsjefar kan ev møte i tillegg ut frå saksområde.

Ein mulig modell:



I førre kommunestyreperiode vart det frå politisk hald kartlagt viktige prinsipp som dei meinte den politiske organiseringa må spegle:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginnsett*
- *Eit godt omdøme*

Kommunestyret har i tillegg m.a. i samband med budsjett/økonomiplan vedteke **prinsipp for drifta** i kommunen:

- ✓ *Fokus på kjerneoppgåvene.*
- ✓ *Standard som er god nok*
- ✓ *Optimalisere ressursbruken*
- ✓ *Smarte løysingar*
- ✓ *Fokus på budsjettstyring.*

For at ein skal kunne sikre god administrativ og politisk oppfølging av desse prinsippa på dei ulike områda er det naudsynt at ein spissar prioriteringane og ikkje spreier seg på for mange område. Utvala bør vidare kommunisere seg i mellom og sikre at dei arbeider opp mot ein felles strategi som sikrar god styring av kommunen sine ressursar. Dette vil sikre at bestillingar og prioriteringar medverkar til verdiskaping.

I notatet er det i tillegg drøfta sikring av demokratisk deltaking, gråsone mellom driftsstyret og formannskapet og tenesteutvala sine moglegheiter til å sjå heilskapen innanfor tenesteområdet også innanfor økonomien.

Men primært bør tenesteutvala ha som formål å skaffe seg kunnskap om tenestene, utfordringar og om tiltak som påverkar resultatane. Tenesteutvala bør ut frå den kunnskapen dei skaffar seg ta tak i utfordringsområde og setje søkelys på dette til dømes gjennom ei meldingssak til kommunestyret. Ved slike initiativ kan dei gi seg sjølv mandat og samarbeide med sektoradministrasjonen i utarbeidinga av meldinga.

For å ta eit døme kunne dette vere ein gjennomgang av tenesteprofilen i helse og omsorg i høve til dagens og morgondagens behov, jfr stikkord på problemstillingar:

- ✓ kostnader og organisering av drifta i høve til normert nivå (statleg utrekning) og samanliknbare kommunar.
- ✓ teneste organisert etter rett kompetanse og på rett nivå - korleis er dette i dag - og kva tiltak vil vere nødvendig å foreslå .
- ✓ førebyggjande tiltak for å redusere behovet for tyngre pleie

Tenesteutvala bør sjå samanhengane og derfor også ha kunnskap om den økonomiske utviklinga i tenesteområda. Oppfølginga av budsjettet er delegert til administrasjonen. Dersom det oppstår budsjettavvik, så er det forhold som administrasjonen bør ta opp med formannskapet som har det overordna økonomiske tilsynsansvaret på vegne av kommunestyret. Dette inneber at spørsmål om budsjett disponeringar og korrigeringar alltid skal gå om formannskapet. Tenesteutvala bør derfor ikkje gjevast økonomisk disposisjonsrett over budsjettet, men heller verte orientert for å ha kunnskap om utfordringane.

Etter dagens rapporteringssystem går økonomirapportane til formannskapet, og tertialrapporten går via formannskapet til kommunestyret. Dei månadsvis økonomirapportane bør framleis gå direkte til formannskapet, men tenesteutvala bør få utskrift av desse. Tertialrapportane (økonomi- og tenesterapportering) bør også som i dag gå direkte til formannskapet som innstiller til kommunestyret, men denne rapporten bør i tillegg gå til tenesteutvala til uttale som vert lagt ved i utsendinga av tertialsaka til kommunestyret.

Denne saka er i to omgangar blitt drøfta i formannskapet og driftsutvalet. Då saka vart drøfta i driftsutvalet 11. 05. gjorde driftsstyre eit slikt vedtak:

*Driftstyret ser på det som positiv med ei deling av driftsstyret. Dette for å sikre involverte politikarar med god kjennskap til avdelingane. Målet er at politikarane ikkje lenger berre skal gjere vedtak i ferdig utforma saker, men delta aktivt i utforminga av drifta i Volda.*

*Driftstyret oppfordrar formannskapet til å initiere ein prosess med mål å gjere ei deling av oppgåvene driftstyret har i dag. Mellom anna at gjeldande punkt vert gjenstand for diskusjon i denne prosessen.*

*1: Driftstyret vert delt i 2 fagstyre; Styre for kultur og oppvekst og styre for helse og omsorg*

*2: Kwart av styra skal ha minst 7 medlemmar med tilhøyrande vara*

*3: Oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen skal som hovudregel møte i møta til dei nye styra*

*4: Styra skal brukast aktivt som rådgjevande organ i saker som gjeld dei respektive fagområda*

*5: Dei nye styra trer i kraft frå januar 2017*

*6: Dei nye styra har like innstillingsrettar som det driftstyret har i dag*

#### **Vurdering og konklusjon:**

Etter dei signala som er kome fram i samband med denne saka har rådmannen tru på at ei deling av driftsstyret der ein i endå større grad får fokus på dei kommunale tenestene og dei vedtekne prinsippa for drifta i kommunen vil kunne ha ein positiv effekt på den politiske styringa.

I somme høve vil det truleg oppstå saker i gråsona mellom dei to driftsutvala. I dei høva vil rådmannen måtte avklare korleis saksgangen skal vere.

#### Styre-utval- nemnd:

Rådmannen har ikkje noko vesentleg oppfatning om kva nemning ein skal nytte på dei kommunale organa – -styre , -utval, -komité eller nemnd, men ser at det var eit tema i driftsutvalet.

Kommuneloven nyttar nemningane utval og komité i §10 når desse er faste, medan «styrebegrepet» vert nytta i §11 i samband med styre for institusjon og liknande.

Slik ein tenkjer seg oppgåvene til organet beskrive i denne saka og i ovannemnde vedtak i driftsstyret vil truleg «utval» vere den vanlegaste nemninga. På den andre sida nyttar kommunen nemninga «forvaltningsstyre» om organet som m.a. gjer vedtak som gjeld. Til forskjell frå driftsstyret gjer forvaltningsstyret vedtak i saker som «gjeld private personar og /eller private rettssubjekt sine rettar og plikter...» og i tillegg myndighetsutøving i høve plandelen i plan og bygningslova (jfr. Reglement for Forvaltningsstyret K.sak 45/11)

Utan at det har nokon praktisk betydning for organa, bør kanskje nemninga utval eller styre vere likt på dei 3 organa og rådmannen vil difor tilrå at organa får nemningane:

**Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)**

**Tenesteutval for barn og unge (TBU)**

## Forvaltningsutval

### Storleik på utvala:

Rådmannen har heller ikkje noko vesentleg oppfatning om storleiken på utvala, men rår til at dei vert så pass store at den demokratiske dimensjonen og storleiken på partia vert ivareteke, samtundes som at utvala ikkje er større enn at dei vert god arena og gjev rom for utviklingsarbeid. Utvala må vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre kvaliteten i tenestene og saman med administrasjonen sikre gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp. På bakgrunn av dette tilrår rådmannen 5 eller 7 medlemmer med varamedlemmer.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen direkte,

### **Økonomiske konsekvensar:**

Fleire utval og medlemmer til utval medfører liten auke i kostnader. Anna organisering kan motverke auke i kostnadene på tenester. Usikkert.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Rådgevar

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Rådmannen for ajourføring regelverk og delegering





## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard	Arkivsak nr.:	2017/1023
		Arkivkode:	026

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
105/17	Formannskapet	13.06.2017
84/17	Kommunestyret	22.06.2017

### NYE VEDTEKTER OG ENDRA ORGANISERING FOR SØRE SUNNMØRE IKT

#### **Handsaming:**

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre godkjenner endra vedtekter for Søre Sunnmøre IKT.*

*Nye vedtekter og ny organisering for Søre Sunnmøre IKT vert etablert frå 01.01.2018.*

*Ordføraren får fullmakt til å endre på vedtektene, dersom dette er nødvendig for å tilpasse vedtektene som kan bli gjort ved handsaming av saka i dei andre kommunane.*

*Gjeldande avtale om «Regionalt driftssenter» vert sagt opp med avslutning frå same dato.*

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommunestyre godkjenner endra vedtekter for Søre Sunnmøre IKT.*

*Nye vedtekter og ny organisering for Søre Sunnmøre IKT vert etablert frå 01.01.2018.*

*Ordføraren får fullmakt til å endre på vedtektene, dersom dette er nødvendig for å tilpasse vedtektene som kan bli gjort ved handsaming av saka i dei andre kommunane.*

*Gjeldande avtale om «Regionalt driftssenter» vert sagt opp med avslutning frå same dato.*

**Vedleggsliste:**

Vedtekter for Søre Sunnmøre IKT  
K-sak 112/16 Organisering av  
interkommunalt IKT-samarbeid

**Samandrag av saka:**

Saka gjeld endra vedtekter i Søre Sunnmøre IK, og endra organisering. Det interkommunale IKT samarbeidet er i dag organisert etter kommunelova § 27, men driftssenterdelen av SSIKT er organisert som eit vertskommunesamarbeid med Hareid som vertskommune. Dei tilsette innanfor IKT-områda er tilsett i den enkelte kommune eller i SSIKT / Hareid kommune gjennom vertskommunesamarbeidet (5,4 stillingar i SSIKT).

Sak om organisering av IKT samarbeidet var framme for kommunestyret i Volda i september 2016, K-sak 112/16, der det vart gjort slikt vedtak:

*1. Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiing i eit interkommunalt selskap. Volda kommune stiller til disposisjon 3 stillingar til selskapet frå 1. januar 2017 ved at to av stillingane/IKT-konsulentane som går i stillingane) vert leigd ut og den tredje som er vakant vert overført til selskapet.*

*2. Kommunestyret kjem attende til godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av selskapet.*

*3. Kommunestyret viser til prosessen med samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, og at det må takast høgde for at denne prosessen vert ivareteke gjennom IKT-selskapet dersom Hornindal og Volda ser det som mest tenleg. Vidare må IKT-funksjonen i kommunen si kriseleiing ivaretakast i avtalen.*

**Saksopplysningar:**

I forslag til vedtekter er det føreslått nokre endringar i høve til det som har vore lagt fram om organisering av IKT-samarbeidet.

§ 1-2

Opnar for eit deltakartal på mindre enn sju kommunar.

§ 5-1

I utgreiing frå KS og i arbeidet for organisasjonsmodell for IKT-samarbeidet er det lagt til grunn at rådmennene skal sitte som styre i samarbeidet, fordi dette viktig på grunn av den tette koplinga mellom IKT utvikling og organisasjonsendring. I vedtektene er det føreslått at rådmannen, eller ein peika ut av rådmannen, vert representant i styret.

§ 6-8

Det ligg inne i vedtektene rom for å ta opp ein kassakreditt for forskotering av drift og investering. Det er svært kort tid mellom kommunale budsjettvedtak i siste halvdel av desember og første innbetaling frå kommunen i januar. Kassakreditten er ein buffer for å sikre likviditet i dette interkommunale samarbeidet som etter omorganiseringa er ei eiga juridisk eining.

§ 10

Regulerer overføring av tilsette. Med vedtak om nye vedtekter på plass i første halvår 2017 er det god tid til å gjennomføre prosessar knytt til verksemdsovertaking fram til 31.12. 2017

I K-sak 112/16 vart det lagt til grunn at to av stillingane i Volda skal leigast ut, medan den eine skal overførast til IKT-samarbeidet. Rådmannen ser at det kan vere utfordrande med to styringsliner for at dette skal fungere effektivt, og at det vil vere naturleg at alle som skal vere ein del av denne felles driftsorganisasjonen vert overført til Søre Sunnmøre IKT.

Kommunane må vedta likelydande vedtekter, og så vert det ein prosess med sikte på å gjennomføre verksemdoverdraging etter bestemmelsane i arbeidsmiljølova. Kor vidt nokon vil reservere seg eller om ein må få til ei særleg overgangsordning er spørsmål ein må ta stilling til i samband med den prosessen. Kommunestyret kan ikkje godkjenne vedtektene stykkevis og delt, og ein må derfor godkjenne desse i sin heilskap.

### § 13

I dei nye vedtektene ligg det og ei endring i fordelingsnøkkel mellom kommunane. I noverande avtale er denne nøkkelen 50/50 mellom ein fast del (delt på sju) og folketal. I avtalen er det framlegg om endring til 30/70 mellom fastdel og folketal. Endringa skjer trinnvis over to år. IKT-samarbeida Nordfjordnett har 25/75 som delingsnøkkel og e-kommune Sunnmøre har 30/70.

Når vi får overføring av IKT-personell frå kommunane til SSIKT frå 1.1.2018, vil vi få endra kostnader i IKT samarbeidet. Alle kommunar må betale for IKT personell etter fordelingsnøkkel, men dei vil få reduksjon i eigne budsjett ut frå lønnskostnaden for det IKT-personalet dei fører over til SSIKT. Endringa vil gje ulike utslag avhengig av kor mange IKT-tilsette frå den enkelte kommune som går inn i ordninga og lønsnivået som varierer noko mellom samarbeidskommunane.

	SSIKT	Ørsta	Volda	Herøy	Ulstein	Hareid	Vanylven	Sande
Løn inkl sos kostnader	kr 7 583 800	kr 700 000	kr 1 797 600	kr 2 343 600	kr 2 802 660	kr 953 400	kr 1 523 200	kr 787 780
Deling etter kostnadsnøkkel 2017	7 583 800	kr 1 989 335	kr 1 803 451	kr 1 796 084	kr 1 734 651	kr 1 367 303	kr 1 148 209	kr 1 069 208
Endring	kr -	kr 1 289 335,38	kr 5 850,99	kr -547 516,38	kr -1 068 008,90	kr 413 902,74	kr -374 991,48	kr 281 427,65
<b>Ant personar i 100% overført</b>		<b>1</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>1</b>

#### Økonomiske konsekvensar:

Basert på tala i 2017 budsjettet vil ei endring til ein delingsnøkkel på 70/30 føre til ein auka kostnad for Volda kommune. Med omsyn til stillingar vil Volda kommune bidra med tre stillingar.

Endringar som følgje av overføringar av stillingar går fram av tabellen over. Dette er tal basert på noverande delingsnøkkel 50/50.

#### Beredskapsmessige konsekvensar:

Samordning av IKT-ressursane og felles ressursar på utbygging og drift skal gi meir stabil og sikker drift. Rett utnytta aukar det kommunane si evne til å møte teknologiske krav og utfordringar, og vil styrke vårt arbeid innanfor digitalisering og drift, spesielt av dei døgnkontinuerlege tenestene.

#### **Vurdering og konklusjon:**

##### Driftsmessige vurderingar:

Spørsmålet om kjøp av IKT tenester frå andre i staden for kommunal eigendrift har vore framme i prosessen frå fleire aktørar. Slik driftsbildet ser ut vurderer vi dette som uaktuelt i

dag.

Svært mykje av programvaren vår er kommunespesifikk. Det betyr at det er skreddarsaum mellom leverandør og driftssenter og mellom driftssenter og kommune. Pr i dag er 2,4 av stillingane på driftssenteret knytt til slikt arbeid. Ut frå budsjetter vårt er det denne delen av aktiviteten som veks framover. Pr i dag er dette ikkje tenester vi kan kjøpe av ein ekstern driftsleverandør.

Der er og sterke krav knytt til sikring av kommunikasjon, spesielt med utveksling av sensitiv informasjon innafor helse og omsorg. Her er det og spesifikke krav knytt til kommune. Vi har bygd opp høg kompetanse på dette og kome langt i utviklinga. Vi er på nasjonalt nivå og det er kompetanse vi ikkje kan kjøpe eksternt.

Vi er inne i eit tid med raske endringar. Der er krav om effektivisering i kommunane og digitalisering vert peika på som løysinga. Det er difor kritisk viktig for kommunane framover å bygge kompetanse og erfaring på dette området. Det er og strategisk viktig å ha kontroll på heile driftsspennet på IKT området i denne omleggingsperioden.

Dersom kommunane vel å løyse IKT drift ved å kjøpe deler frå ein ekstern leverandør er dette noko som må ut på anbod etter lov om off. anskaffelser.

Vi ser det som strategisk rett og viktig at IKT satsinga framover skjer innafor ramma for SSIKT. Det er likevel viktig at ein innafor SSIKT samarbeidet heile tida vurderer kjøp av tenester opp mot eigenproduksjon. Ikkje minst ut frå den utviklinga vi ser mot skybaserte løysingar og nye programvareløysingar som kjem fram i nye samarbeid mellom kommunar og leverandørar.

#### Strategisk utviklingsarbeid:

Her er fleire strategiske roller i dette samarbeidet.

Styret gir retning for SSIKT samarbeidet. Med samsnetting frå toppleiarnivået i samarbeidskommunane må dei og føre signala frå SSIKT samarbeidet tilbake til leiarnivået i eigen organisasjon.

Strategigruppa har eit hovudansvar for å koordinere utviklingsarbeidet i SSIKT. Samansettinga av strategigruppa må sikre forankring i den enkelte kommune og sikre representasjon frå fagområda og frå overordna leing. Strategigruppa koordinerer og innspela frå faggruppene.

Det er også viktig i dette samarbeidet at vi klarer å balansere styring og prioritering med fleksibilitet. I utviklingsarbeid vil det være en del løysingar som vert prøvd og deretter forkasta. Det må difor være rom for at enkeltkommunar utforskar løysingar eller køyrer pilot prosjekt i samråd med strategigruppa. Viser det seg at forsøket vert vellukka vil alle dei andre kommunane ha gevinst av at ein har køyrd pilot.

#### Kommunesamanslåing

Volda og Hornindal vert samanslått til ny kommune 1. januar 2020. Det er i vedtektene opna opp for at fellesnemnda kan vedta at den nye kommunen går inn i samarbeidet utan at dei andre kommunestyra må godkjenne dette. Fellesnemnda må ta konkret stilling til dette i god tid før 2020.

Rådmannen tilrår at Volda kommune deltek i det nye SSIKT-samarbeidet.

Rune Sjørgard  
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Søre Sunnmøre IKT  
Hornindal kommune  
Ulstein kommune  
Vanylven kommune  
Ørsta kommune  
Sande kommune  
Herøy kommune  
Hareid kommune

# VEDTEKTER FOR SØRE SUNNMØRE IKT

## § 1 HEIMEL, SKIPING MED MEIR

1. Disse vedtektene er fastsette med heimel i kommunelova § 27 nr. 2.
2. IKT-tenesta på Søre Sunnmøre (SSIKT) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta eller dei av kommunane som har signert vedtektene.
3. Samarbeidet er underlagt kommunelova, desse vedtektene og avtaleverket til samarbeidet.

## § 2 RETTSLEG STATUS

1. SSIKT er eit eige rettssubjekt.

## § 3 FØREMÅL

1. SSIKT skal gjennom målretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi fremje utvikling av tenesteproduksjon, innbyggjardeltaking og administrative tenester i deltakarkommunane.
2. SSIKT skal ta vare på oppgåvene til deltakarkommunane knytte til drift, service og utvikling av informasjons- og kommunikasjonsteknologi.
3. SSIKT kan også ta slike oppgåver for andre enn deltakarkommunane, innanfor dei rammene styret fastsett.
4. SSIKT skal driftast innanfor fastsette økonomiske ramme. Eit eventuelt meir- og mindreforbruk skal vidareførast til neste driftsår ved budsjettregulering.

## § 4 ORGANISERING

1. SSIKT skal ha eit eige styre, som skal ha det administrative og organisatoriske ansvaret for drifta av samarbeidet.
2. Det skal opprettast ei strategigruppe som skal vere koordinerande organ for deltakarkommunane.

3. SSIKT skal ha ein dagleg leiar med administrativt og fagleg ansvar for drifta av samarbeidet.

## **§ 5 STYRET**

1. Styret skal bestå av eitt medlem frå kvar av deltakarkommunane. Styremedlem frå den enkelte kommunen skal vere rådmannen eller den rådmannen utpeikar.
2. Styret konstituerer seg sjølv. Styreleiar innkallar til møte så ofte han finn det naudsynt eller når minst to medlemmer krev det, likevel slik at det vert halde minst to møte i løpet av året. Det skal utarbeidast protokoll frå møta.
3. Styret er vedtaksført når minst 2/3 av styremedlemane er til stades. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal med mindre anna er fastsett i desse vedtektene. Ved stemmelikskap tel stemma til leiar dobbelt.
4. Ved vedtak i styret har kvar styremedlem éi stemme.

## **§ 6 OPPGÅVENE TIL STYRET**

1. Styret leier ut frå kommunelova, desse vedtektene og avtaleverket som regulerer samarbeidet.
2. Styret har ansvar for overordna organisering av samarbeidet. Styret tilset dagleg leiar og fastset nærare retningslinjer for denne. Vedtak om avskjed eller oppseiing skal handsamast av styret før det vert gjennomført.
3. Styret fremjar innspel til økonomiplan og årsbudsjett for samarbeidet som grunnlag for budsjettarbeidet i deltakarkommunane. Når det enkelte kommunestyret har vedteke økonomiplanen til kommunen og årsbudsjettet, vedtek styret sjølv årsbudsjettet og årsplan for verksemda.
4. Styret skal sjå til at rekneskapen til SSIKT vert ført på tilfredsstillande måte. Styret utarbeider årsmelding. Vedteken økonomiplan, verksemdplan, rekneskap og årsmelding vert sende deltakarkommunane til orientering.
5. Styret tilset og kan delegere mynde til dagleg leiar.



6. Styret har ansvar for at SSIKT har tilstrekkelege ressursar til å utføre pålagde og planlagde oppgåver. Styret skal sjå til at deltakarkommunane oppfyller sine avtalemessige og andre forpliktingar overfor SSIKT.
7. Styret vedtek budsjett- og økonomiplan som skal behandlast i kommunane.
8. Styret har mynde til å ta opp kassakreditt på inntil kr 5.000.000 til forskotering av drift og investering.

## **§ 7 STRATEGIGRUPPA**

1. Strategigruppa skal bestå av like mange representantar som det til ei kvar tid er deltakarkommunar. Representantane skal ha strategi- og bestillarkompetanse frå den enkelte deltakarkommune. Strategigruppa konstituerer seg sjølv.
2. Dagleg leiar har møte- og talerett i strategigruppa og ansvar for at sekretærfunksjonen vert teke i vare.
3. Strategigruppa møtast så ofte leiar av strategigruppa finn det naudsynt eller når to representantar krev det og i alle fall minst annankvar månad.
4. Det skal skrivast referat frå møta som vert lagt fram for styret som referatsaker.
5. Dagleg leiar orienterer styret dersom avgjerder frå strategigruppa ikkje vert tekne til følge av SSIKT.

## **§ 8 OPPGÅVENE TIL STRATEGIGRUPPA**

1. Strategigruppa skal sikre koordinering mellom deltakarkommunane og vere bindeledd mellom deltakarkommunane og SSIKT.
2. Strategigruppa tek strategiske avgjerder innanfor gjeldande budsjetttramme.
3. Strategigruppa tek strategiske val for innspel til økonomiplan og budsjett. Til budsjettforslaga skal det setjast mål for forventa effektiviseringseffekt, kvalitetseffekt, brukartilfredsheit og i høve medarbeidarane. Dagleg leiar tek innspela med i budsjettarbeidet.
4. Nærare oppgåver vert bestemt av SSIKT sitt styre i eigen instruks.

## **§ 9 DAGLEG LEIAR**

1. Dagleg leiar har det faglege, økonomiske og administrative ansvaret for drifta av samarbeidet.
2. Dagleg leiar skal leggje fram innstilling til drifts- og investeringsbudsjett før 1. september kvart år.
3. Dagleg leiar er underlagd styret og har møte- og talerett i styremøta.
4. Dagleg leiar kan definere utskiftingstakt for klient- og nettverksutstyr i medlemskommunane for å ivareta naudsynt oppetid hjå brukarane.

## **§ 10 TILSETTE I SSIKT**

1. Dagleg leiar er ansvarleg for tilsettingar i SSIKT, og tek elles i vare dei funksjonane som følgjer av arbeidsgjevaransvaret.
2. SSIKT har sjølv arbeidsgjevaransvaret for alle arbeidstakarane som er knytte til SSIKT.
3. Avklaring i høve personalet som ved oppstart er tilsett i dei kommunane som har signert avtalen vert gjort etter regelverket om verksemdsoverdraging, jf Arbeidsmiljøloven kapittel 16.
4. Leiar i SSIKT kan avtale andre organisatoriske bindangar knytte til prosjekt eller deltidsengasjement.

## **§ 11 MØTE OG TALERETT FOR ORDFØRAR**

1. Ordførar i dei deltakande kommunane har møte- og talerett i styremøta, jfr. kommuneloven § 9 nr. 4.

## **§ 12 TILVISING OG REVISJON**

1. Dagleg leiar tilviser utgiftene til SSIKT, med unntak av utgifter som omhandlar dagleg leiar. Slike utgifter vert tilvist av styreleiar.

2. Styret inngår avtale med Søre Sunnmøre kommunerevisjon om revisjon av rekneskapen til SSIKT.

### § 13 ØKONOMISK ANSVAR OG EIGARSKAP I FORMUESGODE

1. Deltakarane heftar for plikter til samarbeid etter følgjande prosentvise fordelingsnøkkel (per 1. januar 2016): (data frå Q4 2016)

Kommune:	Folketal	Fastdel:	Folketal:	Totalt:
Ørsta	10774	4 %	16 %	20 %
Volda	9102	4 %	13 %	17 %
Hørøy	8957	4 %	13 %	17 %
Ulstein	8457	4 %	13 %	17%
Hareid	5185	4 %	8 %	11 %
Vanylven	3203	4 %	5 %	9 %
Sande	2540	4 %	4 %	8 %

Fordelingsnøkkel under «folketalsdel» vert justert når folketalet i ein eller fleire kommunar endrar seg med meir enn 5 %. Utgangspunktet for vurderinga er 1. januar kvart år. Ei slik endring, samt påfølgjande endring av dette punktet i vedtektene, kan gjerast av styret, jfr. § 15 punkt 1. Overgangen frå noverande fordelingsnøkkel (fastdel/folketal - 50%/50%) til fordelingsnøkkel (fastdel/folketal - 30%/70%) skjer gradvis over to år (frå 2018). Dette betyr for 2019 fastdel/folketal – 40%/60%.

2. Dei verdiane den enkelte kommunen tek inn i samarbeidet i samband med stiftinga, skal reknast som eigedomen til denne kommunen inntil dei er nedskrivne.

### § 14 SAMARBEIDET OG PLIKTANE

1. SSIKT utfører oppgåver og leverer teneste til deltakarkommunane etter retningsliner fastsett av styret. Nærare innhald, kvalitet og pris for løpande tenesteR skal fastsetjast av styret i Tenesteleveringsavtale (TLA). Retningslinjer og TLA inngår, etter vedtaka i styret, som del av avtaleverket til samarbeidet etter § 1.
2. På grunnlag av godkjent budsjett, betalar deltakarkommunane årleg inn sin del av SSIKT sine investerings-, løns- og driftsutgifter. 75% av innbetalingane skjer 1. januar og 25% den 1. juli kvart år.

## **§ 15 VEDTEKTSMYNDE OG ENDRINGAR AV VEDTEKTENE**

1. Vedtektsendringar skal godkjennast av kommunestyret i kvar av deltakarkommunane. Det vert kravd likelydande vedtak i alle kommunane. Forslag til endringar av vedtektene vert fremja av styret og vert vedteke etter same prosedyre.
2. Mindre endringar av vedtektene i driftsperioden kan gjerast av eit einstemmig styre.

## **§ 16 NYE DELTAKARKOMMUNAR**

1. Eit einstemmig styre kan føreslå opptak av nye deltakarkommunar. Opptak av nye deltakarkommunar krev godkjenning av kommunestyret i kvar av deltakarkommunane.

## **§ 17 UTMELDING OG OPPLØYSING**

1. Ein deltakarkommune kan tre ut av samarbeidet etter skriftleg varsel til styret. Utmelding kan tidlegast finne stad eitt år etter at skriftleg varsel er motteke av styret og vert sett i verk frå årsskiftet etter at oppseiingstida er ute.
2. Samarbeidet kan oppløysast dersom alle deltakarane er samde om det.
3. Vedtak om utmelding eller oppløysing vert gjort av kommunestyret i den aktuelle deltakarkommunen.
4. Den utmelde kommunen held fram å hefte for dei forplikingane det interkommunale styret måtte ha på det tidspunktet utmelding finn stad. Jamfør §13 nr 1.
5. Utmelding og eventuelt oppløysing kan bringast inn for departementet jfr. kommunelova § 27 nr. 3 anna ledd.
6. Ved utmelding skal SSIKT levere ut data til deltakarkommunen som forlèt samarbeidet. Deltakaren må likevel dekke kostnadar knytt til uthenting av data der tredjepart må involverast og kostnadar knytt til å sette opp løysingar som gjer data tilgjengeleg. Ved utmelding skal SSIKT tilbakebetale maskinvare-investeringskostnadar frå dei siste to åra i samsvar med kommunen sin fordelingsnøkkel, sjå §13. Kommunen som melder seg ut må betale ut restverdi av klientmaskinvare.
7. Deltakarkommunar som forlèt samarbeidet pliktar ikkje å ta over tilsette frå SSIKT.

## § 18 SÆRSKILTE VILKÅR VED KOMMUNESAMANSLÅING

1. For kommunar som slår seg saman i 2020, så opphøyrer dagens kommune til same tidspunkt, og medlemskapen i dette samarbeidet opphøyrer automatisk 31.12.19. Den nye kommunen kan etter vedtak i Fellesnemnd tiltre i samarbeidet for Søre Sunnmøre IKT på dei vilkåra som er regulert i desse vedtektene frå og med 2020.
2. Kommunestyra i samarbeidskommunane treng ikkje å godkjenne slik tiltreding. Dersom den nye kommunen ikkje vil slutte seg Søre Sunnmøre IKT, så skal dei andre kommunane ha varsel om dette innan 31.12.18, og utløysing skal gjennomførast i samsvar med § 17 ovanfor.

### Godkjenning:

Denne avtalen er godkjend av kommunestyra til dei sju samarbeidskommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_ Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordfører  
Hareid kommune

\_\_\_\_\_  
ordfører  
Herøy kommune

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordfører  
Sande kommune

\_\_\_\_\_  
ordfører  
Ulstein kommune

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordfører  
Vanylven kommune

\_\_\_\_\_  
ordfører  
Volda kommune

Stad: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordfører  
Ørsta kommune



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen      Arkivsak nr.: 2015/1850  
Arkivkode: 033

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
5/17	Valnemnda	21.06.2017
85/17	Kommunestyret	22.06.2017

### TENESTEUTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR (TOK)- VAL AV LEIAR, MEDLEMMAR OG VARAMEDLEMMER

#### Administrasjonen si tilråding:

*Kommunestyret vel følgjande representantar og vararepresentantar til tenesteutval for oppvekst og kultur frå hausten 2017 - 2019*

#### *Faste medlemmer:*

1. ....
2. ....
3. ....
4. ....
5. ....
6. ....
7. ....

#### *Varamedlemmer:*

1. ....
2. ....
3. ....
4. ....
5. ....
6. ....
7. ....

*Som leiar i tenesteutval for oppvekst og kultur i perioden frå hausten 2017 -2019 vert ..... valt*

*Som leiar i tenesteutval for oppvekst og kultur i perioden frå hausten 2017 -2019 vert ..... valt*

#### Vedleggsliste:

Reglement for tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK)

## **Uprenta saksvedlegg:**

### **Samandrag av saka:**

#### **Saksopplysningar/fakta:**

Tenestutval for oppvekst og kultur skal hanskjeme alle saker som gjeld oppvekst – barn, unge, familie og kultur.

Utvalet skal ha 7 medlemmer og varamedlemmer. Minst 4 av medlemane bør vere kommunestyremedlemmer. Kommunestyret skal velje leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemmer i kommunestyret. Valet gjeld for den kommunale valperioden.

Kommuneloven sine reglar om kjønnsmessig balanse gjeld også tenestutval for oppvekst og kultur, det vil seie at det skal vere minst 40% kvinner/menn i utvalet.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

#### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Dei som blir valde



# REGLEMENT FOR TENESTEUTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR (TOK)

## 1. VAL OG SAMANSETJING

Utvalet har 7 medlemmer med varamedlemmer valde av kommunestyret.

Minst 4 medlemmer bør vere kommunestyremedlemmer.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemmer i kommunestyret.

Vala gjeld for den kommunale valperioden.

Utvalet har ansvar for oppgåvene til tidlegare Kinostyret.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Utvalet har følgjande ansvarsområde:

Handsaming av alle saker som gjeld oppvekst – barn, unge, familie og kultur. Oppvekstsjefen møter fast, andre sektorsjefar møter utvalet etter behov.

Utvalet har avgjerdsmynde i slike saker, så langt avgjerdsmyndet ikkje er lagt til:

Kommunestyret eller formannskapet, er delegert til rådmannen, eller i særlov er lagt til anna mynde i kommunen.

Utvalet skal uttale seg til formannskapet om økonomiplan- og budsjettforslag for sine ansvarsområde, før formannskapet fremjer innstilling til kommunestyret.

Utvalet skal i lag med administrasjonen stimulere:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginsikt og som driv oppsøkande verksemd*
- *Eit godt omdøme*

Utvalet skal arbeide med dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet, og som omfattar:

- Fremjing av forslag til driftstiltak i årsbudsjett- og økonomiplanperioden innan ansvarsområdet
- Sjå til økonomirapportering i samsvar med budsjett og økonomireglement
- Politisk ansvar for alle tiltak i driftsbudsjettet som gjeld barn, unge, familie og kultur.
- Rett til å kome med innspel i budsjett- og økonomiplanprosessane.
- Høve til å endre årsbudsjettet innafor styret sitt ansvarsområde, dersom det kan gjerast innafor den ramma kommunestyret har fastsett- f.t. inntil 100. 000 kr.
- Å gjere vedtak i alle kommunalpolitiske saker, som gjeld driftstiltak og kommunen si forretningsverksemd, når avgjerdsmynde ikkje er lagt til andre. Har vedtaket direkte konsekvensar for omfanget av kommunen sin tenesteproduksjon og/eller økonomiske

konsekvensar, som ikkje er planlagte i årsbudsjett og/eller økonomiplan, fremjer driftsstyret innstilling til formannskapet.

- Utvalet skal i sitt arbeid vurdere
  - likestilling mellom kvinner og menn
  - likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten
  - likestilling mellom funksjonsfriske og personar med nedsette funksjonar

### 3. MØTA I UTVALET

- Leiaren skal godkjenne saklistene til alle møte, før saksdokumenta vert utsendte.
- Utvalet gjer vedtak i møte. Elles gjeld reglane i kommunelova § 30 om fjermøte m.m.
- Møta i utvalet er opne, dersom ikkje anna følgjer av lovfesta teieplikt, eller andre omsyn, som er omtalt i kommunelova § 31.
- Utvalet skal ha møte, når leiaren finn det turvande, eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det skal utarbeidast møteplan, der ein søkjer å unngå at møte vert lagt til same tidspunkt som møte i andre kommunale styreorgan.
- Innkalling til møte skal til vanleg skje skriftleg, og vere sendt minst 5 dagar før møtet skal haldast.
- Saksdokumenta skal sendast alle medlemmer og varamedlemer, samt andre med møterett og til varaordføraren. Når utvalet innstiller direkte til kommunestyret, skal desse sakene samlast i eit eige sett, som vert sendt til medlemmer og varamedlemer i kommunestyret.
- Utvalet er vedtaksført når minst halyparten av medlemene er til stades.
- Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til leiaren avgjerande.
- Utvalet kan gjere vedtak i saker, som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av møtande medlemmer set seg mot det.
- Ordførar og rådmann, eller den rådmannen gjev fullmakt, har møte- og talerett.
- Forslagsrett har berre møtande medlemmer.
- Det skal førast møtebok. Utskrift av den skal sendast til alle, som får tilsendt innkalling til møta.
- Rådmannen syter for at utvalet har sekretærhjelp.

### 4. SAKSHANDSAMING

- Rådmannen er ansvarleg for at sakene er forsvarleg utgreidde (sjå kommunelova § 23 nr. 2).
- Alle saker, som vert handsama i utvalet, skal vere førebudde for endeleg vedtak. Utvalet fremjer tilråding direkte til kommunestyret, når kommunestyret skal gjere endeleg vedtak, med unntak for enkeltsaker med økonomiske konsekvensar utover utvalet sine fullmakter, samt årsbudsjett- og økonomiplanvedtak, der formannskapet iflg. kommunelova § 45 skal innstille til kommunestyret.



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2015/1850
		Arkivkode:	033

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
6/17	Valnemnda	21.06.2017
86/17	Kommunestyret	22.06.2017

### TENESTEUTVAL FOR HELSE OG OMSORG - VAL AV LEIAR, MEDLEMMAR OG VARAMEDLEMMER

#### Administrasjonen si tilråding:

*Kommunestyret vel følgjande representantar og vararepresentantar til tenesteutval for oppvekst og kultur frå hausten 2017 - 2019*

#### *Faste medlemmer:*

1. ....
2. ....
3. ....
4. ....
5. ....
6. ....
7. ....

#### *Varamedlemmer:*

1. ....
2. ....
3. ....
4. ....
5. ....
6. ....
7. ....

*Som leiar i tenesteutval for oppvekst og kultur i perioden frå hausten 2017 -2019 vert ..... valt*

*Som leiar i tenesteutval for oppvekst og kultur i perioden frå hausten 2017 -2019 vert ..... valt*

#### Vedleggsliste:

Reglement for tenesteutval for helse og omsorg (THO)

**Saksopplysningar/fakta:**

Tenestutval for oppvekst og kultur skal handsame alle saker som gjeld oppvekst – barn, unge, familie og kultur.

Utvalet skal ha 7 medlemmer og varamedlemmer. Minst 4 av medlemane bør vere kommunestyremedlemer. Kommunestyret skal velje leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemer i kommunestyret. Valet gjeld for den kommunale valperioden.

Kommuneloven sine reglar om kjønnsmessig balanse gjeld også tenestutval for oppvekst og kultur, det vil seie at det skal vere minst 40% kvinner/menn i utvalet.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Dei som blir valde.

# REGLEMENT FOR TENESTEUTVAL FOR HELSE- OG OMSORG (THO)

## 1. VAL OG SAMANSETJING

Utvalet har 7 medlemmer med varamedlemmer valde av kommunestyret.

Minst 4 medlemmer bør vere kommunestyremedlemmer.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemmer i kommunestyret.

Vala gjeld for den kommunale valperioden.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Utvalet har følgjande ansvarsområde:

Handsaming av alle saker som gjeld omsorg for eldre, rus, psykiatri m.m. og helsetenester.

Helse-/omsorgssjefen møter fast, andre sektorsjefar etter behov.

Utvalet har avgjerdsmynde i slike saker, så langt avgjerdsmyndet ikkje er lagt til:

Kommunestyret eller formannskapet, er delegert til rådmannen, eller i særlov er lagt til anna mynde i kommunen.

Utvalet skal uttale seg til formannskapet om økonomiplan- og budsjettforslag for sine ansvarsområde, før formannskapet fremjer innstilling til kommunestyret.

Utvalet skal i lag med administrasjonen stimulere:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginsikt og som driv oppsøkande verksemd*
- *Eit godt omdøme*

Utvalet skal arbeide med dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet, og som omfattar:

- Fremjing av forslag til driftstiltak i årsbudsjett- og økonomiplanperioden innan ansvarsområdet
- Sjå til økonomirapportering i samsvar med budsjett og økonomireglement
- Politisk ansvar for alle tiltak i driftsbudsjettet som gjeld omsorg for eldre, rus, psykiatri m.m. og helsetenester.
- Rett til å kome med innspel i budsjett- og økonomiplanprosessane.
- Høve til å endre årsbudsjettet innafor styret sitt ansvarsområde, dersom det kan gjerast innafor den ramma kommunestyret har fastsett- f.t. inntil 100. 000 kr.
- Å gjere vedtak i alle kommunalpolitiske saker, som gjeld driftstiltak og kommunen si forretningsverksemd, når avgjerdsmynde ikkje er lagt til andre. Har vedtaket direkte konsekvensar for omfanget av kommunen sin tenesteproduksjon og/eller økonomiske konsekvensar, som ikkje er planlagte i årsbudsjett og/eller økonomiplan, fremjer driftsstyret innstilling til formannskapet.
- Utvalet skal i sitt arbeid vurdere
  - likestilling mellom kvinner og menn
  - likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten

likestilling mellom funksjonsfriske og personar med nedsette funksjonar

### 3. MØTA I UTVALET

- Leiaren skal godkjenne saklistene til alle møte, før saksdokumenta vert utsendte.
- Utvalet gjer vedtak i møte. Elles gjeld reglane i kommunelova § 30 om fjernmøte m.m.
- Møta i utvalet er opne, dersom ikkje anna følgjer av lovfesta teieplikt, eller andre omsyn, som er omtalt i kommunelova § 31.
- Utvalet skal ha møte, når leiaren finn det turvande, eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det skal utarbeidast møteplan, der ein søker å unngå at møte vert lagt til same tidspunkt som møte i andre kommunale styreorgan.
- Innkalling til møte skal til vanleg skje skriftleg, og vere sendt minst 5 dagar før møtet skal haldast.
- Saksdokumenta skal sendast alle medlemmer og varamedlemmer, samt andre med møterett og til varaordføraren. Når utvalet innstiller direkte til kommunestyret, skal desse sakene samlast i eit eige sett, som vert sendt til medlemmer og varamedlemmer i kommunestyret.
- Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.
- Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til leiaren avgjerande.
- Utvalet kan gjere vedtak i saker, som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av møtande medlemmer set seg mot det.
- Ordførar og rådmann, eller den rådmannen gjev fullmakt, har møte- og talerett.
- Forslagsrett har berre møtande medlemmer.
- Det skal førast møtebok. Utskrift av den skal sendast til alle, som får tilsendt innkalling til møta.
- Rådmannen syter for at utvalet har sekretærhjelp.

### 4. SAKSHANDSAMING

- Rådmannen er ansvarleg for at sakene er forsvarleg utgreidde (sjå kommunelova § 23 nr. 2).
- Alle saker, som vert handsama i utvalet, skal vere førebudde for endeleg vedtak. Utvalet fremjer tilråding direkte til kommunestyret, når kommunestyret skal gjere endeleg vedtak, med unntak for enkeltsaker med økonomiske konsekvensar utover utvalet sine fullmakter, samt årsbudsjett- og økonomiplanvedtak, der formannskapet iflg. kommunelova § 45 skal innstille til kommunestyret.



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2017/685
		Arkivkode:	033

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/17	Valnemnda	21.06.2017
87/17	Kommunestyret	22.06.2017

### ALEXANDER LØVIK STEVENSON - SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISK VERV

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Alexander Løvik Stevenson får fritak frå vervet som vara i forvaltingsutvalet ut valperioden.
2. Som ny 8. varamedlem i forvaltningsstyret blir ..... valt.

#### Vedleggsliste:

Søknad om fritak – Alexander Løvik Stevenson  
Oversikt over medlemmer og varamedlemmer i forvaltningsstyret

#### Saksopplysningar/fakta:

Alexander Løvik Stevenson har flytta til Austlandet og søker dermed om fritak frå vervet sitt som 2. vara i forvaltningsutvalet.

Kommunelova seier følgjande:

#### **§ 15. Uttreden. Suspensjon.**

*1. Den som taper valgbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer.*

#### **§ 16. Opprykk og nyvalg.**

*2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.*



Dersom Alexander Løvik Stevenson får fritak, rykker Milan Ilic opp som ny 2. vara. Det nye varamedlemmet som blir valt, kjem inn som 8. vara, jf § 16 i kommunelova.

Suppleringsval skal skje frå den same gruppa som den som trer ut (jf kommunelova § 16 nr 3), i dette tilfellet gjeld det Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet dei Grøne si gruppe i forvaltningsstyret.

Når det skal veljast nytt varamedlem til dei ulike utvala, står det i kommunelova § 36 punkt 2:

*Skal det velges to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert på den enkelte liste. Skal det velges fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to. Skal det velges seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre. Skal det velges ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og skal det velges flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse reglene følges så langt det er mulig. Når det gjelder representasjon av begge kjønn i styret i selskaper som er eid av kommuner og fylkeskommuner i fellesskap, vises til kapittel 12 A.*

Dei same reglane gjeld for varamedlemer. Ver merksam på at kjønnsbalansen for varamedlemene skal bereknast separat frå dei ordinære medlemene av utvalet.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår til at Alexander Løvik Stevenson får fritak frå vervet i forvaltningsutvalet.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Alexander Løvik Stevenson  
Den som vert valt  
Servicekontoret

Eg vil gjerne søke om fritak frå verv i forvaltningsutvalet då er har flytta til austlandet.

-Alexander Løvik Stevenson

Forvaltningsutvalet perioden 2015-2019

rev. 03.05.17/us - epostadr. Eidseflot

Tlf. privat	Tlf. arb.	Representantar	Vararepr.	Tlf. privat	Tlf. arb.
		<b>AP, SV, V, SP, MDG</b>			
911 89 537 700 53 161		Magnar Sunde - leiar	1. Hans Peter Eidseflot	700 73 310 908 53 634	700 46 467 hpe@morenett.no
906 65 856 991 69 926	700 60 003	Øyvind Festø- nestleiar Lina Marie Bjørkedal	2. Alexander Løvik Stevenson (flytta) 3. Milan Ilic	959 49 006 908 08 995	alex@als.io 700 47 592
992 26 812		Margrete Trovåg	4. Kari Hasle	957 20 630	700 75 122
404 67 734		Åshild Vik	5. Idar Flo	957 62 762	
			6. Annlaug Stokke	70 05 31 61 951 54 262	annlaugs@online.no
			7. Hildegunn Homberset	971 50 122	
			8. Ingrid Salt	957 82 820	ingrid.salt@gmail.com
		<b>KRF</b>			
916 49 383		Erlend Koppen	1. Einar Børtveit	700 73 037 952 12 375	eboertv@frsurf.no
700 50 169 918 30 134		Magny Fylling	2. Esther Kesseboom Lien		
			3. Øyvind Haugan Cruickshank	900 67 808	481 32 243 oyvindhc@gamil.com
		<b>FRP</b>			
700 53 131 913 49 897	700 46 200 913 49 897	Sindre Kvangarsnes	1. Rolleiv Hjelle	911 84 576	
			2. Elin Løvøy Wilhelmsen	982 34 097	Elin.wilhelmsen@tussa.com
			3. Lars Barstad	970 04 728	larspzzz@gmail.com
		<b>Høgre</b>			
		Sindre Rotevatn	1. Petter Espe	951 95 159	951 95 159 poe@aurstad.no
			2. Elisabeth Welle Høidal	952 26 645	952 26 645 elisabeth@hoidal.no

**PS 88/17 Orienteringssaker**



Ivars Aasengate 10 AS  
Ivar Aasengate 10  
6150 Ørsta

Ved: Per Magne Mork og Arne Johan Rebbestad

Deres ref:

Vår ref: 17/4146

Vår dato: 14.06.17

## Meddelelse om tildeling av leieavtale for nye lokaler for NAV Ørsta/Volda

Viser til tilbud fra Ivar Aasengate 10 AS i konkurranse med forhandling om leie av lokaler for NAV Ørsta/Volda. Vi har gleden av å meddele at NAV Møre og Romsdal har til hensikt å inngå kontrakt med dere om leie av lokaler i Ivar Aasengate 10 for NAV Ørsta/Volda sine nye lokaler.

Vi tar sikte på å etablere og signere kontraktsdokumenter den 22. juni så fremt det passer. Vi kommer tilbake med nærmere opplysninger om dette.

Skulle det innkomme andre opplysninger eller sannsynliggjørelse av forhold ved den gjennomførte konkurransen som tilsier at vi må revurdere vår beslutning eller utsette tidspunktet for kontraktsignering, vil vi umiddelbart komme tilbake om dette.

Det kom inn i alt 5 tilbud i konkurransen om leie av lokaler til NAV Ørsta/Volda. 1 ble umiddelbart avvist slik at til befaring/avklaringsmøte den 5. april ble avholdt med de 4 gjenværende. Disse var dere, Eiksundet Eiendom AS med lokaler i Vikegata 25, Ørsta Bruk AS der dagens NAV kontor er lokalisert og MKV Eiendom AS/KS Solbakken AS med lokaler i Strandgata 25

Til forhandlingene gjennomført 15. mai var de 3 førstnevnte ansett som mest aktuelle. Etter mottak og evaluering av endelige tilbud, så har forhandlingsutvalget konkludert med at Ivar Aasengate 10 AS har levert det beste tilbudet basert på de tildelingskriterier som er fastlagt for konkurransen.

Dersom dere har ytterligere spørsmål til dette, ta kontakt på e-post til [tore.hjelseth@nav.no](mailto:tore.hjelseth@nav.no)

**NAV MØRE OG ROMSDAL //**

Postadresse: Gotfred lies plass 3 // 6415 Molde


Besøksadresse: Gotfred Lies Plass 3 // 6415 Molde  
Tel: 22 82 20 00 // Faks: 70 32 09 51

[www.nav.no](http://www.nav.no) // [nav.kontaktsenter@nav.no](mailto:nav.kontaktsenter@nav.no)

Av hensyn av interne informasjonsprosesser hos oss, ber vi om at opplysningene gitt ovenfor behandles konfidensielt frem til tidspunktet for underskrift.

Vi ser frem til Deres tilbakemelding og det videre arbeidet.

Med vennlig hilsen



Stein A. Veland  
Fylkesdirektør  
NAV Møre og Romsdal



Tore Hjelseth  
Rådgiver

## Protokoll frå representantskapsmøte nr. 2-2017 i Sunnmøre Regionråd IKS

Fredag 2. juni 2017 vart det halde møte i representantskapet i Sunnmøre Regionråd IKS på Hakalle Strandhus i Vanylven kommune.

Til stades:

*Frå representantskapet:*

Giske kommune: ordførar Harry Valderhaug  
Haram kommune: varaordførar Randi Walderhaug Frisvoll  
Hareid kommune: ordførar Anders Riise  
Sande kommune: ordførar Dag Vaagen  
Stordal kommune: ordførar Eva Hove  
Stranda kommune: varaordførar Arild Ringdal  
Sula kommune: ordførar Jim Arve Røssevoll  
Sykkylven kommune: ordførar Odd J. Drotninghaug  
Ulstein kommune: ordførar Knut Erik Engh  
Vanylven kommune: varaordførar Bjarne Sætrenes  
Ørskog kommune: ordførar Knut Helge Harstad  
Ørsta kommune: ordførar Stein Aam

Forfall:

Herøy kommune: varaordførar Camilla Storøy\*  
Norddal kommune: ordførar Arne Sandnes  
Sandøy kommune: ordførar Oddvar Myklebust  
Skodje kommune: varaordførar Geir Ove Leite  
Vestnes kommune: varaordførar Randi Bergundhaugen  
Volda kommune: varaordførar Fride Sortehaug  
Ålesund kommune: varaordførar Tore Johan Øvstebø

\* Storøy gav 30. mai 2017 skriftleg fullmakt til Dag Vaagen til å møte for seg.

I tillegg møtte:

*Frå styret:*

Jan Ove Tryggestad, styreleiar (ordførar i Stranda kommune)  
Vebjørn Krogsæter, nestleiar (ordførar i Haram kommune)  
Lena Landsverk Sande, styremedlem (ordførar i Vanylven kommune)  
Eva Vinje Aurdal, styremedlem (ordførar i Ålesund kommune)  
Dag Olav Tennfjord, styremedlem (ordførar i Skodje kommune)  
Synnøve Vasstrand Synnes, styremedlem (rådmann i Ørskog kommune)

Jørgen Amdam, varamedlem (ordførar i Volda kommune)  
Wenche Solheim, varamedlem (rådmann i Ørsta kommune)

*Rådmenn:*

Ragnhild Velsvik Berge, rådmann i Hareid kommune  
Verner Larsen, konst. rådmann i Ulstein kommune  
Olaus Jon Kopperstad, rådmann i Herøy kommune  
Andreas Nørve, rådmann i Vanylven kommune  
Rune Sjurgard, rådmann i Volda kommune



*Frå administrasjonen:*

Jan Kåre Aurdal, dagleg leiar  
Erlend Krumsvik, rådgivar  
Vegard Austnes, rådgivar

*Andre:*

Lodve Solholm, fylkesmann i Møre og Romsdal  
Marianne Andreassen, adm. direktør for Lånekassen  
Anne Mette Liavaag, strategi- og utviklingssjef i Ålesund kommune  
Geir Thorsen, virksomhetsleder i Møre og Romsdal 110-sentral KF  
Stig Olav Lødemel, ordfører i Hornindal kommune

**Sak 10/2017: Godkjenning av innkallinga**

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Innkallinga til møtet vart godkjend.

**Sak 11/2017: Godkjenning av saklista. Saker til eventuelt**

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Saklista vart godkjend. Det var ingen saker til eventuelt.

**Sak 12/2017: Val av to personar til å underteikne protokollen**

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Representantskapsmedlemmane Bjarne Sætrenes og Knut Erik Engh vart valde til å skrive under protokollen saman med leiaren av representantskapet.

**Sak 13/2017: Fylkesmannen sin halvtime**

Ved fylkesmann Lodve Solholm, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen viste til at det vert tilsyn når det gjeld lov om helse- og omsorgstenester kap. 9 (rettsikkerheit ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming).

Vidare viste fylkesmannen til at utdanningsdirektøren til hausten vil gi ei orientering til kommunane om betre skulemiljø. Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen har sendt ut brev om å vurdere tre som byggjemateriale i nybygg. Det er utarbeidd landbruksmelding som skal handsamast i fylkestinget 12. juni.

Det vert ny fylkesmann i Møre og Romsdal frå 1. januar 2019, noverande fylkesmann held fram til då.

Fylkesmannen sa at statsborgarseremonien er blitt stor med om lag 43% fram møte. Seremonien vert frametter delt i to, med ein seremoni for Nordmøre og Romsdal og ein for Sunnmøre.

Fylkesmannen viste til at 6 av 10 kommunar i fylket no vert melde ut av ROBEK. Desse kommunane får besøk av ass. fylkesmann med brev frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen sa at kommunane hadde gjort ein god jobb med busetting av flyktingar. Det er gjort vedtak om 580 busettingar i 2017 – det er bra. Samarbeidet mellom Fylkesmannen og kommunane har vore godt.

Fylkesmannen sa at terskelen for å ta kontakt med Fylkesmannen skal vere låg – Fylkesmannen vil vere med på å skape best mogleg kommunale tenester. Tilsyn er eit hjelpemiddel til å verte betre på tenesteproduksjon.

Rådmann i Volda kommune Rune Sjurgard spurte om det har vore dialog mellom Bufetat og Fylkesmannen om å utarbeide felles kvalitetsindikatorar for barnevern. Vidare spurte han om Fylkesmannen kan vere koordineringsinstans for å få fart på digitaliseringa i kommunane.

#### **Sak 14/2017: Årsmelding og rekneskap for 2016**

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal i Sunnmøre Regionråd IKS

Rekneskapen for 2016 syner eit årsresultat (overskot) på kr. 212 326,98. Dagleg leiar peika på at omsetninga har gått ned frå 2015 til 2016, men at det er naturleg etter reformarbeidet.

Styreleiar viste til at revisjonsmeldinga er utan merknadar.

Det kom fram synspunkt om at selskapet jf. likestilling bør ein tenkje på å tilsette kvinner.

*Vedtak:* Representantskapet godkjenner årsmeldinga og rekneskapen for 2016.

#### **Sak 15/2017: Val til styret**

Ved leiar av valkomitèen i Sunnmøre Regionråd Dag Olav Tennfjord

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, nestleiar Vebjørn Krogsæter og styremedlem Lena Landsverk Sande vart ved val av styre på årsmøtet i 2016 valde for eitt år (i staden for to år, jf. selskapsavtalen § 7) då dei vart valde inn i førre styret i 2015.

*Vedtak:* Vebjørn Krogsæter og Lena Landsverk Sande vart valde som styremedlemmar for eitt år. Jan Ove Tryggestad vert vald til styreleiar for eitt år.

Styret i Sunnmøre Regionråd for perioden 2017-2018 er då som følgjer:

Styremedlemmar:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune  
Nestleiar Vebjørn Krogsæter, Haram kommune  
Styremedlem Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune  
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune  
Styremedlem Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune  
Styremedlem Synnøve Synnes, Ørskog kommune  
Styremedlem Marit Elisabeth Larssen, Giske kommune

Varamedlemmar:

Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune  
Varamedlem Jørgen Amdam, Volda kommune  
Varamedlem Arnulf Goksøyr, Herøy kommune  
Varamedlem May Helen Molvær Grimstad, Sykkylven kommune  
Varamedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune

**Sak 16/2017: Drøfting av arbeidet i Demokratiprojektet**

Innleiing ved rådgivar i Sunnmøre Regionråd Erlend Krumsvik

Krumsvik ga ei orientering om status for demokratiprojekt. Prosjektet er eit offentleg innovasjonsprosjekt og digitaliseringsprosjekt. Arbeidet med kommunereforma la grunnlaget for prosjektet.

Prosjektet vil bidra til å utvikle rolla til fritidspolitikaren og la digitalisering bli ein naturleg arena for medverkad og ein naturleg del av kommunal organisasjonsutvikling.

Prosjektet skal bidra til samskaping mellom kommunar og andre samfunnsaktørar, og auke tilliten mellom offentleg sektor og samfunnet for øvrig.

Alle 19 deltakarkommunane i Sunnmøre Regionråd, samt Hornindal kommune, er med i prosjektet. Så langt har prosjektet besøkt 14 av dei 20 kommunane og halde ein likelydande presentasjon.

Prosjektet har sendt ut sak til politisk handsaming i kommunane der ein ber om at det vert oppnemnt 4-5 representantar frå kvar kommune til eit folkevaldnettverk. I tillegg vert det eit eige opplegg for ordførarane.

Møteplan 2017 for folkevaldnettverket er: 6. september i Ørsta, 18. oktober i Stranda og 6. desember i Ålesund. Tema vert digitalisering og stadsutvikling, innovasjon og digitalisering og folkevaldundersøking. I tillegg til foredrag vil ein nytte lokale case på møta.

Prosjektet har levert søknad om forkommune-prosjekt saman med Høgskulen i Volda.



Folkevaldundersøkinga vil handle om korleis ein kan utvikle folkevaldrolla. Resultata blir presentert på Arena Sunnmøre 29. september 2017. Arena Sunnmøre får i år overskrifta 3D - Demokrati/Deltaking/Digitalisering og vert i samarbeid med KS Konsulent.

Adm. direktør Lånekassen Marianne Andreassen heldt eit innlegg med tittelen «Digitalisering – en hoveddrivkraft for fornyelse i offentlig sektor».

Andreassen har vore med i Produktivitetskomisjonen. Ho viste til at ressursbruken i Norge er auka utan tilsvarende betre resultat. Ein er no ved eit vendepunkt der ein må ta tak i dei strukturelle utfordringane.

I Perspektivmeldingen 2017 vert det trekt fram to to strategiar for å tryggje velferdssamfunnet: 1. auka deltaking i arbeidslivet 2. ta i bruk nye og betre løysingar i offentleg sektor.

Andreassen viste til at effektiviseringspotensialet i offentleg sektor er stort, men at det er svak kultur for å ta ut gevinstar som medfører ubehagelege omstillingar. Ho meinte at kommunane må samarbeide for å digitalisere. Digitalisering er hovuddrivkraft for betre tenester og auka produktivitet.

Visjonen til Lånekassen er å bli oppfatta som den mest moderne offentlege verksemda i Norge. 99% har digital dialog med Lånekassen. Kundane er unge og ønskjer lettvinnt dialog. Lånekassen lanserer nye digitale løysingar for kundane kvart år.

Lånekassen effektiviserer drifta for å auke det økonomiske handlingsrommet til utvikling. Handlingsrommet for digitalisering er å utnytte moglegheitene i den nye systemplattforma.

I Lånekassen er det løpande gevinstrealisering og løpande omstillingar. Hovudstrategien (kanalstrategi) er sjølvbetjening på nettet. Lånekassen skal vere lett å finne, lett å forstå og lett å få til.

Lånekassen kjenner brukarane sine behov gjennom analyser av løpande kundedata (klikk på nettet, ringing i telefon) samt gjennom dybdeintervju av studentar.

Det vart nemnt at kommunesektoren må orientere seg mot livshendingar og lage kundereiser på tvers av etatar. Ein må satse på samspel og tverrgåande løysingar og eksperimentering.

### **Sak 17/2017: Drøfting av arbeidet med strategisk næringsplan for Sunnmøre**

Innleiing ved styremedlem i Sunnmøre Regionråd Dag Olav Tennfjord

Tennfjord viste til at det er ønskeleg med felles plan fordi ein ikkje når målsettingane åleine som kommunar. Korleis dra i same retning der ein har felles interesser? Det er ein fordel at det går bra i nabokommunen.

Kommunane kan gjere koblingar mot nettverka i næringslivet og utdannings- og forskingssektoren. Det er ei utfordring å få til noko som er finansiert og som kan vare.

Det kom synspunkt frå medlemmar av representantskapet om:

- at kommunane må opptre samla, ikkje i mindre grupperingar
- at ein må definere nokre få strategiske område.
- at ein må finne ut korleis ein kan spele saman med næringslivet.
- at i offentleg verksemd er det press mot funksjonar (t.d. sjukehus).
- kommunikasjonar – korleis gjer vi det? Kan ein vert samd om samferdselsløysingar?
- ein kan utfordre næringslivet om å etablere næringsforening.
- korleis løfte alle kommunane i lag. Kva fremjer alle kommunane?
- at ein må ha eit profesjonelt næringssselskap på Sunnmøre.
- at kommunane sine planar i dag har ein næringsdel som skal rullerast.
- at kommunane si rolle i høve til næringslivet er å vere positiv, rask og velvillig.
- at det må vere god dialog om samfunnsutvikling og næringsliv.
- at det må skapast gode møteplassar (nettverk og klyngetenking).
- at ein må ha gode regionale studietilbod.
- at ein gjennom Sunnmøre Regionråd kan utvikle eit nav for utvikling av Sunnmøre.
- at kommunar kan ta ei rolle for å bidra til at næringar møtast.
- at det kan vere ein styrke for kommunar å konkurrere mot kvarandre.

Representantskapet var eintydige på at dette ikkje skal vere ein plan etter plan- og bygningslova. Det ein er samd om å utvikle er ein strategi for næringsutvikling på Sunnmøre.

### **Sak 18/2017: Presentasjon av arbeidet i Region Ålesund**

Ved strategi- og utviklingssjef i Ålesund kommune Anne Mette Liavaag

Region Ålesund deltek i byregionprogrammet i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Programmet skal styrke vekstkrafta i byregionane og auke samspelet mellom by og omland.

Region Ålesund er med i eit nasjonalt nettverk for kunnskap og erfaringsutveksling. 7 kommunar deltek i Region Ålesund.

Representantskapet er referansegruppe for prosjektet. Styringsgruppa er ordførarar og rådmenn i kommunane. Det finst ei referansegruppe til, kalla Rådet for Region Ålesund.

Fase 1 i arbeidet har vore kartlegging og samfunnsanalyse. Fase 2 er gjennomføring og fase 3 avslutning. Hovudmålet er å byggje eit regionalt partnerskap som skal leggje til rette for ein framtidretta og attraktiv byregion for nærings- og samfunnsutvikling.

Det er behov for å mobiliserer kreftene for å bli sterkare saman.

Det er fire strategiske satsingsområde:

- Samferdsel
- Attraktive byrom
- Omdøme
- Samspel

Fokus og tilnærming er møteplassar, dialog og nettverk, relasjonsbygging og politisk påvirkningsarbeid.

**Sak 19/2017: Presentasjon av arbeidet med The North West**

Ved strategi- og utviklingssjef i Ålesund kommune Anne Mette Liavaag

Konferansefestivalen The North West er flytta til mai 2018. Ambisjonen er å skape det største forumet for regionutvikling i Norge. Konferansen skal omhandle fire tema: urbanisering, arbeidsplassar i framtida, kultur og fritid. Selskapet The North West AS er no skipa, og styre er valt.

**Sak 20/2017: 110-sentralen sin funksjon i forhold til framtidig responsentral for velferdsteknologi**

Ved virksomhetsleder i Møre og Romsdal 110-sentral KF Geir Thorsen


Thorsen sitt budskap var at infrastrukturen som ligg der i samband med 110-sentralen kan nyttast i forhold til framtidig responsentral for velferdsteknologi (mottak av alarmar frå velferdsteknologiske løysingar). Han viste til at 110-sentralen er ein av dei sentralane i Norge som er lengst framme i høve til teknologi. Sentralen er digitalisert og har høge krav til sikkerheit, oppetid og redundante system. Den vert overvåka av eige personell.

Thorsen sa at kostnadane med 110-tenestene vil gå opp med kr. 6 pr. innbyggjar dersom ein taper inntektene frå tryggleiksalarmar.

Vanylven, 02.06.2017

  
.....  
Dag Vaagen

  
.....  
Bjarne Sætre

  
.....  
Knut Erik Engh





**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Administrasjonen

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/329	7751/2017	611	SVK/ SONHAV	14.06.2017

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - SPØRSMÅL OM ANKE AV SKJØN -  
NÆRINGSAREAL ØVRE ROTSET**

Vi melder med dette frå at formannskapet den 13.06.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 110/17, der det vart gjort slikt vedtak:

*Volda kommune vedtek å anke domen i sak 16-116860SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett til Frostating lagmannsrett.*

*Vedtaket er gjort i medhald av Volda kommune sitt reglement for formannskapet og § 13 i kommunelova.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:  
Asbjørn Moltudal – ass. rådmann

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2012/329

Arkivkode: 611, &50

---

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

110/17

Formannskapet

13.06.2017

## SPØRSMÅL OM ANKE AV SKJØN – NÆRINGSAREAL ØVRE ROTSET

### Handsaming:

Saka vart ettersendt 09.06.2017.

### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

*Volda kommune vedtek å anke domen i sak 16-116860SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett til Frostating lagmannsrett.*

*Vedtaket er gjort i medhald av Volda kommune sitt reglement for formannskapet og § 13 i kommunelova.*

### Administrasjonen si tilråding:

*Volda kommune vedtek å anke domen i sak 16-116860SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett til Frostating lagmannsrett.*

*Vedtaket er gjort i medhald av Volda kommune sitt reglement for formannskapet og § 13 i kommunelova.*

### Vedleggsliste:

1. Rettsboka i sak 16-116860SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett
2. Skriv frå adv. R. Andresen d.s. 9.juni 2017
3. Kart over skjønsoområdet.

### Uprenta saksvedlegg:

Ingen.

### Samandrag av saka:

Skjønet i næringsområdet på Rotset vart halde 20.april 2017. Med bakgrunn i gjennomgang av skjønet og etter å ha konferert med kommuneadvokaten og hans vurdering som fylgjer vedlagt saka til vitende rår administrasjonen til at saka vert anka til Frostating lagmannsrett.

**Saksopplysningar/fakta:**

Skjønet næringsområdet på Rotset (sak 16-116860SKJ-SOSU ved Søre Sunnmøre Tingrett), som skulle bestemme prisen på om lag 48 da næringsareal på Rotset, var avvikla 20.april 2017.

Skjønsretten si slutning ligg no føre, sjå rettsboka i vedlegg 1.

Retten har konkludert med at prisen på arealet kommunen skal løyse inn skal vere kr. 285,- pr. m<sup>2</sup>.

Grunngjevinga for dette går fram av rettsboka.

Saka har vore drøfta med kommunen sin prosessfullmektig advokat Reidar Andresen sjå vedlegg 2. Han rår kommunen til å krevje overskjøn ved Frostating lagmannsrett. Dette då han er av den oppfatning at skjønsretten har fastsett for høg erstatning både når det gjeld kvadratmeterpris og erstatning for driftsbygning. Administrasjonen er samd i dette.

Skjønsområdet er synt på kartet i vedlegg 3.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Dette har vore vurdert i samband med tidlegare regulering.

**Økonomiske konsekvensar:**

Basert på rutemeterprisen tingretten kom fram til, vil innløysingskostnadane på dei 48 da som skal innløysast no bli om lag kr. 13,68 mill. kroner. Ein reduksjon i prisen på t.d. 50 kroner pr. m<sup>2</sup> vil utgjere 2,4 million i reduserte innløysingskostnader.

I tillegg vil evt. lågare erstatning for garasjen/driftsbygninga redusere kostnadene for kommunen.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen.

**Vurdering og konklusjon:**

Dersom kommunen vedtek å anke avgjerda må dette gjerast innan fristen som er 16. juni d.å. I følgje kommunen sitt reglement er vedtak om anke i utgangspunktet sak for kommunestyret. Etter same reglementet kan formannskapet gjere vedtak i saker som haster (jfr. kommunelova §13.1). Med frist for anke 16. juni vil rådmannen tilrå at formannskapet gjer vedtaket og legg saka fram for førstkomande møte i kommunestyret som meldingssak.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Ass. rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Kommunestyret som melding  
Advokatfirmaet **JUDICIA DA** v/Reidar Andresen Grimmergata 5, NO-6002 Ålesund  
Advokat Jørund Knardal AS, Hamnegata 3 6100 Volda  
Kommunalteknisk avdeling, her  
Ass.rådmann Asbjørn Moltudal for vidare arbeid



# SØRE SUNNMØRE TINGRETT

## TELEFAKS

Dok 61

**Til**  
Advokat Reidar Andresen

**Telefaks**  
70304410

**Frå**  
Søre Sunnmøre tingrett

**Vår referanse**  
16-116860SKJ-SOSU

**Dato**  
16.05.2017

**Tal på sider, denne medrekna**  
12

**Blir også sendt som brev**  
Nei

### Merknader

**Volda kommune - Per Schjelderup**

Søre Sunnmøre tingrett

*Solveig Lied Bjørkedal*  
Solveig Lied Bjørkedal  
rådgiver



Denne telefaks med tilhørende dokumenter er KUN for den adressat som er angitt ovenfor. Hvis Du ikke er rette mottaker av dokumentene, gjøres Du oppmerksom på at enhver kopiering eller videreformidling av opplysninger ikke er tillatt. Har Du mottatt dokumentene ved en feiltakelse, bes Du vennligst straks gi beskjed og returnere de mottatte dokumenter i posten.

**Postadresse**  
Postboks 85, 6101 Volda  
**Kontoradresse**  
Skjervevegen 10, Volda

**Sentralbord**  
70 05 44 40  
**Telefaks**  
70 05 44 41

**Saksbehandlar**  
Solveig Lied Bjørkedal  
**Telefon**  
70 05 44 44

**Bankgiro**  
**Ekspedisjonstid**  
0645-1600

**Organisasjonsnummer**  
074747529  
**Internett/E-post**  
www.domstol.no  
sore.sunnmore.tingrett@domstol.no

**SØRE SUNNMØRE TINGRETT****Skjønn**

---

**Sagt:** 16.05.2017 i Søre Sunnmøre tingrett,**Saksnr.:** 16-116860SKJ-SOSU**Dommar:**

Sorenskrivar

Elisabeth Wiik

**Skjønnsmedlemmer:**prosjektleder/ingeniør  
gardbrukar  
konsulent  
bondeLene Søvik Huldal  
Terje Follestad  
Anders Roald  
Ragnhild Hogganvik Eidså**Saka gjeld:** Ekspropriasjonsskjønn

---

Volda kommune

Advokat Reidar Andresen

**mot**

Per Schjelderup

Advokat Jørund Stig Knardal

Ingen avgrensingar i retten til offentleg attgiving

## SKJØNN

Kravsmålet om skjønn gjeld oreigningsskjønn for næringsareal på Rotset i Volda kommune.

### Bakgrunnen for saka

4. september 2012 inngjekk Volda kommune avtale om innløyising av næringsareal med meir, med fire grunneigarar på Rotset i Volda kommune. I tråd med avtalen vart det gjennomført skjønn etter oreigningsrettslege prinsipp for å fastsette vederlaget. 2. juli 2014 vart det halde overskjønn der Frostating lagmannsrett kom fram til at rett pris var 210 kr per kvm.

Per Schjelderup ønskte å utvikle sin eigedom til næringsføremål på eiga hand og ville derfor ikkje inngå slik friviljug avtale med kommunen som dei øvrige fire grunneigarane hadde gjort.

13. november 2014 godkjente Volda kommunestyre detaljreguleringsplan for Øvre Rotset næringsområde i Volda kommune.

26. november 2015 fatta Volda kommunestyre slikt vedtak:

"1. Med heimel i kap.16 i Plan-og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup eigar av gnr 30 bnr 4 om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14. Eventuelle rettar, avtaler og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.

2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovenfor tvillaust er meir til gagn enn skade.

3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.

4. Volda kommune krev skjøn."

Vedtaket vart påklaga av Per Schjelderup den 16. desember 2015. Volda kommune fant i vedtak av 25. februar 2016 ikkje grunnlag for å ta klagen til følgje. Saka vart sendt til Fylkesmannen 26. februar 2016 som handsama saka og fatta vedtak 3. juli 2016 om at klagen ikkje vart tatt til følgje.

Saksøkjaren har lagt fram utkast til skjønnsføresetnader. Dette vart etter avtale mellom partane endra under skjønnsforhandlingane. Retten har i samsvar med dette fastsett slike skjønnsføresetnader:

1. Det skal fastsettast ein gjengs pris for tomteverdien til heile eigdommen som skal oreignast, med utgangspunkt i at eigdommen skal kunne brukast til forretning,



næring, kontor, industri eller lager, slik det går fram av gjeldande reguleringsplan. Dette gjeld også for det området som er merka som LB1 på kartet og som er regulert til LNF. Ved verdsetjinga ser såleis retten vekk frå LNF reguleringa.

2. Verdsettingstidspunktet skal vere avheimlingstidspunktet.
3. Bygningen som står på eigedommen skal erstattast i samsvar med prinsippet om gjenanskaffelse, jfr vederlagslova § 7. Gjenoppbygging skjer på eigen grunn slik vist på nytt ervervskart som er lagt ved rettsboka.

Volda kommune har lagt ned slik påstand:

"Skjønnnet vert fremja"

Per Schjelderup har lagt ned slik påstand:

"Skjønnnet vert framja og grunneigaren vert tilkjønt full erstatning for sitt økonomiske tap samt utlegg til teknisk og juridisk kompetanse."

#### **Retten si vurdering**

Retten tek først stilling til erstatninga for eigedommen og ser deretter på erstatninga for bygningen. Utgangspunktet er likt for begge vurderingstema. Det følgjer av grunnlova § 105 at Per Schjelderup skal ha full erstatning.

#### *Erstatning for oreigna grunn*

Det er om lag 48 da som skal ervervast. Arealet skal oppmålast nøyaktig i etterkant av skjønnet slik at retten vil fastsette ein kvadratmeterpris.

Vederlagslova § 4 slår fast at verdsetjinga av eigedommen skal skje på grunnlag av det som er høgast av eigedommen sin salsverdi eller bruksverdi. Partane er samde om at det er salsverdien som er det rette i denne saka og retten legg dette til grunn.

Vederlag etter salsverdien er regulert i vederlagslova § 5. Det følgjer av § 5, første ledd at:

"Vederlag etter salsverdi skal fastsetjast på grunnlag av det som må reknast med at vanlege kjøparar ville gje for eigedomen ved friviljug sal."

Retten skal finne fram til kva ein vanleg kjøpar ved eit friviljug sal ville gitt per kvm for kjøp av grunnen som råtomt. Dette er partane også samde i.

Det går vidare fram av vederlagslova § 5, 2. ledd at:

"Ved fastsetjinga skal det leggjast vekt på kva slag eigedom det gjeld, kvar eigedomen ligg og den pårekelege utnytting som det røyndeg er grunnlag for etter tilhøva på staden. Det skal dessutan leggjast vekt på dei prisane som er oppnådd

ved omsetnad av andre eigedomar som det er naturleg å samanlikna med, og likeins på andre tilhøve som er avgjerande for salsverdien av eigedomen."

#### *Pårekeleg utnytting*

Det følgjer av reguleringsplanen at området er regulert til kontor, forretning, industri og lager, samt LNF. Retten skal likevel finne ein gjengs strøkspris for heile området, og legge til grunn at bruken vil vere kontor, forretning, industri og lager, jfr skjønnsføresetnadane.

Det følgjer av reguleringsplanen at eigdommen i vår sak har høgast utnytting av dei områda som er regulert til forretning, kontor og industri. For dei aktuelle områda i vår sak kan mønehøgda vere opptil 14 meter og BYA er 60%. Retten viser til at dette er ei høg utnyttingsgrad som vil gjere området attraktivt.

#### *Eigenskapar ved eigdommen*

Arealet ligg på ein grusrygg og brorparten av arealet er relativt flatt, medan ein del er ei brattare skråning. Retten legg såleis til grunn at opparbeidingskostnadane for tomteareala vil vere relativt lave.

Asbjørn Moltudal, assisterande rådmann i Volda kommune, forklarte at kommunen la til grunn at kostnadane ved å gjere området byggemodent ville ligge på om lag kr 190 per kvm og retten legg dette til grunn.

#### *Plassering*

Eigdommen ligg på Øvre Rotset, rett ved Rotsethorntunnelen, i Volda kommune. Volda kommune er ei av kommunene på Søre Sunnmøre med flest innbyggjarar. Volda kommune er eit trafikknutepunkt både sørover og mot ytre Søre Sunnmøre på grunn av utbygging av Kvisvstunnellen sørover, og Eiksundsambandet som sikrar fergefri forbindelse mot ytre Søre Sunnmøre. Vidare er Voldatunnelen tatt inn i ny Nasjonal Transportplan som vart offentleggjort i år. Dette medfører at området på Rotset vil vere det einaste næringsområdet langs E39 som ligg ute i friluft på ein svært lang strekning. Området ligg heilt inntil E39 og retten vurderer dette såleis til å vere eit svært attraktivt område.

Vidare er Rotsetområdet sentralt i Volda kommune og Volda sentrum beveger seg oppover mot Rotset gjennom bustadbygging og utbygging av gangveggar og infrastruktur. Dette gjer også at området er attraktivt for den aktuelle bruken.

Det er vidare svært lite tilgjengeleg næringsareal i Volda kommune. Området i Furene er heilt utbygd. I 2014 erverva Volda kommune gjennom avtale, alt tilgjengeleg næringsareal i nærleiken av eigdommen. Asbjørn Moltudal frå Volda kommune, opplyste i retten at det berre er ein liten del av dette arealet som i dag er tatt i bruk, og det er den delen der det skal byggast institusjonar. Elles er næringsareala ikkje lyst ut for sal eller på annan måte

gjort tilgjengeleg for marknaden gjennom kommunen sine nettsider eller liknande. Til tross for dette har kommunen blitt kontakta med tanke på kjøp av arealet, men kjøp har ikkje kome i stand. Retten meiner at sjølv om det kan ta litt tid før eigedommen vart seld, vil dette truleg gå relativt raskt når eigedommen først vert gjort tilgjengeleg i marknaden for aktuelle kjøparar.

#### *Salsverdien*

Retten skal i tråd med skjønnsføresetnadane finne fram til salsverdien på avheimlingstidspunktet.

2. juli 2014 sa Frostating lagmannsrett overskjønn på fire tilgrensande nærings eigedommar. Salspris for råtomt vart der fastsett til kr 210 per kvm. Det er naturleg at retten tek utgangspunkt i dette skjønnet når ein skal vurdere kva som vil vere dagens verdi. Eigedommane er likt plassert, har om lag identiske eigenskapar og kommunen sine kostnader for å gjere området byggemodent er identisk.

Ei rein indeksregulering av 210 kr frå juli 2014 til april 2017 gir ein pris på om lag kr 225,-

Eigedommane i Frostating lagmannsrett sitt skjønn hadde 12 meter som høgste gesimshøgde etter reguleringsplanen, mot 14 meter i denne saka. Ein annan skilnad er at det i nasjonal transportplan som vart vedtatt i 2017, er slått fast at Voldatunellen skal byggast, noko som aukar attraktiviteten til området, jfr det som er sagt ovanfor om dette. Dette gjer at retten meiner rett pris skal ligge noko over prisen fastsatt i ovanfor nemnde skjønn frå Frostating lagmannsrett.

Foruten Frostating lagmannsrett sitt skjønn av 2. juli 2014, har Søre Sunnmøre tingrett sagt avgjerd i skjønn 29.10.2014 som gjaldt ein eigedom i Furene i Volda kommune. Dette området var også regulert til forretning/kontor og industri. Prisen per kvm vart her satt til kr 390. Retten meiner dette skjønnet ikkje er relevant for vår sak. Furene skjønnet gjaldt ei byggeklar tomt, samt Furene er vesentleg mindre sentralt enn eigedommen i vår sak.

Retten meiner vidare at prisane i Volda sentrum og sentrumsnære områder har hatt ei generelt høg prisstiging sidan 2014.

Saksøkte har lagt fram ei rekke prisdømer på bustadtomter. Retten finn desse mindre relevant, men også desse illustrerer at det har vore ei vesentleg prisstiging i Volda dei siste par åra.

Retten viser særleg til skjønn sagt av Søre Sunnmøre tingrett 14.12.2016 for Lerkane, eit område midt i Volda sentrum. Retten kom der til at pårekneleg utnytting ville vere

næringsverksemd til allmennyttige føremål i kombinasjon med bustader. Retten skriv følgjande om prisstiginga i dette skjønnet:

*"Etter ei vurdering av dei prisdøma som er lagt fram finn retten at det er rettast å ta utgangspunkt i Upphelmskjønnet sagt av Søre Sunnmøre tingrett 19. november 2010 (sak 09-118057SKJ-SOSU). Dette ligg på andre sida av vegen for det arealet retten skal skjønne over i denne saka og pårekneleg bruk er identisk. Verdsettelsestidspunktet var der 1. desember 2008 og prisen vart sett til kr 1350 per m2. I dagens kroneverdi vil dette per 16. oktober 2016 vere 1605,- per m2.*

*Retten meiner prisstiginga på fast eigedom i Volda kommune har vore til dels vesentleg høgare enn ei indeksregulering av prisen frå 2008 vil føre til. Retten har kome til at rett pris per m2 dersom heile gnr 19 bnr 2 skulle løysast inn ville vere kr 2050."*

Idet tomta i dette skjønnet ligg midt i Volda sentrum og har andre eigenskapar enn tomta i vår sak, samt er regulert til eit anna formål, er dette skjønnet ikkje relevant for anna enn å illustrere den prisstiging som har funne stad og at dette er ei prisstiging som overstig ei indeksregulering av den pris som vart fastsett av Frostating lagmannsrett i 2014.

Etter ei samla vurdering har retten kome til at rett grunnpris for kommunen sitt erverv av den aktuelle eigdommen er kr 285 per kvadratmeter.

#### *Erstatning for driftsbygningen*

Partane er samde om at erstatning for driftsbygningen skal fastsettast i samsvar med reglane om gjenanskaffelse, jfr skjønnsføresetnadane og vederlagslova § 7. Vederlagslova § 7 seier:

*"Ved oreigning av eigedom som eigaren nyttar til bustad, fritidshus eller eiga verksemd, skal vederlag for bygning eller anlegg med turvande tomt fastsetjast på grunnlag av utgiftene til attkjøp av annan eigedom til tilsvarande bruk, så fram attkjøp må reknast som naudsynt for at eigaren skal haldast skadelaus.*

*Vederlag etter attkjøpsverdien kan ikkje krevjast for bygning eller anlegg som på grunn av elde eller etter tilstanden elles ikkje kan reknast for tenleg til framtidig bruk.*

*Ved fastsetjinga av vederlaget skal det gjerast frådrag for føremoner som attkjøp av annan eigedom i tilfelle ville føre med seg, ved meir moderne utstyr, lengre levetid, meir rasjonell drift, lågare vedlikehaldskostnad eller på annan måte."*

Retten har fått framlagt ein takst frå saksøkar utarbeidd av Ose Ingeniørkontor AS ved Ing. Lars Olav Tvergrov og ein takst frå saksøkte utarbeidd av Mulvik AS ved takstmann Ottar M. Skare. Retten har også hørt vitneforklaring frå Ing. Lars Olav Tvergrov. Takstmann Ottar M Skare hadde gyldig fråfall.

I takstmann Ottar M. Skare sin rapport er bygningen skildra slik:

*"Bygningen ligger ved Rotsetstrand i tilknytning til landbrukseiendommen 30/4 og i tilknytning til eiendommens skogarealer. Bygningen ble oppført ca 196 og har siden vært i bruk av eier i anledning driften av bruk. Bygningen ligger sentralt til og har lett adkomst til offentlig vei og dessuten skogeiendommene.*

*Foran bygningen er det opparbeidet gruset trafikkareal på ca 200m<sup>2</sup>. Omkring bygningen for øvrig er det løvskog.*

*Lagerbygningen har grunnflate 11,1x9,5 =100m<sup>2</sup> og ca 2,5 m høyde til underkant av takkonstruksjon (undergurt).*

*Bygningskonstruksjonen er tradisjonelle for landbrukslager. Fundamentering av betongsåler og-ringmur samt støpt golv på grunnen. Ringmuren har høyde ca 40 cm over gulvnivå som for øvrig er i plan med utenforliggende gruset trafikkareal. Over ringmur er bindingsverk med utvendige spikerslag og låvepanel som er malt. Takkonstruksjoner er stedbygde trestoler med cc ca 2,75m, spikerslag og tekking av bølgeblekk som er malt. Mot nordøst er det anordnet 2 labank skyveporter samt en isolert biingangsdør. Innvendig er det bygd et isolert lagerrom på ca 8m<sup>2</sup>.Bygningen er utenom dette uisloert. Det er innlagt strøm luftstrek med 3x32 Amp inntakssikringer og 5 kurser (2stk 3x25Amp, 2stk 2x16 Amp og 1 stk 2x10 Amp) for forsyning av belysning og strømuttak. Det er 4 samt 1 takarmatur på stikk. Det er ikke innlagt vann."*

Også Ing.Lars Olav Tvergrov har skildra bygningen, om enn noko meir kortfatta. Retten har ikkje oppfatta at den skildringa av bygningen som Skare gjer i det siterte av sin rapport er omtvista, og retten legg denne til grunn.

Det er vesentlege forskjellar i dei to rapportane når det kjem til kva beløp dei meiner skal leggst til grunn. Ottar M. Skare kjem til ein gjenanskaffelsesverdi på om lag 1,5 MNOK, medan Lars Olav Tvergrov set ein teknisk verdi på bygningen på kr 300 000,-. Begge beløp er inkludert mva.

Slik retten ser det er teknisk verdi noko anna enn gjenanskaffelsesverdi. Vidare kom det fram under Tvergrov si vitneforklaring at det var vesentlege postar han hadde utelatt å ta med, og dersom han tok dei med, ville han også kome fram til ein verdi som låg nærare den verdi Skare har kome til i sin rapport. Vidare hadde Tvergrov lagt til grunn i sin rapport at bygningen ville gjenoppbyggast heilt identisk med dagens bygning, sjølv om ein ikkje ville få byggeløyve for ein slik bygning, fordi den ikkje oppfyller minstekrava til teknisk standard etter gjeldande forskrifter. Skare hadde på si side lagt til grunn minstestandard etter dagens forskriftskrav.

Retten meiner det korrekte utgangspunktet er å legge til grunn det som vil vere minstestandard etter dagens forskriftskrav.

Ing. Lars Olav Tvergrov hadde ingen vesentlege innvendingar til dei beløp takstmann Skrede hadde tatt med i sin rapport og retten legg derfor Skrede sin rapport til grunn som eit utgangspunkt for retten sine vurderingar.

I taksten frå Skare, er det tatt med ein kostnad til utarbeiding av skredrapport for vurdering av skredfaren der bygningen var tenkt å byggast opp igjen. I løpet av hovedforhandlinga vart partane samde om ny plassering av bygningen som ikkje gjer slik utgreiing av rasfaren naudsynt, og denne posten fell såleis vekk.

Vidare skal det etter vederlagslova gjerast frådrag for "*føremoner som attkjøp av annan eigedom i tilfelle ville føre med seg, ved meir moderne utstyr, lengre levetid, meir rasjonell drift, lågare vedlikehaldskostnad eller på annan måte.*"

Retten set slikt frådrag skjønnsmessig til kr 100 000,- idet retten vurderer det slik at det i det vesentlege vil vere fordel for lågare vedlikehaldskostnad som her vil verte oppnådd.

Retten meiner etter dette at erstatninga for driftsbygningen passande kan settast til kr 1 270 000,-.

#### **Sakskostnader**

Saksøkte skal tilkjennast sakskostnader i samsvar med skjønnsprosesslova § 54. Advokat Knardal har levert sakskostnadsoppgåve på totalt kr 121 250 ink mva. Volda kommune hadde ikkje merknader til denne og retten legg denne til grunn. I tillegg skal Volda kommune dekke dei lovpålagte kostnadane med skjønnet.


Skjønnet er samrøystes.


\*\*\*\*\*

## SLUTNING

1. Volda kommune betaler til Per Schjelderup kr 285 – kronertohundreogåttifem - per kvm i erstatning for det areal dei oreignar frå gnr 30 bnr 4 i Volda kommune.
2. Volda kommune betaler til Per Schelderup kr 1 270 000,- - kronereinmilliontohundreogsyttitusen kroner – som erstatning for driftsbygningen.
3. Volda kommune betaler dei lovbestemte utgiftene ved skjønnet.
4. Volda kommune betaler sakskostnader til Per Schjelderup med kr 121 250 – kronereitthundreogtjueeintusentohundreogfemti -.
5. Betalingsfrist er fjorten dagar etter at skjønnet er forkynt.

Retten heva

  
Elisabeth Wiik

  
Lene Søvik Huldal



  
Terje Follestad

  
Anders Roald

  
Ragnhild Hogganvik Eid



## RETTLEDNING FOR RETTSMIDDELBRUK I SKJØNN

### Begjæring om overskjønn til lagmannsretten

Det kan krevjast overskjønn for lagmannsretten. Detaljerte føresegner om overskjønn går fram av skjønnsprosesslova av 1. juni 1917. Dei viktigaste vilkåra er:

Fristen for å krevje overskjønn er éin månad frå underskjønnet vart forkynt.

Kravsmål om overskjønn frå ein advokat skal setjast fram skriftleg for den retten som har sagt underskjønnet. Sjølvprosederande partar kan setje fram munnleg kravsmål om overskjønn ved personleg oppmøte i den retten som har sagt underskjønnet. Retten kan tillate at også prosessfullmektigar som ikkje er advokatar set fram munnleg kravsmål om overskjønn.

Kravsmålet om overskjønn må nemne:

- den retten overskjønnet høyrer under, partane i overskjønnsaka og i tilfelle deira lovlege fullmaktshavarar
- det underskjønnet som blir kravd overprøvd
- om kravet om overskjønn gjeld heile underskjønnet eller berre delar av det
- dei feila ved underskjønnet som kravsmålet om overskjønn blir grunngjeve med
- dei tilhøva som er avgjerande for retten til å krevje overskjønn
- 

Lova inneheld visse avgrensingar i retten til å krevje overskjønn. Kravsmål om overskjønn i sak om formuesverde blir ikkje teke under behandling utan samtykke frå lagmannsretten viss verdien er under 125 000 kroner. Ved vurderinga av om samtykke skal gjevast skal det mellom anna takast omsyn til kva sak det gjeld, kva trong partane har for overprøving, og om det synest å vere svakheiter ved underskjønnet eller ved handlinga av saka.

I tillegg kan du bli nekta å fremje kravsmål om overskjønn – uavhengig av verdien på ankegjensstanden – når lagmannsretten finn det klart at kravsmålet ikkje vil føre fram.

Den som krev overskjønn må betale behandlingsgebyr. Opplysning om størrelsen på gebyret og korleis det skal betalast, kan den retten som har avsagt underskjønnet gi.

Tingretten kan gi nærare opplysingar om vilkåra for å krevje overskjønn.

### Anke til Høgsterett

Eit overskjønn kan berre ankast til Høgsterett på grunn av feil i rettsbruken eller den saksbehandlinga som ligg til grunn for avgjerda. Anken skal behandlast etter reglane om anke over dommar i tvistelova kapittel 29 eller 30.

Ankefristen er éin månad frå overskjønnet vart forkynt.

Den som ankar må betale behandlingsgebyr. Den domstolen som har avheimla overskjønnet kan gi opplysning om storleiken på gebyret og korleis det skal betalast.

Behandling av anke over overskjønn krev alltid samtykke frå Høgsteretts ankeutval. Slikt samtykke skal berre gjevast når anken har noko å seie utanfor den saka som ligg føre, eller at det av andre grunnar er særleg viktig å få behandla saka av Høgsterett. Anke over overskjønn skal til vanleg avgjerast etter munnleg forhandling.

Den domstolen som har avheimla overskjønnet kan gi nærmare opplysning om vilkåra for anke over overskjønn.



Volda kommune  
v/Rådmann  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Ålesund, 09.06.2017  
Ansvarlig advokat: Reidar Andresen  
Vår ref.:16-10028

## MERKNADER KNYTTET TIL SØRE SUNNMØRE TINGRETTS SKJØNN AV 16. MAI 2017

Det vises til mottatt skjønnsavgjørelse fra Søre Sunnmøre tingrett for areal tilhørende Per Schjelderup, eier av gnr. 30 bnr. 4 i Volda kommune.

Etter en gjennomgang av skjønnet er det min oppfatning at Volda kommune bør begjære overskjønn. I korte trekk begrunnes dette med følgende:

### 1 Ad erstatning for grunn

Skjønnsretten har kommet til en pris på kr 285 pr. m2 for ekspropriert areal, noe som vurderes å være for høyt.

Sideliggende areal ble av Frostating lagmannsrett i skjønn fra 2014, vurdert å ha en verdi på kr 210 pr. m2. Justert for inflasjon utgjør dette i dag kr 225 pr. m2. Det er min vurdering at dette vil være det riktige nivået i utgangspunktet, og at tingretten har gjort en feil når den har vurdert at prisene i Volda kommune har steget mer enn konsumprisindeksen for denne type areal. Det er videre min vurdering at tingretten i for stor grad har vektlagt Knivsvegen og den nye veiaksen i Nasjonal Transportplan som et grunnlag for at en har forlatt en konsumprisindeksjustering, og justert opp prisen på annen måte.

Videre er det min vurdering at tingretten i for liten grad har vektlagt at arealet krever en betydelig grad av investering hva gjelder infrastruktur som vei, vann og kloakk, hvoretter en kalkyle innhentet fra Volda Maskin indikerer at en slik opparbeidelse vil koste rundt kr 200 pr. m2.

Tingretten har også i liten grad vektlagt at arealet, slik det i dag ligger, vil kreve en betydelig investering for å gjøres byggeklart hva gjelder rassikring, idet arealet i planomtale for Øvre Rotset Næringsområder av 17. januar 2014, er opplyst å ligge i et rasutsatt område.

Enkeltvis og samlet tilsier det ovennevnte at riktig erstatning bør være betydelig/noe lavere enn de kr 285 som tingretten er kommet til.

### 2 Ad erstatning for driftsbygning

På det aktuelle arealet står det en driftsbygning som skjønnet har kommet til skal erstattes med kr 1.270.000. Denne erstatningen kommer i tillegg til en sentral skjønnsforutsetning fra Volda kommunes side – nemlig at man ville stille til fri disposisjon tilsvarende areal for oppføring av ny bygning.



Fra min side vurderes at tingretten i for stor grad har vektlagt innhentet verdivurdering fra Schjelderup – fra takstmann Ottar Skare, og i for liten grad vektlagt innhentet verdivurdering fra Ose Ingeniørkontor på vegne av Volda kommune.

Etter avhjemlet skjønn har rådmannen i tillegg innhentet pristilbud fra «Landbruks-Bygg AS» av 7. juni 2017, som har beregnet en pris for oppføring av tilsvarende bygning på kr 697-824 ekskl. mva., noe som gir en pris på kr 872.980 inkl. mva. Erstatningen til tingretten er således etter min vurdering ca. kr 400.000 for høyt.

### **3 Oppsummering**

Det er min faglige vurdering at erstatningen som skjønnsretten har fastsatt for arealet til Per Schjelderup, er for høyt både hva gjelder kvadratmeterpris og erstatning for driftsbygning. Med bakgrunn i dette bør som nevnt kommunen begjære overskjønn.

Med vennlig hilsen  
Advokatfirmaet JUDICIA DA

Reidar Andresen  
Advokat/partner



# Bilag 4

Oreigningskart  
Øvre Rotset  
06.05.2015  
Målestokk 1:2000  
Målestokk 1:2000 ved utskrift A3



Rotsetstranda

NT ERVENVS-  
GRØNSE

Nauttunngane

oreigningsareal gnr 30 bnr 4  
48,2 daa

Auvelagrøvdalen (Ev. 65.1)





# VOLDA KOMMUNE

## Rådmann

Volda kommunestyre  
Volda kontrollutval

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/897	6803/2017	F47	ADM/ RUNSJU	29.05.2017

### OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT BARNEVERN - VOLDA KOMMUNE

Det vert synt til K-sak 159/16 om forvaltningsrevisjonsprosjekt for barnevernet. Alle fire kommunestyra i barnevernssamarbeidet hadde prioritert forvaltningsrevisjon for barnevernet med oppfølging frå kontrollutvalet i den enkelte kommune. Det er felles barnevern for kommunane Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda. Rådmannen i den enkelte rapporterer attende til sitt kontrollutval og kommunestyre.

Barnevernssjefen har over tid arbeidd internt med tiltak for å følgje opp forholda som vart påpeikt i rapporten. Rapporten omhandlar eit avgrensa område innanfor barnevernet innanfor tidsperioden 2013 - 2015. Dette er verdifullt i seg sjølv, samtidig som det er viktig å presisere at dette ikkje gir eit heilskapsbilde der ein kan konkludere med om ein har eit godt eller dårleg fungerande barnevern. Kommuneleiinga i kommunane samarbeider med barnevernssjefen om indikatorar som skal nyttast i rapporteringa framover for å få fram korleis barnevernet kjem ut på sentrale indikatorar. Rådmannen si attendemelding på kommunestyret sitt vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapporten byggjer på grunnlag frå barnevernssjefen som fagleg ansvarleg for barnevernstenesta. Fristen for å gi attendemelding er 1. juni d.å og vert gitt slik:

#### **Barnevernstenesta må etablere rutinar som sikrar at det vert utarbeida omsorgsplanar for alle omsorgsbarn (førebels og/eller endeleg plan)**

Dette er innarbeidd i tenesta sine rutinar, slik at alle barn som bur utanfor foreldreheimen har sin omsorgsplan, jfr barnevernslova § 4.15.

#### **Oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking**

Etter vedtak i Fylkesnemnda/rettssystemet om omsorgsovertaking, har barnevernstenesta møte med foreldra, jfr barnevernslova § 4.16. Her går ein gjennom ulike tilhøve knytt til omsorgsovertakinga, praktisering av samværsordninga mm. Foreldra får tilbod om barnevernets hjelp til å få kontakt med andre hjelpeinstansar, til dømes rusomsorga,

---

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 90053752	Telefaks: 70058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro:
--	---	-----------------------	---	-----------

psykiatrien, NAV. Dei får også tilbod om individuell oppfølging til å bearbeide eigne kjensler, samt deltaking i samtalegruppe med andre i same situasjon (gjennom Familievernet/Bufetat).

I dei fleste høve har barnevernstenesta god kontakt og dialog med foreldre som ikkje kan ha den daglege omsorga for barna sine. Vi har kontakt og samarbeider i høve samvær, høgtider, feriar, og ved eventuelle kontaktpunkt med søsken og andre familiemedlemar. Alle foreldre som ønskjer det, får samtale med sin kontaktperson i barnevernstenesta kva tid det skulle vere utanom desse møtepunkta, der dei kan ta opp og drøfte ulike behov og ønskjer. Viss for eksempel foreldra ønsker tilbakeføring av barna, følger det av lova at det berre er beslutningsorganet sjølv, det vil seie Fylkesnemnda eller rettssystemet, som kan oppheve denne typen vedtak. Foreldra må då fremje ønske/ny sakshandsaming om dette via barnevernstenesta.

Generelt ser vi at det ikkje har vore gode nok rutinar for journalføring og føring i postjournal når ein har hatt samtaler med foreldre, enten det har vore i fysiske møter eller gjennom telefonsamtaler. Dette har vi endra, slik at dette no blir dokumentert på ein betre måte ved seinare tilsyn/revisjonar.

### **Oppfølgingsbesøk til barn som bur utanfor heimen**

Barnevernstenesta skal følgje opp barn som er under omsorg, jfr barnevernslova § 4.16. Som hovudregel skal barnet ha besøk av barnevernstenesta 4 gonger pr år, i nokre tilfelle 2 gonger pr år.

I praksis er det i dei fleste høva kontakt mellom barnevernstenesta og barnet fleire gonger enn dette. Det kan vere ved telefonkontakt, deltaking i ansvarsgrupper og samarbeidsmøter, i samband med foreldre- og søskensamvær, høgtider, feriar o.l. Talet på fysiske besøk til det enkelte barnet har likevel vore gjort etter ei vurdering av barnet sine behov og ut i frå kapasiteten i barnevernstenesta.

Ein har no rutinar og sjekklister som sikrar at alle omsorgsbarna får 4 (i nokre tilfelle 2) fysiske besøk pr år som standard, uavhengig av dei vurderingane som tidlegare vart lagt til grunn. Også på dette området har det ikkje vore faste rutinar for journalføring og føring i postjournal i fagprogrammet. Dette er no endra, slik at oppfølgingsbesøka kan dokumenterast på ein betre måte ved seinare tilsyn/revisjonar.

### **Tilsynsførarordninga**

Barn som bur utafør foreldreheimen skal ha sin eigen tilsynsførar, som skal samtale med dei minimum fire gonger pr år. Statistikken og fleire rapportar syner at ordninga aldri har fungert etter intensjonane, verken i våre kommunar eller på landsbasis.

Tilsynsførarordninga er frå styresmaktene anbefalt lagt til ein annan instans enn barnevernstenesta. Til dømes har Barnevernsproffane tatt til orde for at tilsynsførar,



talsperson og tillitsperson vert slått saman til ein og same person, kalla *trygghetsperson*. Barneombodet har foreslått at tilsynsførarordninga skal leggest til ein instans *utafor* kommunen. Nokre kommunar har gjort dette, og nokre har tilsett profesjonelle tilsynsførarar i heile stillingar/stillingsbrøkar. På rådmanns- og ordførarnivå er det hos oss bestemt at ansvaret for tilsynsførarordninga framleis skal ligge hos barnevernet, inntil vi får ny barnevernslov om ikkje så altfor lenge. I den nye lova er det venta at det blir endringar på dette området.

Etter at vi fekk ei interkommunal barnevernsteneste for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, har vi øymerka 50% stillingsressurs til oppfølging og mogleg forbetring av tilsynsførarordninga. Det har vore lagt ned eit stort arbeid, men til trass for dette fungerer ordninga ikkje optimalt. Årsakene til dette står det meir utfyllande om i årsmeldinga for barnevernstenesta for 2016.

Det er mange fosterfamiliar i våre kommunar, der vi skal føre tilsyn for våre eigne, men også for barn som kjem frå andre kommunar. Vi har pr i dag tilsynsansvar for 76 barn, der 56 kjem frå andre kommunar, og der 20 er våre eigne omsorgsbarn. Tilsynsansvaret for desse er fordelt på 35 ulike tilsynsførarar. Truleg vil ordninga ikkje kunne fungere godt nok før ein tilsett profesjonelle tilsynsførar, i full eller deltidsstillingar. Med det talet vi har på tilsynsbarn pr i dag, tilsvarer arbeidsmengda om lag 100 % stilling.

#### **Uavhengighetserklæring for tilsynsførarar**

Innhenting av uavhengighetserklæring er fast rutine, slik at alle nye tilsynsførarar fyller ut slike. Tilsynsførarar som har fungert over fleire år og tilbake i tid, har blitt kontakta angående dette.

#### **Oppbevaring og makulering av politiattestar**

Iflg forskriftene skal politiattestar innhentast på oppdragstakarar (besøksheimar, avlastningsheimar, støttekontaktar, fosterheimar), og oppbevarast så lenge oppdragstakar har oppdraget. Vi har rutine på at desse blir lagt i arkiv/personmappa til oppdragstakaren, for så å bli makulert når oppdraget er avslutta.

#### **Kvalitetssikring og samsvar mellom rapporteringa til Fylkesmannen og SSB (Kostra)**

Rapporteringa til Fylkesmannen og til SSB skjer på ulike tidspunkt. Talet på barn vil derfor variere litt, særleg i ei teneste med ein viss storleik. SSB tar utgangspunkt i filuttrekk frå fagprogrammet *Familia*, medan Fylkesmannen vil ha reelle tal på ein gitt dato, 2 ggr pr år. Det kan derfor vere små variasjonar i desse rapporteringane. SSB og Barne- og familiedirektoratet arbeider for at barnevernstenestene skal rapportere berre ein gong pr år, slik at ein slepp fleire ulike rapportar og rapporteringstidspunkt i løpet av eit år slik det er no.

Når det gjeld rapportering på tilsette i tenesta, har dette vore ulikt praktisert både før og etter vi vart interkommunale. Til dømes gjeld dette registrering av EM-tilsette som ein del av barnevernet (Volda og Ørsta); her har det vore gjort endringar etter at vi vart ei interkommunal teneste. Men det har også vore ulik registrering av anna personell i

kommunane, der vi har gjort endringar etter samanslåinga. Ved å lese i prosjektrapporten frå samanslåingsprosessen, vil ein kunne få ei større forståing av ulikskapen i registreringa før 2014.

### **Barn sin rett til å bli høyrde og få uttale seg**

Barnevernstenesta arbeider ut ifrå føringar om at alle tiltak skal vere *til barnets beste*. Vi er vidare eit «Mitt Liv-barnevern», der vi har inngått eit forpliktande samarbeid med Barnevernsproffane og Forandringsfabrikken (tidlegare barnevernsbarn). Vi ser på barn som viktige aktørar i sitt eige liv, og i spørsmål som gjeld deira omsorgssituasjon. Vi snakkar derfor med alle barn, og tar sterke omsyn til barn sine synspunkt i alle fasar og i alle tilhøve som ligg til den kommunale barnevernstenesta å avgjere.

Med helsing

Rune Sjurgard  
Rådmann

Brynhild Solvang  
Barnevernssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**PS 89/17 Delegerte saker frå avdelingane**

**Delegasjonssaker frå avdelingane**

**DS 92/17 Løyve til endring av rammeløyve Gbr 2/49**

**DS 93/17 Ramme -og igangsettingsløyve, felles naust Gbr 2/120**

**DS 94/17 Løyve til tiltak, nytt naust Gbr 6/8**

**DS 95/17 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 10/2**

**DS 96/17 Løyve til endring Gbr 11/91**

**DS 97/17 Igangsettingsløyve Gbr 11/91**

**DS 98/17 Løyve til tiltak, bustad og garasje Gbr 17/241**

**DS 99/17 Igangsettingsløyve Gbr 17/242**

**DS 100/17 Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 19/753**

**DS 101/17 Igangsettingsløyve, bustad Gbr 21/158**

**DS 102/17 Løyve til tiltak, garasje Gbr 27/130**

**DS 103/17 Løyve til endring Sambindingsveg Håmyra**

**DS 104/17 Løyve til tiltak, garasje Gbr 30/198**

**DS 105/17 Ferdigattest Gbr 30/24**

**DS 106/17 Løyve til tiltak, ombygging Gbr 30/28**

**DS 107/17 Løyve til tiltak, rehab pipe Gbr 41/1**

**DS 108/17 Løyve til tiltak, garasje Gbr 53/3**

**DS 109/17 Mellombels bruksløyve Gbr 56/1**

**DS 110/17 Løyve til tiltak, bruksendring av løde Gbr 56/1**

**DS 111/17 Ferdigattest, hytte Gbr 59/5/13**

**DS 112/17 Ferdigattest. tilbygg Gbr 86/4**

**DS 113/17 Løyve til tiltak, garasje Gbr 80/8**

**DS 114/17 Ferdigattest, tilbygg Gbr 116/3**